SKRIFTER


UTGITT AV

DET NORSKE VIDENSKAPS-AKADEMI I OSLO

1933

II. HISTORISK-FILOSOFISK KLASSE

1. BIND



OSLO
I KOMMISJON HOS JACOB DYBWAD
A. W. BRØGGERS BOKTRYKKERI A/S
1934

Skrifter utgitt av
Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo.

Historisk-filosofisk klasse.

1926.

No. 1. Johan Schreiner. Tradisjon og saga om Olav den Hellige. Kr. 8,50.
» 2. Ernst W. Selmer. Über den Gebrauch des bestimmten Artikels im Nordfriesischen. Kr. 8,00.
» 3. Ragnar Frisch. Sur les semi-invariants et moments employés dans l'étude des distributions statistiques. Kr. 6,00.
» 4. Rolf Mowinckel. Vor nationale billedkunst i middelalderen. Kr. 6,00.
» 5. Fredrik Grøn. Om kostholdet i Norge indtil aar 1500. Kr. 15,00.

1927.

No. 1. Harald Jensen. Schiller zwischen Goethe und Kant. Kr. 6,00.
» 2. Ragnar Ullmann. La technique des discours dans Salluste, Tite Live et Tacite. La matière et la composition. Kr. 16,00.
» 3. Georg Morgenstierne. An Etymological Vocabulary of Pashto. Kr. 8,00.
» 4. Johan Schreiner. Saga og oldfunn. Studier til Norges eldste historie. Kr. 8,50.
» 5. Rolv Laache. Henrik Wergeland og prokurator Praëm. I. Kr. 10,00.
« 6. I. Reichborn-Kjennerud. Vår gamle trolldoms-medisin. I. Kr. 14,00.
» 7. Catharinus Elling. Vore religiøse folketoner. Kr. 4,00.
» 8. Georg Sverdrup. Fra gravskikker til dødstro i nordisk stenalder. Kr. 3,50.
» 9. Asgaut Steinnes. Leidang og landskyld. Kr. 4,00.

1928.

No. 1. Halvor Nordbø. Ættesogor frå Telemark. Kr. 18,00.
» 2. H. J. Barstad. Om Nordmænds Deltagelse i det danske Hjelpekorps i Irland 1689—1697. Kr. 4,00.
» 3. Ragnar Ullmann. Étude sur le style des discours de Tite Live. Kr. 8,50.
» 4. Nils Lid. Joleband og vegetasjonsguddom. Kr. 20,00.
» 5. Gustav Indrebø. Stadnamn fraa Oslofjorden. Kr. 12,80.

1929.

No. 1. Rolv Laache. Henrik Wergeland og prokurator Praëm. II. Kr. 12,00.
» 2. Rolv Laache. Henrik Wergeland og prokurator Praëm. III. Kr. 12,00.
» 3. Chr. S. Stang. Die Sprache des litauischen Katechismus von Mažvydas Kr. 22,00.
» 4. Oscar Albert Johnsen. Franske arkivstudier. Kr. 9,00.
» 5. Ingjald Nissen. Die methodische Einstellung. Kr. 9,00.

1930.

No. 1. Reidar Th. Cristiansen. The Vikings an the Viking Wars in Irish and Gaelic Tradition. Kr. 27,00.
» 2. Catharinus Elling. Sprogforholdet inden vore Folkemelodier. Kr. 1,60.
» 3. A. W. Brøgger. Den norske bosetningen på Shetland-Orknøyene. Kr. 22,00.
» 4. N. Harboe. Les conditions subjectives de la culpabilité. Kr. 10,00.
» 5. Eiliv Skard. Målet i Historia Norwegiae. Kr. 5,00.
» 6. Arne Ording. Le bureau de Police du Comité de salut public. Kr. 12,00.
» 7. Stefán Einarsson. A Specimen of Southern Icelandic Speech. Kr. 3,00.
» 8. H. O. Christophersen. A bibliographical introduction to the study of John Locke. Kr. 9,00.
» 9. Anne Holtsmark. En tale mot biskopene. Kr. 6,50.
» 10. Ernst W. Selmer. Apokope und Zirkumflex. Kr. 10,00.

SKRIFTER

UTGITT AV

DET NORSKE VIDENSKAPS-AKADEMI
I OSLO

1933

II. HISTORISK-FILOSOFISK KLASSE

I. BIND





OSLO
I KOMMISJON HOS JACOB DYBWAD
A. W. BRØGGERS BOKTRYKKERI A/S
1934

NORSKE INNSJØNAMN

AV

GUSTAV INDREBØ

II

BUSKERUD FYLKE

SKRIFTER UTGITT AV DET NORSKE VIDENSKAPS-AKADEMI I OSLO
II. HIST.-FILOS. KLASSE. 1933. No. 1

UTGITT FOR FRIDTJOF NANSENS FOND

OSLO
I KOMMISJON HOS JACOB DYBWAD
1933

Fremlagt i den hist.-filos. klasses møte den 17. april 1931

A. W. BRØGGERS BOKTRYKKERI A/S

Innhald.

Fyreord.

Dette bandet av „Norske Innsjønamn“ er skipa likeins som fyrste bandet. Eg viser til fyreordet der.

Reint typografisk er det like vel gjort den umskipnaden at det ikkje er brukt serskild skrift og ny line jamt for „namnetydingane“.

Ljodskrifti er i hovudsak som i Norske Gaardnavne. Um serlege teikn er aa merka:

Boge yver vokal tyder at han er stutt, strik at han er lang (ă, ā). Eg hev sett til lengdeteikn yver lange vokalar, og yver stutte i sume høve som det elles kunde verta tvil eller mistyding.

Akcenten ' yver ein vokal tyder at han plar vera trong.

ä er ein svært open *æ*-ljod (burtimot *a*).

ę er ein open *e*-ljod (burtimot *æ*).

ə er dum eller indifferent *e*, som til slutt i eple.

ķ er *j*-fengen (palatal) andande *k*, som i kile, kjøl.

ł er den tjukke (kakuminale) *l* som dei hev i mannsnamnet Ola etter austlandsk uttale. Den kakuminale *l* som dei hev vida i austlandsk etter *ş* t. d. i namnet Oslo, er ikkje merkt ut ifraa „vanleg“ *l*. — Norske Gaardnavne brukar *ł*.

ţ, *ḑ*, *ņ*, *ŗ*, *ş* merkjer ut „tjukk“ uttale av desse konsonantane, den som ein hev i svært, har du (samandrege), fjorden, kors etter austlandsk uttale (*svæŗţ*, *hāŗḑu*, *fjöŗņ*, *kåŗş*). – Norske Gaardnavne nyttar ikkje desse teikni.

hl stend for klanglaus *l*, t. d. i vesle sume stader i Hallingdal (*væ̀hlə*).

Teiknet ' etter vokalen i ei staving merkjer ut einstavings tonelag (pu'tten).

Teiknet ` etter vokalen merkjer ut tvostavings tonelag (pu`ttar).

Uttaleuppgaavone her i boki vinglar ikkje sjeldan millom *ę* og *æ*, endaa til for eitt og same ordet innan ei og same bygdi. Eg hev ikkje vilja jamna ut dette. „Inkonsekvensen“ i uppskriftene mine maa vel koma noko i minsto av at heimelsmennene hev havt ei litt ulik uttale. Kann henda andre vilde ha brukt meir ljodteiknet *æ* (ikkje *ę*) enn eg hev gjort. I ord som holme vinglar til deils uttaleuppgaavone i boki paa liknande maate millom *ø* og *å*. I røyndi er daa ikkje noko av desse tvo teikni grannsame uttale-merkjingar.

I citat fraa eldre kjeldor hev sume stader kome inn skrivemaatar som „kjern“ i staden for „kiern“. Skrivemaatar som „Bue Vandet“ i kjeldor fraa nyare tid hev eg jamleg gjeve att med „Buevandet“.

Byteslinone millom bygdene (heradi) er ikkje avsette likt jamt i dei ymse utgaavor av karti. Eitt og anna namn kann daa vera lagt til ei onnor bygd her i boki enn i dei nyaste kart-utgaavone; eg hev ikkje fenge retta etter deim jamt. Sume stader er ingi skilline avsett paa kartet, av di bygdeskilet er uvisst.

Eg segjer takk til alle deim som hev vore hæve og gjeve meg upplysningar, munnleg og skriftleg.

Nokre avstyttingar.

(Aldersfestingane for sume kart utan aarstal er noko utrygge).

Aasen — Ivar Aasen, Norsk Ordbog. Kristiania 1873.
14 A — rektangelkartet Kongsberg.
AK — fylkeskart („amtskart"). AK for Buskerud blad I kom ut i 1854, blad II i 1856. Eg hev nytta utgaavor som er prenta 1922 (bl. I) og 1930 (bl. II). I deim er gjort ymse rettingar fraa fyrste utgaava.
Ark., Arkiv — Arkiv för Nordisk Filologi. Lund.
14 B — rektangelkartet Moss.
19 B — rektangelkartet Hønefoss.
Blöndal — Sigfús Blöndal, Islandsk-dansk Ordbog. Reykjavík 1920—24.
14 D — rektangelkartet Kristiania.
D 33 aust — gradteigskartet Hallingskarvet, øystre luten.
DN — Diplomatarium Norvegicum.
Dr. — Drammen Omegn. Kart utgj. av Noregs Geografiske Uppmæling 1927.
E 32 — gradteigskartet Hemsedal.
E 33 — — Tunnhovd.
F 33 — — Flaa.
F 34 — — Krøderen.
F 35 — — Eiker.
Flor 1760 — Beskrivelse over Nummedahl og Sandsværd. Forfatted af Stædets Foged H. Z. Flor og Sorenskriver Krigsraad Christen Sthyr. Kongsberg 1760. Universitetsbiblioteket mnskr. nr. 100 fol.
GC — kart i arkivet aat generalkonduktøren, Riksarkivet. Citera etter nummer og aarstal.
Geo.Uppm.6 — Regni Norvegiæ delineatio. Feuchter. 1650—1700.
Geo. Uppm. 21 — handteikna kart utan titel yver Noreg fraa „Gothenborg" til Namdalen. 1700—1750.
Geo. Uppm. 22 — handteikna kart utan titel yver Noreg fraa „Gothenborg" til Namdalen. Truleg kopi av Geo. Uppm. 21.
Geo. Uppm. 41 — handteikna kart utan titel yver ein lut av Oslo og Hamar bispedøme. 1700—1750?
Geo. Uppm. 65 — handteikna kart utan titel yver ein lut av det sunnanfjellske Noreg. Ca. 1750.
Geo. Uppm. 67 — Carte over Hans Kongelige Majestæts Kong Friderich den 5tes Reise synden og nordenfields udi Norge Aar 1749. Handteikna.
Geo. Uppm. 79 — Kongeriget Norge afdelet i sine fiire Stifter, nemlig Aggerhuus, Christiansand, Bergenhuus og Trondhjem, samt underliggende Provstier. Med Kongelig Allernaadigst Tilladelse og Bevilling forfærdiget Aar 1761 af O. A. Wangensteen, Capitain ved det Norske Artillerie-Corps. Koparstikk. Jfr. Wangensteen 80.

GK — gradteigskart („gradavdelingskart").

Homann — Regni Norvegiæ accurata tabula in qua præfecturæ quinque generales . . . . . a Joh. Baptista *Homanno* Noribergæ. 1660–1700.

Jakobsen — J. Jakobsen, Etymologisk Ordbog over det norrøne Sprog paa Shetland. København 1908–21.

Janssonius & Pitt — Episcopatus Bergensis. Sumptibus Janssonio Waesbergiorum et Moses Pitt. Ca. 1650.

JN — Biskop Jens Nilssøns Visitatsbøger og Reiseoptegnelser 1574–1597. — Utgj. av dr. Yngvar Nielsen. Kristiania 1885.

Kjær, Norske Vasdr. (III) — A. Kjær, De vigtigste sjø- og elvenavnes betydning. I „Beskrivelse av norske vasdrag III. Numedalslaagen". Kristiania 1911.

Kra. — Kristiania omegn. Blad V. Kart utgj. av Noregs Geografiske Uppmæling 1885.

Lind — E. H. Lind, Norsk-isländska dopnamn ock fingerade namn från medeltiden. Uppsala 1905–15. (Supplement Oslo 1931).

Lotter — Regnum Norwegiæ accurata et novissima Delineatione juxta V. Præfecturas generales Aggerhusiensem, Bergensem, Nidrosiens., Wardhusiens. et Bahus æri incis. cura et sumtibus Tobiæ Conradi Lotter Sac. Cæs. Maj. Geographo Aug. V. — Kartet hev med Baahuslen. Men der stend merknad um at Baahus hev gjenge til Sverike i 1658 og Herjedalen i 1660.

MM, MoM — Maal og Minne. Oslo.

NE — O. Rygh, Norske Elvenavne. Efter offentlig Foranstaltning udgivne med tilføiede Forklaringer af K. Rygh. Kristiania 1904.

NG — O. Rygh, Norske Gaardnavne. Kristiania 1897 ff.

NGU — Noregs Geografiske Uppmæling.

NI — Gustav Indrebø, Norske Innsjønamn I. Kristiania 1924 (Videnskapsselskapets Skrifter. II. Hist.-Filos. Klasse. 1923. No 7).

NoB — Namn och Bygd. Lund.

Orig. — originalkart i Noregs Geografiske Uppmæling, som ligg til grunn for dei utgjevne officielle detaljkarti.

OR, Æ — Stedsnavne, ikke gaardnavne. Saml. af udtaleformer. I O. Ryghs samlingar i Riksarkivet. Sjaa MM 1929, s. 149.

P. Clausson — Peder Claussøn Friis, Samlede Skrifter, udg. af dr. Gustav Storm. Kristiania 1877–1881.

PnSt — O. Rygh, Gamle Personnavne i norske Stedsnavne. Kristiania 1901.

Pontoppidan 1785 — C. I. Pontoppidan, Geographisk Oplysning til Cartet over det sydlige Norge. Kjøbenhavn 1785. (Under korrekturlesingi er nytta 2. Oplag. Kjh. 1797).

Qv. — Major Finn Qvale, Finse med omegn. Turistkart. 2. oplag. Kristiania 1920.

Qv. & W. — Majorene Qvale og Widerøe, Gjeilo–Ustaoset med omegn. Kart for turister og skiløpere. 2. oplag 1922.

Ra. — Det Norske Riksarkiv.

Ra. Dipl. — yngre, uprenta diplom i Riksarkivet.

Ramus — Mag. Jonas Ramus, Norriges Beskrivelse. „Approberet" Kjøbenhavn 1715. Prenta 1735.

RK — rektangelkart.

Ross — Hans Ross, Norsk Ordbog. Kristiania 1895. Tillegg er prenta Kra. 1902. 1912. 1913.

Strøm — Hans Strøm, Physisk-oeconomisk Beskrivelse over Eger-præstegiæld i Aggerhuus Stift i Norge. Kjøbenhavn 1784.

Strøms kart – „Geographisk kart“ til Egers Beskrivelse.
v. Langen 61 – kart utan titel yver noko av Telemark og Buskerud fylke. 1740–50. Geografisk Uppmæling.
Wangensteen 80 – Aggershuus Stift afdelet i sine Amter og Fogderier. Med Kongelig Allernaadigst Tilladelse og Bevilling 1762 forfærdiget og udgivet af O. A. Wangensteen, Capitain ved det Norske Artillerie-Corps. Jfr. Geo. Uppm. 79.
Wiel – Ivar Wiel, Beskrivelse over Ringeriges og Hallingdals Fogderie. Topographisk Journal for Norge. Hefte XXX–XXXII (1802 –1805). Um kjeldone hans sjaa her nedanfor.
1743 – Besvarelse paa de af Regjeringen anno 1743 opkastede 43 Qvæstioner om de topographiske, oeconomiske etc. Forholde i Norge, og indsendt til Øvrigheden af Sognepræster, Fogder og Sorenskrivere. – Originalane er i Det Kongelige Bibliotek i Kjøbenhavn, avskrifter i samlingane aat Kjeldeskriftfondet, Oslo. Dei viktigaste av dei manuskripti som er nytta, er: „Beskrivelse over Ringerige og Hallingdal“ av sorenskrivar Christian Palludan. 1744. Skildringi aat Palludan er i stor mun kjelda aat Wiel. Mange direkte rangskrivingar hjaa Palludan gjeng att hjaa Wiel. Kallske samling nr. 206 fol. Citati etter avskrifti i Kjeldeskriftfondet.
– „Beskrivelse angaaende Eger, Modum og Sigdals sorenskriveriers district“ av sorenskrivar G. Falch. Kallske samling nr. 201 fol.
– „Elver og aaer i Aggershus stift“. Dette er ein ekstrakt av relasjonar fraa Akershus bispedøme. For bygdene Ringerike og Hallingdal er det ekstrakt av Palludans skildring og so ein annan relasjon. Wiel òg hev brukt denne andre relasjonen attaat Palludans relasjon. – Kallske samling nr. 201 fol.
– Sandsvær prestegjeld ved sokneprest Wolff.
– Flesberg prestegjeld ved sokneprest J. Berthelsen.
– Rollag prestegjeld ved sokneprest Jens Wang. Desse tri siste finst i Kallske samling nr. 198 fol. Citati etter avskriftene i Kjeldeskriftfondet.
Naar elles berre eit aarstal er brukt til tilvising, so er citatet teke fraa Norske Gaardnavne.

Stjerne [*] framfyre ei namneform eller ordform tyder at ein ikkje kjenner nokon beinveges heimel for formi; ein hev slutta seg til henne.
Spursmaalsteikn framfyre eit namn i ei upprekning tyder at det kann vera tvil um namnet høyrer til i den upprekningi. Spursmaalsteikn framfyre ei citatform tyder at det kann vera tvil um formi røynleg gjeld det namnet som citatformi er uppførd under. Stend spursmaalsteiknet etter eit namn, er der tvil um namneformi er rett.

Aad. Aadal.	Hur. Hurum (i Buskerud).	Ryf. Ryfylke.
Agd. Agder.	Innh. Innherad.	Røyk. Røyken.
Akh. Akershus.	Jær. Jæren.	Sdsv. Sandsvær.
Austf. Austfold.	Krhd. Krødsherad.	Set. Setesdal.
Bk. Bakke (i Øv. Eiker).	Ld. Lunder (i Norderhov).	Sfj. Sunnfjord.
Busk. Buskerud.	Li. Lista.	Sgd. Sigdal.
Dag. Dagalid.	Lyng. Lyngdal i Flesberg.	Shl. Sunnhordland.
Eft. Efteløt.	Mannd. Manndalen.	Snm. Sunnmøre.
Egg. Eggjedal.	Mod. Modum.	Snr. Snarum.
Fles. Flesberg.	Namd. Namdalen.	S.-Trl. Sør-Trøndelag.
Frg. Frogner (i Lier).	Ndh. Norderhov.	Syl. Sylling.
Fsk. Fiskum.	Ndm. Nordmøre.	Tel. Telemark.
Gbr. Gudbrandsdalen.	Nfj. Nordfjord.	Trb. Tranby.
Had. Hadeland.	Nhl. Nordhordland.	Trl. Trøndelag.
Hall. Hallingdal.	N.-Trl. Nord-Trøndelag.	Trp. Torpo i Aal.
Hard. Hardanger.	Num. Numedal.	Tyr. Tyristrand.
Hedst. Hedenstad.	Nyk. Nykyrkje paa Modum.	Uppl. Uppland.
Heidm. Heidmark.	Rbg. Raabyggjelag.	Uvd. Uvdal.
Helg. Helgeland.	Ring. Ringerike.	Valdr. Valdres.
Hems. Hemsedal.	Roll. Rollag.	Vestf. Vestfold.
Hgg. Heggen.	Rom. Romerike.	Vggl. Vegglid.
Hord. Hordaland.		

Merk: Naar heradet og hovudsokni hev same namn, og stend nemnde etter einannan, so er berre fyrste bokstaven uppatt-teken ved soknenamnet. Altso: Ndh. hd. N. s. = Norderhov herad, Norderhov sokn.

ags. angelsaksisk.	gn. gamalnorsk.	nyn. nynorsk.
d. dansk.	isl. islendsk.	shetl. shetlendsk.
ght. gamalhøgtysk.	mlt. millomlaagtysk.	sv. svensk.

Innsjønamn i Buskerud fylke, skipa alfabetisk.

Aaborrtjern(et).

1. Aad. hd. Nes s. F 33, 5. Utt. *å̊bårkenn.* — Abortj. GK 1918.

2. Aad. hd. Nes s. F 33, 6. Utt. *å̊bårkenn.* — Abortj. GK 1918.

3. Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *å̊bårkenn.* — Abortj. GK 1918. Uppaa aasen nordaust for Fjøsvik.

4. Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *å̊bårkenn.* — Aborkj. AK 1856. Abortj. GK 1918. Uppaa aasen nordaust for Engerodden.

5. Aad. hd. Viker s. vestfjellet. — „Aborkjernet" kallast 1743 ei tjørn med avlaup gjenom Strande-elvi.

6. Øv. Eiker hd. Bakke s. F 35, 4. Utt. *å̊børkenn.* — Abortj. GK 1919.

7. Hole hd. 19 B, 9. Utt. *å̊bårkenn.* — Abortj. RK 1872.

8. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *å̊bårkenn, å̊bør-, å̊bər-, å̊bbår-.* — Abortj. GK 1919.

9. Mod. hd. (eller Ndh. ell. Tyr.?). F 34, 11. Utt. *å̊bårkenn* (Tyristrand). — Paa Holleispira.

10. Ndh. hd. Ld. s. F 34, 5. Utt. *å̊børkenn.* — Abortj. GK 1919.

11. Ndh. hd. N. s. F 34, 12. — Abortj. GK 1919.

12. Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. — St., L. Abortj. RK 1872. Nord for St. Flaatan.

13. Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. — Aborkj. AK 1854. Abortj. RK 1872. Ovanfor tjørni Butleren.

Aaborrvatnet Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. — Aborv. RK 1872. Ei tjørn nord for Heggelidvatni.

Av fiskenamnet aaborr m. Jfr. NI I, s. 1 f. Heidersskrift til Hægstad 1925, s. 78 ff. Her i fylket hev dei „Aaborrtjørner" berre i dei øystre bygdene. I den vestre luten av fylket hev dei „Trytetjørner", med di aaborr kallast tryte der. Sjaa Trytetj.

Aakerstøltjørni Hol hd. D 33 aust, 2. Utt. *å̊kərstølkødné* (Ustedalen), *å̊kərkødné* (Hovet; dei tvo namnformene gjeng kanskje um kvarandre); flt. *-kødnadn.* — Aakerstøltj. Qv. og W. 1922. GK 1931. Attmed Aakerstølen nord for Ustevatnet, skr. Aakersr. AK 1856. Aakerstølene Qv. og W. 1922. Aakerstølen hev kanskje ein gong høyrt til garden Aaker gnr.

56 Hol; no høyrer han til Nordre Foss. „Aakertjørni" mun vera eit avstytt namn; men det kunde full òg vera beinveges samansett med gardsnamnet Aaker.

Aaklangen Ndh. hd. N. s. 19 B, 4. 10. 11. Utt. *å̀kłangən* (Lunner), *à'kłangən* (Hole), *å̀kłangən* (Norderhov). Eg kann ikkje segja so nøgje kor vidt kvar av desse segjemaatane er spreidde. — i Aaklangen DN XVI 25, 1364 (avskr. 1680). Aakllanghn DN VI 359, 1384 (falskt brev, visst skr. i det 16. h. aa.). Aglange v. Langen 1740. Aklangen ein kommisjonsakt 1778—81 (aalmenningspakke nr. 4 a i Ra.). AK 1854. Aaklangen RK 1872. Eit lite, avlangt vatn nordvest for Katnosa. — Sjaa Aklangen.

Aaklidvatni Fles. hd. F. s. og Roll. hd., og Hovin hd. Tel. Utt. *å̀klívatna, å̀klí-* (Flesberg), *å̀kłívatno, å̀klí-*(?) (Rollag); Tov Flatin, Gamalt fraa Numedal II s. 85 skriv Aakłikjønnan. — Aaklidvd AK 1854.

Vatni ligg i eit skard som fører yver til Telemark, Aaklidskardet: *å̀kłískåłə, å̀klí-*. Der gjeng endaa ei slæpe. Nordanfor vatni er Aaklidfjellet, og paa vestsida av fjellet stølen Aaklid (i Hovin). Stølsnamnet er vel eldst her. Fyrstelekken Aak- kunde ljodleg set godt koma av a k r m.; jfr. Aagsed gnr. 4 Laudal (NG IX, s. 100) og Aakvik gnr. 13 Vikna (NG XV, s. 360) o. fl. namn. Det kunde òg koma av o k n., eller av mannsnamnet Á k i. Jfr. Pn St., s. 2. NG XIII, s. 448. XVI, s. 48. Helst hev me vel med mannsnamnet Á k i aa gjera. Stølsnamn er tidt samansette med personnamn; og aakrar hev det snaudt vore høgt uppe paa ein støl.

Aakrefjellvatn Nes hd. E 33, 11. Utt. *å̀krəfjęllvatn, å̀krə-*. — Attmed Aakrefjellet.

Aalbyvatnet Hur. hd. 14 B, 10. Utt. *å̀łbyvannə, å̀łbə-*. — Aalbyvd RK 1915. „Aalby" maa vel vera eit bustadnamn, endaa det ikkje stend i matrikkelen.

A a l d e k j. orig. 1826. Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4. — Attmed garden Olde gnr. 152 Norderhov. Bør skrivast Olde- eller kanskje heller Olle-.

Aaleputten Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 12. Utt. *å̀łəpútt'n*. — Nær Lauvtjern. Det er s v æ r aal i tjørni.

Aaletjern Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *å̀łəkenn*. — Aalekj. AK 1854. Aaletj. GK 1919. Nordaust for øvre enden paa Eikeren, 218 m. yver havet. Heimelsmannen visste ikkje sikkert um der var aal i tjørni no, men trudde der hadde vore, tjørni ligg ikkje høgre enn at der godt kann vera aal for det.

Aalevatnet.

1. Øv. Eiker hd. Fsk. s. 14 A, 10. — Aalevd RK 1890. Ei tjørn vest for Eikeren, ca. 420 m. yver havet.

2. Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 10. Utt. *å̀łvannə, å̀łə-* (eint.); *vì'nesåłvanna, sæ̀nningåłvanna, -åł-* (flt.). — Aalevdne RK 1890. Smaavatn paa aasen nordaust for garden Vines og aust for Senning, ca. 540 m. yver havet.

Det er upplyst at i Aalevatnet 2 e r der aal (likeins som i vatni ikring). — Alle desse namni paa Aale- kjem evlaust av fiskenamnet aal, i dei tilfelli òg daa det ikkje er serskilt upplyst at der finst aal i vatni no.

|**Aalmannbudvatnet** Roll. hd. R. s. vestfj. Utt. *ø'łmannbuvatnə, ø'ł-mænn-*. — Eit mykje meir sjeldsynt namn for Sorkjevatnet.

Stølen Aalmannbud ligg attmed nordvestenden av Sorkjevatnet. Staden er serskilt skyldsett i matrikkelen 1905 („Almenboden"), under garden Fetjan 78 Rollag. Skr. Sørkjebu (Almandbu) AK 1854. „Aalmann-" her maa vera det same som i ordet aalmannveg. Ei rad med gardar i Rollag (11 til i alt) er saman um fiskeretten i vatnet. Det fører òg fleire fjellvegar frammed vatnet.

Ein god klyvveg fører fraa Aalmannbud nord til Vegglid; han kjem ned ikkje so langt sud for Vegglid kyrkje. Paa ein annan fjellveg kann dei — etter AK — koma ned til Rollag ikkje langt ifraa kyrkja der. Vegen gjeng eit lite stykke mot sudaust langs med vatnet, til Ulstadsætri, og so heim til bygdi. Paa sudsida av vatnet gjeng det ein fjellveg yver ifraa Alfstad i Rollag og til kyrkjebygdi i Hovin i Telemark. Med baat maa det vera lett aa koma fraa Aalmannbud sud aat denne vegen. Det vert soleis eit vegamot ved Aalmannbud. — Ljodyvergangen i framljoden er den same som dei hev stundom i Hallingdal og Valdres framfyre *l* + labial. Sjaa Hægstad, Sudvestlandsk 2 andre bolken s. 53 f. NI I, s. 2. Jfr. òg Ross, Norske Bygdemaal III s. 6.]

Aalsvatnet Nes hd. E 33, 5. Utt. *å'rşvatn(ə)*. — Aalsvandet 1743. Aalsv^t GK 1920. Eit fiskevatn uppaa fjellet sud for Rukkedalen. Namnet kann ikkje koma av fiskenemnet aal. Baade talar den grammatiske formi imot (genitiv eintal), og vatnet ligg for høgt (962 m. y. h.) og for langt inne i landet. Namnet inneheld vel bygdenamnet Aal.

Aamottjørni Nore hd. austfj. Utt. *å'mótķønne*. — Attmed stølen Aamot, som ligg der som Grønlundlidelvi og Vadsetelvi møtest.

Aandetjern, -tjørni.

1. Flaa hd., ell. Sgd. hd. F 33, 7. Utt. *ø'ndəķędn* (Flaa), *a'nnəķęnn* (Eggjedal). — Andetj. GK 1918.

2. Uvd. hd. U. s. E 33, 8. Utt. *å'ndəķønné*. — Aandtj. GK 1920.

3. Uvd. hd. U. s. nordfj. Utt. *å'ndəķonn*. — Aandekjøn orig. 1846. Øvst uppe i Raudsjodalen.

Av fuglenamnet and f., gn. ǫnd, gen. andar. Fuglenamnet heiter enno i mange maalføre aand, soleis i Uvdal (ikkje uppskrive derifraa i ordbøker); i Hallingdal — Gol o. fl. st. — heiter det ønd (ikkje derifraa i ordbøker). Jfr. And-.

Aanevatnet Uvd. hd. U. s. E 33, 8. Utt. *å'nəvatnə*. — Aanev. AK 1856. Aanev^t GK 1920. Gn. anten *Arnavatn, av mannsnamnet Arni som hev vorte til Aane sume stader, eller *Ánavatn, av mannsnamnet Áni. Flor 1760 nemner Aane millom mannsnamn fraa Numedal og Sandsværs futedøme. I Dagalid kjenner dei namnet Aane enno, men det er gamaldags.

Aarbogen.

1. Ned. Eiker hd. F 35, 11. Utt. *å'rbógən*. — Aarbogen GK 1919. Ei tjørn som Krokstadelvi renn igjenom. Ho er uppdemd no, der var ikkje so mykje til tjørn fyrr.

2. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 10. — Aalbogen Strøm 27. Aarbogen orig. 1909. Ei stille i Honselvi ovanfor Himsjøen, millom Himsjøen og Løken.

Gn. *Árbugr, av á f. elv, gen. ár, og bugr m., bug, boge, opi vik. Árbugr — no med ymse former — er ikkje noko sjeldsynt namn (NG I, s. 105. 184. 283. III, s. 225. XIV, s. 19. XV, s. 339. XVII, s. 16) Tidast tyder det ein boge paa ei elv, og det høver for Aarbogen 1 her. Den gongen der ikkje var uppdemt, hev der vel vore nokre stillor, og dei hev gjenge i boge. Dei stillone som er meint med Aarbogen 2 hev derimot ikkje nokor større bøygjing. Siktar namnet der til at elvi bugar seg ut, vidar seg ut noko (til den eine sida)? — Aarbogen DN XI 21, 1328 (avskr. 1694). Aabogen DN XI 184, 1460 eller 1560 (avskr. 1694. Falskt brev?) maa visst finnast i Smedselvi ein stad nær grensa millom Flesberg og Eiker.

Aarekj. orig. 1826. Aad. hd. Viker s. F 33, 12. — Nordvest for Flaatevatnet (for Auretj.?).

Aasbergtjørni Uvd. hd. Dag. s. E 33, 8. Utt. *åsbęr(g)kǫnne* (eller *-løkən*). — Ei myrtjørn i Aasbergelvi nedanfor garden Aasberg gnr. 101 Uvdal.

Aasekjøn orig. 1846. Nore hd. vestfj. — Uppaa fjellet nordvest for Nore kyrkje. Av kvinnenamnet Aase?

Aasmundtjern Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *åsmúnkęnn.* — Ved sida av Istj. Av mannsnamnet Aasmund.

Aasterudtjernet Tyr. hd. F 34, 11. Utt. *åstərúkęnn(ə).* — Aasterudtj. GK 1920. Etter garden Aasterud gnr. 125 Tyristrand.

Aastjern.

1. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 5. Utt. *åskęnn.* — Aastj. GK 1919.

2. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. uppgj. *åskǫnn* (Meheidi, utt.-form vestanfraa; i Sandsvær segjer dei *-kęnn*). — Aastj. RK 1890.

3. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. F 35, 8. Utt. *åskęnn.* — Aastj. GK 1919.

4. Sgd. hd. S. s., og Krhd. F 34, 8. Utt. *åskęnna* (flt.; Eggjedal). — Aastj[na] GK 1919.

5. Sgd. hd. S. s. F 34, 9. Utt. *åskęnn.* — Uppaa aasen yver garden Fraagaatt.

Aasvatnet.

1. Aasvand Pontoppidan 1785, s. 126. — I Aal, nordfj., attmed „Reensfieldet". „Votnedalselven" kjem ifraa dette vatnet, segjer Pontoppidan. Eg kann ikkje segja kva for eitt av vatni upp imot Reinsfjellet han meiner.

2. Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 5. Utt. *åsvanna* (flt.). — Aasvandene Strøms kart. Aasv[tna] GK 1919.

3. Hur. hd. 14 B, 10. Utt. *østrə, væstrə åsvannə.* — Attmed Stikkvatskollen.

4. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *åsvanna* (flt.). — Aasv. AK 1854. N., S. Aasvand orig. 1893. Paa AK er „Aasv." lik det vatnet som kallast St. Nykjua paa GK 1919. Paa orig. 1893 er det tvo smaavatn vest for Sneisa som kallast for N., S. Aasv. I Modum meiner dei visst Nykjune med „Aasvatni". I Lier sagde ein mann at Aasvatni var nokre tjørner millom Sneisene og Nykjune. Namnet er lite kjent der.

Av ordet aas m. Alle desse vatni, og tjørnene, ligg høgt, uppi eller uppaa aasar.

A b r a h a m s t j. orig. 1886. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. 8. — Paa vestsida av Raabakktj.

Affdaltjørni Uvd. hd. U. s. Utt. *a̍ffdar̦şk̦ønnė*, flt. *-k̦ønnann*; *nō̍łaff-dar̦şk̦ønnė, sø̍raffdar̦şk̦ønne*. — Afdalkj. AK 1856. Attmed stølen Affdalen: *a̍ffdār̦n̦* i ein sidedal til Imingdalen.

Namnet Affdalen hev truleg ikkje etymologisk noko med ordet a v aa gjera, som ein kunde tenkja etter skrivemaaten paa AK. Men ei t y d i n g som „avdalen" vilde høva, etter som det er tale um ein sidedal som skjer seg til sides fraa Imingdalen langt av leid uppi fjelli. Maa tru um namnet kann svara til gn. *A f t r d a l r ? Jfr. namnet Att-tjørni i Hemsedal, som tyder „Baktjørni", „Avtjørni". Dersom *r* i A f t r - fall burt fyrr *ft* vart assimilera, kunde *t* òg verta utskoten or konsonantknippet, og daa kunde det ljodrett verta Affdal-. Magnus Olsen fører gardsnamnet Affdal paa Voss attende paa gno. *A p t(r) d a l r (NG XI, s. 537). Der synest tydingi „den tilbakegaaande dalen" høva best. — Ein ljodvokster som gn. *A f d a l r > nyn. Affdal- vilde vera uvanleg (jfr. like vel namnet Afdal i Aasen N.-Trl., utt. med *-fft-*; NG XV, s. 80).

Aklangen.

1. Hur. hd. 14 B, 10. Utt. *a̍kkłangen* (etter NG V, s. 364), *ā̍kłangən*. — Aklangen AK 1854. RK 1915. Eit lite langt og smalt vatn paa austsida av høgdi Aklangfoten: *ā̍kłangfōt'n*.

2. Ndh. hd. N. s. F 34, 12. Utt. *ā̍kłangən*. — Aklangen, Axellagen (!) 1743. Achlangen GC nr. 266 (1781). Aklangen RK 1872. GK 1919. Eit lite sers langt og smalt vatn uppaa aasen vest for Ask.

Eg kann ikkje no meir enn i NI I, s. 7 f. gjeva nokor uttyding som er trygg for desse namni. Eg er no mest huga til aa tru at me hev eit substantiv *a k a f. i fyrste lekken. Det høyrer til verbet aka og kann ha tydt „far, spor", „køyrsle", „lass" eller eitkvart anna i samband med aa koma seg fram med køyring. Jfr. nyn. oke f., sledespor, spor etter dyr, gsv. a k a, køyrsle, sv. di. a k a, lite lass. Eller aka kann ha tydt „flate", eller „utfyre-bakke" (med fri veg fram). Jfr. Hellquist, Sv. Etym. Ordb. s. 1201: Å s a k a under å s 2 slutten.

Albjørktjerni Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *ā̍łbjørkk̦enna*. — Albjørktj[na] GK 1919. Smaatjørner attmed Albjørksætri. Um gardsnamnet Albjørk sjaa NG V, s. 191.

Almetjern Mod. hd. Hgg. s. F 35, 5 (6). Utt. *æ̍łmək̦enn*. — Uppaa Svartaasen, nær Gampetj. og Kutj. Maa koma av trenamnet alm m., endaa det ikkje skal finnast alm uppmed tjørni no.

Ambjørgstjørn Roll. hd. R. s. F 34, 7. Utt. *a̍mbjor̦şk̦onn*. — Ei liti tjørn nord for Laakaasetvatn. Ambjør(g) er gjentenamn, gn. A r n b j ǫ r g. Det er i bruk i Rollag enno. Tjørnnamnet er ikkje sers gamalt, det syner genitiven paa *s* i fyrste lekken.

Andersnattjern Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *a̍nnər̦şnattk̦enn*. — Andersnattj. GK 1919. Paa sudsida av fjellet Andersnatten.

Ordformi natt(e) m. = knatt er uppskrivi i ordbøker fraa Hall. V.-Tel. og Sæt. Natt m. (A. Mørch, Frå gamle dagar s. 79: natte) er i bruk i Sigdal òg. — Andersnatten er ein flog-bratt knatt, sidone er radt glatte. „Synst og fremst paa knatten skal ein som heitte Anders ha løypt utfyre paa ski, med ein unge paa ryggen. Det syner ei kvit rand i berget etter skistaven —", segjer segni. „Berget er so bratt at dei kjem ikkje innaat med stav um dei so hadde stade der", lagde mannen til som fortalde segni. Tvo variantar av segni finst hjaa A. Mørch, Frå gamle dagar s. 79.

And(e)tjern.

1. Aad. hd. Viker s. F 33, 11. Utt. *a'nnəkęnn.* — Annetj. GK 1918.
2. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *a'nnkęnn.* — Andtj. GK 1918.
3. Ndh. hd. Ld. og N. ss. F 34, 5. — Andtj. GK 1919.
4. Sgd. hd. S. s. F 34, 9. Utt. *a'nnəkęnn.* — Nedunder Bjørketjern-varden.

Av fuglenamnet and f. Jfr. Aandetj. Tjørnene er smaatjørner. Det er upplyst um tri av tjørnene at ender held seg der.

Andsjøen (Store, Vesle). Gol hd. og Nes hd. austsida. Utt. *stō̆rə, væ'hlə a'nnsjø̄n, a'ndsjø̄n.* — Andsøe orig. 1839. Andsn AK 1856. Fjell-vatn aust imot Valdres-bytet, nær Høvrin.

Kjem helst av gno. *Andasjór, av fuglenamnet and f., gno. ǫnd, gen. andar, i Halling- og Valdres-maal ønd. Namnet maa vera gamalt. Det syner seg baade av etter-lekken „sjø“, — ordet sjø er ikkje i bruk anten i Hallingdal eller i Valdres meir; og det syner seg av at bindevokalen vantar, og at vokalen fraa simplex „ønd“ ikkje hev trengt seg inn i stadnamnet. — Formelt kunde det vera mogelegt at And- var fyrestavingi and-, imot. Ho maatte ha liknande tyding her som i gn. anddyri n., forstove, andnes n., nes ved enden av ein fjord, nyn. andgolv n., fremste luten av logolvet; altso „Framvatnet“, „Fremste-vatnet“. Hallingane laut ha gjeve namnet med di dei tenkte paa at dette vatnet kjem fyre Høvrin, som er større, naar dei gjeng austetter. Men denne tydingi er vel mindre rimeleg.

Annefrutjern Aad. hd. Viker s. F 33, 11. Utt. *a'nnəfrúkęnn.* — Anne-frutj. GK 1918. Er det eit skjemtande namn: „Andefrutj.“? Jfr. Andetj. i nærlaget.

„Arebuvatnet“, sjaa Harabudvatnet.

Arke(os)vatnet (Øvre, Nedre). Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. Utt. *a'rkəvatna* (flt.; Meheidi, denne uttaleformi er vestanfraa); Sandsvær-uttala er *æ'rkəvanna; a'rkósvanna, æ'rk-.* — Nd., Øv. Arkevd RK 1890. Tvo smaae fjellvatn.

Eit stykke ovanfor der som elvi fraa Arkevatni mynner ut i Myklevatnet, ligg stølen Arkoset, utt. *æ'rkōsə, a'rkōsə* (NG V, s. 377), *a'rkəōsə* (Meheidi). Fyrste lekken i baae namni er eit elvenamn av ein stomn Ark-. Elvenamnet kunde høyra i hop med nyisl. arka vb., gaa seint og smaatt, eller òg kann det vera ei avleiding med suffikset ka. I det tilfellet høyrer elvenamnet *Arka anten til gno. ari m., ørn eller til det ordet som ligg fyre i innsjønamnet Ari i Austfold, no Aremarksjøen, — kva høve no dette ordet stend i til ari, ørn. Jfr. NE, s. 5. 314. NG V, s. 377. Hellq. I, s. 40 f. Det er lite trulegt at namnet hev noko aa gjera med det islendske verbet, for elvi hev heller sterkt fall.

Armengruvedam Kongsberg. 14 A, 8. Utt. *a'rngrúdamm.* — Jfr. Armen Gr. RK 1890, utt. *a'rngrūva.* Gruvone paa Kongsberg hev tyske namn, som velkjent er.

Arnestjern (Arnorstjern) Mod. hd. Hgg. s. F 34, 11. Utt. *ā'rnəskęnn, ā'rnərs-, ā'rnors-* (Heggen), *ā'rnors-* (Tyristrand), *ā'rnongs-* (Snarum). — Arnestj. GK 1919.

Ser ut til aa koma av mannsnamnet Arnor. Tjørnnamnet kann daa ikkje vera gamalt, for Arnor maa vera eit nyuppteke namn. Det syner ljodformi, og dessutan høyrer dette mannsnamnet heime i islendsk (Lind, Dopnamn sp. 53). — *o* i andre stavingi var uklaar, naar han høyrdest. Segjemaaten *ā'rnongs-* hjaa ein eller eit par heimelsmenn maa vera ei umtyding.

Asbjørnhustjern Mod. hd. Snar. s. F 34, 11 Utt. *a'sbjørn(h)úskenn* (NG V, s. 246 *-bjønn-*, som er det „ekte"). — Asbjørnhus er gnr. 155 Modum.

Asdøltjernet Lier hd. Busk., og Asker hd. Akershus. 14 D, 3. Utt. *a'sdøłkennə, a'støł-*. — Asdøltj. RK 1900. Hev namn av elvi Asdøla. Um elvenamnstonmen As-, truleg til verbet asa, æsa, svella upp, sjaa NE, s. 5 f. NG V, s. 332. NoB 1928, s. 133.

Askelidtjernet Ndh. hd. Haug s. 19 B, 3. Utt. *a'skəlikenn* (Aadalen), *-kenn* (Jemnaaker). — Askelitj. RK 1872. Uppaa ei høgd som heiter Askelidhøgdi, yver ei skoglid.

Ask(e)tjern.

1. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 10. — Asktj. orig. 1909. Ein liten pytt vest for Himsjøen.

2. Mod. hd. Snar. s. F. 34, 10. Utt. *a'sk(ə)kenna* (flt.). — Asktj[na] GK 1919. Sudaust for Lysvatn.

3. Mod. hd. Snar. s. F 34, 10. Utt. *a'skəkenna* (flt.). — Asketj. GK 1919. Sud for Vrangen. Tvo tjørner.

4. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *a'sk(ə)kenn*. — Asketj. GK 1919.

Dei tri fyrste av desse namni kann vera samansette beinveges med trenemnet ask m. Det kann ikkje so godt vera slik med nr. 4. For den tjørni ligg 932 m. y. h. Der hev me vel ordet ask m. i tydingi øskje, som er kjent m. a. nettupp fraa Buskerud. Det gjeng ein stølsveg frammed tjørni. Dei kann ha mist ein „ask" der, eller noko sovore. — Vats-namn av trenamnet ask finst ymse stader i det sudaustlege: Askeren i Aker, Asketj., Askevatnet fl. st.

A s c h H i e m s æ t e r k i æ r n e n e, sjaa Leirbergsætertjernet.

Aslakstjørni hev vore namn paa Presttj. i Aal hd. Aal s. (E 33, 3): Aslaks kjernet 1743. Axlaxkirnet GC nr. 200 (1771). Aslakskjernet Wiel XXXII, 129. Aslakskj. orig. 1842.

Asletjørni Nore hd. E 33, 10. Utt. *a'sləkednə* (Tunnhovd; andre segjemaatar for „tjørn" finst òg der). — Ei av dei tjørnene som laag ned imot Tunnhovdfjorden der som Røungselvi mynner ut, fyrr fjorden vart uppdemd og flødde utyver. Av mannsnamnet Asle, gn. A t l i; det er enno i bruk paa desse kantar.

Atjernet Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. Utt. *ā'kennə*. — Atjærn RK 1872. Avtjern? Tjørni ligg avsides ifraa eit par andre, større vatn, Skamrek og St. Flaatan. „A" er ei vidspreidd sideform til præposisjonen „av". Ho er mest brukt i tonelett stode, men ho kann ha trengt seg inn i tonetung stode her. Jfr. NI I, s. 14 f. og Avtj. her i det fylgjande.

Attogframstjernet Hole hd. 19 B, 9. Utt. *a'ttåframskennə*. — Skal vera det vanlege namnet paa den tjørni som meir officielt kallast Torgetj. Sjaa under det namnet.

Att-tjørni Hems. hd. E 32, 5. Utt. *a'ttkednė*. — Attj. GK 1923. Eit lite sidebasseng til Helsingvatnet. Namnet kjem av at tjørni ligg so avgøymt, avsides til, a t t-ifraa Helsingvatnet. „Naar du kom upp, vilde du kalla det soleis du òg", sagde ein heimelsmann. Jfr. Affdalstjørni, Baksjøen.

Auknine (Auknevatni) Aal hd. Trp. s. E 32, 9. Utt. *øu`knıdn*, dat. *øu`knó*; *øu`knəvatne*; *ø`kn-*. — Ochniekjernet 1743. Øknikiern ekstrakt 1743. Øknikjern Wiel XXXII, 132. Øgnevde AK 1856. Øknovatni GK 1923. Tvo smaae fjellvatn.

Namnet kjem av verbet aukna, aukast, veksa, verta større, som er kjent ifraa Hallingdal (utt. *øu`knə*, *ø`knə*). Jfr. eit namn som Veksaren fraa Eidskog i Solør. Um vaaren vert Auknine svært store, og gjeng vidt utyver dei laage breiddene. Avlaupet gjeng i berget og er sværande trongt. Jfr. NoB 1928, s. 175.

Aurdalen Flaa hd., og S. Aurdal hd. Uppl. F 33, 2. 3. Utt. er *au`(r)dārn* i Flaa som i Valdres. Jfr. NI I, s. 11 f.

Aurehylen Fles. hd. Lyng. s., og Sgd. hd. F 35, 3 (2). Utt. *au`rə-hørn*. — Ei utviding i Skjelaai.

Aureputten.

1. Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 4. Utt. *au`rəpútt'n*. — Uppaa Holtefjellet, ikkje so langt ifraa Langtj.

2. Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 5. Utt. *au`rəpútt'n*. — Millom Flisetj. og Sandungen.

Auretjern.

1. Aad. hd. Nes s. F 33, 6. Utt. *au`rəkenn*. — Uppaa aasen aust for Nes kyrkje.

2. Aad. hd. Viker s. F 33, 11. Utt. *au`rəkenn* (eint.). — Auretjne GK 1918.

3. Ned. Eiker hd. F 35, 11. Utt. *au`rəkenn* (Fiskum). — Aurtj. GK 1919.

4. Ned. Eiker hd. F 35, 12. Utt. *au`rəkenn*. — Aurtj. Dr. 1927. Aust for Langevatnet.

5. Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 4. — Auretj. orig. 1909. Øvst i Gleinvatsdraget, ved sida av Langtj.

6. Øv. Eiker hd. Fsk. s. 14 A, 10. Utt. *au`rəkenn* (Efteløt). — Aurtj. RK 1890.

7. Øv. Eiker hd. Fsk. s. 14 A, 9. Utt. *au`rəkenn*. — Tett attmed Urdsvatnet.

8. Hole hd. 19 B, 9. Utt. *au`rəkenn*. — Ørettj. RK 1872.

9. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *au`rəkenn*. — Auretj. GK 1919. Ikkje langt ifraa eit Aaborrtj.

10. Ndh. hd. Ld. s. F 33, 10. Utt. *au`rəkenn*. — Auretj. GK 1918.

11. Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. Utt. *au`rəkenn* (Hole). — Aurtj. RK 1872.

12. Ndh. hd. N. s. 19 B, 9. Utt. *au`rəkenn*. — Oretj. RK 1872.

13. Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *au`rəkenn* (Fiskum). — Millom Flaatj. og Djupetj.

Av fiskenamnet aure m., gn. aurriði, so nær som Auretj. Nr. 10; det hev namn etter garden Aure 146 Norderhov. Um det namnet sjaa NG V, s. 51. Paa karti hev dei mistydt fleire av namni („Aurtj.").

Aurtjern Aad. hd. Nes s. F 33, 5. Utt. uppgj. *au`rkenn*. — Aurtj. GK 1918. Skulde vel vera Auretj. dette òg. Namnet kann vera mistydt paa kartet, og den uttala som er uppgjevi, kann vera skrift-uttale.

Ausa, Ausone, Ausene.

1. Nes hd. austfj. F 33, 1. Utt. *stō̆rə, vę̆slə au̇sa*, flt. *au̇sudn*. — Ausa GK 1918. Ei rundvori tjørn, og so ei mindre ved sida av.

2. Nes hd. E 33, 4. Utt. *au̇sudn* (flt.), *au̇səkędnadn*. — Ausekjernet 1743. Ausev[t] GK 1920. Tri rundvorne tjørner, ei større og tvo mindre. Ovanfor den store ligg Auseskaftet, ei lang og smal tjørn i same vatsdraget.

3. Hur. hd. 14 B, 10. Utt. *stō̆rə, væ̆slə au̇sə*, flt. *au̇sənə*. — Ausene orig. 1826. Eit par smaae runde kulpar sudaust for Stikkvatni.

Tjørnene hev namn etter skapet. Jfr. Ausetj., og NI I, s. 13.

Ausandløkjene Hol hd. nordfj. Utt. *au̇san(d)løķidn*. — Sudvest for Rødungen. Nokre stillor i Ausandaani. Ein støl attmed der heiter Ausand. Stølsnamnet mun vera det gamle usamansette namnet paa aai: gno. *A u s a n d i, til verbet a u s a. Jfr. NG V, s. 166. NoB 1928, s. 133.

Auseskaftet Nes hd. E 33, 4. Utt. *au̇səskaftə*. — Auseskaftkjernet 1743. Auseskaftet GK 1920. Sjaa Ausa.

Ausetjern Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. Utt. *au̇səķønn* (Meheidi, uttaleform vestanfraa; i Sandsvær segjer dei: *-ķęnn*). — Ausetj. orig. 1887. Ein rund kulp i bekken fraa Sakseren til Holmevatnet. Sjaa Ausa.

Austlidvatnet, sjaa Øyslidvatnet.

Austmannbudtjørni Roll. hd. Vggl. s. vestfj. Utt. *ȧsmannbuķønnė*. — Austmannbutj. orig. 1925. Jfr. Ostmandbu AK 1854. Stølen Austmannbudi ligg tett aust for bytet millom Tinn i Tel. og so Numedal. Telene hev gjeve namnet. Det gjeng ein fjellveg millom Tinn og Numedal frammed stølen.

Avtjern Lier hd. Syl. s., og Bærum Akh. — Afkjærn orig. 1825. Afkj. AK 1854. „Den avsidesliggjande tjørni". Jfr. Att-tj. her ovanfor og NI I, s. 14 f.

Baagaatjern, -tjørni.

1. Fles. hd. Svene s. F 35, 3. 9. Utt. *bȧ̊gåķęnn*. — Bogetj. GK 1919.

2. Ndh. hd. Ld. s. F 33, 11. Utt. *bȧ̊gåķęnn*. — N., S. Baagaatj. GK 1918.

3. Nore hd. austfj. — Bøgøtj. orig. 1930—31. Ei liti tjørn aust for Elgsdalssæter og Hanshaugsæter.

4. Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *bȧ̊gåķęnn*. — Bagakiænd DN XVIII 75, 1460 (avskr. fraa det 18. h.aa.). Uppaa aasen millom Grytevatn og Ognevatn.

Gn. *B o g a t j a r n (1, 2, 4), *B o g a t j ǫ r n (3), av b o g i m., boge. Tjørnene gjeng i boge.

Baantjern.

1. Hur. hd. 14 B, 11. Utt. *bȧ̊nķęnn, bȧ̊nn-, bȧ̊nə-*. — Bontj. RK 1915. Ein myrpytt.

2. Ndh. hd. Haug s. 19 B, 9. Utt. *bȧ̊nnķęnn, bɒ̇nn-*. — Bontj. RK 1872.

Baae namni tyder vel „Barntjern". Um nr. 1 fortelst det at tvo kvinnfolk gjorde ende paa ein unge der ein gong. Um nr. 2 fortel òg sume at der hev druknast ein unge. — Uttala *bø'nn-* ved nr. 2 kjem vel av at dei til deils hev knytt namnet i hop med ordet botn *(bønn)*, — ei segn segjer difor at tjørni hev tvo botnar *(bø'nnər)*.

Baarsrudvatnet Røyk. hd. 14 D, 10. Utt. *bå'rṣrúvannə, bå'rṣə-*. — Baarsrudvd RK 1900. Baarsrud, gn. Báreksruð er gnr. 44 Røyken (NG V, s. 345).

Baastjernet Øv. Sdsv. hd. Hedst. s., og Gjerpen Tel. 14 A, 13. — Baastj. RK 1890. Kanskje *Botstjern, av *Botnstjarn. Kann òg vera *Baatstjern. Tjørni er liti.

Baasvatnet Fles. hd. Svene s. F 35, 8. Utt. uppgj. *bå'(r)ṣvannə* og *bå'tsvannə*. — Nord for Skjentj. Etter den uttala som er uppgjevi, knyter dei stundom namnet til mannsnamnet Baard, og stundom til ordet baat m.

Baatstjernet, -tjørni.

1. Hol hd. E 33, 1 (7?). Utt. *bå'sskɔdnɛ* (Skurdalen). — Uppaa fjellet nord for Skurdalen.

2. Hol hd. D 33 aust, 4. — Baatstj. og Øv. Baatstj. GK 1931. Vest for Veslekrækkja.

3. Nes hd. E 33, 11. Utt. *bå'ssķędnadn* (flt.), òg uppgj. *bå'ts-, bå'ss-*. — Øv., M., Ned. Baatstj. GK 1920.

4. Nes hd. F 33, 1. Utt. *bå'ssķędn* (eint.). — Baaskj. orig. 1843. Bostj[ne] GK 1918.

Gn. *Bátstjǫrn, av bátr m., baat. Det høver ikkje ljodleg aa tolka desse namni anten av genitiven botns- (> bots- > boss-) eller av ordet bos n. Daa skulde uttala ha vore med *ø*. Namni siktar til at det hev vore baat og baatstøde i tjørnene.

Bakkahellertjørnane (Bakke-) Hol hd. Utt. *ba'kkahællərķødnadn, ba'kkə-*. — Bakkahellerkj[ne] Qv. 1920. I fjellet nord for Finse. Ein heller heiter Bakkahelleren. Nedunder helleren er ein bratt bakke, som ligg rett imot soli, so graset gror tidleg der. Nedunder denne bakken att ligg Bakkahellertjørnane.

Bakkebudtjørn Uvd. hd. U. s. Utt. *ba'kkəbuķønn*. — Uppaa fjellet yver lægeret Bakkebu: *ba'kkəbū* paa sudsida av Syndre Skarvsvatn.

Bakkerudtjernet Fles. hd. F. s. F 35, 1. Utt. *ba'kkəruķęnnə* (Flesberg), *-ķɔnnɛ* (Rollag). — (= ei av Evjutjørnene). Bakkerud er gnr. 43 Flesberg.

Bakketjern, -tjørnane.

1. Ndh. hd. N. s. 19 B, 9. — Bakketj[n] orig. 1827. Paa austsida av Storelvi attmed garden Bakken.

2. Uvd. hd. U. s. Utt. *ba'kkəķonnann*. — Tvo tjørner paa austsida av Langesjøen.

Baklidtjern Nes hd. F 33, 7. Utt. *bå'klíķędn*. — Baklitj. GK 1918. Baklid f. er ei lid som vender ifraa soli. Ved tjørni er ei baklid.

Baksjø Tyr. hd. F 34, 11. Utt. *bå'ksjø̄*. — Baksjø GK 1919.

Ei mindre tjørn som ligg litt til sides (og ovanfor) ei større tjørn, Skogstjernet. — Namnet Baksjøen hev eg elles skrive upp etter karti ifraa Aasnes, Eidskog (tvo stader der), Elverum, Trysil. Baksjøen i Aasnes er eit lite vatn som ligg eit lite stykke — ca. 1 km. — ut til sides for Gjesaassjøen, som er mykje større. Den eine Baksjøen i Eidskog ligg snaudt 1 km. vestanfor S. Øyungen, og den andre um lag like langt vest for N. Billingen. Baae desse Baksjø'ane er smaae i samanlikning med dei vatni dei ligg upp til. Baksjøen i Elverum er eit mindre sidebasseng til dei samanhangande vatni Kynnsjøane, som til saman er ikkje lite større, og mykje lengre. Baksjøen i Trysil ligg uppaa ein aas vestanfor Ulvsjøane, som er større, og „attanfor" garden Ulvsjøen. Aa døma etter det lægje som baade Baksjøen i Tyristrand og dei andre vatni hev, maa Bak- ha paa lag same tyding i desse namni som Av- hev t. d. i Avtjernet: av-sides, til sides, attanfor noko større eller meir audsynt eller meir gjævt. — Attmed Baksjøen i Aasnes ligg gardane Bakaasen gnr. 73—74 Aasnes. Bak- tyder vel det same i det gardsnamnet òg, — traass i NG III, s. 284. Eller kanskje Bakaasen der er ei ellipse for *Baksjøaasen.

Baktjerni Nes hd. austfj. F 33, 1. — Baktj^ne^ GK 1918. Noko til sides for Grønhovdtj., som er større. Bak- skal vel tydast her likeins som i Baksjøen.

Balangen Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. 14. Utt. *bằłangən, ba̓ł-.* — Baglingen (!) orig. 1847. Balangen RK 1890. Eit lite vatn aust for Myklevatn.

Eit namn avleidt med endingi -ang(en). Jfr. NI I, s. 246 ff. Fyrste lekken kjem kanskje av nyn. bale m., voll eller hæve langs strandi, nyisl. b a l i, lite jamt hæve paa ei mark, grasflekk. Kunde òg koma av bard n., breidd, rand, kant, bordkant paa baat, eller barde m., kant, elvebreidd.

Ballatjern Ned. Eiker hd. F 35, 11. Utt. *ba̓llaķenn.* — Balank. Strøms kart. Balatj. GK 1919.

Skrivemaaten hjaa Strøm minner um namnet Ballanby gnr. 15, 6 Flaa (NG V, s. 75). Men segjemaaten no talar ikkje for at tjørnnamnet her er i skyld til gardsnamnet i Flaa. Eg gissar paa at tjørnnamnet svarar til gn. *B a l l a r t j a r n, av gn. b ǫ l l r m., gen. b a l l a r, ball, kule. Ordet b ǫ l l r hev dei ikkje so sjeldan i høgdenamn, og det kunde vera ei høgd i nærlaget som tjørni hev fenge namn etter.

Balltjern Fles. hd. Svene s. F 35, 3. Utt. *bællķenn* (akcent ukjend). — Baltj. orig. 1909. Ein liten pytt sudaust for Mjovatnet. Jfr. det fyrre namnet.

„B a n d e r v a t n e t", sjaa Sandorvatnet.

Barketjørn Roll. hd. R. s. F 35, 1. Utt. *barkəķønn* (uppgj. i brev, akcent ukjend). — Barkekj. orig. 1847. Uppaa fjellet aust for Bjørndalen og Skuggerud. Av bork m., eller av verbet barka.

Barlindtjern Mod. hd. Hgg. s. F 35, 5 (6). Utt. *ba̓llínnķenn, bằṛlínn-.* — Nær Skittj.

Barlindvatnet Hur. hd. 14 B, 10. 11. Utt. *bằṛlínnvannə.* — Barlindv^d^ RK 1915.

Attmed Barlindtj. hev det stade ei barlind, som er burte no. Ved Barlindvatnet veks det barlind enno paa myrane ikring.

Barmslangevatnet Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. F 35, 8. Utt. *bæ̓rmslangəvannə.* — Nordluten av Hængsvatnet, upp imot garden Barmen.

Bausta Aal hd. Trp. s. E 33, 3. 4. Utt. *bau'sta*, dat. *bau'stunn*; *bau'stə-vatnə*. — Baustadsjøen GK 1920. Eit lite fjellvatn. Ein støl attmed, som hev vore fast bustad, heiter Baustedokki: *bau'stədøkki* (gnr. 12, 13 Aal).

Baustebøltjørni Nore hd. E 33, 11. Utt. *bau'stəbøtkønne* (stutt *au*). — Attmed stølen Baustebøle, aust for sudenden av Tunnhovdfjord.

„Baustedokki" er samansett med namnet Bausta, og stølsnamnet Baustebøle inneheld vel òg eit vatsnamn Bausta, som daa er det gamle namnet paa Baustebøltjørni. Namnstomnen Baust- er ikkje vanleg. Umfram desse tvo namni her kjenner eg ikkje meir enn tvo trygge døme til. Det er gardsnamnet Bausta i Nedstrand, gn. *B a u s t a r, dat. B a u s t u m (NG X, s. 299), og so stølsnamnet Baustin i Nord-Aurdal, vest for vatnet Ettensenn. Upp for stølen ligg Baustelidi. Baustin svarar til eit gn. lint maskulinum *B a u s t i (B a u s t i n n). Desse namni maa høyra i hop med ordgruppa bausta vb., bausa, busa paa, bauste m., urædd og uvyrden, framstormande person, bausten adj., baust m., ljoster, og bøyste n. kjøtstykke, bog, gn. b e y s t i skinke, bøysta vb., setja av stad, storma fram, osb. — til roti b u s, svella (Torp, Nyn. Et. Ordb.). Det er naturlegt aa stella deim næmast i hop anten med ordet baust m., ljoster, som er kjent nettupp fraa Hallingdal, eller med vb. bausta, som òg er kjent derifraa i tydingi „busa ut, hasta med aa fortelja noko". Bausta kunde daa tyda anten „Ljostrevatnet", eller „Ofsevatnet". Det fyrste er vel det rimelegaste. Korkje Bausta i Aal eller Baustebøltjørni er so store at namn som „den ofselege" vilde liggja sers nær. Dersom Bausta upphavleg skulde vera elvenamn, kunde ei tyding som „den ofselege" kanskje høva for elvi ned til Bauste-vatnet i Aal (elvi o r vatnet heiter Ridøla). Men gjenom Baustebøltjørni renn det berre ein liten bekk. — Magnus Olsen held helst namnet Bausta i Nedstrand, gn. *B a u s t a r, for fleirtal av ordet baust m., ljoster. Han tenkjer seg at eit nes attmed garden kann ha vorte jamført med ein baust. — Skrivemaaten Baustadsjøen for namnet i Aal paa GK er ei mistyding.

Beihovdtjørni Aal hd. Aal s. E 32, 7. Utt. *bai'hâvdkodnė* (Leveld), *bæi'høvdkędnė* (Hemsedal; *bai'thøvd-* som NG V, s. 154 fører upp, hev eg ikkje høyrt). — Beithøvdkj. AK 1856. Beihovdtj. GK 1923. Ei fjelltjørn attmed stølen Beihovd. Baade tjørni og stølen ligg aust for fjellet Beihovd.

I NoB 1928, s. 134 hev eg forklaara (elve)namnet Beia i Nes i Hallingdal av eldre *B e ð j a, til (sand)bede m. Men namnet høyrer nok upphavleg eit fjell til som gjeng ned aat Hallingdalselvi nokre kilometer nedanfor Nesbyen, og berre sekundært hev det òg fest seg til eit stykke av Hallingdalselvi. Hj. Falk (NG V, s. 94) hev visst rett i at fjellnamnet kjem av eldre *B æ g j a, til verbet bægja, hindra, staa i vegen (baag adj., hinderleg, vanskeleg). Palludan nemner i 1744 at fjellet Beia var til meins for ferdsla. Han fortel um segnfiguren Clemmet Bonde paa Devegge, og kona hans, fru Belju; h o „skal have ladet gjøre en vej over Beja-kleven, som er beliggende en mil udenfor Ness, og hvorover tilforne ingen har kunnet passere; hun skal i stæden for at minere bierget have ladet brendt det med smør, og derved faaet vejen indrettet, og hvoraf berget endnu kaldes Smørkløven, og er over samme berg endnu en meget besværlig vej at passere". — Fjellet Beihovd i Aal kann òg fyrst ha havt det usamansette namnet *Bægja > *Beia. Høgdi ligg for seg sjølv ute paa ei stor vidd, og bægjer for utsyni som elles vilde vera fri, t. d. naar dei kjem upp skardet sunnanfraa Lauvdalen.

Beinsvatnet Fles. hd. F. s. F 35, 8. Utt. *bæi'nsvatn(ə)*. — Beins vand v. Langen 61. Beinsv. AK 1854. Beinsv^{t} GK 1919. Eit lite vatn. Hev avlaup gjenom Beinsvatselvi. Paa nordaustsida ligg Beinsaasen.

A. Kjær skriv i N. Vasdr. III, s. 271: „Det er mig opgit, at navnets rette form er B e i n e s vatn. Dette navn synes at være sammensat med det gamle mandsnavn B e i n i r". Formi Beines- hev eg ikkje høyrt, eller funne paa karti. Namnet kunde vel like vel vera

samansett med mannsnamnet Beinir. Ein kunde òg tenkja seg eit eldre usamansett vatsnamn *Beinir, avleidt av adjektivet beinn (paa den eine sida er vatnet tolleg rett). Men helst er vel vatsnamnet samansett med mannsnamnet Beint, som er ei sideform til Benedikt. Me finn formi Beint, med genitiv Beints, Beinz, Beins ikring 1400. Jfr. PnSt., s. 32 f.

Bekartjørn Roll. hd. R. s. (ell. Sgd. hd.?). F 34, 7. Utt. *bǣkarkonn.* — Ved Myklevatn. Av bekar m., bekre, vėr, gn. bekri. Jfr. Bekretj.

Bekkjefjorden Nore hd. og Uvd. hd. E 33, 10. Utt. *bæ̀kkefjörn, bæ̀kkə-*(? (Nore), *bæ̀kki-* (Tunnhovd). — Den luten av Tunnhovdfjorden som ligg millom Turrsnippsoget og Budstraumen. Heiter etter stølane Bekkjine paa vestsida av fjorden, utt. *bæ̀kkinn,* skr. Bekkens[r] GK 1920. Eit par av deim er til enno, ein er neddemd.

Bekkjelidtjern Flaa hd. ell. Sgd. hd. F 33, 7. Utt. uppgj. *bæ̀kkilíkednadn* (flt.; Flaa), *bæ̀kkəlíkenn* (Eggjedal). — Bekkelitj. GK 1918. Der hev vore ein støl attmed som hev heitt Bekkjelid: *bæ̀kkilī* (Flaa), *bæ̀kkəlī* (Eggjedal).

Bekkjerudsjøen Flaa hd. eller Sgd. hd. F 34, 1 og F 33, 7. Utt. uppgj. *bæ̀kkirusjøn* (Flaa), *bæ̀kkərusjøn* (Eggjedal). — Bekkerudsjøen GK 1918. Bekkjerud er ein støl.

Bekkjestadtjørni Aal hd. (eller Hol hd.?). E 33, 2. Utt. *bæ̀kkistakødnė.* — Sud for Langesenn. Bekkjestad er gnr. 129 Aal.

Bekkjetjørni Uvd. hd. Dag. s. E 33, 7. Utt. *bæ̀kkikødnė* (Skurdalen). — Bekketj. GK 1920. Ei liti tjørn attmed Bekkjestølen. Hev avlaup gjenom Sandbekken.

Bekretjern Nes hd. E 33, 61 (eller F 33, 1). Utt. *bæ̀krəkedn.* — Uppaa aasen yver Brumma. Av bekre m., gn. bekri, vėr. Jfr. Bekartj.

Belgjefitløken Nes hd. E 33, 4. Utt. *bæ̀tjifétløkən.* — Belgefetløken GK 1920. Ei liti utviding i elvi Vola, som kjem ifraa Belgjevatni. Nokre fiter langsmed elvi heiter Belgjefit: *bæ̀tjifét.*

Belgjetjern.

1. Nes hd. E 33, 4. Utt. *bæ̀tjikedn.* — Belgtj. GK 1920. Attmed det synste av Belgjevatni.

2. Nes hd. E 33, 5. — Belgekj. orig. 1843. Uppaa fjellet vest for Skjong. Visst = Trytetj. GK 1920.

Belgjevatnet Nes hd. (og Aal hd. Trp. s. ?) E 33, 4. Utt. *bæ̀tjivatn(ə)* (Nes, Torpo). — Belgevandet 1743. St. Belgev. AK 1856. Belgv[t] GK 1920.

Av belg m., dyreskinn som er avflege heilt, dyrebelg, hit, ogso: mage (Ældre norske sprogminder I, s. 16. Aasen), gn. belgr. Det er tale her um tvo smaae vatn som heng i hop gjenom eit sund. Det nedste og største av deim er nokso breidt i den eine enden og smalnar av i den andre, — ikkje ulikt ein smidjebelg. Namnet høyrer vel upphavleg dette vatnet til og er jamføringsnamn. Ein heimelsmann tenkte seg elles at det kunde koma av at „naar det er svær vind, slær vatnet nokso hardt", d. v. s. vinden kann taka bra (nett som han kom ut or ein belg). Det er mindre rimelegt. — Jfr. Belgen NI I, s. 17.

Belgvatnet Hol hd. D 33 aust, 3. Utt. *bæ̀tvatnə, bæ̀t-.* — Bælgvd AK 1856. Belgvn GK 1931. Attmed Belgvatsstølen: *bæ̀tvasstøl'n.* „Der som

vatnet gjeng ut, er det akkurat som ein strupe. Det kallar me ofte for ein belg. Det er liksom mulen paa ein smidjebelg", — sagde ein heimelsmann. Gn. *Belgvatn. Jfr. det fyrre namnet og NG V, s. 165.

Belteslidvatnet Fles. hd. Lyng. s. F 35, 3. Utt. *bæ̀ltəslivatnə* (Lyngdal, *-vannə* (synst i Sigdal). — Belteslitj. GK 1919. Vatnet ligg ikkje so langt ifraa garden Belteslidi gnr. 77 Flesberg. Det maa vera eitkvart belte- eller strimeforma attmed sjølve garden som hev gjeve upphav til namnet. Jfr. NG V, s. 414.

Beltestjørni Uvd. hd. U. s. Utt. *bæ̀ltəsḳønne.* — Beltekj. AK 1856. I fjelldalen Jønndalen nord for Beltesnuten. Dette namnet kjem òg av belte n. Kanskje hev tjørni upphavleg heitt *Beltir. Ho er lang og smal.

Bemle Mod. hd. Hgg. s. F 34, 11. Utt. *bæ̀mlə.* — Bemle GK 1919. Ei myrtjørn.

Gn. *Bembla, truleg. Ifraa grannebygdi Hallingdal kjenner me ordet bembel m., navle. Grunntyding for det ordet er „noko uppsvolle, rundt og tjukt". Sjaa Torp, Nyn. Et. Ordb. s. 21. Ifraa ymse bygder kjenner me verbet bemla (av *bembla), belga i seg, traa-drikka (Li. Ned. Tel. Gbr. Snm. Sfj.); dertil bemle f., ølbemle, ein som bemlar i seg (Tel.). Verbet høyrer til same roti som bembel. Namnet Bemle maa vel hanga i hop med desse ordi. Det kann tyda: den svellande, den som svell upp. Eller, dersom det upphavleg var namn paa eit umraade, anten myri ikring eller myri med tjørni: ein stad som syg til seg væte so grunnen vert vats-svollen og blaut. Elvenamnet Bemla i Nes Rom. tolkar NE s. 10 under tvil ut ifraa verbet bemla i tydingi „plaska i vatn" (jfr. shetl. beml, bemmel, skvalpa). Det er ei sekundær tyding for verbet, som ikkje er so vanleg som den meir upphavlege: traa-drikka. — Jfr. NG VII s. 48 f. XI s. 126.

Bentby-Tryttjern, sjaa Trytetj. (Modum).

Bergdamtjerni Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 5. Utt. *bæ̀rgdamḳenn* (eint.). — Bergdamtj^ne GK 1919. Eit par smaatjørner uppaa aasbrotet. Jfr. Damtj.

Bergerudtjernet Fles. hd. F. s. F 35, 2. Utt. *bæ̀rgərúḳennə.* — Eit anna namn paa Skafttj., som ligg uppaa aasen yver garden Bergerud.

Bergesætervatni Sgd. hd. Egg. s. Utt. *bæ̀rjəsǣtərvatna.* — I fjellet vest for Medalen.

Bergetjørni.

1. Nore hd. E 33, 11. Utt. *bæ̀rgəḳønne*, òg uppgj. *bò̀rgə-*. — Bergetj. GK 1920.
2. Roll. hd. R. s. vestfj. Utt. *bæ̀rgəḳønne.* — Der skal gaa ein bergsnut fram aat tjørni.

Gn. *Bergatjǫrn.

Berghellertjørni Hol hd. D 33 aust, 5. Utt. *bǣ̀rhællərḳødne.* — Berhellertj. Qv. og W. 1922. GK 1931. Sud for Ustevatnet. Ei høgd attmed heiter Berhellerhøvda Qv. og W. 1922. Berghelleren AK 1856. Dertil Berghellerbotnen: *bǣ̀rhællərbøtt'n.* Der skal vera nokre hellerar uppi fjellet.

Bergsjø(en).

1. Aal hd. Aal s. E 32, 7. Utt. *bæ̀rsjøn.* — Bergsjøen, Bergsøen 1743. Bergsjøen Wiel XXXII, 130. Bergsjøen, L. Bergsjø GK 1925. Ein støl attmed heiter Bergsjøstølen: *bæ̀rsjəstøl'n*, skr. Bergsjøsr AK 1856.

2. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 5. Utt. *bæ'rsjə, bæ'rsjə; -sjø.* — Bærsiø, Bersiø JN, 348 f. 351. Bærsio Strøms kart. Bergsiøe, Biergsøe 1743. Bergsn AK 1854. Bergsjø GK 1919. Ei vik av Dramselvi ved Geithus.

3. Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4. Utt. *bæ'rsjø, stō'rə-, væ'sləbærsjø;* òg: *bæ'rsjø.* — Bergsøe, Bergsøekiern 1743. Bersio v. Langen 61. Bersøe Pontoppidan 1785, s. 125. Bergsjøkjern Wiel XXX, 189. Bergsn AK 1856. St., L. Bergsjøen GK 1919.

4. Roll. hd. R. s. F 35, 1. Utt. *bæ'rsjo.* — Utvidingi i Lògen ved Alvstad skyss-stasjon.

5. Uvd. hd. U. s. E. 33, 9. Utt. *bæ'rsjəvatnə, bæ'rsjo-.* — Bergsjø GK 1920.

Gn. *Berg(a)sjór, sumstad kanskje *Bergssjór (*Bjarg(a)-, *Bjargs-). Bergs- helst der som fyrstelekken hev vore heilt eller halvveges sernamn. Vatni hev bratte høgder eller berg i minsto paa einkvan kanten. Med nedre enden av nr. 4 ligg garden Bergseid gnr. 71 Rollag. Der knip fjellhamrane seg saman, so elvi gjeng i stryk, og dei hev maatt gaa or baat.

Bergsmulfjorden Hol hd. D 33 aust, 1. Utt. *bæ'rsmułfjörn,* ogso uppgj.: *bæ'rsmuł-.* — Bergsmulfj. AK 1856. Bergsmulvn GK 1931. Paa austsida av fjellet Bergsmulen: *bæ'rsmūłen,* ogso uppgj. *bæ'rs-.* Det er ei nov som stikk fram. Fylkesgrensa gjeng der. Bergsmultj[ørn]an GK 1931 ligg ikkje langt ifraa vatnet. — Namnet Be'rgs-mulen er samansett paa same maaten som appellativi bergs-nov, bergs-nev, bergs-nabbe. Det hev nokolunde same tydingi, og dei hev vel fraa fyrst av helst kjent det som appellativ.

Bergstjern Sgd. hd. S. s. F 34, 9. Utt. *bæ'rskenn.* — Uppaa fjellet Graagalten, visst ikkje so langt ifraa Ebbesbergsætri.

Bergsvatn.

1. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 10. Utt. *bæ'rsvannə.* — Bergv. AK 1854. Bergsv[t] GK 1919.

2. Ndh. hd. Ld. s. F 34, 5. Utt. *bæ'rsvanna* (flt.). — Bergskjernet, Biergs- 1743 (ein stad er det sagt at elvi Væla kjem fraa Bergstj.; og i „ekstrakt" at „Vesle-elven" kjem derifraa). In., Yt. Bergsv[t] GK 1919. Ikkje so langt ifraa Bergsætri.

Bergsætertjernet Fles. hd. Lyng. s. F 35, 3. Utt. *bæ'rsætərkennə.* — Attmed Bergsr GK, nordaust for Vatnebrynnvatnet.

Bergtjern.

1. Fles. hd. Lyng. s. F 35, 3. Utt. *bæ'rgkenn.* — Bergsn AK 1854. Bergtj. GK 1919.

2. Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *bærjkenn* (Tov Flatin, i brev. Akcent ukjend). — Bergtj. GK 1919. Attmed Bergsæter, som høyrer garden Berget i Flesberg til.

3. Sgd. hd. S. s. F 34, 9. Utt. *bæ'rgkenn.* — Uppaa aasen nordvest for Sigdal kyrkje.

Bikkjetjern, -tjørn.

1. Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 10. — Bikjetj. orig. 1909. Aust for Hoggtj., paa Holtefjell.

2. Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 5. — Bikjetj. orig. 1909—11. Paa austsida av Knivesætri.

3. Mod. hd. Hgg.(?) s. F 34, 11. Utt. *bi'kkəkenn.* — Aust for Snarum kyrkje.

4. Ndh. hd. Haug s. 19 B, 3. Utt. *bi'kkəkenn* (Jemnaaker). — Bikjetj. RK 1872.

5. Nore hd. austfj. — Bitjekj. orig. 1846. Bikkjetj. orig. 1930. Millom Langevatn og Vergja.

6. Roll. hd. R. s. F 34, 7. — Bidjekj. orig. 1847. Paa fjellet aust for Rollag kyrkje, sudaust for Geiteskardtj.

7. Uvd. hd. Dag. s. E 33, 9. Utt. *bi'kkəkennann, -kednann, -kønnann* (flt.; Tunnhovd). — Bikkjetj. GK 1920.

Paa Austlandet tyder bikkje „hund" reint aalment. Alle desse tjørnene er smaae.

Birgitstøltjørnane Hol hd. D 33 aust, 6. Utt. *bi'rjitstølkədnadn.* — Nær Birgitstølen.

Biskolatjørni Hol hd. D 33 aust, 6. Utt. *bi'skōlakødnē.* — Biskolatj. Qv. og W. 1922. GK 1931. Av Bisk-Ola, „den biske Ola'n"?

B i t j e r n (Kongsberg) er ikkje upphavleg noko namn paa -tjern. Sjaa NG V, s. 401. I RB, s. 1 er skrive af B i k æ l d o. Attmed bustaden Bitjern skal ikkje vera nokor retteleg tjørn. Men der skal vera nokre gorpyttar langsmed Lògen, som renn fulle naar Lògen er stor. Etterlekken k e l d a f. kunde daa ha paa lag same tyding som me kjenner for ordet kjelde (k j ø l d e) fraa Singsaas: grop som elvevatnet stend uppi, eller: liten stillstaaande sump som dei brukte aa f a a linet i. Fyrste lekken tolkar Hj. Falk i NG av bik n., „hentydende til sort muddergrund". Etter situasjonen skulde ikkje det høva ille.

Bjelketjern Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *bjæ'tkəkenn.* — Bjelketj. GK 1919. Ei liti tjørn, paa skap som ein kile med eit hakk i tjukkenden. Av bjelke m. Namnet er snaudt jamføringsnamn.

Bjertnesflaaren Øv. Eiker hd. Fsk. s. 14 A, 9 (10). Utt. *bjæ'rtnəsflårn.* — Ein liten flaa kulp eller løk i elvi fraa Utrygg til Tistilen. Bjertnes er gnr. 78 Yt. Sandsvær. Um flaare m. sjaa under „Grunnord".

Bjonevatnet (Vestre). Aad. hd. Nes. s. F 33, 6. Utt. *bjō'nəvatnə.* — Vestre Biwne vantnet DN XII 801, 1553. Biønvandet 1743. Bjonsv. AK 1856. Bjonevatn GK 1918.

Jfr. NI I, s. 20 f. Fraa Vestre Bjonevatnet renn det ei elv, Bjone-elvi, ned i Sperillen. Fraa Austre Bjonevatnet (i Brandbu Uppl.) gjeng e i Bjone-elv til Randsfjorden. Der som ho renn ut, ligg garden Bjone, gn. *B j u g n a r. Randsfjorden gjer ein krok paa seg der. Der som den vestre Bjone-elvi renn ut, gjer auststrandi av Sperillen ei kvass bøygjing.

Bjone-namnet høyrer vel upphavlegast heime burte ved Randsfjorden. Men det hev so mykje lettare kunna festa seg ved vatsdraget paa vestsida av aasen, for di det var ein situasjon der òg som det kunde høva paa.

Bjordalsvatnet Uvd. hd. Dag. s. (U. s. ?). D 33 aust, 6. Utt. *bjǒ̀daṛṣ-vatnə*; òg uppgj. *bjǒ̀daṛṣ-*. — Bjørdalsv. AK 1856. Bjordalsvn GK 1931. Eit fjellvatn som hev avlaup gjenom Bjordalsbekken til Hein-vatsdraget. Attmed vatnet er stølen Bjordal.

Bjoretjern Mod. hd. Hgg. s. F 34, 11. Utt. *bjǒ̀rəḳẹnn*; òg uppgj. *bjǒ̀róḳẹnn*. — Bjortj. GK 1919.

Bjornesfjorden Uvd. hd. Utt. *bjǒ̀ṛṇesfjǒṛṇ*, *bjǒ̀nes-* (Dagalid, Uvdal); òg uppgj. *bjǒ̀ṛṇəfjǒṛṇ* (Skurdalen). — Bjørnesæt Flor 1760. Bjørnæsfj. AK 1856. Eit fjellvatn i Lòg-vatsdraget, tett nedanfor Nordmannslògen.

Vatnet synest ha havt eit namn paa -logen fyrr. For ved den nedre vatsenden ligg ei bud, som heiter Logaros, skr. Laegeroos Floor 1760. Lageros AK 1856, utt. *lø̀garǒs* (Skurdalen), *lø̀gərǒs* (Dagalid, Uvdal). Og ei høgd paa sudsida av vatnet er kalla Lagerhøvd AK. Jfr. òg Laagaarosfj[eld] AK eit stykke austanfor. A. Kjær, N. Vasdr. III s. 278 nemner den gissingi at dette vatnet kann ha heitt A u s t m a n n s lògen, i motsetning til Nordmannslògen. Det er i seg sjølv ikkje urimelegt, um me so ikkje hev heimel for det. Det namnet som vatnet ber no, hev det fenge etter ei bud eller eit felæger som heiter Bjornes: *bjǒ̀ṛṇẹ̄s* (Skurdalen), og som ligg paa vestsida av vatnet paa eit nes. Bjornesfjorden er samnamn paa heile vatnet, og serskilt namn paa den øvre luten ovanfor budi Elgsjøholet: *æ̀rsjǒhølə*. — Jfr. Lagerosfjorden.

Bjorsjoren (Store, Vesle). Nore hd. E 33, 11. Utt. *bjǒ̀ṛsjǒṛṇ*. — Bjorsn orig. 1846. St. L. Bjørsjø GK 1920. Um desse namni paa Bjor- sjaa Bjørvatnet.

Bjørdalsvatnet Hems. hd. Utt. *bjø̀rdaṛṣvatnə*. — Bjørdalsvde AK 1856. Eit fjellvatn nær fylkesgrensa, med avlaup vestetter til Sanddals-elvi som gjeng til Borgund. Ned i Sanddals-elvi kjem det ei elv austanfraa, ifraa nokre andre Bjørvatn. Attmed henne ligg Bjørdalsr AK 1874.

Bjøreputtane Sgd. hd. (ell. Krhd.). F 34, 8 (9?). Utt. uppgj. *bjø̀rəpúttanə*. — Attmed Bjørevatnet.

Bjørevatnet Sgd. hd. S. s. F 34, 8. 9. Utt. *bjǿr̀(ə)vatn(ə)*, flt. *-vatna*. — Bjørevd AK 1854. Bjørev. GK 1919. Eit — eller helst tvo so godt som samanhangande — vatn i eit skard yver garden Bjøre, gnr. 197 Krødsherad. Bjørevatnet ligg paa Sigdals-sida av vatsskilet. Men ein bekk ifraa det same skardet renn ut i Bjøre-elvi, som fell i Krøderen attmed garden Bjøre. Elvenamnet er eldst her. Sjaa elles Bjørvatnet.

Bjørkesettjernet Fles. hd. Lyng. s. F 35, 2. Utt. *bjø̀rkəsẹtḳẹnn(ə)*. — Attmed garden Bjørkeset, gnr. 64 Flesberg.

Bjørketjern.

1. Fles. hd. (ell. Kongsberg eller Øv. Eiker?). F 35, 9. Utt. *bjø̀rkəḳẹnn*. — Paa aasen nord for Kongsberg.

2. Sgd. hd. S. s. F 34, 9. Utt. *bjø̀rkəḳẹnn*. — Jfr. Bjørketjernvarden GK 1919. Tjørni skal liggja tett uppi tregrensa. Der skal veksa smaabjørk ikring.



Bjørkevatnet Hol hd. D 33 aust, 6. Utt. uppgj. *bjo'rkivatnə* (Ustedal), *bø'rki-*, *bø'rkevatnə* (Skurdalen, Dagalid). — Bjørkev. AK 1856. Bjørkjevn GK 1931. Eit fjellvatn sudaust for Usteoset. Der er ikkje bjørkeskog attmed vatnet no. — Av trenamnet bjørk f., beinveges eller gjenom elvenamn, eller av gn. birki n., bjørkeskog, — dersom segjemaaten *børki-* er eldst; jfr. Børkjebudvatnet.

Bjørndalstjern.

1. Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *bjo'nndærşkenn.* — Bjørndalstj. GK 1919.

2. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. F 35, 8. Utt. *bjø'nndærşkenn.* — Attmed garden Bjørndalen, gnr. 136, 2 Sandsvær.

3. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. uppgj. *bjo'nndarşkonna* (Meheidi, uttala vestanfraa). — Jfr. Bjørndalssr RK 1890.

4. Sgd. hd. S. s. F 35, 4. Utt. *bjo'nndærşkenn.* — Ikkje so langt undan garden Bjørndalen, gnr. 11 Sigdal.

Desse og dei mange andre Bjørndalsnamni som finst, er minne ifraa den tidi daa det var mykje bjørn. Tov Flatin fortel i boki um Flesberg I bd. s. 386 f. at i Bjørndalen i Flesberg hev det vore bjørnastokk. I aaret 1701 miste ein mann livet i ei bjørnafelle der.

Bjørnerudtjern Ndh. hd. Ld. s. F 33, 11. Utt. *bjø'nnəruikenn.* — Bjørnerudtj. GK 1918.

Bjørn(e)tjern, Bjørnatjern, -tjørni.

1. Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *bjø'nnəkenn.* — Bjørntj. GK 1918.

2. Flaa hd. ell. Sgd. hd. F 33, 8. Utt. *bjo'dnakedn* (Flaa). — Bjørnetj. GK 1918.

3. Flaa hd. F 33, 9. Utt. uppgj. *bjø'nnkenn.* — Bjørntj. GK 1918.

4. Fles. hd. (ell. Kongsberg ell. Øv. Eiker?). F 35, 9. Utt. *bjo'nnəkenn* (Kongsberg). — Nær Nordsæter.

5. Gol hd. E 32, 10. Utt. *bjo'dnakednadn* (flt.). — Bjørnatj[an] GK 1923. I eit gamalt bjørnastrok med mange Bjørna-namn: Bjørnahovda GK, Bjørnah[g] GK, Bjørnamyri GK; Bjørnaspranget; det siste er vatslaupet ifraa Nausttj. (Hans Flaten, boki Hemsedal 1814—1914 s. 5). Bjørnen vankar paa desse kantar enno.

6. Hems. hd. E 32, 10. Utt. *bjo'dnakedne.* — Bjørnatj. GK 1923.

7. Hole hd. 14 D, 3. Utt. *bjo'nnkenn(ə).* — Bjørntj. RK 1900.

8. Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4. — Bjørnkj. orig. 1826. Ørliten pytt nord for Vætertj.

9. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. Utt. *bjø'nnkenn.* — Jfr. Bjørntjernsr RK 1890, attmed Ramsvatnet. Der skal vera „eit fælt bjørnahol".

Bjørnsanlidtjern Gol hd. E 32, 12. Utt. *bjo'nnsanlikedn.* — Bjørnsanlitj. GK 1923. Attmed stølen Bjørnsanlidi, utt. *bjo'nnsanlie*, skr. Bjørnsonlien matr. 1905. Bjørnsanli GK 1923. — *-san* < *-son.*

Bjørnsbudtjørni Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *bjo'nsbukodne.* — Sudaust for Kjerbudstølen ved Rødungen. „Bjørnsbud" er samansett med mannsnamnet Bjørn.

Bjørnsenn Hol hd. nordfj. Utt. *bjø̀nnsænd.* — Bjønsand AK 1856. Bjørnsenn er no namnet paa ein støl paa austsida av S. Stolsvatnet, attmed Bjørnsennviki: *bjǿnnsænnvīķi.* Visseleg er det upphavleg namn paa sjølve vatnet.

Bjørnsenntjørnane Hol hd. ell. Aal hd. Utt. *bjø̀nnsænnķødnadn*, eint. *-ķødne.* — Millom Geitevatnet og S. Stolsvatnet, nordaust for Bjørnsennstølen. „Bjørnsenn" svarar til gn. *Bjarna(r)særinn (eller *Bjarnsærinn), av dyrenamnet og so ordet sær m. Vokalen i Bjørn- kjem ifraa simplex. Namnet kann ikkje ha noko med ordet sand aa gjera, soleis som redaktøren av AK synest ha tenkt; for det ordet uttalar dei *sand* i Øvre Hallingdal. — Um andre namn paa -senn sjaa under „Grunnord".

Bjørnstjern Ndh. hd. N. s. F 34, 6. Utt. *bjǿnsķønn.* — Biørnskiærn GC nr. 227 (1774). Bjørntj. RK 1872. GK 1919. Eit nyare namn, visseleg av mannsnamnet Bjørn.

Bjørungstjørni Hol hd. Utt. *bjø̀rungsķødne.* — Ei tjørn ved roti av halvøyi Uggen paa nordsida av Ustevatnet.

Bjørvatnet.

1. Fles. hd. F. s. F 35, 1. Utt. *bjø̀rvatn, bjø̀r-.* — Bjørv^t GK 1919.

2. Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *bjø̀rvatnə* (Svene), *-vannə* (Kongsberg). — Bjørv. AK 1854. Bjørv^t GK 1919.

3. Hur. hd. 14 B, 4. Utt. *bjǿrrvann(ə).* — Bjørv. AK 1854. Bjørvd RK 1915.

I minsto mange av namni paa Bjor-, Bjør- kjem av dyrenamnet bjor. Me hev fraasegner fraa ikkje so svært gamall tid um at bjor hev funnest i Buskerud. Palludan skriv i 1744: „Et støkke nedenfor Strømmen [paa grensa millom Sør-Aurdal og Aadalen] paa den østre side Beenelven ligger et engeslette, tilhørende gaarden Ness, som kaldes Biørulslandet, og har det stæd efter gammel tradition faaet sit nafn af, at der i gamle tider har opholt sig bæver, som her kaldes biør; der berettes og, at da bæveren opholt sig paa det stæd, hafde hand med sine tænder afgnaved temmelig store aspetræer, og trukket dem ned i vandet med sig, og deraf bygget sig et huus neden i vandet, hvor det var dybest, og siges for gandske vist, at naar vandet eller elven er ganske liden, kand endnu sees kjendetegn til bemelte huus; der siges og, at aspetræe ikke kand forraadne i vandet." Sokneprest Niels Bernhoft, i skildringi si av Sigdals prestegjeld 1745 nemner „bjo, een bæver" millom bygdeord i Sigdal. „Bæver eller bjaar siges at have været i Sognedalen og Aadalen, men findes ikke nu meer", skriv Wiel XXXI, s. 143. „Endnu i begyndelsen af dette aarhundred skal man have seet rester af bæverens bygninger ved Strandefjorden [i Hol]" (Vibe, Buskerud s. 123). Nokre vikar i Hovsfjorden i Hol kallast Bjørvikane (Dølaminne II aarg., s. 101). Sume av namni her ovanfor kann like vel koma av ordet bjore eller bjor m., kile, gn. bjórr. Det er visseleg tilfelle med Bjornes(fjorden). Bjørung- er vel òg ei avleiding av det ordet. Bjørungstjorni hev vorte mykje attfyllt, med di jarnvegen hev skore henne av. Men fyrr „skar ho seg som ein bløyg imot sudvest ifraa den inste viki paa austsida av Uggen", fortalde ein heimelsmann.

Blaabergvatnet Fles. hd. F. s. F 35, 1. Utt. *blā̀bær(g)vatnə.* — Blaabærv. (men Blaabergsr) AK 1854. Blaabergv^t GK 1919. Tett attmed Blaabergsætri. Baade vatnet og sætri hev namn etter eit blaatt, bratt berg.

Blaadalstjern Mod. hd. Nyk. s. F 35, 4. Utt. *blå'dærskenn.* — I Bakkemarki.

Blakketjern 1743. Blaken ekstrakt 1743. Bleken Wiel XXX, 180, — ei tjørn i Som-vatsdraget ovanfor Samsjøen.

Blank(e)tjern.

1. Ndh. hd. Ld. s. F 33, 10. Utt. *bła'nkkenn* (Sokna). — Blanketj. GK 1918. Vest for Kolsjø.

2. Ndh. hd. Ld. s. F 33, 10. Utt. *bła'nkəkenn* (Viker i Aadalen). — Blanktj. GK 1918. Nordvest for Øyvatnet.

3. Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4. Utt. *bła'nkəkenn* (Brekkebygdi). — Blanketj. GK 1919. Ein liten myrpytt uppaa ein aas.

Blank(e)vatnet.

1. Aad. hd. Viker s. og Ndh. hd. Ld. s. F 33, 11. Utt. *bła'nkvannə, -vatnə* (Sokna), *bła'nkvatnə* (Aadalen). — Blankv[t] GK 1918.

2. Hur. hd. 14 B, 10 (11). — Blankevd orig. 1826. Paa ei myr aust for sudenden paa Langevatn.

Vats-namn paa Blank- kann koma av at vatni hev „blankt“ d. v. s. klaart vatn. Um Blankvatnet 1 vart det upplyst at det hev sers klaart vatn. „Ein ser botnen mesta kor djupt det er“. Ikkje langt undan dette Blankvatnet er Kolsjø. Fyrelekken Blank- kann vel òg stundom sikta til glitrande yverflate. — Ordet blank er ikkje uvanlegt i vatsnamn, serleg — etter karti — paa Austlandet og i Trøndelag. Etter karti er uppteikna: Blanken RK i Aasen N.-Trl., Blanketj. RK i Idd (tvo stader), Blankevand RK i Rakkestad, Blankevandene RK i Eidsberg, Blanksjøen RK i Trysil, Blanktj. RK i Alvdal, Engerdal, Furnes (ell. Vang Heidm.), Kvikne, Røros (tri stader), Skjørna, Vefsn, Blankvand RK fraa Aa S.-Trl., Aker, Horg, Meldal, Vevelstad, Vinje.

Bleiketjørnan GK 1931. Uvd. hd. D 33 aust, 5.

Bleiksjøen Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. Utt. *błæi'ksjøn* (Hole). — Blæksn AK 1854. Bleksjø RK 1872.

Bleikvatnet Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. — Blekv[ne] RK 1872. Bleik- her kann vel tyda paa lag det same som „blank“.

Blekk(j)etjern.

1. Øv. Eiker hd. Fsk. s. 14 A, 9. — Blekkj. orig. 1825. Sud for Gunnildrudsætri.

2. Øv. Eiker hd. Fsk. s. 14 A, 10. Utt. *błæ'kkkenna* (flt.; Efteløt). — Jfr. Bliktjernsr RK 1890.

3. Gol hd. nordfj. E 32, 4. — Blekketj. GK 1918. Er kalla Halvfarkj. orig. 1841.

4. Lier hd. Frg. s. F 35, 12 (?). *błæ'kkkenn.* — Skulde vera nær Klopptj.

5. Nes hd. E 33, 6. Utt. *błæ'kkikednadn.* — Blekjetj. GK 1920.

6. Ndh. hd. N. s. 19 B, 2. Utt. *błæ'kkəkænn* (NG V, s. 38), *błæ'kkənkenn* (Tyristrand). — Blekketj. RK 1872.

7. Tyr. hd. 19 B, 7. Utt. *błæ'kkənkenn.* — Blekketj. RK 1872.

Av blekkje f., bladrik vokster. Um Blekkjetj. i Nes skriv A. Mehlum, Hallingdal og Hallingen s. 301: „Blekjetjøn kommer af, at der vokser dejlige vandliljer, som her kaldes blekju, i vandet". Um nr. 2 er upplyst at der veks blekkjor, vatsliljor. Jfr. NG V, s. 38. NI I, s. 24. — Dersom den uttala som er uppgjevi for nr. 7 (og 6), gjeng attende paa gamalt grunnlag, kann like vel ikkje det namnet koma av blekkje f. Det kunde svara til eit gamalt *Blekkjandatjarn, der fyrste lekken var præsens participium til vb. blekkja, sjaa bleik ut. Helst er vel *blæ'kkənkenn* ei sekundær uttale.

Bliksrud-Langevatn Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4. Utt. *blæ'ksrúlangəvatn(ə)*, eller berre *la'ngəvatnə* (Krødsherad; øvst i Soknedalen), *-vannə* (lenger nede i Soknedalen). — Bliksrud-Langev[t] GK 1919. Attmed garden Bliksrud, gnr. 161 Norderhov. Jfr. Ruds-Langevatn.

Blometjørni Aal hd. Aal s. nordfj. Utt. *blô'məkødné;* òg høyrt *blô'mmə-*. — Blommestølkj. orig. 1847. Blommekj. AK 1856. Jfr. Blommesr AK: *blô'məstøl'n*. Av blome m., blomster, gn. blómi, eller av blom m. ds. Kring Blomestølen, som ligg attmed tjørni, er fine beite. Jfr. NI I, s. 24.

Blyanttjern Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. F 35, 8. Utt. *bly'antkenn*. — Ikkje so langt ifraa Bjørndalen.

Bogetjern, sjaa Baagaatjern.

Bolla, Bollatj., Boll(e)tj., sjaa Bølla etc.

Bollkusetjern Aad. hd. Nes s. F 33, 5. Utt. *bø'llkûsəkenn*. — Rett under fjellet Graahatten, paa vestsida. Visseleg eit grovt skjemtande namn.

Bomlene, sjaa Bumlene.

Borgetjern Ned. Eiker hd. F 35, 11. Utt. *bø'rjəkenn*. — Borgetj. GK 1919. Borge: *bø'rjə* er gnr. 40, 13 Ned. Eiker.

Borofjelltjern (N., S.). Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *bô'r'ôfjellkenn*. — Borofjelltj[na] (N., S.) GK 1919. Paa austsida av Borofjellet. „Borofjell" kann vera samansett med ordet bore f., hol. Jfr. ordet *nâ'sabóró* i maalføret, nase-bore.

Bosohylen Aad. hd. Viker s. F 33, 11. Utt. *bô'sóhørn*. — Ein hyl der som Bosoa renn ut i Skalerudelvi. Um elvenamnet Bosoa sjaa NI I, s. 32 f. NoB 1928, s. 135. H. Hegna, i boki Aadalen s. 17 nemner at elvi „er ikke brøtningsbar". Derimot er ho skikka for „et større elektricitetsverk". Det høver vel med den tolkingi som er gjevi i NI I og NoB (av verbet gn. bysja, gøysa, strøyma fram).

Botnelausa Tyr. hd. F 34, 11. Utt. *bå'tnəlausa*. — Vestleg fraa Lutevollen. Ei liti tjørn, „men ho skal vera so djup". Merk segjemaaten *bå'tnə-*. Simplex av ordet heiter *bønn* i Tyristrand.

Botnetjern Flaa hd. F 33, 9. — Bottekj. orig. 1843. Bottenkj. AK 1856. Ei Fjelltjørn uppaa Saabølfjellet, øvst i vatsdraget aat Fjellbekken, som gjeng til Vatsfaret i Hedal.

Braanavatnet Øv. Eiker hd. Fsk. s. 14 A, 9. Utt. *brå'navannə* (Efteløt). — Braanavand Strøms kart. Braanevand orig. 1825. Den nørdste, noko avskilde luten av Burvatnet.

Av ordet braana, d. e. brune m., brenning, gn. bruni. Her stend det i tydingi „avsvidt stykke land", den tydingi er kjend i maalføret. Truleg hev det gjenge ein skogbrand attmed vatnet. Ute paa Hajer-skogen heiter det Krokvatsbraanan ein stad; der hev det brunne for fleire mannsaldrar sidan. No er der svær skog att. Jfr. Stadn. fraa Oslofjorden, s. 84, 164.

Braataalidtjern Krhd. F 34, 3. Utt. *brå'tålikķenn.* — Braatelitj. GK 1919. Ikkje langt ifraa ein gard Braataan.

Braataatjern.

1. Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *brå'takķenn.* — Uppaa aasen nordaust for Svene kyrkje, aust for Holmetj.

2. Sgd. hd. S. s. F 34, 7. Utt. *brå'tåkķenn.* — Braatetj. GK 1919.

3. Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *brå'tåkķenn.* — Noko ovanfor Eidal.

Braataavatn Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. uppgj. *brå'tåkķenna* (flt.). — Braatev[t] GK 1919. Paa AK 1854 er vatnet kalla Ullandv. etter garden Ulland, gnr. 130 Flesberg.

Braataa(voll)tjern Mod. hd. Snr. s. F 34, 11. Utt. uppgj. *brå'takķenn* (Krødsherad), *brå'tåvållķenn* (Ramfoss, Snarum). — Braataavollstj. GK 1919. Attmed Braataavollssætri.

Braatatjern Mod. hd. Hgg. s. F 34, 11. Utt. *brå'takķenn.* — Det same som Ørevatnet. Ein bustad attmed der heiter Ørevatsbraatan: *ø'rrvansbråtan.*

Braatavatnet Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *brå'tavann(ə).* — Braatavd RK 1890.

Namni paa Braataa- og Braata- kjem av ordet brote m., i fleire tilfelle her gjenom gardsnamn. Um brote m. sjaa NG, Indledning s. 45.

Brandstjern.

1. Ndh. hd. N. s. F 34, 6. Utt. *brå'nskķenn* (Tyristrand). — Brandtj. RK 1872. Brandstj. GK 1919. Uppaa ein aas, nedanfor skoggrensa.

2. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. uppgj. *brå'nskonn* (Meheidi, uttale vestanfraa; i Sandsvær heiter det: *-ķenn*). — Nær garden Knutsmyri. „Det skal ha vore ein skogbrand der ein gong i tidi, segjest det."

Brandtjern.

1. Mod. hd. Nyk. s. F 35, 4. Utt. *brå'nnķenn* (*brå'ns-*). — Brandtj. GK 1919. Nedanfor skoggrensa.

2. Ndh. hd. Ld. s. F 34, 5. — Brandkj. orig. 1825. Brandtj. RK 1872. Jfr. Brandtjernaas[n] GK 1919. Nedanfor skoggrensa.

Baade namni paa Brands- og paa Brand- her kjem helst av appellativet brand m. Det er lite trulegt at namni paa Brands- er samansette med mannsnamnet Brandr, for det hev vore sjeldsynt i Noreg (Lind, Dopnamn sp. 163 f.). Jfr. NI I, s. 26.

Branestjernet Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *brå'nəskķennə.* — Braneskien DN X 255, i eit falskt brev datera 1522. Branestj. GK 1919. „Branes" = Brakarnes („Bragernes"). Tett attmed er Drammenstj.

Bratagerfjorden 1743. Wiel XXXII, 127. Hol hd. — I Hallingdalselvi nedanfor Strandafjorden. Brattaaker, gnr. 21 Hol ligg attmed Hovsfjorden.

Brattbakkdammane Hur. hd. 14 B, 11. Utt. *bra'ttbakkdammanə.* — Nær attmed Kongsdelen.

Brattelidtjern Nes hd. F 33, 1. Utt. *bra'ttəlík̦ęnn.* — Nordvest for Tjernsettj.

Bratterudtjerni Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *bra'ttərúk̦ęnna.* — Attmed garden Nygard. Ein husmannsplass som hev lege i øyde lenge, heitte Bratterud.

Brattetjørn Uvd. hd. Dag. s. E 33, 9. — Brattetj. GK 1920.

Brautemotjerni (Øv., Ned.). Gol hd. E 32, 11. Utt. *brau'təmók̦ędne.* — Øv., Ned. Brautemotj. GK 1923. Heiter etter stølen Brautemo: *brau'təmó.* Stølsnamnet kjem av ordet braut f., veg, i ser uppbroten veg i snøen, bakke, bakkekant. Stølen ligg attmed ein veg som er køyreveg no, uppaa ei tolleg jamn fjellvidd, nedanfor skoggrensa („mo").

Bredatjørni Aal hd. Aal s. E 32, 8. Utt. *bræ'ak̦odne.* — Attmed Bredastølen, under fjellet Lauvdalsbreda: *lau'vdarşbræa*; jfr. Lauvdalsk[p] GK 1923. Løvdalsbræ AK 1856.

Etterlekken -breda hev me òg i fjellnamnet Mjolgebreda: *mjå'lgəbræa* nord for Djupsvatnet, skr. Mjolkebreia AK 1856. Denne etterlekken er bundi form av ordet „ei bræe" som er i bruk i Aal. Aasen hev det i den normalisera formi „bræa" fraa Hallingdal og Valdres (under brede m.). Det tyder det same som brede m. Endings -a'en i *bræ'a* (*-k̦ødnė, -stø̄l'n*) er vel eit minne um at ordet brede hev vore hankyn paa desse kantar òg (gn. daa *B r e ð a - t j ǫ r n), og at hokynsformi „ei bræe" er nyare. Det ser ut til at folk til deils hev knytt ordet „ei bræe" saman med breid og breide f.; jfr. skrivemaatane Storebreja, Laudalsbreja Wiel XXXII, s. 125. Mjolkebreia AK 1856. Aasen nemner òg at bræa „synes at være beslægtet med breid og breida". Etymologisk hev det ikkje noko med desse ordi aa gjera.

Breidevja Fles. hd. F. s. 35, 2. Utt. *bræi'ívju*; andre sagde *bræi'va.* — Den løken som gjeng fraa Lògen upp til Vangestad, nokre km. nedanfor Flesberg kyrkje. Um evje f. sjaa under „Grunnord". „Breiva" synest vera eit anna namn: *B r e i ð a v a ð. Ei skjemtande segn um korleis Breidevja vart til finst hjaa Tov Flatin, Gamalt fraa Numedal VI s. 48.

Breidlidvatnet Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *bræi'lí(k̦ęnn).* — Bredlidv. AK 1854. Breiliv[t] GK 1919.

Breidløken Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4. Utt. *bræi'løkən.* — Breiløken GK 1919. Ei utviding i ein bekk.

Breidostjørni Uvd. hd. — Breiostj. orig. 1922—25. I Selstjørndalen, nær Smalostj.

Breidsettjern, -tjørni.

1. Aal hd. Trp. s. E 32, 9. Utt. *brai'sęțk̦ędne, brai'-.* — Bre(e)setkjernet 1743. Bresætkjernet Wiel XXXII, 133. Bredsætv. AK 1856. Breisettj. GK 1923. Tett attmed stølen Breidset, som ligg fritt i eit sudhall.

2. Uvd. hd. Dag. s. E 33, 7. Utt. *bræi'sęțk̦onnė.* — Breisettj. GK 1920. Uppaa fjellet nordvest for Breidsetstølen. Ei utviding i Lògen attmed stølen skal òg heita Breidsettj.

Breidsetvatnet Nore hd. vestfj. Utt. *bræi'sętvatnə* (Uvdal). — Bryset vand v. Langen 61. Pontoppidan 1785, s. 132. Attmed stølane Breidset: *bræi'sętt*, skr. Bredsætsr AK 1856. Ikring stølane er det flatt.

Breidtjern, -tjørni.

1. Aad. hd. Viker s. F 34, 5. Utt. *bræi'kęnn*. — Breitj. GK 1919. Ei stor, breid tjørn.

2. Aad. hd. Yt. Aa. s. F 34, 6. — Breitj. GK 1919. Ikkje serleg breid tjørn. Landet ikring ser etter kartet ut til aa vera ope etter maaten.

3. Aal hd. Aal s. E 33, 2. Utt. *brai'kødne*. — Nord for Hausstøl paa nordsida av Rødungen, ei noko breid tjørn.

Brevakjernet 1743. Wiel XXXII, 135. Nes hd. E 33, 5. — Eit vatn som Syneivsetaai skal koma fraa (= Damtj. no?). Jfr. Breivadet GK 1920 langt nede i denne elvi.

Breid(e)vatnet.

1. Fles. hd. F. s. F 35, 1. — Bredv. AK 1854 (= Bjørv[t] GK 1919).

2. Hol hd. D 33 aust, 6. Utt. *brai'(ə)vatnə*. — Bredv. AK 1856. Breievn GK 1931. Eit breidt fjellvatn.

3. Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4. Utt. *bræi'vatnə* (Sørbygdi, Flaa; Soknedalen); ogso: *brai'*- (Brekkebygdi). — Breevandet 1743. Wiel XXX, 189. Bredv. AK 1856. Breiv[t] GK 1919. Eit breidt vatn, mesta firkanta. Tett nedanfor i same vatsdraget er (Ruds-)Langevatnet, som er langt og smalt.

Breidviktjernet Krhd. F 34, 3. Utt. *bræi'vikkęnn*. — Breiviktj. GK 1919. Uppaa aasen vest for gardane Breidvik.

Breidvrangen, sjaa Vrangen.

Brekketjernet Øv. Eiker hd. Fsk. og Haug ss. F 35, 11. Utt. *bræ'kkəkęnn*. — Brekketj. GK 1919.

Bremsetjern Ned. Eiker hd. F 35, 11. 12. Utt. *bræ'msəkęnn*. — Bremsetj. GK 1919. Ei liti tjørn med avlaup gjenom elvi Bremsa: *bræ'msa* (NE, s. 22). Um dette elvenamnet segjer NE at det er „maaske beslægtet med insektnavnet brims (brems) m.“. Paa liknande vis vil Hellq. I, s. 70 helst tolka det svenske vatsnamnet Bremsen. Det er òg det rimelegaste.

Brændaastj. orig. 1909—11. Mod. hd. Nyk. s. F 35, 4. — Uppaa ein aas sud for Linderud.

Brennattjern Sgd. hd. Egg. s. 34, 1. Utt. *bræ'nnattkęnn*. — Brennattj. GK 1919. Ikkje yver skoggrensa. „Natt“ er ei maalføreform for knatt m.

Brennbudtjørnane Nore hd. E 33, 11. Utt. *bræ'nnbukønnann*; òg uppgj. *bræ'nnbu*-. — Brennbutj. GK 1920. Attmed Brennbud-sætri. Er kalla Flaatestokkj. orig. 1845.

Brennesætertjernet Kongsberg F 35, 9. Utt. *bræ'nnəsætərkęnnə*. — Jfr. Brennsr GK 1919.

Brennetjørni Hems. hd. E 32, 10. Utt. *bræ'nnəkędne*. — Brennetj. GK 1923.

B r æ n d e v i e n s k j. orig. 1826 Ndh. hd. Ld. s. F 34, 5. — Paa austsida av Soknevatnet. Ein gamall vetterveg fraa Flaa i Hallingdal (Tromald) og til Soknedalen og Ringerike fylgjer Sokne-dalføret. Han gjeng frammed tjørni. So hev dei vel stogga der, vanleg eller ved eit serlegt høve, og smaka paa ferda-brennevinet.

Brennhaugtjern Gol hd. E 32, 12. Utt. *bræ̀nnhaugkẹdn*. — Brennhaugtj. GK 1923. Ein haug uppi skogen nær attmed heiter Brennhaugen: *bræ̀nnhaugən.*

Brennlidvatnet Sgd. hd. Egg. og S. ss. F 34, 7. Utt. *bræ̀nnlívatnə*. — Brennliv[t] GK 1919.

Brennmyrtjern Mod. hd. Nyk. s. F 35, 4. Utt. *bræ̀nnmýrkẹnn*. — I Linderud-marki.

Brenntjern.

1. Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *bræ̀nnkẹnn*. — Vest for Sætertj. (Kanskje i S. Land hd.?).

2. Øv. Eiker hd. Fsk. s. F 35, 10. Utt. *bræ̀nnkẹnn*. — Brenntj. GK. 1919.

„Brennetjørni“ i Hemsedal maa koma av brenne f., det kann ikkje — etter ljodreglane for dialekten — koma av participiet brend. Brenne f. tyder no helst: avbrent stykke land. Kanskje kann me ha ordet her i ei upphavlegare tyding: brenning, brand (jfr. gn. b r e n n a f.). „B r e n n e s æ t e r“ i Flesberg hev vel same etymologiske upphav som Brennetj. Namni paa Brenn- her ovanfor kann anten koma av brenne f., eller dei kann innehalda participformi av verbet brenna (brend-). Participiet hev me i namnet Brenthol. Anten namni no høyrer til brenne f. eller til participiet brend, siktar vel dei fleste av deim til skogbrand, sume kann vel sikta til onnor brenning. Eit namn som „Brennatten“ kann òg sikta til at der vert avturka og svidt av sol paa staden um sumaren.

Brentholtjern Nes hd. F 33, 1. Utt. *bræ̀nthoɫkẹdn*. — Brentholv[t] GK 1918. Attmed tjørni ligg stølen Brenthol: *bræ̀nthoɫ*. Han ligg døkt til. Midlekken er ordet hol n.

Brilletjern, -tjørni.

1. Fles. hd. Lyng. s. (ell. Roll. hd.). F 35, 2. Utt. *brìlləkẹnn*. — I den bekken som renn framum garden Teksle og ned i Haugesjø. Tjørni skal òg kallast Bukketj.

2. Gol hd. E 32, 12. Utt. *brìlləkẹdnė*. — Brilletj. GK 1923.

Nr. 1 er soleis laga, at tjørni hev ei smalke paa midten, med eit sìg; ho vert bytt liksom i tvo. Ved nr. 2 ser det ut etter kartet som det ligg tvo pyttar jamsides (ein større og ein mindre). Brilletj. finst òg i Skoger.

Bringetjerni Fles. hd. F. s. F 35, 2. Utt. *brìngəkẹnna*. — Bringetj[ne] GK 1919. Uppaa aasen yver garden Bringe. Um gardsnamnet sjaa NG V, s. 407. Ei tjørn uppmed stølen Bringe GK kallast òg for Bringetjern, men stundom Plassantj., Plassetj. — Bringetjernene RK i Selbu heiter etter eit fjell Bringen.

Briskemyrdammen (-tjern) Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *brẹ̀skəmýrkẹnn* (*bræ̀skə-*). — Briskemyrdam[n] RK 1890.

Briskerudtjørni Nore hd. E 33, 11. Utt. *bri'skərūk̨ønnė*. — Briskerudkj. orig. 1845. Brisketj. GK 1920. Attmed stølen Briskerudsr orig. 1845. Briske^sr GK 1920.

Brisketjern, -tjørni.

1. Aad. hd. Nes s. F 33, 56. Utt. *brę'skək̨ęnn*. — Brisketj. GK 1918 (tvo stader, den eine staden i grensa mot Hov).

2. Aal hd. og Nes hd. E 33, 3. Utt. *bri'sk̨ik̨odnė* (eint.). — Breskekiærnet GC nr. 200 (1771). Brisketj^ane GK 1920. Nordvest for høgdi Briskenatten.

3. Fles. hd. Lyng. s. F 35, 3. Utt. *brę'skək̨ęnn(a)*, *brė'skə-*. — Brisktj^ne GK 1919.

4. Nes hd. E 33, 12. Utt. *bri'sk̨ik̨ędnadn* (flt.). — Brisketj. GK 1920.

5. Nes hd. F 33, 1. Utt. *bri'sk̨ik̨ędnadn* (flt.); òg uppgj. *bri'sk̨i-*. — Eit par tjørner vest for Strøen, sunnanfor Brentholtj.

Av brisk m., eine, bruse. Det er upplyst um i alle fall ei av tjørnene, at det veks eine ikring.

Brokatjørn Gol hd. E 32, 12. Utt. *brō'kak̨ędn*. — Broketj. GK 1923. Av brok f., gn. b r ó k. Jamføringsnamn. Tjørni kløyver seg i tvo smale vikar i den eine enden. Um vatsnamn av ordet brok sjaa NI I, s. 28 f.

Bromma, sjaa Brumma.

Brotastøltjørni Hol hd. Utt. *brø'tastølk̨odnė*. — Brotastølen: *brø'tastøl'n*, skr. Brotesr AK 1856, paa fjellet sudvest for Hovet kyrkje.

Brotatjerni Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. Utt. *brø'tak̨ęnna*. — Eit par tjørner millom Budvatnet og Ramsvatnet. Av brote m., uppbrote stykke land.

Brottjern Nes hd. E 33, 6 (ell. F 33, 1). Utt. *brø'tk̨ędn*. — Uppaa aasb r o t e t, d. e. aas-kamben uppyver Brumma.

Bruatjernet Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *brū'ak̨ęnnə*. — Attmed ein bustad Brui: *brū'a*.

Brumma Nes hd. E 33, 6. 12. Utt. *brō'mma*. — Brumma, Bruma JN, 351 f. Brømen Geo. Uppm. 6. Brommen Homann. Lotter. Brummen vand v. Langen 61. Bromma ekstrakt 1743. Wangensteen 80. Wiel XXXII, 135. Brummenfiord Pontoppidan 1785, s. 126. Brumma AK 1856. Bromma GK 1920. Ei utviding i Hallingdalselvi noko nedanfor Nesbyen, paa lag ei mil utetter.

Gn. *B r u m m a, truleg; *u* vil nok helst halda seg i *u* jamvel framfyre *m* i Hallingdal (Ross, N. Bygdemaal IV s. 17). Men det ser ut som yvergang til *o* kann finnast stundom (i sume bygder). Eg skulde undrast paa um dette kann vera det gamle namnet paa heile Hallingdalselvi ifraa Holsfjorden, eller kanskje heller ifraa Strandafjorden i Aal, og so ned til Krøderen. Hovudelvi i dalen kann ikkje alle dagar ha vore so aa segja namnlaus. Helst hev det vel vore so at elvestykki millom vatni hev havt kvar sine namn. Det lange stykket ifraa Strandafjorden og nedetter til Golsvik maa i alle høve ha heitt eitkvart. Etymologisk set høyrer vel namnet Brumma saman med mht. b r i m m e n st. vb., og mlt. b r a m m e n, b r u m m e n linne vb. Det er òg i skyld til ght. b r e m a n st. vb.; likeins til gn. nyn. brim n.,

sjøbrot mot strand eller berg. Med umsyn til konsonantismen stend det næmast brimmen etc.; for *mm* er gamalt i namnet, elles vilde det heitt *Brum(m)u no i Hallingdal. Brimmen etc. tyder gryla, grynja, surra. Brumma skulde daa tyda „den grylande" ell. likn. Det kann høva bra til elvenamn, og i ser um elvi ifraa Strandafjorden og ned til Gol stasjon, ho hev nokso sterkt fall. Mindre lett vilde det vera aa tolka eit namn med den etymologien dersom det upphavleg hadde vore namn berre paa den stille elvafjorden nedanfor Nesbyen. — Jfr. NI I, s. 29 f. NG X, s. 351. NE, s. 24.

Bruretjern.

1. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. Utt. *brū̀rəkenn* (Efteløt). — Brudetj. RK 1890.

2. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. uppgj. *brū̀rəkonn* (Meheidi, uttaleform vestanfraa; i Sandsvær regelrett: *-kenn*). — Brudetj^ne^ RK 1890.

Ikring nr. 1 heiter det Brureskarvet. Um nr. 2 fortel dei fraa gamalt: „Det skal ha druknast ei brur i den tjørni. Det budde folk fast nokon kvar staden fyrr; ei brudferd for yver, og so skal bruri ha drukna." Dette kann godt vera ei segn som hev laga seg paa namnet. Er namni „ovtru-namn", so at det er tale um huldre-brurer og huldre-ferder? Eitt av namni maa vel elles vera uppkallingsnamn. Ein heimelsmann nemnde at det er ein gamall fugleleik attmed nr. 1; men namnet hev truleg ikkje noko med det aa gjera.

Brurvolltjernet Øv. Eiker hd. Fsk. s. F 35, 9. Utt. *brū̀rvollkennə.* — Skal vera eit anna namn paa Kniptj. Brurvollen er ein Bustad.

Brusettjernet Nes hd. E 33, 4. Utt. *brū̀setkednə.* — Brusettj. GK 1920. Attmed stølen Bruset: *brū̀sett*, skr. Brusetstøl GK 1920. Ein bekk renn ned millom stølane og ned i tjørni.

Brutjørni Uvd. hd., Hardingviddi. Utt. *brū̀konn(e)*, og uppgj. *brū̀-konn(e).* — Brukj. AK 1856. Ei fjelltjørn sudvest for Langesjøen. „Tjørni er mest avskori i tvo; det gjeng ei urd yver, med ein tange paa kvar side, so det vert mest som ei bru", — fortalde stadkjende folk.

Brynhild(s)tjern.

1. Nes hd. F 33, 1. Utt. uppgj. *brī̀n(h)ildkedn.* — Brynhildstj. GK 1918.

2. Nes hd. E 33, 11. Utt. uppgj. *brī̀nildskedn.* — Brynild(s)kjernet 1743. Brynildskjernet Wiel XXXII, 136. Brynhildtj. GK 1920. Attmed Brynhildstølen.

Det ser ut som det skifter millom former med og utan *s* i fyrste lekken. Men fyrste lekken er i alle høve kvinnenamnet Brynhild.

Brynnsætertjerni Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11, Utt. *brȳ̀nnsætər-kenna.* — Attmed ein gamall stølsvoll uppaa aasen aust for Østerud. Stølen heitte Brynnsæter. Brynn- er det same som brunn m. Formi brynn er velkjend i bygder kring Oslofjorden; sjaa Ross, Ordbok. Kanskje hev ordet her tydingi („grunn) vatspytt". Jfr. NI I, s. 86.

Brødkjølen.

1. Gol hd. E 32, 12. Utt. *brø̀kørn, brò-.* — Brødkjølen GK 1923. Ei lang smal tjørn aust for Myklesjøen.

2. Gol hd. E 32, 12(?). Utt. *brø̀kørn, brò-.* — Ei tjørn nær Bjørnsanlidi.

Det eine namnet her (truleg nr. 2) er helst uppkalling. Naar ei tjørn kallast „-kjølen", kunde det vera ei samanlikning: „lang som ein kjøl". Men heller er vel namnet flutt yver fraa einkvan høgderyggen i nærlaget. Hans Flaten, i boki Hemsedal 1814—1914 s. 56, fortel at i tronge tider i gamle dagar samla dei brødmose i Hemsedal. Brødmosen veks uppi aasen og paa laagfjellet. Dei som hadde stølar uppmed Skogshorn, sanka brødmose uppaa (Lykkje-) Kjølen. „De var der efter sækker og teiner." Folk som hadde stølar uppe ikring Myklesjøen (ikkje langt fraa Lykkje-Kjølen), hev visseleg sanka der, og so kann ein rygg der ha vorte kalla Brødkjølen, og tjørni (nr. 1) fyrst *Brødkjøltjørni og sidan berre Brødkjølen ho òg. Høgdenamnet hev falle burt.

Brødtjern Mod. hd. Nyk. s. F 35, 4. Utt. *brø̄'ķȩnn*. — Paa aasen sudaust for Mjovatnet. „Etter ei gamall segn skal det ha blive tvo brør i denne tjørni", fortalde ein heimelsmann. Denne tolkingi er ikkje rimeleg spraakleg set. Truleg minner namnet her òg um brødmosen, som veks paa Modum.

Brøskaapstjernet Flaa hd. F 33, 8. Utt. *brø̄'skåpsķȩdnə*. — Brøskaapstj. GK 1918. Ligg uppi ei kvelve ovanfor aas-brotet. Hev vel òg samanheng med ordet brødmose.

Budalsløkjun GK 1931 (-løkjudn orig.). Hol hd.

Budalstj. GK 1931. Hol hd.

Budalsvatnet Hol hd. D 33 aust, 3. Utt. *bū'darṣvatnə*; òg uppgj. *bū'darṣ-*; *bū'vatnə*. — Budalv. AK 1856. Budalsvn GK 1931. I ein stølsdal. Budalsløkjune er nokre stillor i elvi ovanfor vatnet, og tjørni ligg paa nordaustsida av vatnet.

Budstraumen Nore hd. og Uvd. hd. E 33, 10. — Bustraumen GK 1920. Eit sund i Tunnhovdfjorden. Ein støl ligg attmed.

Budtjern(et), -tjørn(i).

1. Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *bū'ķodne*, flt. *-adn*. — Butj. GK 1920. Ei liti fisketjørn.

2. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *bū'ķȩnn*. — ? Abukien DN X 255, i eit falskt brev datera 1522. Bukjøn orig. 1909—10. Attmed Ullerensætri.

3. Fles. hd. Lyng. s. F 35, 2. Utt. *bū'ķȩnn*. — Attmed garden Buin GK, ved sida av Kjølaastj.

4. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 4. Utt. *bū'ķȩnn*. — Butj. GK 1919.

5. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *bū'ķȩnn*. — Aust for Synstebysætrane.

6. Ndh. hd. N. s. F 34, 6. — Butj. RK 1872. GK 1919.

7. Ndh. hd. N. s. F 34, 11. 12. Utt. *bū'ķȩnn*; òg: *bræi'ənsǣtər-ķȩnnə*. — Butj. RK 1872. GK 1919. Attmed Breiensætri.

8. Nore hd. E 33, 11. Utt. *bū'ķonne*, *bū'-*. — Butj. GK 1920. Attmed ligg Butjørnsr og Brennbusr GK.

9. Nore hd. austfj. Utt. *bū'ķonne*. — Jfr. Bukj.sr orig. 1846. Tett nord for vestenden paa Slokovatnet.

10. Roll. hd. R. s. F 35, 1. Utt. *bū'ķonn*. — Ein liten kulp nedanfor stølsvollen aat Budtjørnsætri.

11. Sgd. hd. Egg. s. E 33, 12. Utt. *bū̀kḛnnə.* — Innaat Haglebudsætri ved nordenden av Haglebudvatnet.

12. Tyr. hd. F 34, 11. Utt. *bū̀kḛnn.* — Ved Nakkerudvollen (støl).

13. Uvd. hd. U. s. Utt. *bū̀kǫnn.* — Bukj. AK 1856.

14. Uvd. hd. U. s. E 33, 10. Utt. *bū̀kǫnn.* — Ein bekk, Budbekken, renn ifraa tjørni og ned-med stølen Buinsr GK 1920.

Budvatn(et).

1. Aal hd. og Hol hd. nordfj. Utt. *bū̀vatnə.* — Buv. AK 1856.

2. Øv. Eiker hd. Fsk. s. 14 A, 9. — Buvd RK 1890.

3. Flaa hd. F 33, 10. Utt. *bū̀vatn, bū̀-.* — Buevandet 1743. Wiel XXX, 190. Buv. AK 1856. Buvatnet GK 1918. Det er fleire hogstlæger uppmed vatnet: Kalken, Budvatsvollen, Trilleg[d].

4. Nes hd. F 33, 1. Utt. *bū̀vatnə.* — Buv. AK 1856. Buv[t] GK 1918.

5. Nes hd. E 33, 12. Utt. *bū̀vatn.* — Bu(e)vandet 1743. Buv[t] GK 1920. Det er fleire stølar attmed vatnet.

6. Nes hd. E 33, 10. Utt. *bū̀vatn(ə).* — Buevand v. Langen 61. Bu(e)vandet 1743. Buevandet Wiel XXXII, 135. Buevand Pontoppidan 1785, s. 127. Buv. AK 1856. Buv[t] GK 1920. Attmed ligg hotellet — gamall støl — Buvassbrenna.

7. Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *bū̀vannə.* — Buvd RK 1890.

8. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. uppgj. *bū̀vatnə* (uttale vestanfraa, i Sandsvær regelrett: *-vann(ə)*). — ? Bodæ vadn DN II 789, 1523. Buervd RK 1890. Attmed Sandorstølen.

9. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. Utt. *bū̀vannə.* — Buvd RK 1890. Attmed Paulestøl.

10. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *bū̀vann, bū̀-* (Efteløt). — Buevandet 1743. Buv[dne] RK 1890. Paa Meheidi, der som vegen gjeng yver. Attmed vatnet ligg no gardar.

11. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 7. Utt. *bū̀vatn(ə).* — Buv[t] GK 1919.

Av bud f., oftast i tydingi stølsbud — jfr. upplysningane —, stundom truleg i tydingi fiskebud, eller timberkoie. Det kann vel henda at sume av desse namni er gamle. Budvatni paa Meheidi ligg attmed ein gamall ferdsleveg. Namnet dei ber maa vel vera eldre enn gardane som ligg der, helst mykje eldre. — Uttala høyrest ut til aa vingla millom einstavings og tvostavings tonelag mange stader i desse namni. Einstavings tonelag hev dei lettast for aa bruka, trur eg, naar dei nemner namni med serleg tyngd. Jfr. Arkiv 1927, s. 56.

Bufjelltjørnane Roll. hd. R. s. F 34, 7. Utt. *bū̀fjḛllkǫnnænn.* — Buefield-kindet Flor 1760. Bufjelltj. GK 1919. Attmed Bufjellsætri.

Buhovdvatnet Aal hd. Trp. s. E 32, 9. Utt. *bū̀håvdvatnə.* — Bu(e)hofdvandet 1743. Buehofdvandet Wiel XXXII, 132. Buhovdv[n] GK 1923. Attmed stølen Buhovd. Etter elvi Vola kallast vatnet òg Volevatnet: *vǭ̀lə-vatnə.* Bufjell og Buhovd kunde koma av bud f., men kjem vel likso gjerne av bu n., fe, bustad med hushald som høyrer til.

Bukketjern.

1. Aad. hd. Nes s. F 33, 5. Utt. *sø'rə, no'rdrə bó'kkəkenn.* — Bokketj. GK 1918.

2. Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *bó'kkəkenn* (òg høyrt *bú'kkə-*). — Uppaa aasen aust for Finsand. Ein bukk skal ha gjenge til i tjørni.

3. Fles. hd. Lyng. s. (ell. Roll. hd.?). Utt. *bó'kkəkenn* (Lyngdal), *-konn* (Rollag). — Sjaa Brilletj. 1.

4. Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *bó'kkəkenna* (flt.). — Attmed Høgelidsætri.

Bumlene Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *bó'mlənə* (*bó'mmələnə*); *stó'r(ə)-bómla, væ'stəbómla.* — St. Bomla AK 1854. St., L. Bomla GK 1919. Eit par smaavatn midt uppaa aasen aust for Heggen kyrkje.

Namnet høyrer visseleg til verbet bumla. Ross hev skrive det upp ifraa Hallingdal med tydingi 1. „tumle, vakle, ikke kunne bestemme sig“: „Dæ boomla (bumla) so længji forr de vart rægn.“ 2. „= blassa, bemla; „boomle i se“, vælte i sig kraftløs mad og drikke“. I setningi: „Dæ boomla so længji“ etc. er den eigenlege tydingi truleg: koka, vera urolegt (uppi skyene). Fraa Drammen hev Ross skrive upp ordet med tydingi: „rumle: De boomlär i magan“. Eg kjenner det dessutan fraa Sunnfjord (Haukedalen i Fyrde) i tydingi 1. rumla i magen; 2. bubla i vatnet, t. d. naar dei kastar ein stein ut-i; og ifraa Austfold (Onsøy) i tydingi „gjeva ein bublande ljod“, t. d. um bublingi naar dei trakkar paa hengjemyr, eller naar ein sel blæs under vatnet eller dei kastar ein stein ut-i, og luftblæror skyt upp. Same ordet er shetl. b u m m e l, b o m m e l, b u m b e l, b o m b e l, 1. „boble, syde, koge op; de kettle bumbels, is bumblin. 2. tumle, plaske; to b. through de water (om en som ikke rigtig kan svømme). 3. tumle, bumse. 4. hakke og stamme, tale skødesløst og med mange fejl i udtale el. sætningsbygning“ (Jakobsen); sv. dial. hev b u m(b)l ä, gjeva (hol) atterljod. Substantiv til dette verbet er shetl. b u m m e l, b o m m e l, b u m b e l, b o m b e l, „boblen, syden, boblende lyd; tumlen, plasken; plask, plaskende lyd; uro i søen;“ nyn. bumle f. „plumpt storvommet hunvæsen“; nyisl. b u m b l a f., „stor og tykvommet ko“. Desse ordi maa høyra saman med gn. b u m b a f., trumme, i nyn. bumbe f., matskrin, kvinne eller hodyr med upp-blesen figur (noko annleis Torp, Nyn. Et. Ordb.). Det er alt saman ljod-ord. For verbet maa me her truleg gaa ut ifraa tydingi „bubla, gjeva bublande ljod, sjoda“ ell. dil. Namnet Bumla kann daa, dersom det upphavleg er namn paa eitt av vatni (Store-Bumla), sikta til at det hev „bumla“ mykje der og skote vatsblæror upp fraa botnen. Dersom det upphavleg er namn paa elvi ifraa vatni, kann det likeins tyda „den bublande“, eller „kokande, sjodande“. Elvi ifraa St.-Bumla og ned i Nykju-vatnet hev sterkt fall. — Gn. *B u m b l a.

B u r b r u n s t j. Kr. 1885. Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. — Sudaust for Heggelidvatnet.

Bureitjern Sgd. hd. Egg. s. F 34, 2. Utt. *bú'ræikenn, bú'ra-.* — Burrekj. orig. 1846. I elvi Kjøla, nedanfor Gamlesætervatn. Burei er kyra-namn.

Burevatn Hur. hd. 14 B, 11. Utt. *bú'rəvann.* — Burevd RK 1915. Nær garden Bure, gnr. 52 Hurum.

Burtjern Tyr. hd. F 34, 11. Utt. *bú'rkenn.* — Attmed stølen Burvoll.

Burvatnet Øv. Eiker hd. Fsk. s. 14 A, 9. 10. Utt. *bú'r(r)vannə.* — Buevand Strøms kart. Burvd RK 1890. Burtjern og Burvatnet svarar til gn. *B ú ð a r t j a r n, *B ú ð a r v a t n, av b ú ð f. Burtj. er kanskje laga elliptisk av stølsnamnet Burvoll. Jfr. Budtj., Budvatn, og namn paa Buar-, som Buar-aani i V. Slidre.

Burvatspullen. Utt. *bū'r(r)vasspūll'n* (Efteløt). — Burvandsbollen orig. 1825 (1886). Den søre, avskilde luten av Burvatnet. Um pull m. sjaa under „Grunnord".

Busketjern Nes hd. E 33, 5. Utt. *bū'skəkędn.* — Busketj. GK 1920. Av buske f. eller mogeleg busk m. Det kann ha vore buskor langsmed tjørni, eller paa fljotande tuvor ute i tjørni. Tjørni ligg 872 m. y. h., ikkje yver tregrensa, men det skal vera mindre trevokster der uppe no enn fyrr.

Bustadtjørnane Uvd. hd. U. s. Utt. *bū'stakonnann.* — Bustadtj[an] orig. 1927—28. Tri tjørner, millom Smaagefj. og Graavaartj., uppmed eit gamalt læger som heiter Bustad: *bū'stā.*

Butleren Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. Utt. *bū'tlęrn, bū'tlərn* (Hole). — Butleren RK 1872. Ei avlang tjørn. Namnet kann vera ei nyare avleiding av laanordet buttel m., flaske. Det er kanskje mindre rimelegt at det er ei avleiding av nyn. butul m., tjukk, hjelpelaus person, klaass, som er kjent fraa Namd. Innh. og N.-Øysterd. Einstavings tonelag laut daa vera sekundært, noko som i og for seg ikkje hindrar at namnet kunde koma av butul.

Buttane Nes hd. E 33, 4. Utt. *bu'ttadn, fi'skəbuttadn*; ogso uppgj. *fi'skəbitta* (eint.). — Fiskebotn GK 1920. Nokre smaae tjørner nord for Olfisken. Dei hev mykje fisk. Namnet er fleirtal av ordet butt m., dunk, trekjerald, — anten dei no hev jamført tjørnene med buttar etter skapet, eller dei hev tenkt paa at dei er so rike paa fisk. Det siste er rimelegast, sidan dei stundom beint fram segjer „Fiskebuttane", eller „Fiskebytta". — Mehlum, Hallingdal og Hallingen s. 382, skriv øvre, nedre Fiskebutten.

Buttentjernet (Vestre). Ndh. hd. Haug s. 19 B, 3. Utt. *bū'tt'nkęnn(ə)* (Aadalen; Jemnaaker). — Butten kien DN XVI 22, 1361 (avskr. 1770). V. Buttentj. RK 1872. Jfr. Øst-Butten-kindet 1690. Østre Budtekiærnet GC 190 b, 1770.

Kann vanskeleg koma av det same ordet butt som me hev i det fyrre namnet. Daa skulde ein ha venta „Butt(e)tjernet". Heller høyrer namnet i hop med ordet botn m. Hev dei havt eit namn *Botna (f.), t. d. um bekken ifraa tjørni eller um ein botnforma situasjon i terrenget, so skulde det i ei eldre tid verta *Butnu i obliqve kasus, og i samansetning *Butnu(tjarn). Av det kunde dei faa „Buttentj.", likeins som dei hev fenge slike namn som t. d. „Fullsenn", „Fullmjøen" ved sida av elvenamnet Folda. Sjaa NI I, s. 63. Mogelegt, men mindre trulegt er det at dei hev havt ei sideform *butn m. i gamalnorsk (jfr. d. bund, gsv. dial. butn) ved sida av hovudformi botn m.

Byvatni Hole hd., og Bærum hd. Akershus. 19 B, 10. Utt. *by̆'vanna.* — Byv. AK 1854. RK 1872. Garden By ligg nede i Lommedalen.

Bødalsvatnet Nes hd. og Flaa hd. F 33, 1. Utt. *bo'darsvatnə, bo'dārn*; òg: *bodā'rn* (med hovudtonen paa andre stavingi). — Børdalsvandet ekstrakt 1743. Wiel XXXII, 138. Børdølsvandet 1743. Bo(?)dalsv. AK 1856. Bødalsv[t] GK 1918. Elvi: Børdøla 1743. Bøjdøla Wiel, i ekstrakt 1743 òg: Boydolla.

Skrivemaaten fraa 1743 og hjaa Wiel gjev visst ei rettleiding um den eldre namneformi. *r* er burtfallen framfyre *d* i dette namnet liksom t. d. i bygdenamnet „Audal" i Valdres for Aurdal, „Bjødalsvatnet" i Sør-Aurdal (NI I, s. 21) for Bjørdalsvatnet, „Hudalen" for Hurdalen, av gn. Hurðardalr, etc. *r* her kunde koma av *rð*, og „Bødalen" kunde daa svara til gn. *Byrðudalr, av eit elvenamn *Byrða, som kann vera avleidt av borð n., bord, fjøl, skipsside, rand, ogso brukt um dal-rand. Elvenamnet *Byrða hev me elles eit sikkert spor etter i det samansette gardsnamnet Børdalen i Samnanger, skr. Byrdodall NRJ IV, s. 472. Sjaa NE, s. 25. NG XI, s. 226. Magnus Olsen upplyser i NG at dalen i Samnanger hev bratte fjellsidor. Den vestre dalsida til Bødalen i Nes—Flaa er sers bratt. Gardsnamnet Bødalen i Nes Hall., skr. Burdall 1617. Brødallen (!) 1657. Børdahlen 1723, gjeng vel òg attende paa gn. *Byrðudalr. — Falk i NG V, s. 101 gjeng ut ifraa eit elvenamn *Borða for namni i Hallingdal. Ljodleg set er det mindre rimelegt.

Bølla Uvd. hd. U. s. Utt. *bø̀lla*. — Ei liti tjørn ovanfor Bøllatj.

Bøllatjørni Uvd. hd. U. s. Utt. *bø̀llak̦ǫnne*. — Bølakjøn orig. 1847. Bølkj. AK 1856. Jfr. Bolakjærnsr AK. Ei fjelltjørn sudvest for Jønndalen. Kann svara til gn. *Ballartjǫrn, av eit høgdenamn *Bǫllr. Vokalen no i Bølla- er daa komen inn fraa nemneformi av høgdenamnet. Tjørnnamnet Bølla kann vera ei nyare, elliptisk avleiding av Bøllatj. — Høgdenamn paa Boll- (Bøll-) finst ymse stader. Soleis hev me Bollhovd: *bø̀llhøvd* i Hol i Hall., eit avrunda fjell.

Bøll(e)tjern Sgd. hd. S. s. F 35, 3. Utt. *bø̀ll(ə)k̦ęnn*. — Bøltj. GK 1919. Uppaa ein aas.

Det kann henda at dette namnet kjem av bolle m., drikkeskaal, gn. bolli. De rer tvo tjørner attmed kvarandre, Langtj. og Bøll(e)tj. Den eine er langsmal, og hi rund som ein bolle, sagde sume heimelsmenn (det ser ikkje soleis ut paa kartet). Me kunde vel elles her òg ha ei samansetning med eit høgdenamn av ordet bǫllr m.

Bølsætertjern Sgd. hd. Egg. s. Utt. *bø̀ʀṣǣtərk̦ęnn*. — Attmed Bølesr GK 1919 (F 34, 1): *bø̄̀lə*.

Børkesetvatni Krhd. F 34, 4. 10. Utt. *bø̀rkəsętt*, flt. *-sętta*; *bø̀rkəsętvatna*. — Øv., Ned. Børkeset GK 1919.

Børkje(bud)vatnet Uvd. hd. U. s. E 33, 9. Utt. *bø̀rk̦evatnə* (Dagalid; Uvdal). — Bjørkebuv[t] GK 1920. Fjelltjørn eit stykke ovanfor Børkjebudsætri: *bø̀rk̦ebū* (Uvdal). — Børke- og Børkje- av gn. *Birki-. Børkeset (Krhd.) maa vera eit gamalt bustadnamn (støl eller gard).

Børkjevatnet, sjaa Bjørkevatnet.

Børsand Damvatn Hur. hd. 14 B, 11. Utt. *bø̀ʀṣann dàmmvann*, *bø̀ʀṣə* d.— Tett attmed Børsand, gnr. 50 Hurum. Uttaleformi *bøʀṣə-*, av gno. Birgisruð- hev Falk for namnet Børsandskogen òg (NG V, s. 363).

Daastjern Hole hd. 19 B, 10. Utt. *dā̀sk̦ęnn*. — Millom Mattisplassen og Monsebroten. Av daas m., stakkar, tufs?

Dagalidtjernet (Nes ell.) Flaa hd. F 33, 1. Utt. *dā̀galík̦ędnə*. — Dagalitj. GK 1918. Attmed ein støl som heiter Dagalidi: *dā̀galíe*.

„Stølen ligg uppljost til; soli kjem tidleg der, og det gror tidleg um vaaren", — fortalde ein gamall heimelsmann. Paa liknande maate tolkar Mehlum namnet: „Dagalid ..... har navnet af, at sætervolden vender mod solopgangen" (Hallingdal og Hallingen, s. 271). Eg trur bygdenamnet Dagalid i Uvdal herad lyt uttydast likeins: lidi som vender imot „dagen" (hogstdagen) og fær sers godt av soli. Bygdi Dagalid ligg òg i eit solljost hall, det er mykje brattare der som bygdi ligg enn paa søre sida av dalen, so soli fær godt tak. Med umsyn til formi paa fyrste lekken kann ein jamføra austnorske samansetningar som Kolabotn, dalafar, dagatrot. — Dei tolkingane som Hj. Falk slær paa for bygdenamnet i NG V, s. 455, er mindre rimelege. Eit mannsnamn Dagi kjenner ikkje anten Rygh eller Lind; og um *Dagáhlið, av eit elvenamn *Dagá, fulla var mogelegt, so er det meir endefram og naturlegt aa tenkja seg ei samansetning beintfram med appellativet dag. (Sjaa tillegg og rettingar.)

Dagfiskeriet Roll. hd. R. s. F 34, 7. Utt. *dā̀gfísk'rī*. — Den heimaste av Lonene. „Tryta (d. e. aaborren) bit so visst i denne tjørni um dagen", fortalde kjentfolk. — Eit nyare namn.

Dagfisktjørni Uvd. hd., Hardingviddi. Utt. *dā̀gfísk(ə)ķonnė, dā̀gfísķonnė, da'ksvís-*. — Dagfiskkj. AK 1856. „Daksvistjørni" skal vera uppkalling etter garden Dagsvinn, gnr. 17, 2 Uvdal, segjer dei. Dagfisk- er eit heilt anna namn. A. Kjær tolkar det i Norske Vasdrag III s. 271 av gn. *Dagfinnstjǫrn; han gjeng ut ifraa segjemaaten *dā̀gfís(s)-*. Eg vil heller taka det for eit gn. *Dagfiskitjǫrn; jfr. Dagfiskeriet i Rollag. Formi „Dagfiskjønn" kann godt koma av *Dagfiskitjǫrn.

Dagrøtj. orig. 1930. Roll. hd. Vggl. s. vestfj., vest mot Tinn-skilet. Sud for Dagrøn[t] orig. — Skal nok vera Dag-grø-, av grøde n.

Dagsjordtjørni Uvd. hd. og Hol hd. E 33, 7. Utt. *da̍ksjóṭķonnė*. — Utpaa aas-brotet i Dagsjordbekken. „Dagsjord" maa anten koma av mannsnamnet Dag — jfr. Dagsrud o. fl. namn i PnSt. —, eller so maa me jamføra med ordet dags-slætte, dags-slaatte. Der er nokre slaattemyrar uppmed tjørni.

Dakk(e)settjørni Nore hd. austfj. Utt. *da̍kk(ə)sẹṭķonnė* (*-sæt-*). — Attmed stølen Dakkeset. Dakkeset kann høyra til verbet dakka, gaa seint og voggande, likesælt (Snm. Nhl.), ogso: klappa fast ned (Tel. Sæt.). Helst maatte me ha verbet i den siste tydingi her. — Uttala med *e*: Dakk*e*set, hindrar at me kann tenkja paa ordet dagset n., kveld, som er kjent ifraa Buskerud. Eit stølsnamn Dakkeset finst i Tinn Tel. òg, i fjellet nord for garden Asland: Dakkeset S[r] orig. 1929.

Daletjørni Gol hd. E 32, 12. Utt. *dā̀ləķẹdnė*. — Daletj. GK 1923. Attmed ein bustad Dalen.

Dalstjern Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. — Dalstj. RK 1872. Ved foten av høgdi Uppkuven.

Dam-Heggesjø, sjaa Heggesjø.

Dammane, Dammen.

1. Ned. Eiker hd. F 35, 11. — Dammen GK 1919.

2. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *da̍mmanə* (Fiskum). — Tri dammar som er uppdemde uppaa Sirifjell.

3. Hole hd. 19 B, 10. — Dammen RK 1872.

4. Mod. hd. Hgg. s. 19 B, 14. — Dammen RK 1872.

5. Mod. hd. Nyk. s. F 35, 4. Utt. *da'mmanə.* — Dammene GK 1919.

Dammyrdammen Lier hd. Syl. s. F 35, 6. Utt. *da'mmyrdammən.* — Dammyrdammen GK 1919.

Damsula kallar ekstrakt 1743 og Wiel XXX, 180 ei tjørn i ei elv som renn ut i Samsjøen. Eg veit ikkje kva for ei dei meiner.

Damtjernet, -tjørni.

Dette namnet hev eg skrive upp noko yver 50 gonger ifraa Buskerud fylke. Dertil hev me namni paa „dam" her ovanfor og her nedanfor, og fleire samansetningar paa -dam vert nemnde lenger ute i boki. Desse tjørnene, og vatni, ligg oftast frampaa fjellbruni eller lidbruni. Demmingane som dei hev fenge namn av, er bygde for fløytingi eller for sagbruk skuld, dei fleste. Sjeldan er det vel tale um kvernadam. Buskerud fylke er eit stort skogbruksdistrikt, difor er det so mange damnamn der. Ikring Kongsberg finst i ser mange namn med dam i andre lekken (Sylvverket). — Eldste dømet eg hev notera paa namnet Damtj. er fraa eit brev som er datera 1331, men som vel helst er falskt, og skrive i slutten av det 15. hundradaaret (Dam tien, Damtienneno DN IX 123).

Damvatnet.

1. Fles. hd. F. og Lyng. ss. F 35, 2. 3. Utt. *da'mmvatnə.* — Nedste luten av Vatnebrynnvatnet.

2. Hur. hd. 14 B, 10. Utt. *da'mmvannə.* — Millom St. og Vesle Sandungen.

3. Lier hd. Frg. s. 14 D, 8. Utt. *da'mmvannə.* — Damvd RK 1900.

4. Lier hd. Syl. s. 14 D, 3. Utt. *da'mmvannə.* — Damvd RK 1900.

5. Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. (*bjæ'rtnəs*) *da'mmvann.* — Damvd RK 1890.

Danemark Sgd. hd. Egg. s. F 34, 7. Utt. *da'nəmark* (Nore), *da'nnəmark* (Sigdal). — Danmark GK 1920. Ei fjelltjørn. Viddene ikring kallar dei for „Dannemarkflæunn" i Eggjedal. „Danmark" er ikkje sjeldan namn paa holmar og smaaøyar. Sjaa Stadnamn fraa Oslofjorden, s. 39. 173. Derimot plar det ikkje brukast um vatn.

Dansarflottjørni Nore hd. austfj. Utt. *da'nsarflotkonnе (-fløt-).* — Attmed sætri Dansarflotene: *da'nsarflotinn.* Jfr. Dansersr AK 1856. „Paa den sætri er det so noggjeleg slett og fint".

Det hev nok vore møtestad for ungdomen til dans uppaa denne stølen, likeins som t. d. paa Dansarflati paa Norefjell og Dansarfiti uppmed Lykkja i Hemsedal. Ungdomen, gjerne fraa fleire bygder, møttest til dans paa visse tider ymse stader uppaa fjelli fyrr. Nokre fjelldansar attaat dei nemnde, var Sylvtjerndansen nær Vatnaas millom Eggjedal og Numedal, Beinedansen paa Beinehaugen attmed Langestølen ved Tisleien, Kambedansen paa stølen Kamben i Gol, Rødalsdansen paa Heradsaasen i Gol, Raudmyrdansen millom Hallingdal og Eggjedal, Reinsjødansen paa Nes-fjellet (Hallingdal), Storliddansen paa stølen Storlidi i Smaadalen (Vang Valdr.), dansen paa Vangkjelltubba i vatnet Helin (Vang Valdr.). Sjaa t. d. Mehlum, Hallingdal og Hallingen s. 233 f. Tov Flatin, Gamalt fraa Numedal II s. 67 ff., og serleg Hans Flaten, Hemsedal 1814—1914 s. 161. 166 f., og Andreas Mørch, Frå gamle dagar s. 120—128. Gradteigskartet 1920 hev Dansarsanden paa ein laag odde paa sudsida av Paalsbufjorden. Paa vestsida av hovuddalen i Nore, i marki aat gardane Kvilstein og

Nybø, er Dansarhella. Der hev det vore halde dans i lange tider. Der er ei helle som hev dotte ut or fjellet. Seks par kann dansa paa henne. Inni fjellet er ei skor som spelemannen sat paa.

Dansartjern Tyr. hd. 19 B, 7. — Dansartj. RK 1872.

Davids Dam Kongsberg. 14 A, 8. Utt. *dā̀vəs damm, dā̀vidsdamm.* — Davids Dam RK 1890.

Deileslitj. orig. 1930. Nore hd. vestfj. — Attmed stølen Deileslii.

Deilestjørni Uvd. hd. U. s. E 33, 9. Utt. *dæi̍`lesk̨onnė.* — Delestj. GK 1920. Av deile n., grenseskil millom gardar eller bygder, gn. deili. Ordet er i bruk paa Austlandet, og hev uttala *dæi̍`lə* i Uvdal. Der skal gaa deile millom heimehamn og fjellhamn, millom Smaadøldalen og Dauvedalen og Risdalen ved tjørni. , Jfr. Deilshylen og Deletj., og Skilnadtj.

Deiletj. orig. 1930. Nore hd. austfj. — Ein pytt noko sud for stølen Vergjeset.

Deilshylen Roll. hd. R. s. F 35, 1. Utt. *dæi̍`lshø̜ṛụ* (stutt diftong). — I Lògen, nedanfor Ulvik. Truleg av deild f., grenseskil. Jfr. namnet Deildokk i NG V, s. 438.

Dei Pene Tjerni Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *də, dom pḗnə k̨ęnna.* — De pene Tj^ne^ orig. 1893. De pene tj^ne^ GK 1919.

Dei Utgravne Tjerni Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *də, dom ū̍tgrovnə k̨ęnna* (*ū̍tgrovnə, ū̍tgravnə*). — Det utgravne tj. Dr. 1927. Aust for Breilidvatn. Det er grave for utlaupet aat desse tjørnene. Det skulde vera for ei mylne skuld, som ikkje stend no lenger.

Deletjern, -tjørni.

1. Nore hd. austfj. — Deletj. orig. 1930. Nokre km. nord for Ljosdalssætri. Skal vel vera Deile(s)tj.

2. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. uppgj. *dḗlingsk̨onn* (Meheidi, uttala vestanfraa), *dḗ`ləkęnn.* — Deletj. RK 1890. Av deile n., grenseskil. Deletj. RK er òg uppskrive fraa Nes Rom. og Oymark. Jfr. Delingstj. RK i Rømskog og vel òg Deltj. RK i Austad.

Deveggtjørni Roll. hd. R. s. (Vegglid s. ?) vestfj. Utt. *dḗvæggk̨onnė.* — Jfr. Devægsr AK 1854. Devegg er gn. *Digrveggr, jfr. NG V, s. 95. Stølen ligg uppaa ei svær bratte. Namnet kann koma av det, eller av at timbret og veggen i stølsselet hev vore svære.

Digertryte Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *dī̀gərtrȳ̀tə* (med dubbelt tvostavings tonelag). — Digertryte orig. 1886. Millom Kroktj. og Utryggtj. I denne tjørni hev det alle dagar vore ei tryte som er digrare og sværare enn i andre vatn, vart det sagt.

Dignes Kroktjern Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6 (19 B, 14?). Utt. *dī̀ngnes krȫkk̨ęnn.* — Dignes er gnr. 4 Modum.

Dintjørni Hems. hd. E 32, 3. Utt. „dinkjædne“ (uppgj. i brev, tonelag ukjent). — Lintj. GK 1923.

Dipilen Nes hd. F 33, 1. Utt. *dī'piln, dī'pilkulpən.* — Dypilen (stølsnamn) GK 1918. Ein liten elvepytt millom Krøren og Øyvatnet.

Dipiltjernet Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *dī'pilkennə.* — Dyppeltj. RK 1900.

Diplevatnet, utt. „di'ppłevanne", skal vera eit vatn paa Skoliskogen i Yt. Sdsv. hd. Komnes s. (OR, Æ). Dipil er ei sideform til depel m., pytt, liten samling av vatn eller væte, gorpøyle, dy. Jfr. NI I, s. 38. I Nes kunde òg „dipil" vera = dypel m., etter som dei hev itakisme der.

Disen Broktjern Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *dī's'n brō'kkenn.* — Disen-Broktj. GK 1919. Disen er gnr. 27 Modum. Tjørni er tvikløyvd, i baae endane til dess. Sjaa Brokatj., og NI I, s. 28 f.

Djupdalstjern Sgd. hd. S. s. F 34, 10. Utt. *jū'pdærskenn.* — I Djupdalen.

Djupedalstjørni Aal hd. Aal s. E 33, 2. Utt. *jū'pədarskōdne.* — Attmed stølen Djupedal: *jū'pədāl,* nord for Stokksenn. Stølen ligg noko døkt til i eit lite dalstrok.

Djupegrøtjørni Uvd. hd. U. s. E 33, 8. Utt. *jū'pəgrøkønne.* — „Grø" er det same som grøde n., grasflekk.

Djupekollen Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 10. Utt. *jū'pəkoll'n.* — Diupekolvand Strøms kart. Djupkollen GK 1919. Ei tjørn. Høyrer namnet til kolle f., eit slag mjølkekjerald? Det hev fenge kynet sitt, um so er, etter appellativ som sjø, dipel, pytt og so etter andre vatsnamn av hankyn.

Djupetjern, -tjørni.

1. Nes (Nore?) hd. E 33, 9. Utt. *jū'pəkennann, -kønnann* (flt.; Tunnhovd). — M., Ned. Djupv[t] GK 1920. Jfr. Ingletjørnane.

2. Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *jū'pəkenn.* — Dype-k. Strøms kart. Djuptj. GK 1890.

Djupevatn(et).

1. Gol (ell. Nes?) hd. austfj. Utt. *jū'pəvatnə.* — Paa same kanten som Røggjin.

2. Fles. hd. F. s. F 35, 1. Utt. *jū'pəvatnə.* — Skal vera vanlegt namn paa Blaabergvatnet. Tverre, bratte berg gjeng beint i vatnet, so det er nok djupt.

3. Nes hd. E 33, 11. Utt. *jū'pəvatn* (Nes). — Attmed Aakrefjellet burt imot Nore-bytet.

Djupsjøen Sgd. hd. Egg. s. F 34, 2. Utt. *jū'psjøn, jū'f(f)sjøn;* i samansetning òg *jū'psjə(sætəra), jū'fsjə-.* — Djupsjøen GK 1919. Vatnet skal vera „aalvorleg djupt".

Djupskardvn GK 1931. Hol hd. D 33 aust, 3.

Djupsvatnet Hol (Aal?) hd. nordfj. Utt. *jū'psvatnə.* Jfr. Den Norske Turistforenings Aarbok 1920, s. 99 f. — Diubsjubvandet 1743. Dybjubvandet ekstrakt 1743. Wiel XXXII, 128. Djupsvandet orig. 1847. Djupsv. AK 1846. Attmed stølen Djup: *jūp* (ubøygjelegt). Djup, gn. *Djúpr, er

det gamle namnet paa vatnet. Det hev vorte stølsnamn, og vatnet er uppkalla etter stølen att. Sudenden av vatnet heiter Djupviki: *jū'vīķi*. Djuphér er vel sernamnet paa vatnet og ikkje beint fram adjektivet djup.

Djuptjern, -tjørni.

1. Flaa hd. F 33, 7. — Djuptj. GK 1918.

2. Hol hd. Utt. *jū'pķødne*. — Djupkj. AK 1856. Paa sudsida av Hallingskarvet.

3. Hol hd. Utt. *jū'pķodne*. — Dybkj. AK 1856. I ein djup kvelv, aust for Garlid-stølane.

Djupvatnet Ndh. hd. Haug s. 19 B, 4. Utt. *jū'pvannə* (Hole). — Djupsn AK 1856. Dybv. RK 1872.

Um vatsnamn paa Djup- jfr. NI I, s. 39. Jfr. òg Dypingen.

Dobletjern Ned. Eiker hd. F 35, 11. Utt. *dā'bləķenn*. — Dobletj. GK 1919. Ein gamall heimelsmann tolka namnet av at „det ligg eit par kulpar etter einannan", — altso „Tvotj.", „Tvitj.".

Dokkevatn Fles. hd. Svene s. F 35, 3. Utt. *dā'kkəvatn*. — Dokkev[t] GK 1919. Attmed garden Dokka.

Dokktjørni Hol hd. Utt. *dø'kkķodne*. — Attmed stølen Dokki: *dø'ķķi*, dat. *do'kkən*, skr. Dokken AK 1856. Sudvest for Rødungen. Jfr. Fagerdalstj. Dokk f., ei hole, søkk, dump.

Domfittjernet Nes (Flaa?) hd. F 33, 1. Utt. *dō'mmfē(t)ķednə*. — Domfettj. GK 1918. Tjørni heiter etter stølen Domfit. Ein bekk renn frammed stølen. Maa tru um han hev heitt *Dumba, so at det gamle stølsnamnet er *Dumbufit?

Donke(l)lidtjern Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *dō'nkəliķenn*; òg uppgj. *dō'nkəli-*. — Donkellitj. GK 1919. Paa austsida av Donke(l)lidaasen. Fyrste lekken er vel det framande adjektivet dunkel, dim, endaa so merkelegt det høyrest. Hev me ikkje det ordet, laut me tenkja paa verbet dunka: Dunke-lid, etter ljod som dei hev høyrt eller meint aa høyra?

Dorgsjøvatnet Fles. hd. Svene s. og Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 9. Utt. *do'rsjəķenn, dø'sjə-*. — Dorsjø AK 1854. Dorgsjøv[t] GK 1919. Eit lite vatn med avlaup gjenom Dørgja: *dø'rja* til Fiskomvatnet. Gardsnamnet Dorgsjø: *do'rsjə* (NG: *dā'rrsje*), gnr. 130, 7 Flesberg, er det gamle vatsnamnet. Sjaa elles NG V, s. 281 f. 422. NE, s. 30. 316. NI I, s. 44 f. Jfr. Langsjø 1.

Draapaakjøn orig. 1846. Nore hd. vestfj. — Sud for Rosetvatn. Av drope m., gn. dropi.

Dragøynane (Dragøynvatnet) Hol hd., og Ulvik hd. Hord. Utt. *drā'gåynadn*, dat. *-åynō* (dette er det vanlege, og ikkje *drā'gøynvatnə*). — Dragøinev. AK 1856. Sudvest for Haugastøl.

Dragøytjørni Uvd. hd. U. s. Utt. *drā'gøyķønnē*. — Drageitj. orig. 1927—28. Attmed lægret (stølen) Dragøy: *drā'gøy* millom Halstj. og Smaagefjorden. Ein stryk millom Halstj. og Dragøytj. heiter Dragøystryken.

„Øyn" er Hallingdals-formi for øy f. „Øy" ser ut til aa vera brukt her, baade i Hol og Uvdal, i tydingi „(laagt) eid". Der er eit heller smalt eid millom Dragøynvatnet og Krækkja, og eit smalt eid ved Dragøystryken i Uvdal òg. Men det er vel tvilsamt um det upphavleg er ordet „øy" me hev i desse namni. Heller er det ordet eið n.; *ei(d)* hev vorte labialisera og knytt til øy f., og deretter umlaga i Hallingdal til „øyn". *V*'en i *Dragei(d)vatn kann ha verka labialiserande, og likeins *ø*'en i *Dragei(d)tjørn. — „Drageid" plar tyda: eit eid der dei dreg baat yver, eller dreg og ber føringi millom tvo baatfarande vatsvegar; jfr. NI I, s. 40. Denne tydingi høver ved Dragøy i Uvdal. Dei hev drege baatane uppyver Dragøystryken, eller helst paa nordsida av stryken, der er det flatt og slett. Det gjeng ei slæpe uppetter vatni og eidi der, som er mykje bruka. Um eidet ved Dragøynvatnet i Hol skriv bonde Svein Nestegard, i brev: „O. L. Aker som yver ein mannsalder hev styrt turisthytta ved Krækkja og er svært godt kjend her, segjer at han aldri hev høyrt tale um nokor baatdraging yver dette eidet. Men millom nuten paa eidet og Dragøyvatnet hev ein alltid havt „drag etter reinen" som me segjer i Hol, d. v. s. reinen hev her havt ein av sine faste vegar. O. L. Aker trur heller namnet maa ha med dette slag „drag" aa gjera". Det er vel òg det rimelegaste.

Drambottjørn Gol hd. E 32, 10. Utt. uppgj. *dra'mbuk̨ędn.* — Drambottj. GK 1923. Drambot er kyranamn, sjaa Helge Fonnum i MM 1928, s. 61. Truleg er Drambu ei sideform av det namnet.

Drammen Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *dra'mmən.* — Drammen orig. 1893. RK 1900. Ein liten rund vatspytt aust for St.-Bumla. Er vel eit skjemtande jamføringsnamn: so stort som ein dram!

Drammenstjern Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *dra'mmənsk̨ęnn.* — Ved sida av Branestj., d. e. Brakarnestj.

Driftevadstjernane Nes hd. E 33, 11. Utt. *drì'ftəvassk̨ędnadn.* — Hev avlaup gjenom elvi Nordre Graarova. Det maa vel vera soleis at fe-drifter hev havt vadstad yver Graarova uppmed desse tjørnene.

Dritartjern.

1. Aad. hd. Nes s. F 33, 5. Utt. *drì'tərk̨ęnn.* — Drittj. GK 1918. Det ligg myr innaat tjørni.

2. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *drì'tark̨ęnn.* — Dritark. orig. 1826. Ei myrtjørn paa nordaustsida av Sirifjell.

Driteputten Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *drì'təpútt'n.* — Ei liti myrtjørn paa aasen sudvest for Baasheim. I nærlaget er Søletj.

Drittjern Flaa hd. F 33, 1. Utt. uppgj. *drì'tk̨ędn, trì'tək̨ędn.* — Drittj. GK 1918.

Desse namni paa Drit- siktar alle til at botn eller breidder er blaute og gyrmute. „Tritetj." (Flaa) er ei samanblanding eller umtyding: trite = tryte, aaborr.

Dugurdstjernet, -tjørni.

1. Flaa hd. F 33, 8. Utt. uppgj. *dù'gurṣnattk̨ędnə.* — Dugurstj. GK 1918.

2. Gol hd. E 32, 12. Utt. *dù'gurṣk̨ędne.* — Dugurdstj. GK 1923.

Av dugurd m., dagverd, gn. dagverðr. Dugurdstj. i Flaa ligg under Dugurdsnatten som er aust for Flaa kyrkje. Naar soli kom til den natten, skulde dei inn til dugurds paa gardane attmed kyrkja. „Dugurdstj." — naar det vert brukt — er ellipse.

Dukelidvatnet Sgd. hd. Egg. s. F 34, 7. Utt. *dù'kəlivatnə, -k̨ęnn.* — Dukelivt GK 1919. Nær stølen Dukelidi: *dù'kəlia.* Fyrste lekken i namnet er ordet duk m. „Duk" er brukt i namn paa jordvegar, fossar, berg og

fjell. Jfr. NG VIII, s. 39. IX, s. 290. XIII, s. 127. XVIII, s. 169. Stadn. fraa Oslofjorden, s. 142. Lindroth, Kust- och Skärgårdsnamn s. 164.

Dunsebudtjørni Uvd. hd. U. s. E 33, 8. Utt. *dǒnsəbuk̨ønne.* — Nær Vatsstølane.

Dunsebud kann koma av duns m., „dump lyd af noget tungt, som falder ned eller støder imod en anden ting, tungt puf eller stød", eller av dunsa vb., dundra. Derimot snaudt av dunse f., hengjedy. Det er eit sjeldsynt ord som ikkje er uppskrive fraa denne kanten av landet. Mogelegt var det at *ns* kunde koma av *ms*; jfr. NG V, s. 278. Men det er vandt aa finna ei tyding for namnet daa.

Dusetjørni.

1. Nore hd. E 33, 11. Utt. *dū̍sək̨ønne.* — Dusethiærnæth DN V 311, 1404. Dusev. AK 1856. Dusetj. GK 1920. Ei tjørn som lagar seg i Duseelvi. Attmed tjørni er stølen Duse: *dū̍sə.*

2. Uvd. hd. U. s. E 33, 9. Utt. *dū̍sək̨onn(e).* — Uppi Smaadøl. Uppaa fjellet paa nordsida er ein stein som kallast Dusehest: *dū̍səhæst.* Jfr. òg Duset[d] GK.

Elvenamnet D ú s a kjenner me eller hev merke etter fleire stader. Det hev me i desse tvo namni òg. Det høyrer vel, som NE, s. 34 og NG fl. st. slær paa, til det gn. vb. d ú s a, halda seg roleg, nyn. dusa, kvila, saktna, tenkja seg um. I Uvdal maa det vera eit stykke av elvi Smaadøla som hev heitt *D ú s a. Just paa stykket nedanfor Dusehest og Duset[d] hev ho ovleg lite fall. Duseelvi i Nore hev òg lite fall paa sume stykke, etter kartet.

Dypingen.

1. Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 5. Utt. *dẏ̍pingən* (Lier; Aamot paa Modum). — Dyppingvand Pontoppidan 1785, s. 130. Dypingene Strøms kart. Djupvd AK 1854. St., L. Dypingen GK 1919.

2. Mod. hd. Snar. s. F 34, 10. Utt. *dẏ̍pingən*, flt. *dẏ̍pinga*; *dī̍p-*. — Dypingen GK 1919. Tjørni — den største, der er visst eit par — skal ha bratte fjellveggjer paa den eine sida og vera heller djup.

Gn. *D ý p i n g r, av adj. d j ú p r.

Dyrbeintjern Aad. hd. Viker s. F 33, 11. Utt. *dẏ̍rbenk̨enn.* — Millom Elgsrudsætri og Vikesætri. „Dei skal ha funne dyrebein der", sagde ein heimelsmann. Jfr. Dyrbenlitjern RK i Hemne. „Dyrbænktjern" GK i Bindalen skal vel vera Dyrbeintj. det òg. — Dyrebein = bein av rein eller elg (her elg).

Dyrebotntjørni Aal hd. Aal s. E 32, 7. Utt. *dẏ̍rəbåttk̨odnė.* — Dyrebottj., S. Dyrebottj. GK 1923. Eit par fjelltjørner. „Dyr" = reinsdyr.

Dyrebuevja Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *dẏ̍rbūevju.* — Attmed garden Dyrebu, gnr. 142 Flesberg (NG V, s. 426).

Dyr(e)tjørn.

1. Gol hd. E 32, 12. Utt. *dī̍rk̨edn*, flt. *-k̨ednadn.* — Dyrkj. AK 1856. N., S. Dyretj. GK 1923.

2. Gol hd. E 33, 6. Utt. *dī̍rək̨edn* ($i < y$). — Dyretj. GK 1920.

„Dyr" her helst = elg. Der er framleides elg i skogane paa desse kantar.

D y r j e k j. orig. 1842. Hems. hd. E 32, 8. — I elvi Dyrgja, skr. Dyrjal(d) 1743, tett nedanfor Versjøen (= Svartevn GK 1923). Um elvenamnet Dyrgja sjaa NoB 1928, s. 137.

Dørsjø Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *dø̄'(r)sjə, dø'sjə* (Sandsvær); *dø'(r)sjōn* (Hof). — Dorgevand (?; utydeleg) v. Langen 61. Dørsn AK 1854. Dørsjøen RK 1890. Lite vatn, med avlaup gjenom ein bekk til Lògen.

Me hev visseleg ein elvenamnstomn i dette vatsnamnet. NE, s. 35 tenkjer paa stomnen D y r-, til d y r r f., dør. Maa tru um ikkje elvenamnet kann ha vore *D o r g a? Jfr. Dorgsjøvatnet i grannebygdi Flesberg, utt. *dø'(r)sjə-*. D e t namnet er samansett med elvenamnet D o r g a; sjaa NG V, s. 281. 422. NE, s. 30. Ikkje sjeldan finn me eitt og same namnet i grannebygder. For ei eldre form D o r g- talar òg skrivemaaten hjaa v. Langen, dersom eg hev lese namnet rett der, og skrivemaaten hans byggjer paa tradisjon.

Døvlingen (?) Aad. hd. Yt. Aad. s. F 34, 6. Utt. *dø'vlingən, dø'vlingskennə.* — Døvningtj. GK 1919. Ei tjørn nede med hovudelvi litt utanfor Yt. Aadal kyrkje. Ein bustad attmed er kalla Døvningen paa GK. For det namnet vart uppgj. uttala *dø'mningən.* Døvlingen, dersom dette er rette formi, kunde vera ei avleiding til dyvle n., „en liden dyb sump" (Lista o. fl.), jfr. òg hol-dyvle, „mudderhul, pøl, dyb sump" (Tel.). Domningen laut i tilfelle vera eit anna namn, eller ei umtyding.

E g e r v a n d JN, sjaa Lauvnesvatnet.

Eggedammane Lier hd. Frg. s. F 35, 6 (12?). Utt. *ę'ggədamma(nə).* — I elvi Egga.

Eidsjoren Uvd. hd., Hardingviddi. Utt. *æi'sjö(r)ṇ, æi'ssjö(r)ṇ.* — Eidsøren DN XIII 754, 1542. Eis-siøen Flor 1750. Eidssø orig. 1847. Eidsv. AK 1856. Eit lite fjellvatn. Eit eid som dei kallar Eidsjo-eidet: *æi'sjöæiə, æi'ssjö-*, skal skilja det ifraa eit anna vatn, Hette-vatn.

Eidsjotjørnane. Utt. *æi'sjökonnann, æi'ssjö-.* — Attmed Eidsjoren.

Eikdammen Lier hd. Frg. s. F 35, 12. Utt. *æi'kdammən.* — Eikdammen GK 1919. Uppaa aasen nordvest for garden Eik, gnr. 48. 49 Lier.

Eikedokktjernet Kongsberg. F 35, 9. Utt. *æi'kədåkkkennə.* — Attmed garden Eikedokk, gnr. 141, 5 Sandsvær.

Eikeren Øv. Eiker. Utt. *æi'kəṛṇ (æi'keṛṇ)* (Fiskum; Kongsberg; Yt. Sandsvær). — Egeren JN, 414. Egersøe Geo. Uppm. 6. Egervand v. Langen 61. Egernvand Strøms kart. Ekern- eller Egervand Pontoppidan 1785, s. 129. Ekernsn AK 1854. Eikeren GK 1919.

Ei avleiding paa -ir av trenamnet eik f. Baade vatsnamnet og bygdenamnet Eiker, gn. E i k j a r, kjem vel d i r e k t e av trenamnet, soleis at det eine ikkje er laga paa det andre. Strøm s. 1 (1784) nemner at av „den tilforn voxende eeg, paa norsk eik" „sees endnu levninger" paa Eiker; og attmed Eikeren voks „en temmelig deel eege-træer, fornemmelig paa grændserne af Jarlsberggrevskab" (jfr. ibid. s. 74).

Eikjetjerni Sgd. hd. Egg. s. Utt. *æi'kəkenna.* — Ekekj. orig. 1845. Eiktj[er]na orig. 1930—31. I fjellet (nord)vest for Medalen. Svarar til gn. *E i k i t j a r n eller *E i k j a t j a r n, av e i k i n. eller e i k f. Kann vel ikkje

vera samansett med gardsnamnet Eikje („Eiken“), for garden ligg langt nedi Sigdal.

Eiliv(s)tjørni Hol hd. E 33, 1. Utt. uppgj. *ai'lėvk̜ødnė* (Aal), *ai'léfs-* (Hol). — Tett sud for vestenden paa Langesennvatnet. Av mannsnamnet Eiliv.

Einar(s)tjørn Roll. hd. R. s. F 35, 1. Utt. uppgj. *æi'nark̜ęnn* (Flesberg), *æi'narsk̜ønn* (Rollag). — Einartj. GK 1919. Av mannsnamnet Einar, truleg.

Einetjern, sjaa Øynetj.

Einputten, sjaa Puttane.

Eire Sgd. hd. S. s. F 35, 2. Utt. *æi'rə* (Sigdal; Flesberg). — Sundet millom Øvre og Nedre Horgjevatnet.

I Lyngdal i Flesberg hev eg notera upp eit appellativ eir n., „grunning millom tvo vatn, grunsle i ei elv, samling med sand og aur som elv eller bekk gryter upp“. Det tyder paa lag det same som eir f. (= øyr f.), som er kjent baade i Flesberg og Sigdal. Namnet Eiret er bundi form av ordet eir n. Der er steinbotn og grus i Eiret, ein „steinmale“. Uttala med *æi* i Flesberg maa vera komi fraa Sigdal, som hev itakisme. Eller so hev *(ø)y*-løysa gjenge vidare fyrr enn no.

Eirikspytt Uvd. hd. Dag. s. Utt. *æi'rikspýtt.* — Ein liten tjørnpytt under Haaraanatten vest for Orsjoren.

Eirikstjørni Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *ai'riksk̜ødnė.* — Eriktj. GK 1920.

Eitretjørnane Aal hd. Aal s. E 32, 7. Utt. *ai'trək̜ødnė* (eint.). — Eitretj^{an} GK 1923. Heiter etter bekken Eitra. Jfr. um det namnet NE, s. 38 f. NoB 1928, s. 138.

Eivindrudtjern Krhd. F 34, 9. Utt. *ai'vinrúk̜ęnn.* — Sud for garden Hovde.

Eivindsætertjerni Fles. hd. F. s. F 35, 8. Utt. *æi'vinsǣtərk̜ęnn* (eint.). — Evensætertj^{ne} GK 1919.

Eksundvatnet Fles. hd. F. s. F 35, 1. Utt. *e'kksúnn (e-).* — Ekssundv^{t} GK 1919. Av e i k f. eller e i k i n.; jfr. Eknes, gnr. 39. 40 Ned. Eiker. „Eksund“ um sjølve vatnet maa vera ei avstytting.

Elddalstjørni Roll. hd. R. s. F 35, 2. Utt. *æ'lldarşk̜onnė* (Rollag), *æ'lldærşk̜ęnnə* (Sigdal). — Eldalstj. GK 1919. Attmed ein støl som heiter Elddalen: *æ'lldārņ.* Sjaa NG V, s. 436.

Elgjebudstjern Flaa hd. austfj. F 33, 10. Utt. uppgj. *æ'łgəbusk̜ęnn* (synst i bygdi). — Nord for Svartetj.

Elgjetjern, -tjørni.

1. Gol hd. E 32, 4. Utt. *æ'łjik̜ędn(ė).* — Elgetj. GK 1923.
2. Nes hd. E 33, 6. Utt. *æ'łjik̜ędn.* — Elgtj. GK 1920.

Elgjevad Uvd. hd. Dag. s. E 33, 8. Utt. *æ'łjəvā.* — Ei stille (utviding) i Lògen sudvest for garden Hallen.

Elg(s)faatt Ned. Eiker hd. F 35, 6. Utt. *æ'rşfått, ǣ'łfått* (nøgnare: *-fǫtt*). — Elgsfaattj. orig. 1892. Elgfottj. Dr. 1927. Ei liti tjørn aust for tjørni Elgskot. „Dei skaut ein elg ved Elgskot, og fekk han ved Elgfaatt“. Elg-

faatt, ikkje Elgsfaatt, maa vera det upphavlege her. Elgs- er innkome for di namnet daa rima betre paa Elgskot.

Elgshorntjernet (N., S.). Mod. hd. Hgg. s. F 34, 11. Utt. *æ'rsənkennə* (*æ'rson-*). — N., S. Ersontj. GK 1919. Ein heimelsmann tolka namnet av elgshorn, og det er visseleg rett. Jfr. Ershornbekken GK 1923, som renn ut i Tisleia fraa sud, nær fylkesskilet millom Buskerud og Uppland.

Elgshovdtjørnane Hems. hd. E 32, 1. Utt. uppgj. *æ'rshovdvatnə* (eint.; Hemsedal), *æ'rshåvdkodne* (eint.; Leveld). — El(g)shøvdkj. AK 1856. Ershovdtjønnann GK 1923. Eit stykke ovanfor Elgshovdstølen.

Elgsjø.

1. Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *æ'rsjo, æ'rsjə.* — Elsiø Strøms kart. Ersjø RK 1890.

2. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. — Ersjø RK 1890.

Elgskot(tjern) Ned. Eiker hd. F 35, 6. Utt. *æ'rskott.* — Elgskottj. GK 1919. Sjaa Elg(s)faatt.

Elg(s)tjern(et).

1. Fles. hd., Jondalen. F 35, 8. Utt. *æ'rskennə.* — Elgtj. GK 1919.

2. Fles. hd. Lyng. s. F 35, 3. Utt. uppgj. *æ'lgkenn.* — Elstj. GK 1919.

3. Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *æ'rskenn.* — Jfr. Ertstjernaasen GK 1919: *æ'rsås'n, æ'rskennås'n.*

4. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *stō'rə, væ'slə æ'rskenn, æ'rskenn.* — Elkj. AK 1854. St., L. Elgstj. GK 1919.

5. Nore hd. austfj. — Elgstj. orig. 1930. Uppaa fjellet nordaust for Nore kyrkje.

6. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *æ'rskenn.* — Ælskion DN VII 350, falskt brev datera 1407. Ertstj. RK 1890.

7. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt *æ'rskenn(ə), æ'rs-, æ'lg-.* — Elgstj. GK 1919.

Elgen finst i skogane i Buskerud yver godt-so heile fylket.

Ellingstjern Roll hd. R. s. og Fles. hd. Lyng. s. F 35, 2. Utt. *æ'llingskenn.* — Ellingstj. GK 1919.

Elsedam Kongsberg. F 35, 9 (?). Utt. *e'lsədamm.* — Attmed vegen fraa Kongsberg til Jonsknuten.

Elumstj. GK 1918. Nes hd. F 33, 1.

Elviktjørni Hems. hd. E 32, 4. Utt. *æ'lvíkkedne.* — Elvikv[t] GK 1923. Eit sidebasseng til Storevatnet. *Elgvik-, truleg. Kunde etter uttala òg vera *Elvvik-. Men der kjem ikkje nokor elv ned i viki (tjørni), berre ein liten bekk.

Embretskjernet 1743. Wiel XXXII, 133. Hems. hd. E 32, 10 (4?). — Ei tjørn med avlaup gjenom Logga.

Embrikstøltjørni Hol hd. D 33 aust, 2. Utt. *æ'mbrikstolkodne.* — Embretstøltj. Qv. og W. 1922. GK 1931. Nord for Ustevatnet attmed Embrikstølen.

Emmerudtjern Sgd. hd. S. s. F 35, 3. Utt. *e̍mmərúk̦enn* (NG V, s. 185: *e̍mmru, i̍mmrú*). — Attmed Emmerud, gnr. 52 Sigdal. Med Falk trur eg at gardsnamnet inneheld eit personnamn, ikkje noko elvenamn.

Emuntjørni Gol hd. E 33, 6. *e̍m(m)unk̦ednə, o̍mmun-, -k̦edné*; òg uppgj. *ă̍m(m)un-*. — Emuntj. GK 1919. „Emun" maa vel vera mannsnamnet Eymundr, som dei alt oftare i millomalderen skreiv Emund-. *o̍mmun*-kunde òg koma av gn. Ǫgmundr. Men formi med *e* i framljod kann ikkje det. *ă̍m(m)un*- er vel ei nyare tillemping etter mannsnamnet Amund.

Endefjellvatnet Gol hd. 32, 12. Utt. *æ̍ndəfjellvatnə*. — Endefjellv" GK 1923. Attmed stølen Endefjell, som ligg under ei høgd med same namnet. Høgdi Endefjell er fremste utposten aa rekna av eit fjellparti som kallast Nystølsfjell.

Engeren Ndh. hd. N. s. F 34, 12. Utt. *æ̍ngərn*. — Englev. AK 1854. RK 1872. Engeln GK 1919. Avleiding av eng f., aa døma etter uttala. Det kann ha vore naturleg eng, eller brotar, som hev gjeve upphav til namnet. Paa karti hev namnet vorte mistydt.

Engerfløyten Lier hd., og Asker hd. Akh. 14 D, 3. Utt. *æ̍ngərfløyt'n*. — Engerfløiten RK 1900. Skal vera ein bekk, sagdest det. Paa kartet er namnet sett paa nokre lange løkjor (plus bekken). Um fløyt m. sjaa under „Grunnord". Enger er gnr. 193—195 Lier.

Engetjern Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4 (5?). Utt. *æ̍ngək̦enn*. — Paa vestsida av Soknevatnet, attmed garden Enger, gnr. 147 Norderhov.

Eriksrudtjern Lier hd. Frg. s. 14 D, 8. Utt. uppgj. *æ̍rsrúk̦enn* (NG V, s. 315: *e̍rsú-*). — Eriksrudtj. RK 1900. Eriksrud er gnr. 58 Lier.

Erstjern Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *e̍rsk̦enn*. — Nord for Haugerudsætri. Av mannsnamnet Eirik.

Esbergkjern orig. 1826. Ned. Eiker hd. F 35, 11. — Ovst i Aassæterelvi (= Klopmyrdammen GK 1919?).

Evabergtjørnane Uvd. hd., og Tinn hd. Tel. Utt. *æ̍vabærgk̦onnann* (Uvdal). — Jfr. Evafj. AK 1856. „Evaberg" kjem av eve m., tvil, eller eva vb. tvila. Fjellet ligg i fylkesskilet.

Evju-evja Fles hd. F. s. F 35, 2. Utt. *i̍vju-ívjo*. — Den evja (viki) som gjeng ifraa Lògen upp mot Hallandbekken. Det lyt vera denne evja som garden Evju, gnr. 42 Flesberg, hev namn etter. — „Evju" er ubundi form, „evjo" bundi.

Evjutjørni.

1. Fles. hd. F. s. F 35, 1. 2. Utt. *i̍vjuk̦onné* (eint.). — Evjutj^ne GK 1919. Ved garden Evju.

2. Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *i̍vjuk̦enn*. — Attmed Evju, gnr. 93, 1 Sigdal.

Faalaatjern Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *fă̍låk̦enn*. — Uppaa aasen nord(vest) for Samsjøen. Av fole m., gn. foli, dyrenamnet.

Fagerbudtjørni Roll. hd. R. s. F 35, 1. Utt. *fa'gərbuķonne*. — Fagerbutj. GK 1919.

Fagerdalstjørni Hol hd. nordfj. Utt. *fa'gərdarşķodne*. — Fagerkj. AK 1856. Det same som Dokktj., vart det sagt. Men det høver ikkje med AK. Fagerdalen: *fa'gərdārņ* er ein sværande fin hamnedal.

Fagerfittjørnane Nore hd. austfj. Utt. *fa'gərfetķonnann(-fét-)*. — Attmed stølen Fagerfit.

Fagerfjelltjern Fles. hd. F. s. F 35, 7. Utt. *fa'gəfjellķennænn* (flt.), *fa'gər-*. — Fagerlitj. GK 1919. Fagerfjell skal taka seg fint ut langt burtanfraa.

Fagerlidtjern Sgd. hd. Egg. s. Utt. *fa'gəliķenn*. — Litt nedanfor Elgstj. Ein gard Fagerlid AK 1856 ligg øvst i Vestredalen i Eggjedal.

Fagersetvatnet Hems. hd. E 32, 2. Utt. *fa'gərşætvatnə*. — Fagrisetvandet 1743. Fagrisætvandet Wiel XXXII, 131. Fagersetv^{n} GK 1923. Attmed stølen Fagerset.

Fagersidtjern Flaa hd. F 33, 9. Utt. *fa'gərşiķenn* (Gølsvik). — Paa aasen aust for Uppsal. Fagersid er kyranamn.

Fagervatnet.

1. Øv. Eiker hd. Fsk. s. 14 A, 9. *fa'gərvannə* (Efteløt). — Fagervd RK 1890.

2. Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. — Fagerv. RK 1872.

3. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. Utt. *fa'gərvannə*. — Fagervd RK 1890.

4. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *fa'gərvatnə* (Meheidi, uttala vestanfraa). — Fagervd RK 1890.

Falkenuttjørni Uvd. hd. sudfj. Utt. *fa'lkənutķonn(é)*. — Falkekjøn orig. 1847. Uppmed Falkenuten hev vore mykje falk radt til det siste.

Falktj. orig. 1909. Kongsberg. F 35, 9. — Attmed Dyregrav paa vestsida av Lågen. Maa vel anten koma av fuglenamnet falk m., eller av eit familienamn.

Fallstjørn Nore hd. vestfj. Utt. *fa'lsķonn*. — Fallstj. orig. 1930—31. Ovanfor stølen Falle: *fa'llə*. Stølsnamnet maa vera dativ av fall n., som er brukt i stadnamn i ymse tydingar: 1. stad der tre er fallne av seg sjølv; 2. stad der tre er fellte og vert brende til oske-gjødsel; 3. jordfall; 4. bratte, hall, halling. Her hev me truleg den siste tydingi: fraa sætri hallar det ned mot dalen.

Fanteputten Aad. hd. Viker s. F 33, 11. Utt. *fa'ntəpútt'n*. — Fanteputten 1743. Wiel XXX, 177. orig. 1826. Paa aasen vest for Viker kyrkje, sudaust for Fisketj. I gamall tid heldt det seg fantepakk uppaa aasane her, — sagdest det.

Fantevd orig. 1886. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. — Attmed Fantesr RK.

Farhyl Nore hd. E 33, 10. Utt. *få'rhøl.* — Ei utviding i Lògen litt ovanfor den gamle innfallsosen i Tunnhovdfjorden. No etter uppdemmingi fløder fjorden upp um der. Namnet kjem av far n. eller verbet fara. Der var straum i elvi baade ovanfor og nedanfor, men ved Farhyl kunde dei koma yver med praamar. Beinaste vegen ifraa Smaadøl til Nes i Hallingdal gjekk yver Farhyl.

Faugelidfjorden Hol hd. D 33 aust, 1. 2. Utt. *fau'gəlífjórn.* — Fuglelidfj. AK 1856. Faugelifjord GK 1931. Den nedste, vide luten av Strandafjorden. Paa sudsida ligg stølen Faugelid: *fau'gəli(e)*, skr. Fuglelidsr AK. Faugelidaani: *fau'gəliåne.*

Folkeetymologien set namnet Faugelid i samband med ordet fugl. Der hev vore ei gild skoglid uppmed dette vatnet, og der var so mykje fugl. Falk, NG V s. 165 tolkar og namnet av ordet fugl, og det er visst rett. Men den formi me hev no gjeng snaudt — som Falk synest meina — direkte ut ifraa ei form *Fauglelid-. Ho kjem næmast av *Faug(e)llid-, der dei hev teke Faug(e)l- for eintal. Framvokstren kann ha vore *Fauglelid- > Faug(e)llid- umtydt til eintal > Faugelid. Paa den maaten fær me forklaara kvifor namnet hev einstavings tonelag. — „Faugel" maa vera ein kontaminasjon av formene fau(e)l og fug(ge)l.

Feletjern.

1. Flaa hd. F 34, 4 (F 33, 10?). — Felekj. orig. 1826. Paa nordvestsida av fjellet Saata.
2. Krhd. F 34, 10. Utt. *fè'ləkenn.* — Nord for Kvigetj. (Kvientj. GK).
3. Krhd. F 34, 3. Utt. *fè'ləkenn.* — Ein liten pytt aust for Sundesætertj.
4. Ndh. hd. Ld. s. F 33, 11. Utt. *fè'ləkenn.* — Feletj. GK 1918.

Av fele f., instrumentet. Tjørnene hev fenge namnet etter skapet (avlange, breidare i den eine enden). Dei tjørnene som er notera her, ligg heller nær kvarandre. So sume av namni er nok uppkallingsnamn.

Fellebekktjern Flaa hd. F 33, 9. Utt. *fæ'lləbækkkenn* (Gølsvik). — Tett attmed der som Fellebekken (av felle f.) renn ut i Langevatn.

Femputtane Ndh. hd. Haug. s. 19 B, 10. — Femputtene RK 1872. Nokre myrtjørner som ligg saman. Jfr. Femtj.

Femtantjerni Fles hd. F. s. F 35, 7. Utt. *fæ'mt'nkenna.* — Femtentj. GK 1919. Paa GK syner berre ei tjørn. Der er mange ørsmaa diplar ikring.

Femtjerni.

1. Krhd. F 34, 10. Utt. *fæ'mmkenna.* — Fem tjørner i lag, uppaa Reinsaasen GK.
2. Mod. hd. Snar. s. F 34, 10. Utt. *fæ'mmkenna.* — Jfr. Femtjernh[s] GK 1919. Fem smaae pyttar.

Fesbudtjørni Uvd. hd., Hardingviddi. Utt. *fè'sbukonne.* — I Lòg-vatsdraget tett nedanfor Krosstjørni.

Attmed nedre osen paa tjørni er ein rund haug som heiter Fesbudtuva: *fè'sbutuva.* I haugen hev det vore grave inn ei bud. Mannen som grov budi var fraa garden Fesbud (officielt Risbud) i Vegglid. Det skal vera ikr. 80—100 aar sidan budi vart laga. No er ho nedfalli att for lenge sidan. Stryken ifraa Krossvatnet til tjørni heiter *fè'sbustrykən.*

Festningstjørni Uvd. hd., Hardingviddi. Utt. *fæ̀stningsķonne.* — I Lògvatsdraget, ovanfor Reinarvatnet. Heiter etter ei bud som kallast Festningslægeret. Denne budi skal liggja uppaa ein høg haug. Det er ovleg urdut ikring haugen, og vanskeleg tilkjømt.

Fetja(n)tjørni Roll. hd. R. s. F 34, 7. Utt. *fæ̀ķa(n)ķonne.* — Nedi dalbotnen attmed garden Fetjan.

Fetjern.

1. Nes hd. E 33, 12. — Feekj. orig. 1845.

2. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *fè̀ķenn.* — Hev avlaup til Istj. Av fe n., gn. fé.

Fibeltjern Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *fī̀bəlķenn.* — Vest for Val(s)tj. Kjem vel anten av fivel m., myrdun (ogso hesteblom), som fraa sume bygder hev ordboksformi f ī b l, eller av fibel (fivel), halssjukdom hjaa hest.

Finnebotntjørni Hol hd. *fì̀nnəbottķodne.* — Jfr. Finnebotsr AK 1856. I Ynglesdalen sudvest for Strandafjorden.

Stortingsmann Hallvor Berg (yver 80 aar) fortalde i 1926, etter tradisjonen: „Det var ein mann for eit par hundrad aar sidan som heitte Mikkel Solheim. Han var slik ein tiltaksam mann. Han for til Finnmark og henta tamrein, og hadde med seg ein finne-huslyd. Desse finnane budde i Finnebotnen: *fì̀nnəbøtt'n* og botnen fekk namnet av deim. Det syner murane etter der dei budde enno. Mikkel Solheim fekk medalje av kongen". Vibe, Buskeruds amt s. 123 nemner òg at det skal ha lege ein finnehuslyd i Finnebotnen, dei gjætte tamrein for eigarane. Etter ein annan tradisjon, segjer Vibe, skal finnane paa eigi hand vera komne langs fjellet nordanfraa med reinflokkane sine. Jfr tradisjon um finnar fraa desse kantar i Dølaminne II, s. 99. Jfr. likeins Den Norske Turistforenings Aarbok 1929, s. 39 f.

Finnebrotatjern Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *fì̀nnəbråtaķenn* (Kongsberg). — Nedi hovuddalen. Finnebròten er gnr. 133, 18 Flesberg.

Finnerudtjern.

1. Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. Utt. *fì̀nnərúķenn* (Hole). — Jfr. Finnerudsr RK 1872.

2. Sgd. hd. S. s. F 34, 10. Utt. *fì̀nnərúķenn.* — Finnerudtj. GK 1919. Attmed garden Finnerud.

Finn(e)volltjern Krhd. F 34, 4. Utt. *fì̀nn(ə)vollķenn(ə).* — Finnevollen er gnr. 214, 4 Krødsherad.

Finntjern Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. Utt. *fì̀nnķenn* (Hole). — Finv. RK 1872. Ein bekk renn sudetter fraa tjørni og framum Finnerudsætri til Spaalen. Ved Steinsfjorden sagde dei at namni Finnerud, Finntjern kom av at finnar hadde butt innpaa skogen der. Det maa vera mogelegt. Hine namni her paa Finn- (so nær som Finnebotnen) kjem kanskje direkte eller indirekte av plantenamnet finn(e), nardus stricta.

F i r k a n t e n GK 1923. Gol hd. E 32, 11. — Ei tjørn. Eit ungt namn, som tjørni hev fenge etter skapet. Firkanttj. RK finst i Tolgja.

„F i s k e b o t n", **Fiskebutten**, sjaa Buttane.

Fiskelaus orig. 1930 tvo stader i Nore hd. austfj., — ei høgtliggjande tjørn (1076 m. y. h.) sudaust for Kokken, og ei (1084 m. y. h.) sudaust for stølen Grotdalen. Den fyrste er nok lik Fiskelaustj. 2.

Fiskelausen.

1. Øv. Sdsv. hd. Fsk. s. 14 A, 9. Utt. uppgj. *fi'skəlaus'n* (Efteløt), *stō'rə, væ'slə fi'skəløs* (Fiskum). — Fiskeløs Strøm, 6. Fiskeløsvd AK 1854. Fiskeløsen RK 1890.

2. Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. uppgj. *fi'skəlaus, fi'skəløs*. — Fiskeløsen RK 1890. Ei liti tjørn øvst i eit vatsdrag, uppaa ein aas.

3. Yt. Sdsv. hd. Eft. s. (Øv. Eiker hd. ?). 14 A, 9. Utt. *fi'skəlaus'n* (Sandsvær). — Eit lite vatn radt uppaa fjellet paa austsida av Bjertnesstølen.

Gn. *Fiskilauss eller *Fiskilaus. Um nr. 1 segjer Strøm s. 6: „Under samme Næsfield paa Eger grund ligger en søe kaldet Fiskeløs, hvori vare ingen fiske for 40 aar siden. Men den har nu ingen mangel, siden en ved navn Erich Mossabek bragte fiske af andre vande didhen." I nr. 3 hev dei no slept sik, og i nr. 2 er aaborr, so ingi av vatni er fiskelause no lenger.

Fiskelaustjernet, -tjørni.

1. Ndh. hd. Ld. s. F 34, 5. Utt. *fi'skəlausķənnə*; òg uppgj. *fi'skəlo(y)s-*. — St. Fiskelaustj. GK 1919.

2. Nore hd. austfj. Utt. *fi'skəlausķonn(è)*. — Fiskeløskjøn orig. 1846. Nordvest for Slokovatnet. Hev ikkje fisk.

3. Uvd. hd. U. s., og Tinn hd. Tel. Utt. *fi'skəlausķonnann*. — Fiskeløsv^{de} AK 1856. Skal ha vore fiskelause fyrr, men er det ikkje no.

Fiskeløk(s)tjørni.

1. Aal hd. Aal s. E 32, 7. Utt. *fi'skəlokķodne*. — Attmed Fjellstøltj.

2. Uvd. hd. U. s. Utt. *fi'skəlok(s)ķonne*. — Fiskeløskjøn orig. 1847. Fiskeløsv. AK 1856. Fiskelaustj. orig. 1927—28.

Namnet i Uvdal er mistydt paa karti, etter den uttala som eg fekk stadfest hjaa fleire heimelsmenn. — Um ordet løk m. sjaa under „Grunnord".

Fiskeløysa, Fiskeløysen.

1. Øv. Eiker hd. Fsk. s. F 35, 9. Utt. uppgj. *fi'skəløs* (ein gard no), *fi'skəlosķənn* (Kongsberg; namn paa tjørni no). — Fiskeløysa (um garden) GK 1919. (Namnet kann òg koma av Fiskelaus-).

2. Fles. hd. Lyng. s. F 35, 3. Utt. *fi'skəloysa*. — Fiskløisa orig. 1911—1913. Ei myrtjørn tett nord for Mjovatnet, vest for Helliksrud. „Tjørni gror inn no, ho er fiskelaus visst".

3. Roll. hd. R. s. F 35, 1 (nær bytet mot Flesberg). Utt. *fi'skəloys'n, fi'skəloysa* (Flesberg). — Fiskeløsv. AK 1854. Fiskeløysa GK 1919.

4. Roll. hd. R. s. F 35, 1. Utt. uppgj. *fi'skəloys'n*. — Fiskeløysa GK 1919. Baae desse vatni i Rollag skal vera grunne, for det meste.

5. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. — Fiskløsa orig. 1887. Sudvest for Storfjorden.

„Fiskeløysen" (m.) maa vera ei sekundær form.

Fiskeløysingen.

1. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *fi'skəlœisingən.* — Fiskeløsningen 1743. Fikkeløsningen (misprenting) Wiel XXXII, 137 — „hvor ingen fisk er". Fiskeløsv[de] AK 1856. Fiskeløysingen GK 1919. No hev dei bore fisk i vatnet, so der er noko fisk.

2. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *fi'skəlœisingən.* — Ei tjørn jamsides med Steinveggvatnet. Der er fisk no.

3. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 2. Utt. *fi'skəlœisingən.* — Ei tjørn i elvi Kjøla, høgt til fjells (1138 m. y. h.). Den eigaren som er no, hev bore fisk i tjørni.

Dei vatni som heiter paa Fiskelaus-, Fiskeløys-, er gjerne vatn som ligg høgt, eller som hev ulaglege vilkaar for fisken av ein eller annan grunn (lite næring; grunne so dei kann botnfrjosa um vetteren). Sume kann ha vore fiskelause lange tider for di fisken ikkje kann koma upp der med eigi hjelp. — Dei fleste Fiskeløysor hev no fisk, av di folk hev sett fisk dit.

Fiskeput RK 1872. Aad. hd. Yt. Aad. s. 19 B, 2.

Fisketjern, tjørni.

1. Aad. hd. Viker s. F 33, 11. Utt. *fi'skəkꞔnn.* — Fiskekj. AK 1856. Fisketj. GK 1918.

2. Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *fi'skəkꞔnn.* — Fisketj. GK 1918.

3. Aal hd. Aal s. E 33, 2. Utt. *fi'skəkꞔodnė.* — Fiskekj. GK 1920.

4. Flaa hd. F 33, 8. Utt. *fi'skəkꞔnnann* (Gølsvik). — Fiskkj. AK 1856. Fisktj[ne] GK 1918.

5. Hol hd. Utt. *fi'skəkꞔodnė.* — Den avlange tjørni ytst paa halvøyi Uggen i Ustevatnet. Det hev stade ei veide- og fiskehytte attmed der. Murar stod att i manns minne.

6. Hol hd. D 33 aust, 6. — Fisketj. GK 1931. Ei radt liti tjørn.

7. Nes hd. F 33, 1. — Fiskekj. AK 1856. Fisketj. GK 1918.

8. Nes hd. E 33, 4. 5. Utt. *fi'skəkꞔdnadn.* — N., S. Fisketj. GK 1920.

9. Nes hd. E 33, 5. — Fisketj[ne] GK 1920.

10. Ndh. hd. N. s. 19 B, 1. — Fisketj. RK 1872.

11. Uvd. hd., Hardingviddi. — St. Fiskekj. AK 1856. Fjellvatn nordvest for Bjornesfjord.

12. Uvd. (Hol) hd. E 33, 7. Utt. *fi'skəkꞔonnė* (Skurdalen). — Paa Fiskemyri sudvest for Torsbudtjørni. Det er fisk i den vesle pytten, endaa han er so liten.

Dei Fisketjørnene som er nemnde her er radt smaae dei fleste, eller ligg høgt (høgst paa sin kant). Namnet siktar visseleg slett ikkje jamt til at tjørnene er serleg rike paa fisk; det kjem ofte av at folk av serlege grunnar hev lagt sers merke til at tjørnene hadde fisk i det heile. Jfr. NI I, s. 52.

Fisketj.-put RK 1872. Ndh. hd. N. s. 19 B, 1. — Attmed Fisketj. 10.

Fisketretjerni Øv. Eiker hd. Haug s. og Ned. Eiker hd. F 35, 11. Utt. *fi'skətrekꞔnna.* — Fiske-k. Strøms kart. Fisketretj[ne] GK 1919.

Fiskjemtjørni Nore hd. E 33, 11. Utt. *fi'sjęm(kønnė)*. — Sudaust for Slaattelidhaugen.

Fiskomvatnet Øv. Eiker hd. Fsk. og Haug ss. F 35, 10. Utt. *fi'skomvannə*. — Fiskum vand, Fiskum vandet JN, 414 f. Fiskum (um vatnet) Geo. Uppm. 21. 65. Fiskum vand v. Langen 61. Fiskumvand Pontoppidan 1785, s. 129. Fiskeimsn AK 1854. Fiskumv[t] GK 1919. Den nordre, avskilde luten av Eikeren. Paa vestsida ligg kyrkjestaden Fiskom. Fiskom-vatnet hev visst vore tvo vatn fyrr, som stod innbyrdes i samband med kvarandre, men ikkje hadde samband med Eikeren. Sjaa Nils Johnsen, Eker s. 10 ff.

Fitjatjørni.

1. Uvd. hd. Dag. s. E 33, 7. Utt. *fē'kakønnė*. — Jfr. stølsnamnet Fetjanne GK 1920: *fē'kann*. Ei utviding som ei av greinene av Lògen (Gunnildkvisli) lagar nedanfor Orsjoren.

2. Uvd. hd. U. s. E 33, 10 (9?). Utt. *fē'kakønnė*. — I Smaadøl-dalen.

Av fit f., gn. fit, gen. fitjar, sid, vaatlendt (naturleg) eng.

Fittjørni Aal hd. Aal s. E 32, 9. Utt. *fē'tkødnė*. — Fettj. GK 1923. Ei fit — ei finnskjeggvaksi slette — ligg innaat tjørni.

Fjelfisket Hur. hd. 14 B, 11. Utt. *fjæ'lfískə*. — Fjælfisket orig. 1826. Ei liti tjørn paa vestsida av Husebyvatnet. Det er fisk i henne.

Gn. *Fjǫlfiski, „Storfisket“? Jfr. slike samansetningar som gn. fjǫlmæli n., mykjen tale, fjǫlgestr, vitja av mange gjester. Jfr. òg bygdenamnet — gamalt øynamn — Fjelber i Hordaland, gn. Fjǫlbyrja (utt. no *fjæ'llber*): staden, øyi som hev mykje eller mange slags byr (NG XI, s. 82. 88). Det kunde kanskje òg tenkjast at fyrste lekken i namnet hadde samanheng med nyn. fjelster, skjol, gn. fela vb., gøyma, dylja, d. (gamaldags og dial.) fjæle ds., nyn. fjela (med onnor tyding). Daa kunde namnet tyda so mykje som „Løynfisket“.

Fjellsettjern Nes hd. E 33, 6. Utt. *fję'llsętkędn*. — Fjellsettj. GK 1920. Eit stykke sud for Fjellset-sætri.

Fjellsetvatnet Aal hd. Trp. s. (Nes hd.?). E 33, 4. — Fjellsetvn GK 1920. Attmed Fjellsetstølen.

Fjellstøltjørni Aal hd. Aal s. E 32, 7. Utt. *fję'llstølkødnė*. — Fjellstøltj. GK 1923.

Fjelltjern.

1. Flaa hd. (Sigdal hd.?). F 33, 8. Utt. *fję'llkędn*. — Øv., Ned. Fjelltj. GK 1918. Øvre Fjelltj. ligg utpaa ei bratte høgt uppi Graafjellet, Nedre Fjelltj. nedunder same bratta.

2. Nes hd. F 33, 1.—Fjeldv. AK 1856. N., S. Fjelltj. GK 1918. Søre Fjelltj. er det høgste vatnet paa sin kant.

Fjellvatn(et).

1. Flaa hd. F 33, 9. — Fjeldv. AK 1856. Uppaa Dyttholfjell.

2. Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *bjæ'rtnəs fję'llvann*. — Paa fjellet aust for Bjertnes.

3. Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *fję'llvannə*. — Vest for Budvatnet. Det er eit fjell paa nordsida av dette vatnet.

4. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *fję̀llvannə.* — St., L. Fjeldvd RK 1890. Ligg høgt.

5. Fielldua ttnedt DN VIII 520, 1524 (etter vidisse). — I Sgd. hd. Millom Medalen i Eggjedal og so Nore (=Fjelløkteren?).

Fjelløkteren Flaa. hd. og Nore hd. E 33, 12. Utt. *fję̀lloktərn.* — Fjelløkteren GK 1920. Det øvste av tri vatn som no kallast for N.-, S.-, Fjell-Økteren.

Fjølangstjørni Gol hd. E 32, 12. Utt. *fjø̀langskędnė* (ustød uppgaave). — Fjølangstj. GK 1923. Gn. *Fjalangr, av fjǫl f., gen. fjalar, tjøl?

Fjølatjern Ndh. hd. Ld. (?) s. F 34, 4. Utt. *fjø̀takęnn.* — Ikkje langt ifraa Blanketj., visst. Fjølatj. RK finst òg i Overhalla. Jfr. Fjøltj. i NI I, s. 54. Innmed Blanketj. ser det ut til aa vera slett og myrut, etter kartet.

Fjøreitjern Sgd. hd. Egg. s. F 34, 2. Utt. *fjø̀rakęnn, fjø̀ræi-.* — I elvi Kjøla, nedanfor Bureitj. Burei er kyranamn, det er truleg Fjørei òg.

Fjørfisletjern Mod. hd. (Ndh. ell. Tyr. hd.?). F 34, 11. Utt. *fjø̀rfísləkęnn* (Tyristrand). — Uppaa Holleispira. „Fjørfisle“ er ei av dialektformene for fjorføtle f., ødle.

Fiørtkjernet 1743. Nes vestfj.

Fjøsaastj. orig. 1886. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. — Attanfor ei høgd vest for den gamle bustaden Arkoset.

Flaamyrtjerni Krhd. F 34, 10. Utt. *flå̀mírkęnna* (flt.). — Ved Løndokkaasen.

Flaaput[n] orig. 1909—11. Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 5. — Tett vest for Kolbjørnrudtj. Det er flatlende paa fleire kantar ikring. Jfr. Flaatjernet NI I, s. 55.

Flaarane Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. — Flaarene orig. 1909—11. Nokre smaapyttar tett vest for Sulustjerni. Um (vats)flaar m. sjaa under „Grunnord“.

Flaasiøen JN, 352. Fla sio v. Langen 61. Fladsøe ekstrakt 1743. Flaasøen Pontoppidan 1785, s. 126. Det er ei utviding i Hallingdalselvi i Flaa (nedanfor Flaa kyrkje) desse forfattarane meiner.

Flaataatjern, Flotatjørni.

1. Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *flå̀takodnė.* — Flaata GK 1920.

2. Sgd. hd. Egg. s. Utt. *flå̀tåkęnn.* — Flaatekj. orig. 1845. Flaatetj. orig. 1930—31. I fjellet (nord-)vest for Medalen. Av flati m., flate. Jfr. NG V, s. 25 f. NI I, s. 54. Uppmed tjørni i Sigdal skal vera radt flaatt. Soleis viser det seg paa orig. 1930—31 òg. Kring tjørni i Aal er myrlendt paa fleire kantar.

Flaataan, Flaataavatnet (Store, Vesle). Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. Utt. *flå̀tåvannə* (Harestua, Lunner); *stø̀rflåtån, flå̀tåvannə, væ̀sləflåtån* (Hole). — øffre, yttre Flotoren JN, 274. Flaatervand 1782. St., L. Flatev[de] AK 1854. St.,

L. Flaatan RK 1872. Attmed Stor-Flaataan ligg garden Flaataan. Dersom ein kann retta seg etter skrivemaatane hjaa JN og i 1782, so hev me her eit vatsnamn med gamalt *r*-suffiks: gn. *Flǫturr eller *Flǫtorr. Namnet kann vera avleidt av adjektivet flatr eller flati m. Ljodvokstren laut ha vore: Flǫtoren > Flåtårn > Flåtån > Flåtån.

Flaataavatnet Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *flå̀tåvatnə.* — Flaatev. AK 1856. Flaatev[t] GK 1918.

Flaatjern.

1. Aad. hd. Viker s. F 33, 11. Utt. *flå̀kenn, flå̀-.* — Flaatj. GK 1918.
2. Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *flå̀kenn.* — Uppaa aasen aust for Finnsand.
3. Øv. Eiker hd. Fsk. s. 14 A, 9. 10. — Flaatj. RK 1890.
4. Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *flå̀kenn* (Fiskum). — Flaa-k. Strøms kart. Flaatj. RK 1890.

Av adj. flaa, open, vid, lint hallande.

Flaavatni. Paa skilet millom Nore hd. og Sgd. hd. Utt. *flå̀vatno* (Nore). — Flaavatna orig. 1930. Tri vatn som ligg flaatt til uppaa fjellet.

Flagerputten Lier hd. Syl. s. 14 D, 3. Utt. *flàgərpütt'n.* — Vest med høgdi Flagret, utt. (i flt.) *fla'gra.*

Flagervatnet Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *fla'gərvannə (flå'gər-)*; òg uppgj. *flå̀gər- flàgrə-.* — Flagerv. AK 1854. Flagerv[t] GK 1919. Høgst uppaa fjellet. Høgd-namnet Flagret maa vera eit appellativ flagr n. Flagr n., som elles er ukjent, ser ut til aa vera ei sideform med *r*-suffiks til flag n., naken bergvegg.

Flagetjørni Gol hd. E 32, 12. Utt. *flå̀gəkednė.* — Flagetj. GK 1923. Ein nedlagd støl hev heitt Flaget: *flå'gə.* Der er eit flag, d. e. ein bergvegg, attmed stølen. Tjørni heiter etter stølen.

Flakavatnet Hol hd., og Ulvik hd. Hord. Utt. *flå̀kavatnə.* — Flakev. AK 1856. Av flake m., isflak. Isen ligg og flyt i flakar paa dette vatnet um sumaren (1455 m. y. havet), same kor heitt det er. Vatnet gjeng inn under ei fonn, Flakafonni, og der brotnar det ned isflakar etterkvart.

Flataskortjørni Gol hd. E 32, 5. Utt. *flå̀taskərkednė.* — Attmed Flataskorhovda: *flå̀taskorhøvda* (Flataskorh[d] GK 1923). Skor f., „avsats i fjeldside“, gn. skor.

Flatdalsvatnet, sjaa Øyflatdalstjernane.

Flatsjøen Hems. hd. E 32, 2. Utt. *flà(s)sjōn.* — Flasjøvn orig. 1922. Flatsjøvn GK 1923. Det er flatt ikring vatnet.

Flenttjernet Flaa hd. E 33, 12. Utt. uppgj. *flæ̀ntkennə* (Eggjedal), *flæ̀nta* (Flaa). — Flæntsøe orig. 1845. Flenti GK 1920. Bekken fraa tjørni

heiter Flenta, utt. *flæ'nta* (Eggjedal). Høgdi „Flentpiggen" GK heiter *flæ'nt-pikən* (Flaa; Eggjedal). For stølsnamnet Flentisr GK gav dei upp uttala *flæ'nte* (Flaa; so òg NG V, s. 75), *flæ'nt'n* (Eggjedal).

Det er kanskje helst so at Flenten er gamalt namn paa høgdi Flentpiken, eller namn paa ein situasjon uppi fjellet. Jfr. A. Mehlum, Hallingdal og Hallingen s. 271. *flæ'nte* (Flaa, um stølen) skulde daa vera dativ. Og Flenta — elvenamnet — skulde vera avleiding av høgdenamnet. — Etter NG kjem stølsnamnet „maaske af flint f., „flintesten", brugt som fjeldnavn". Eg held den tolkingi for lite rimeleg, for det høver ikkje med den uttala som desse namni hev. Heller hev me ei *t*-avleiding til flein m., naken flekk, eller fleine f. ds. Ordet flein m. er kjent ifraa Hallingdal. Jfr. slike ordpar som skrane m. — skrant m., rane m., tryne — rant m., trane m., tryne, — trant m. ds., knoll(e) m. — knolt m. Diftongen hev vorte samandregen framfyre konsonantknippet. Fleinten, Flenten skulde tyda anten „berr-flekken", eller, dersom det upphavleg er namn paa heile høgdi: berr-fjellet, fjellet med ein naken flekk eller med nakne flekkjer, „Skarvfjellet".

Flistjernet Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 5. Utt. *fli'skęnn.* — Flisetj. GK 1919. Ei liti tjørn uppaa ein aas (visst = Øretput Strøms kart). Av flis f., anten i tydingi trespon eller i tydingi flisberg, flisegrjot. Jfr. NI I, s. 58 f.

F l o m k j. orig. 1826. Aad. hd. Viker s. F 33, 12. — Ei liti tjørn i den bekken som kjem ned i Flaataavatnet.

Flotastokktjørn.

1. Aal hd. Aal s. E 33, 2. Utt. uppgj. *flå'taståkk.* — Flottastokkj. orig. 1846. Skal vera ei tjørn heimanfor Gomotj. Etter orig. 1846 ser det ut som det kunde vera Gomotj.

2. Nore hd. — Flaatestokkj. orig. 1845 (= Brennbudtj.).

Naar dei fiska og der ikkje var baat, hadde dei flotar som var ihopslegne av 3—4 stokkar. Namni her kann sikta til at dei hev havt slike flotar i desse tjørnene. „Flotastokk", brukt aaleine til namn, er ei avstytting.

Flyvatnet (Nedre). Hol hd. Utt. *nę̄'rə fly̆'vatnə.* — Flaadalsvd orig. 1846. Flaadalv., seinare utg. Ned. Flyvd AK 1856. Eit fjellvatn nordaust for Strandafjorden. Ned i vatnet renn Flyelvi. Ho kjem ifraa nokre svære fjellvidder som heiter Flyane (Flyad(e)n AK). Flyane er flt. av fly f., vid vaatlendt fjellslette. Jfr. NI I, s. 59 f.

Flætjern, -tjørn.

1. Gol hd. E 32, 10. — Flætj. GK 1923. Uppaa høgaasen vest for Gol kyrkje. Nokre svære myrute vidder vestetter ifraa tjørni kallast Flæene.

2. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *flǣ'kęnn.* — Flætj. GK 1919. Det skal vera flaatt for det meste ikring tjørni.

Fyrste lekken i desse namni høyrer til flaa f., vid einslaga flate, vidd, flt. flær (f l æ , f l æ' a, f l æ' e). Dei tek visst til deils f l æ for eintal no.

Flævatnet Hems. hd. E 32, 1. 7. Utt. uppgj. *flǣ'vatnə, flǣ'-.* — Flæv. AK 1856. Flævatn GK 1923. Der er nokre svære flater og myrar paa sudsida av vatnet. Ein hamnegang der heiter Flæi: *flǣ'e.*

Fløten orig. 1826. Aad. hd. Nes s. F 33, 5. — Ei stille i elvi millom Knappvatni. Det kann ikkje segjast utan uttale-uppgaave um me hev ordet fløt m. eller fløyt f. (m.) her. Baae tyder elvestille, elveutviding. Jfr. NI I, s. 60 f.

Fløyten.

1. Lier hd. Frg. s. 14 D, 2 (F 35, 6). Utt. *fløy't'n*. — Fløiten RK 1900. Ei stille (ein dam) i Glitra.

2. Lier hd. Frg. s. F 35, 12. Utt. *fløy't'n*. — Stille i elvi nedanfor Garsjø. Sjaa under „Grunnord".

Fokstj. orig. 1908. Øv. Sdsv. hd. 14 A, 8 (9?). — Nær bustaden Konningen. Jfr. elvenamnet Foksa NE, s. 55.

Folarskardtj[ørn]an GK 1931. Hol hd. D 33 aust, 1.

Forketjernet Nes hd. E 33, 6. Utt. *få'rkəkedn(ə)*. — Forketj. GK 1920. Ei fjelltjørn. Av fork m., kjepp, tjukk stav, um lag = lurk (Hall. Valdr.), gn. forkr, baatshake. Tjørni er etter GK jambreid heile vegen, men ho er ikkje lang.

Fosnemtjørni Uvd. hd. U. s., og Tinn hd. Tel. Utt. *fø'snemkønne* (Uvdal). — Fosnemv. AK 1856.

Fossløkjene Nes hd. E 33, 4. Utt. *fo'ssløkinn*. — Ei stille i Mykjingaai eit stykke ovanfor Foss-stølen.

Fosstjern, -tjørni.

1. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 5. Utt. *få'sskenn*. — Aust for Glomsrudkollen.

2. Hol hd. E 33, 1. Utt. *fø'sskødne*. — Fosstj. GK 1920. Hev avlaup gjenom Fosselvi, som renn framum garden Foss og ned i Usta.

Fossvatnet Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *få'ssvannə, få'ss-*. — Fosv. AK 1854. Fossv^{d} RK 1890. Millom Fossvatnet og Kolsjø er elvi radt still. Men det er noko fall ifraa Budvatnet og ned i Fossvatnet.

Fossætertj. RK 1890. Øv. Eiker hd. Fsk. s. 14 A, 10.

Frauhylen Sgd. hd. S. s. F 34, 8 eller F 35, 2. — Utt. *frau'hol(en)* (Torleiv Hannaas). — I Grytelvi. Av fraud f., skum.

Fremstetjørni Nore hd. (Roll. hd.?) austfj. Utt. *fræ'mstəkønn*. — I Fremstebekken, skr. Framsteb. AK 1854. Der ligg etter kvarandre Langevatn, Metj., Fremstetj.

Frissvatnet Flaa hd. og Ndh. hd. Ld. s. F 33, 10. Utt. *fri'ssvatn(ə)* (Flaa; Aadalen; Soknedalen; her nærmar til deils *i* seg til *e*); *fry'ssvannə* vart og uppgj. i Soknedalen ovanfor Lunder kyrkje. — Frisvandet, Friisvandet 1743. Friisvandet Wiel XXX, 190. Fritzvd orig. 1826. Fritsv. AK 1856. Frisvatnet GK 1918.

Det er uvisst kva vokal fyrste lekken i dette namnet hev havt fraa gamalt. I Flaa hev dei itakisme. I Aadalen hev dei ikkje. Men der kann dei ha fenge namnet ifraa Hallingdal, etter som det er tale um eit lite vatn, som ligg eit godt stykke vest for Aadals-bytet. Det kann daa godt henda at uttala med *ẏ* (*frẏ'ss-*), som vart uppgjevi noko ustødt nede i Soknedalen, viser tilbake paa ei gamall form med y. Tydingi kann ein i tilfelle berre gjera gissingar um. Ein kunde tenkja paa eit gamalt usamansett namn *Frysir, til frose m., frost, i ser i jordi. Jfr. elvenamnet Frysja i Aker, som truleg høyrer til roti i det ordet. Eller ein kunde tenkja paa eit *Fryðir, til frode f., skum. Baade ein genitiv *Frysis, og ein genitiv *Fryðis kunde gjeva Friss- i samansetning paa Halling-maal.

Frosen Aal hd. Aal s. og Hol hd. nordfj. Utt. *frō's'n*, dat. *frō'se*, flt. *frō'sadn.* — Frosen 1743. Wiel XXXII, 129. Frosten orig. 1846. Frostenkj. AK 1856. Eit lite fjellvatn. Kunde Frosen staa i avljodshøve til sv. dial. fras n., skum, nyn. frasa vb., spraka, pipla fram?

Frygnevatnet Uvd. hd. U. s. E 33, 9. Utt. *frẏ'ngnəvatnə* (Dagalid). — Frognev. AK 1856. Frygnev[t] GK 1920. Jfr. Frygningen (ein skog) DN IX 804, 1555. Nær attmed er Frygne-stølen: *frẏ'ngnə* (Dagalid). NG V. s. 448 held fyre at elvi Smaadøla, som kjem ifraa Frygnevatnet, upphavleg hev heitt *Frygn(a), og at vatnet hev fenge namn etter henne. Dette er mogelegt, men uvisst; for ein lut av Smaadøla, og det nettupp uppe med stølen Frygne, hev visst heitt *Dusa. Jfr. Dusetj. Um tydingi av stomnen Frygn- sjaa NG V, s. 465.

Fugleleiktjern Aadal hd. Viker s. F 33, 12 (6?). Utt. *fū'gəlæɪkkɛnn.* — Fugleleegkj. orig. 1826. Uppaa aasen nordaust for Skagnes. Jfr. t. d. Hønemyr GK paa same kanten her i Aadal, og Oreleegkj., det vil segja Orreleik-, i Norderhov. Med fugleleik er meint tiurleik eller orrfuglleik.

Fuglelidfjorden, sjaa Faugelidfjorden.

Fugletj. RK 1872. Ndh. hd. N. s. 19 B, 2.

Fulviktjern Sgd. hd. Egg. s. F 34, 2. Utt. *fū'ɫvikkɛnn.* — Nordleg paa austsida av Solevatnet, nær ei vik i vatnet som heiter *fū'ɫvīk.* Fulvik av ful adj., hersk, motbydeleg m. m., gn. fúll, roten, tevjande —: Roteviki.

Funten, Funtine.

1. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *fū'nt'n.* — Fynten orig. 1847. 1886. Ei liti tjørn millom Fagervatn og Ravalsjøkalven.

2. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. Utt. *fū'ntinn.* — Funtetj. orig. 1886. Paa vestsida av Myklevatnet, ved Bjørkodden.

Funt m., font, døypekjerald. „Funtinn" er fleirtal.

Furudammen Lier hd. Syl. s. 14 D, 3. Utt. *fū'rūdammən.* — Furudammen RK 1900.

Fyrisjø Flaa hd. F 33, 8 og F 34, 2. Utt. *fi'risjø.* — Tøgresøen (men Tyrisiøfjeldet) 1743. Fyrisøe (men Tyrisøefieldet) ekstrakt 1743. Tyrisjøvandet Wiel XXXII, 138. Tymsn (!) AK 1856. Fyrisjøen GK 1918. 1919. Av fyri n., stad som det veks fure; jfr. nyn. fyre, fureved (=tyre. Manndal).

Dei eldre skrivemaatane set namnet i samband med tyre n., feitt tre, fureved, — anten det no er ei forrengjing eller vatnet røynleg hev heitt *Tyr(v)isjór. Barskogen gjeng etter F 34 framleides upp til vatnet ved den søre enden.

Fyritjørni.

1. Aal hd. Aal s. E 33, 7. Utt. *fy̋rikodne* (Ustedalen). — Fyrrekj. AK 1856. Fyretj. GK 1920.

2. Uvd. hd. U. s. E 33, 8. Utt. *fy̋rikonne, fy̋ry-* (Dagalid). — Fyretj. GK 1920.

Sjaa Fyrisjø. Nr. 1 ligg i lauvskogbeltet no, og nr. 2. (1151 m. y. havet) ovanfor skoggrensa etter GK. Men skoggrensa hev gjenge høgre. Kanskje fyre n. her er brukt i tydingi „tyre, feit fureved", og at namni kjem av at dei hev funne tyre-røter eller furelæger i jordi.

Fødalsvatnet, sjaa Fø(r)dalsvatnet.

Fønnebøfjorden Uvd. hd. U. s. Utt. *fønnəbøfjörn*. — Fonneby vand v. Langen 61. Fonnebyvandet Pontoppidan 1785, s. 131. Fonnebufj. AK 1856. Fønnebø er gnr. 91—92 Uvdal (NG V, s. 453). Vatnet er no mykje uttappa.

Føranvatnet Krhd. og Sgd. hd. S. s. F 34, 9. Utt. *fø̋r'nvatnə*, flt. *-vatna*. — Fyren wandet DN XVI 164, 1447 (avskr. 1690). Fyrren wattnedt ibd. 175, 1448 (avskr. 1690). Fyranv. AK 1854. Føranv^t GK 1919. Fraa vatnet gjeng Føranelvi, som renn ut i Krøderen attmed garden Føran. Falk i NG V, s. 205 tolkar visst med rette gardsnamnet som ei gamall dativform *Fyrunni, „der naturlig stiller sig til folkespr. fyra (fira) f. „tørre banker i en aabred eller et elveløb" (beslægtet med „fjære"): saadanne forefindes ogsaa." Elvi og vatnet heiter etter garden.

Fø(r)dalsvatnet Hol (Aal?) hd. nordfj. Utt. *fø̋(r)darsvatnə, fø̋dars-* (Hol; Aal). I Borgund i Sogn skal det finnast uttala *fø̋rdal-*. — Fordalsvandet 1743. Fyrdalsvandet ekstrakt 1743. Fyrdalsvandet Wiel XXXII, 128. Fødalsvd AK 1856.

Den eldste uttaleformi austanfjells (*fø̋rdars-*) og uttala *fø̋rdal-* i Borgund syner at der hev stade *r* eller *rð* etter vokalen i fyrste stavingi. Dette samstavar med dei eldre skrivemaatane. Den gamle vokalen hev vore *y* eller ein *ø*-ljod, derimot ikkje *o* eller *ǫ*; for dei segjer namnet med *ø* i Aal òg, ikkje med *å*. Det er rimelegt at namnet Fø(r)dalen høyrer i hop med adj. før, framkjøm, farande, gn. fœrr, anten beinveges eller gjenom eit elvenamn *Fœra eller eitt av dei avleidde substantivi fœri n., fœrð f. Ein kunde òg tenkja seg eit gn. *Fyrðudalr, av eit substantiv *fyrða f. = nyn. forde f., førsle, transport. Der er gamall slæpe gjenom Fø(r)dalen fraa Hallingdal yver til Borgund og Lærdal: drifteveg, klyvveg og ferdsleveg elles. Ein stad uppi Fø(r)dalen heiter Hallingskeid. Der møtte hallingane fram og kjøpte hestar og fe av lærdøler og andre sogningar (Den Norske Turistforenings Aarbok 1927, s. 27. 34 f.). Det er ei liti fin slette paa Hallingskeid. Der ligg sitjesteinar, og nokre rundvorne steinar som visst hev vore lyftesteinar. Tett attmed fann dei ei hytte for nokre aar sidan (1913) som var utgravi under jordi. Ei helle laag yver inngangen. I hytta, eller kjellaren, var jordbingar, og der laag beinrestar (munnleg upplysning fraa ein av finnarane, lærar Hauge, Nesttun i Fana). Dette er òg minne um ferdsla gjenom Fø(r)dalen.

Baade veidemenn og stemne-folk og andre hev fare der. Tydingi aat namnet er anten „den dalen som er farande" (fœrr) eller „føringsdalen" (*fyrða). — Falk si tolking i NG V s. 158, av eit elvenamn *Fylja, lyt vrakast. Ei tolking av eit elvenamn *Fǫrð, som han òg held mogeleg, høver ikkje heller av ljodlege grunnar.

Gaas(e)tjern, -tjørni.

1. Ndh. hd. Ld. s. og Aad. hd. F 34, 5. Utt. *gå'skḝnn* (Lunder; Aadal). — Gaasekjernet 1743. Gaastj. 1919.

2. Nore hd. austfj. Utt. *gå'səkønn(é)*. — Gaasetj. orig. 1930—31. I fjellet aust for Vergja. Jfr. Gaassr AK 1854.

3. Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *gå'səkḝnn*. — Gaasze kiænd bekken DN XVIII 75, 1460 (avskr. fraa det 18. h. aa.). Gaasetj. GK 1919.

4. Gaasthyen DN XII 211, 1471. — I Vegglid, høyrde anten til gardane Toen og Kvammen, eller laag innaat eigone der. Maa vel vera ei tjørn uppmed Laakaasetvatnet. (Kann henda Lislevatnet, heiter no?).

Av fuglenamnet gaas f., truleg. Ein god heimelsmann fraa Nore meinte like vel at namnet der kom av at det er mykje „gaas" i fura paa dei kantane som den tjørni er. „Gaas" er ein sjukdom paa fura, veden vert ubrukande. — Um dette ordet gaas gjev Ross desse upplysningane: „gaas f. en stor hvid eller lys svamp paa træer, boletus. Tel. (Rauland, Selljor; Wille). „Bjørkegaas", b. tuberosus; „knivegaas"; „knjoskegaas", b. fomentarius". I ordbøkene er ikkje ordet uppskrive ifraa andre stader enn Tel. Det er òg kjent i Nore. Og Tov Flatin, Gamalt fraa Numedal VI s. 14, hev samansetningane „knøskegaas", „knivgaas" (paa bjørk) ifraa Lyngdal i Flesberg. Tjørni i Nore ligg 596 m. y. h. etter orig. 1930—31.

Gamledammen Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *ga'mlədammən*. — Nord for Austadsætri (*ø'staväll'n*).

Gamlemann(s)tjern Nes hd. E 33, 5. Utt. *ga'mləmannkḝdn*. — Gamlemannstj. GK 1920.

Gamlesætertjern, -tjørn.

1. Flaa hd. F 33, 7. Utt. *ga'mləsǣtərkḝdn*. — Attmed stølen Gamlesætri uppaa fjellet sudvest for Gislerud.

2. Nore hd. austfj. Utt. *ga'mləsǣtərkønn(é)*. — Attmed Gamlesætri vest for Slokovatnet.

3. Sgd. hd. S. s. F 34, 10. Utt. *ga'mləsǣtərkḝnn*. — Millom Haugsæter og Skatveitsæter.

Gamlesætervatnet Sgd. hd. Egg. s. F 34, 2. Utt. *ga'mləsǣtərvatnə*, *-kḝnn*. — Gamalsæterv[t] GK 1919. Attmed Gamlesætri: *ga'mləsǣt(ə)ra*, skr. Gamalsr GK.

Gamlevolltjørnane Roll. hd. R. s. F 34, 7. Utt. *ga'mləvøllkønnænn* (*-vøll-* burtimot *-vǫll-*; Rollag), *ga'mləsǣtərkḝnnə* (eint.; Sigdal). — Gamlevolltj. GK 1919.

Gammen Hems. hd. E 32, 4. 10. Utt. *ga'mmén*, dat. *ga'mma*. — Gammen GK 1923. Eit mindre, trigreina basseng, som heng i hop med Vannen.

Namnet kann vel ikkje vera noko anna enn ordet gamme m., jordhytte, finn-stove, gn. gammi ds., i eldre d.: sauegrind, stall, i d. dial.: simpel krubbe, i sv. dial.:

framspring av taket i ei timberkoie, krubbe. Namnet er daa eit slag jamføringsnamn, av same slaget som Borstua (NI I, s. 25): — det mindre, uveglegare, avgøymde vatnet ved sida av hovudvatnet, som her er Vannen.

Gampehylen.

1. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. — Gampehølen orig. 1910. Ei utviding i Koparbergselvi nedanfor Braataavatnet.

2. Sgd. hd. S. s. F 34, 8 eller F 35, 2. — I Grytelvi (Torleiv Hannaas).

Gampetjern.

1. Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *ga'mpəkenn.* — Gampetj. orig. 1909. Attmed garden Trollsaas.

2. Hole hd. 19 B, 10. Utt. *ga'mpəkenn.* — Gampetj. RK 1872. Ikkje langt undan er Merratj.

3. Lier hd. Frg. s. F 35, 6. Utt. *ga'mpəkenn.* — Gampetj. GK 1919.

4. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 5. Utt. *ga'mpəkenn.* — Gampetj. GK 1919.

5. Mod. hd. (Ndh. ell. Tyr. hd.?). F 34, 11. Utt. *ga'mpəkenn* (Tyristrand). — Uppaa Hollei-spira.

6. Nes hd. F 33, 1. Utt. *ga'mpəkednadn* (flt.). — Gampetj. GK 1918.

7. Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4 (5?). Utt. *ga'mpəkenn.* — Jfr. Gampaasen GK 1919 aust for vegen millom Sokna og Krødsherad.

8. Ndh. hd. N. s. 19 B, 8. — Gampetj. RK 1872.

9. Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *ga'mpəkenn.* — Ei liti myrtjørn uppaa aasen sudvest for Baasheim.

Av gamp m., hest, øyk. Nr. 5 er eit nytt namn paa ei tjørn dei kalla Stortj. fyrr. Eit par mann — den eine var heimelsmannen — drog upp ein gamp uppmed der, han hadde gjenge seg ned-i. Liknande upphav kann namnet ha andre stader. Sume stader kanskje det er avstytting for *Gampigletj., lik Hestigletj. Jfr. NI I, s. 67.

Gampskardtjørnane Uvd. hd. U. s. E 33, 10. Utt. *ga'mmskatkønn* (eint.; Tunnhovd), *ga'mpskał-* (Nore). — Gamskartj^{ne} GK 1920. Eit skard i fjellet paa austsida av Smaadalen er kalla Gamskar GK (skal vera Gampskard). Tjørnene ligg upp for dette skardet. Dei hadde hestar i nokre skorer uppi Gampskardnutane um sumrane, det er ikkje so fælt lenge sidan heller.

Ganasteintjørni Hol hd. nordfj. Utt. *gā'nastainkødnė.* — I elvi Urundi sud for Stolsvatnet.

„Ein stor svær stein stend paa skraa ut mot tjørni uppaa ein haug. Han heiter Ganastein: *gā'nastain.* Han stend nett som han stod og g a n a langt“, — sagde ein heimelsmann. — Verbet gana tyder: tøygja halsen, sjaa høgt upp, setja nasa til vers. Heimelsmannen her umsette det beint fram med: stira. „Kva du gana ette no?“ kva er det du stend og stirer paa?

Gaptjern Flaa hd. F 33, 8. Utt. *ga'p(p)kedn*; NG hev òg *ga'ffkedn.* — Gabkjend Wiel XXXII, 141. Gaptjern GK 1918 er òg namn paa ein gard. Eldre skrivemaatar for gardsnamnet finst i NG V, s. 74. „Gapetjørni“. Tjørni ligg nedi dalbotnen paa vestsida av elvi. Ho heng i hop med elvi gjenom ei evje. I flaumtidi er elvi serleg leid til aa skjera inn her og taka med seg land.

Garsjø Lier hd. Frg. s. F 35, 12. Utt. *gå̀rsjø, gå̀rsjə, gå̀r-.* — Garsjø AK 1854. Garsn GK 1919. Eit lite vatn med uregelrett skap. Vel av garðr m., gard. Jfr. NI I, s. 69.

Gauksettjørni Nore hd. E 33, 11. Utt. *gau'ksętkønne.* — Attmed stølen Gauksetsr GK 1920: *gau'kset;* òg uppgj. *gau'kset.* Stølsnamnet kjem vel helst av fuglenamnet gauk m. Det kann vera so at dei hev høyrt gauken tidleg, eller ofte, paa den stølen. Gaukset kunde òg koma av eit manns-tilnamn Gauk(en).

Gaulsvatn (-vatni) Sgd. hd. S. s. F 34, 7. Utt. *gau'rsvatna* (flt.; Sigdal), *gau'rs-* (stutt diftong; Rollag). — Gaulsv[t] GK 1919. Attmed ligg stølen Gaulen: *gau'r'n,* skr. Gaulsr AK 1854. GK 1919. Gaulsnatten: *gau'rs-nattin* (stutt diftong; Rollag).

Gaulen, gn. *Gaull(inn) kann upphavleg ha vore namn anten paa stølen eller paa vatnet, kanskje helst paa vatnet. Det kann tyda „Gaularen" (til vb. gaula, yla, bura, tuta). Jfr. elvenamnet Gaul (NE, s. 65. NG XV, s. 222) og gardsnamnet Gau'len i Lindaas, som kanskje er gamalt fossenamn (NG XI, s. 415). Jfr. òg gardsnamnet Gølsvik i Flaa i Hallingdal — i Aal utt. *gå̀rsvik;* skr. Gulsvik —, gn. Gaulsvík. — Dette siste namnet tolkar Falk i NG V, s. 78 av gaul m., vindbye, vindgul, linn og jamn vind. Dersom det er rette tolkingi, bør namnet Gaulen i Sigdal òg førast til det ordet.

Gaupetj. orig. 1930. Roll. hd. Vggl. s. vestfj. — Sud for Kraakaas-sætri. Av dyrenamnet gaupe f.

Gautetjern Gol hd. E 32, 12. Utt. *gau'təkędn* (*gao'tə-*). — Gautetj. GK 1923.

Tjørni ligg attmed ein stølsveg. Den fyrste stølen dei kjem til naar dei fylgjer denne vegen lenger innyver fjellet, er Gautehaugen, som er ein gamall heimstad (gnr. 59, 4 Nord-Aurdal). Bustadnamnet kjem av mannsnamnet Gaute. Det er ymse stølsnamn som kjem av folkenamn paa fjellviddene ikring Gautehaugen, t. d. Saravollen, Guriset, Einarset, Knuts-vollen, Eivindlidi.

Geiletjørni Hol hd. E 33, 1. Utt. *jai'ləkødne.* — Gjeilotj. GK 1920. Uppaa fjellet sud for Geilo. Geilebekken, Geilelidi, Geilegrovi: *jai'lə-.* Heiter etter garden Geilo, gnr. 64 Hol. Geile-, gn. *Geila-, er genitiv flt., medan gardsnamnet er dativ flt.

Geitekulpen Uvd. hd. U. s. nordfj. Utt. *jæi'təkulpən.* — Ein ørliten pytt i Raudsjodalen.

Geiteskalltjørnane Roll. hd. R. s. F. 34, 7. Utt. *jæi'təskallkønnænn.* — Gjeiteskaltj[ne] GK 1919. Uppaa eller bak ei høgd som heiter Gjeiteskal[n] GK: *jæi'təskallin.* Høgdi Geiteskallen heng i hop med Geiteryggen og Geite-rova. Geiterova gjeng ned til ei myr. — Søre Geiteskalltj. heiter eigenleg Trytetjørni: *trỳ'təkønne.*

Geitetjern Kongsberg. F 35, 9. Utt. *jæi'təkęnn.* — Ei liti tjørn på nord-sida av Brennesætertj.

Geitevatnet.

1. Aal (Hol?) hd. nordfj. Utt. *jai'təvatnə, jai'təvasskødne.* — Gjeitevd AK 1856.

2. Uvd. hd., Hardingviddi. Utt. *ø̀vrə, nḕrə jæìtəvatnə.* — Gjeitv. AK 1856.

Geitevatstjørnane Uvd. hd. Utt. *jæìtəvasskonnann.* — Sud for Geitevatnet.

Geithustj. GK 1931. Hol hd. D 33 aust, 2.

Geitsjoren Uvd. hd., Hardingviddi. Utt. *jæì(s)sjōn* (stutt diftong; Skurdalen), *jæì(s)sjō(r)ņ* (stutt diftong; Dagalid); i Uvdal *-sjōn, -sjōņ.* — Gjeitsn AK 1856. Geitsjovadet i Lògen ovanfor vatnet: *jæìsjóvāə* (stutt diftong). Av husdyrnamnet geit f.

Geitsundtjern Nes hd. F 33, 1 (7?). Utt. *jæì(t)sunnkędn.* — Uppaa aasen uppyver plassen Geitsund, som ligg attmed eit sund i Brumma.

Gildringstjern Krhd. F 34, 9. Utt. *jì'ldringskęnn.* — Gildringstj. GK 1919. I ein liten dal, Gildringsdalen: *jì'ldringsdǣrņ.* Tett ovanfor tjørni knip han seg i hop til eit klype, og dette klypet fører yver eit lite vatsskil. Det hev vore ei bjørneaate der, meinte ein gamall heimelsmann. Han trudde det var ein skyttargard der. „Gildring" kjem i alle høve av vb. gildra, setja felle eller snare for dyr.

Gislegardtjern Sgd. hd. S. s. (og Fles. hd.). F 35, 3. Utt. *jì'slə-gaɫkęnn.* — Attmed Gislegard, gnr. 56, 2 Sigdal.

Gjentetjernet Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *jæ̀ntəkęnnə.* — Nær Trytetj. sudvest for Heistadmoen. Det skal ha druknast ei gjente i tjørni ein gong.

Gjerdetjernet Fles. hd. Lyng. s. F 35, 2(3). Utt. *jǣ̀ɫəkęnnə.* — Sud for garden Gjerde, gnr. 93 Flesberg.

Gjordestjern, sjaa Jordestj.

Gjotetjern Aad. hd. Nes s. F 33, 6. Utt. *jṑtəkęnn.* — Jotetj. GK 1918. Av gjote f., langvoren holning i jordi, langvoren grasflekk millom bakkar eller i berg. Det skal vera berg paa baae sidor av tjørni. Ho vert liksom ei lang renne.

Gjuvevatnet Fles. hd. F. s. F 35, 1. Utt. *jū̀v(ə)vatnə.* — Juba vand v. Langen 61. Juvev. AK 1854. Gjuvevt GK 1919. Hev avlaup gjenom Gjuva til Lògen. Vatnet heiter etter elvi. Um elvenamnet Gjuva sjaa NI I, s. 106 og tilvisingar der; MoM 1925, s. 119. 1926, s. 163 ff.

Gjuvstjern Sgd. hd. Egg. s. F 34, 7. — Juvskj. orig. 1846. Lengst uppe i Grønhovdelvi.

Gjæslandstjørni Aal hd. Aal s. E 32, 8. Utt. *jǣ̀slan(d)skǫdnė.* — Nordvest for Løkjinstjørni. „Heiter etter ein mann som drukna der", — sagdest det.

Gjøgerputten Hole hd. 19 B, 9. Utt. *jø̀'gərpúttņ.* — Ein still-staaande pytt ute paa gjordet paa garden Stein.

Av gygr f., jutulkvende, ymse stader uttala gjøg(g)er, gn. gýgr. Um Gjøgerputten og den gamle steinkyrkja paa Stein, som det enno er atterstødor av, er det ei gamall segn. Sorenskrivar Palludan fortel henne i 1744. Ivar Wiel (XXX, 124 f.) prentar henne soleis i 1802: „Kirken siges at være bygt af St. Olaf, som er rimeligt af det som tilforn er viist;

men bønderne fortælle en urimelig fabel, som skal være passeret ved dens bygning: Gaarden Steen ligger ved den ene side af Steensfjorden, og paa den anden side af Steensfjorden paa Krogskoven ligger en høj bjergkold, kaldet Gyrihougen, hvor et bjergtrold Gjøgra kaldet skal have tilholdet. Dette kunde ikke fordrage, at den hellige konge skulde bygge Gud et huus lige over for dets bolig, og derfor tænkte at forhindre det ved sin troldom. Det sagde derfor til St. Olaf: Førend du faaer bygt din kirke færdig, skal jeg gjøre en broe over Steensfjorden; men inden at troldet havde faaet kastet nogle faae stene, havde kong Olaf kirken færdig, og ringede med klokkerne for at trodse troldet; troldet blev derover saa forbittret, at det rev det ene laar af sig, og kastede dermed efter kirken, for dermed at slaae den ned, men det gik forbi og faldt i et morads, som endnu denne dag kaldes Gjogra-Myren eller Laaret, hvor det siden har lugtet som af et raadent aadsel."

Ivar Wiel er rædd at nokon skal tenkja han er ovtruen, som fortel sovore. Han legg til: „Omendskjønt nu det sidste er vist, verificerer det dog ikke det første, da dertil meget vel kan gives naturlig raison: at en myr og morads kan have afskyeligere lugt end en anden".

Segner um vaagemaal millom menneskje som skal byggja kyrkje og vette som skal byggja bru kjenner me elles òg. Fraa Nord-Aurdal fortel soleis sokneprest P. I. Landt 1743, at der vaaga tvo syster med eit bergtroll. Systerne skulde ha ferdige Ulneskyrkja, og trollet ei steinbru yver Ulnessundet millom Strondafjorden og Graneimsfjorden. Systerne vart ferdige fyrst. Fjelltrollet hadde henta ein stein ifraa Olberg og drog honom paa eit jarn-drag. Daa det høyrde kyrkjeklokkone, sprakk det, og steinen vart liggjande ute i fjorden utanfor garden Rudlang. Der ligg han enno, og stikk upp or vatnet. Dei kallar honom Helgesteinen eller Jutulshatten. I vaare dagar fortel dei segni paa fleire ulike maatar, men namni — i røyndi paa tvo ulike skjer eller holmar — er dei same.

Ei segn utan draget med vaagemaalet hev Torleiv Hannaas i samlingane sine fraa Sigdal: „Daa Vatnaas-kyrkja vart bygd og klokka gjekk fyrste gong, vart hautussane ville. Dei tola inkje denne skrangelen. Det var ein hautuss i Gørrkjennaasen som kasta ein stor stein etter kyrkja. Men han rakk inkje fram. Steinen datt ned i Grønvolldalen. Dei kallar 'n Jutulsteinen. Ein annan stein vart òg kasta av same aasen. Den var mindre og rakk lenger. Han ligg i Klampelidmarki".

Den naturlege grunnen til at der er slik illtev fraa Gjøgerputten, er at det kjem upp ei svaavelkjelde der. Sidan lendet er so flatt, fær ikkje uppkoma avlaup, og so lagar det seg ein pytt, som vert til eit tevjande dike. Sjaa J. Thaulow, „Morgenbladet" 1848 nr. 170, tillegg. Med dette sernamnet kann me daa jamføra appellativet gygra(r)tev m., „stank fra strande og dyndpøle; gytjestank". Sogn (Ross).

Gjømlevatnet Fles. hd. F. og Lyng. ss. F 35, 2. Utt. *jø̀mləvatnə*. — Gjømlev[t] GK 1919. Attmed garden Gjømle, gnr. 29 Flesberg (NG V, s. 408).

Glessjøen Krhd. og Sgd. hd. S. s. F 34, 9. Utt. *glæ̀ssjøn* (Krødsherad; i Sigdal uppgj. *glæ̀sskønn*). — i Glessionom DN IX 123, 1331[1]. j Gleszøen DN XVI 164, 1447 (avskr. 1690). j Glessziønom DN XVI 175, 1448 (avskr. 1690). Glessiø JN, 354. Kræschin vand(!) v. Langen 61. Av stomnen Glis-, som me hev i verbet glisa, glimta, lysa gjenom ein opning: „Glitrevatnet", „Skinvatnet". Jfr. NG V, s. 205. Gardsnamnet Glesne, gnr. 176—177 Krødsherad, er det gamle namnet paa elvi ifraa Glessjøen (*Glisna). Elvenamnet er vel avleidt av vatsnamnet.

Glitrefjorden Gol hd. E 32, 12. Utt. *glìtrəfjørn*. — Den nordlengste, avstengde viki av Veikultjørni.

---

[1] Brevet ser ut til aa vera umskrive seinstundes i det 15. h.aa., dersom det ikkje er falskt.

Glitre(vatnet) Mod., Øv. og Ned. Eiker, Lier hd. F 35, 5. 6. Utt. *gli'trə.* — Klyttre JN, 81. Glittrevand Geo. Uppm. 6. Strøms kart. Glittrevandet, Glittre(n) Strøm, 28. Glittersøen Pontoppidan 1785, s. 130. Glitrevd AK 1854. Glitrev[t] GK 1919. Hev avlaup gjenom elvi Glitra. Gn. visst usamansett *Glitri, til verbet glitra: „den glimande, skinande".

Goliaten Lier hd. Frg. s. F 35, 12. *gŏ'liat'n, gŏ'ljat'n, gŏ'liat'n.* — Goliath Strøms kart. Goliaten GK 1919. Ei liti tjørn. Namnet er eit skjemtenamn.

Gomotjørni Aal hd. Aal s. E 33, 2. Utt. *gŏ'mmŏkødnė.* — Gomotj. GK 1920. „Gom(m)o" = godmor, bestemor. Jfr. Flotastokktj.

Gopletjern Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. Utt. *gå'pləkenn.* — Goplekj. AK 1854. Gopletj. RK 1872. Truleg av voksternamnet gople f. = gauple, kvitklokke, campanula latifolia.

Goplidvatnet (-tjernet) Sgd. hd. Egg. og S. ss. F 34, 7. Utt. *gå'pp(ə)livatnə.* — Goplitj. GK 1919. Uppaa ein aas som heiter Gopliaasen GK. *Goplelid-?

Gorkimetjern Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *gø'r(r)kiməkenn.* — Gørkjimetj. GK 1919. Av fiskenamnet gorkime m., ein fisk av karpeslaget. Det skal vera mykje gorkime i tjørni. Jfr. Kimetj.

Gorputten.

1. Aad. hd. Yt. Aad. s. 19 B, 2. Utt. *gø'r(r)pútt'n.* — Gørputten RK 1872.

2. Mod. hd. Nyk. s. — Gaarputten GC nr. 111 (1763). „En liden vandkulp udi Wigwærings- eller Klopmyhrdahlen", i skogsdeilet millom gardane Buskerud og Fossum.

Gortjern, -tjørni.

1. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *gå'rrkenn* (Fiskum). — Ei myrtjørn. Hamarelvi kjem derifraa.

2. Flaa hd. F 33, 9. Utt. *gø'r(r)kenn* (Gølsvik). — Uppaa aasen aust for Gølsvik, attmed vegen heim ifraa Langevatn.

3. Gol hd. E 32, 11. Utt. *gø'rkednadn* (flt.). — Gørtj[an] GK 1923. Smaae myrpyttar.

4. Mod. hd. Hgg. s. F 34, 11. Utt. *gø'rrkenn.* — Gørtj. GK 1919. Ei liti tjørn.

5. Ndh. hd. Haug s. 19 B, 3. Utt. *gø'rrkenn* (Jemnaaker). — Gørtj. RK 1872. Ein myrpytt.

6. Sgd. hd. S. s. F 35, 3. Utt. *gø'r(r)kenn.* — Jfr. Gortjernaasen GK 1919. Eit myrhol, uppaa høgste aasen. Av gor n., dy, gyrme.

Govletjern.

1. Hole hd. 19 B, 9. Utt. *gå'vləkenn.* — Goulekiern 1743. Govletj. RK 1872.

2. Ndh. hd. N. s. 19 B, 8. — Gofletj RK 1872.

3. Tyr. hd. F 34, 11. Utt. *gå'vbəkenn.* — Goflekjern 1743 (denne tjørni eller nr. 2?). Gaavlekiernet GC nr. 159 (1767). Govlekjern Wiel XXX, 139. Gofletj. RK 1872. Govletj. GK 1919. Av govl f., villgaas (= gagl f.). Ordet govl kjenner dei baade i Hole og Tyristrand, og Wiel XXXI, s. 144 talar um „vildgjæs, i Norge kaldet goulen".

Graabeintjern Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. Utt. *grå'bæinkenn.* — Graabejntj. RK 1872.

Graagalttjern (Ned., M., Øv.). Nes hd. E 33, 11. Utt. *grå'galtkedn,* flt. *-kednadn, grā'galt-* (Nes); *grå'galtkønnə, grā'galt-* (Tunnhovd). — Gragaltkj[ne] orig. 1845. Ned., M., Øv. Graagalttj. GK 1920. Attmed ei høgd som er skrivi Gragalten 1743. Wiel XXXII, 136. orig. 1845. Gragaltenfj. AK 1856. Graagalten GK 1920; utt. *grå'-, grā'galt'n.*

Tjørnene heiter etter fjellet. Dei eldre skrivemaatane syner at det rette namnet paa fjellet er Gradgalten. No held dei paa og lagar det um, for di det kjennest litt støytande. Høgdenamn som tyder „Galten" (Galten, Trond(en)) er heller vanlege. — Fraa dette fjellet kjem elvane N., S. Graarova. Elvenamnet er skrive Graarova no paa AK 1856. Men eldre utgaavor av dette kartet hev Grab[ækken].

Graanaasettjørnane Uvd. hd. U. s. nordfj. Utt. *grå'nåsetkønnann.* — Jfr. Grandsætsr AK 1856. Paa sudsida av Granafj. AK nord for Uvdal kyrkje. Stølsnamnet Graanaaset mun svara til gn. *G r a n a s e t r, av trenamnet g r ǫ n f., gen. flt. g r a n a. Stølen skal liggja i granskog.

Graarovetjern Nes hd. F 33, 1. Utt. *grā'rōvəkedn.* — Tett nord for Ormevatnet, paa austsida av Graarovefjellet. Fjellnamnet gjeng fyrst her, og tjørnnamnet er laga elliptisk av det. Fjellnamnet er eit slag jamføringsnamn. Graarovefjellet er ei avlang fjellhøgd, berre snaudfjell og graastein. Tett austanfor er Blaafjellet.

Graasteintjern Aad. hd. Nes s. F 33, 6. Utt. *grå'stæinkenn.* — Graasteintj. GK 1918.

G r a a t j. GK 1920. Nes hd. E 33, 4. — Ei fjelltjørn. Er full eit elliptisk namn for *Graasteintj., *Graafjelltj. eller noko slikt. Graatj. er elles uppskrive etter karti fraa Budal, Hattfjelldal, Øv. Rendal; Graavatnet fraa grensa millom Aardal og Forsand, fraa Hemnes, Nesna, Hegra, Evanger.

Graavaarandtjørni Uvd. hd. U. s. sudfj. Utt. *grå'våran(d)kønne.* — Gravarandkjøn orig. 1846. Gravarandkj. AK 1856. Ein rygg aust for tjørni heiter Graavaaranden: *grå'våranden,* skr. Gravarand orig. 1846. Rande m. tyder jordrygg. Graavaaranden vil segja Gravar-randen. Jfr. det næste namnet. Ein heimelsmann meinte at Gravar- her sikta til at randen er so vegetasjonslaus, — nett som paa ein uppgraven aaker.

Graavaartjørni Uvd. hd. U. s. sudfj. Utt. *grā'vårkønn.* — Hev avlaup ned i Langetj. sudvest for Heranuten. Det same som Gravartjørn. Gravarkann vera genitiv til g r ǫ f f., gròv, hole, eller svara til eldre *G r a f a ð a r-, genitiv til g r ǫ f u ð r, g r a f a ð r m., eller òg kann det høyra beinveges til verbet grava. Maalkjensla no set Gravar- i beinveges samanhang med verbet.

Gradgalttjernet, sjaa Graagalttj.

Gramstjern Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *gra'mskenn.* — Gramstj. GK 1918. Av familienamnet Gram?

Granaten (Granatdam) Kongsberg. 14 A, 8. Utt. *grā'nat'n.* — Granatdam RK 1890. Tjørni ligg nær Kongsberg med vaapnfabrikken. „Granaten" er sjølvsagt eit avstytt namn.

Grannesettj., sjaa Grònsettj.

Granset dam GK 1919. Fles. hd. Svene s. F 35, 9.

Grasbekktj. orig. 1930—31. Roll. hd. Vggl. s. — Uppi aasen aust for Kvisle.

Grastjern, -tjørni.

1. Aal (og Hol) hd. E 33, 2. Utt. *grā'skødne*, flt. *-kødnadn* (Ustedalen). — Grastj. GK 1920. Det veks storr attmed tjørni.

2. Øv. Eiker hd. Fsk. s. F 35, 11. Utt. *grā'skenn.* — Grastj. GK 1919.

3. Krhd. F 34, 10. Utt. *grā'skenn.* — Nord for Kvigetj.

4. Mod. hd. Hgg. s. F 34, 11. Utt. *grā'skenn.* — Ikkje so langt ifraa Gortj. Langt gras veks ikring.

5. Mod. hd. Nyk. s. F 35, 4. Utt. *grā'skenn.* — I Tingelstad-marki. Gras rundt kantane.

6. Mod. hd. Snar. s. (Sgd. hd?). F 35, 4. Utt. *grā'skenn* (Snarum). — Millom Skardstj. og Svarttj. Berre ein liten pytt no, som ligg og gror att. Tjørni skal tydeleg ha vore mykje større. Fyrr hev dei brukt aa slaa storr ikring henne.

„Gras" i desse namni er vel tidast storr. Jfr. upplysningane til nr. 1 og 6.

Grauten Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 5. 11. Utt. *grau't'n.* — Grauten Dr. 1927. Ei myrtjørn. Jfr. Vellinga.

Grautekj. orig. 1843. Grautkj. AK 1856. Flaa hd. F 33, 9. — Uppaa Saabølsfjellet. Avlaup gjenom Grautebekken til Kitilsvikelvi.

Grautnakkj.-tj. orig. 1925. Roll. hd. Vggl. s. (eg hev fenge uppgj. „Grautnatt-kjøn"). — Burtimot byteslina imot Tinn, attmed høgdi Grautnakkjen orig. (uppgj. „Grautnatten").

Desse namni paa graut- siktar venteleg til at det er moltor aa finna paa stadene. Sjaa MoM 1925, s. 121.

Grautnebbtjørni Uvd. hd. U. s. Utt. *grau'tnæbbkønne.* — Nede paa Uvdalsøyane „sunnanfor" Sagtjørnane og Tjuvetj. Er utturka etter uttappingi av Fønnebøfjorden. Namnet Grautnebb- finst fleire stader i Numedal. Ein støl i Rollag heiter Grautnebb, og ein plass under Prestrud i Uvdal Grautnebbplassen. Namnet er ikkje forklaara.

Gravaatjern Aad. hd. Nes s. F 33, 5. Utt. *grā'vókenn.* — Gravaatj. GK 1918. Ei elv renn ifraa tjørni vest til Begna. Ho kallast Gravaa GK: *grā'vóa.* Jfr. NI I, s. 77.

Gravarskardtjern Nes hd. F 33, 1. Utt. *grā̀varskāttjedn.* — Paa austsida av Gravarskardaasen (skr. Gravskaraasen GK 1918). Der er eit skard millom denne aasen og so ei høgd i nordaust. Det er vel Gravarskardet. Um det spraaklege upphavet til namnelekken Gravar- sjaa under Graavaartjørni. Sakleg kann namnet Gravarskard sikta til at bekken gjenom skardet hev grave ut, — dersom bekken hev grave seg nokor nemnande fòr i terrenget daa. Men det kunde vel òg sikta til graving av reinsgraver. Topografen premierløytnant Adler Gleditsch skriv i rapport til Geografisk Uppmæling 1922 um eit Gravarskard som gjeng yver fjellet Rankonosi millom Smaadalen og Hestebotnen i Vang Valdres: „Jeg fant her rester efter gamle dyregraver, og antar at skaret har faatt navn efter disse". Jfr. Tjørngravtj.

Gravningen Ned. Eiker hd. F 35, 12. Utt. *grà̀mningən;* òg høyrt *grà̀vningən,* som er meir litterært. — Gravningen GK 1919. Ei tjørn. Bekken derifraa renn gjenom Gravningsgjota: *grà̀mningsjòta.* Svarar til gn. *Grafningr, stad som det er grave. Sjaa NG V, s. 280. Det er vel uppmed sjølve tjørni det er grave.

Gravsettjørni Hems. hd. E 32, 3. Utt. *grà̀ffsetkedné.* — Gravsettj. GK 1923. Attmed stølane Gravset, som er heimstølar for garden Grøv, gn. *Grǫf.

Gravvatnet Aad. hd. Nes s., og S.-Aurdal hd. Uppl. F 33, 10. Utt. *grā̀(v)vatnə* (Aadalen). — Grafvandet, Gravandet 1743. Gravv[t] GK 1918.

Greineløken Flaa hd., og S.-Aurdal hd. Uppl. F 33, 2. Utt. *græ̀inəlōkən* (Flaa). — Ei liti utviding (lon) i elvi millom Nevlingen og Aurdalen. Det kjem ei tverelv ned der, og ein arm ifraa løken gjeng til møtes med henne. Paa den maaten vert løken trigreina.

Grettesætertjern Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *græ̀ttəsǣtərkenn.* — Attmed Grette-sætrane, aust for Krokvatnet.

Grevskardtjørnane, sjaa Rotetj.

Grev(s)sjøen (Store). Gol hd. austfj. (Vesle G. ligg i Aurdal). Utt. *stṑrə græ̀ffsjøn.* — Grebsøen, Grefsøen 1743. Grefsjøen Wiel XXXII, 134. Grævsøe orig. 1839. Kanskje av eit ord *gref n., som tyder „utgravi dokk", og som ikkje er kjent utanfor stadnamn. Det er uvisst um fyrste lekken hev stomnform eller genitiv her. Jfr. NI I, s. 78.

Grevtjern Aad. hd. Yt. Aad. s. F 34, 6 (?). Utt. *grǣ̀vkenn.* — I Hvalsmarki. Av det same *gref n., eller til ei verbalform greva (= grava) som er uppskrivi fraa sume bygder, um ikkje just fraa Aadalen? Jfr. Festskrift til A. B. Larsen 1924, s. 67.

Grimehylen Sgd. hd. S. s. F 35, 4. Utt. *grī̀məhøyrn.* — Ei stille i Simoa der som Grima mynner ut.

Grimesundvatnet Fles. hd. Lyng. s. og Sgd. hd. F 35, 2. Utt. *grī̀məsúnnvatnə* (Flesberg; Sigdal). — Grimelundv. AK 1854. Grimesundv[t] GK 1919. Eit lite vatn ved sida av (Øvre) Horgjevatnet. Det gjeng eit trongt sund ifraa Grimesundvatnet til Horgjevatnet. Det er Grimesund, skr. Grimaszund DN XVIII 75, 1460 (avskr. fraa det 18. h.aa.). Tov Flatin, Lyngdal, tolka namnet Grimesund av ordet grime f., ein

timberflote som er ihopbunden med ei lense (lensa ikring kallar dei ein test). Sundet er so trongt at dei lyt taka grimone i stykke naar dei skal igjenom. Det spyrst um dei hev bala med timberflotar so langt attende som i 1460.

Grimetjern Sgd. hd. S. s. F 35, 3. Utt. *grī'məkenn*. — Grimetj. GK 1919. I elvi Grima.

Grisetjern.

1. Flaa (Nes?) hd. F 33, 1. Utt. *grī'səkedn*. — Grisetj. GK 1918.
2. Nes hd. F 33, 1. Utt. *grī'səkedn*. — Grisetj. GK 1918.

Grisevd orig. 1886. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. — Tett vest for Stølesætri. Av husdyrnamnet gris m. Fyrr hadde dei grisen med paa stølen, — som dei kann ha stundom enno. Desse vatni ligg alle saman nær stølar. Det er vel so at støls-griser hev vorte fyre eitkvart uppmed deim.

Grisletjørnane Uvd. hd. U. s. E 33, 7. Utt. *grī'sləkonnann* (Dagalid). — Grisletj^ne GK 1920. Grislitj. orig. 1929. Ei samling med smaae fjelltjørner. Sjaa NI I, s. 79.

Grònsettjørni Nore hd. E 33, 12. Utt. *grå'nsetkonnè*. — Grannesettj. GK 1920. Stølsnamnet Grònset maa koma av trenamnet gròn f., gn. grǫn, gran. Etter kartet ligg stølen i lauvskogsbeltet no.

Grottjørni.

1. Uvd. hd. U. s. (og Dag. s.?). E 33, 7. Utt. *grō'tkønnè*, flt. *-konnann* (noko open *o*; Dagalid). — Griotkj. AK 1856. Grottj^ne GK 1920.
2. Uvd. hd., Hardingviddi. Utt. *grō'tkonnè* (Uvdal). — Hev avlaup gjenom Skrykkjebekken, som renn til den austlengste viki i Skrykkjen. Av grjot n., stein, steinslag. Um nr. 1 sagde dei: Det er veldug steinut uppmed desse tjørnene, svære urder, og grjot uti der. Steinut er det attmed nr. 2 òg.

Grov(a)tjernet Sgd. hd. Egg. s. E 33, 12. Utt. *grō'vakennə* (Eggjedal), *grō'kednadn* (flt.; Flaa). — Groptj. GK 1920. Attmed stølen Grova: *grō'va* (Eggjedal), skr. Gropasr GK. Stølsnamnet er bundi form av ordet grov f., liten bekk, bekkjefar. Det renn ein bekk ifraa tjørni og ned i Nordre Økteren. Ein liten bekk renn ifraa stølen og ned i tjørni òg. Grova- i tjørnnamnet er genitiv eintal.

Grovetjørni Hol hd. E 33, 7. Utt. *grō'vəkodnè*. — Groventj. GK 1920. Bekken fraa tjørni renn ned-med garden Grovi: *grō'vè* i Skurdalen (gnr. 80 Hol). Gardsnamnet er bundi form av grov f., og tjørni heiter etter garden.

Grundetj. orig. 1922. Hems. hd. — Tvo tjørner paa nordsida av fjellet Grundane, skrive Grundadn orig.; i eintal heiter den største høgdi Storegrunden. Folk segjer òg Grundefjell. Tjørnene hev namn etter fjellet. Kjem namnet av gn. grund f., jord? Adjektivet grunn er det ikkje tale um, uttala strider imot det. „Begge tjern gir udpræget inntrykk av aa være dype“ (premierltn. A. Gleditsch i rapport til Geo. Uppm. 1922).

Grunna Mod. hd. Snar. og Hgg. ss. F 34, 11. Utt. *grū'nna*. — Grunna GK 1919. Substantivering av adjektivet grunn i linn hokynsform. Grunna RK er òg namn paa ei tjørn (?) i Ringsaker.

Grunntjern, -tjørni.

1. Ned. Eiker hd. F 35, 12. — Grunntj. GK 1919.

2. Flaa hd., og S.-Aurdal hd. Uppl. F 33, 2. Utt. *gru'nnkędn* (Flaa), -*kęnnə* (Hedal Valdr.). — Øv., Ned. Grundtj. GK 1918.

3. Hol hd. E 33, 1 (?). Utt. *gru'nnkodne* (lite kjent). — Grundtj. Qv. og W. 1922. Millom Vedalstj. og Fosstj.

4. Nes hd. F 33, 1. Utt. *gru'nnkędn.* — Grundkj. AK 1856. Grundtj. GK 1918.

5. Ndh. hd. N. s. 19 B, 9. — Grundtj. RK 1872.

6. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *grú'nnkęnn.* — Grunntj. GK 1919.

7. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 2. 8. Utt. *grú'nnkęnn.* — ? Grune Kindet DN XVIII 74, 1459? (avskr. 1692—93). Grunntj. GK 1919.

8. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *grú'nnkęnn.* — Grunntj. GK 1919.

9. Sgd. hd. S. s. F 34, 7. Utt. *grú'nnkęnn.* — Ved sida av Vikvatn.

10. Sgd. hd. S. s. og Roll. hd. F 34, 8. Utt. *gró'nnkonn* (Rollag), *grú'nnkęnn* (Sigdal). — Grunntj. GK 1919.

Um fleire av desse tjørnene er det serskilt upplyst at dei e r grunne.

Grunnvatnet.

1. Lier hd. Frg. s. F 35, 6. Utt. *grú'nnvannə* (Modum). — Grunnv[t] GK 1919.

2. Lier hd. Frg. s. F 35, 12. Utt. *grú'nnvannə.* — Tett ovanfor Garsjø.

Gruvetjern.

1. Krhd. og Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4. Utt. *grú'vəkęnn* (Krødsherad). — Gruvetj. GK 1919. Attmed ei nedlagd jarngruve.

2. Sgd. hd. S. s. F 34, 9. Utt. *grú'vəkęnn.* — Uppaa fjellet sud for Sigdal kyrkje, attmed ei gamall gruve.

Gruvvatnet Mod. hd. Hgg. s. F 35, 4. Utt. *grú'vannə.* — Attmed Modum gruve.

Gryteputten Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *grí'təpútt'n.* — Innpaa aasen sudvest for Baasheim. „Ligg liksom i ei gryte".

Gryt(e)tjørni.

1. Nore hd. austfj. — Grytetj. orig. 1930. Rund tjørn nordaust for garden Øktdalen. Bekken som renn frammed heiter Gryta orig.

2. Uvd. hd. U. s. Utt. *grý't(ə)konn(é)*, flt. -*konnann.* — Grytekjøn orig. 1846. Grytekj. AK 1856. Fjelltjørner nær grensa imot Tinn. Det skal vera ovleg steinut ikring tjørnene, og steinut langs bekken ifraa deim.

3. Uvd. hd. U. s. Utt. *grý'tkonn(é).* — Grytekj. AK 1856. Fjelltjørn vest for Synshovd. Skal liggja djupt til.

Grytevatnet.

1. Hems. hd. E 32, 4. Utt. *grý'təvatnə.* — Grytev. AK 1856. Grytevn GK 1923. Vatnet ligg djupt og noko innestengt millom høgder.

2. Lier hd. Syl. s. 14 D, 3. Utt. *grý'təvannə.* — Grytevd RK 1900. Skal liggja noko djupt til millom aasar. Held paa og gror att.

3. Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *grī'təvatn(ə)*, flt. *-vatna; grȳ'təvannə, -vanna* (det siste eit stykke nedanfor Sigdal kyrkje). — Grytevatn GK 1919. Eit lite vatn med avlaup gjenom Grytelvi. „Det er ei rund dokk i landskapet uppaa der“, sagde ein heimelsmann. Torleiv Hannaas hev notera: „Ligg i ei gryte“.

Desse vatsnamni paa Gryte- kjem vel sumstad av elvenamnet Gryta: „Steinelvi“, og sumstad av at vatnet ligg i ei „gryte“ i landskapet.

Grytingen Tyr. hd. F 34, 11. Utt. *grȳ'tingən.* — Gryttingen 1743. Wiel XXX, 139. Grytingen AK 1854. GK 1919. Gn. *Grýtingr, av grjót n.: „Steinsjøen“.

Grytingtjørni Hems. hd. E 32, 9. Utt. *grȳ'tingkḳedne.* — Grytingkj. AK 1856. Grytingtj. GK 1923. Paa nordsida av fjellet Grytingen GK, skr. Grytingen 1743.

Grytjerni Ned. Eiker hd. F 35, 11. Utt. *grȳ'ḳenn* (eint.). — Grytj[ne] GK 1919.

Etter uttala hev me ein annan namnstomn her enn i gardsnamnet „Grysætri“ i Norderhov. For namnet i Norderhov er uttala *gṛi'-* (NG V, s. 45). Er Grytjern ei samandraging for Gryttjern (*tḳ > ḳ*)?

Gryvletj[ørn]an orig. 1927—28. Uvd. hd. — Nord for Vikvatnet. Truleg av eit bekkjenamn Gryvla. Jfr. NE, s. 80 f.

Grødalstj[ørn]an GK 1931. Hol hd. D 33 aust, 6. — Truleg av grøde n., grasflekk (i fjellet), eller av eit elvenamn *Grœða (NE, s. 83).

Grølla Fles. hd. Svene s. og Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 9. Utt. *grø'lla* (Flesberg; Bakke i Øv. Eiker). — Grolledamene Strøms kart. Grøttav. AK 1854. Grølla orig. 1909. Grøllv[t] GK 1919.

Maa vel ha spraakleg samanheng med elvenamnet Grylla i Trysil, gardsnamnet Grylling i Lauten, og kanskje gardsnamnet Grillstad i Strinda. Eg hev vondt for aa tru at desse namni hev noko med ordet grjót n., stein aa gjera (gn. *Grýtla, *Grýtlingr, *Grýtlu-), slik som det er nemnt paa i NE, s. 81. NG III, s. 112. Me skulde ha venta *sl* i notidi i staden for *ll* daa, jfr. t. d. Grislingaas i Aremark (*grē'hlingås*; NG I, s. 195), skr. Grytlinghsaas RB, 153; og dei gamle skrivemaatane gjev ikkje studnad for ei sovori tolking; Grylling er skrive a Gryllingom 1380 (Gerhard Schønings avskrift); Grillstad er skrive Gryllestade (Akk.) AB, 33. Ikkje heller ligg det nær aa tenkja paa ein namnstomn *Gryfl- for Grylla og Gryllingen i minsto; snaudt nok for Grillstad heller, som NG XIV s. 340 helst vil tolka av eit gn. *Gryflu-. Det tykkjest vel so rimelegt at me i alle tri namni hev ein gamall stomn Gryll-. Han laut vel høyra til den germanske roti *grel, skrika. Av den roti hev me nokre ljod-verb som mht. grellen st. vb., skrika høgt av harm, holl. grollen, murra, norsk grulta, rulla med døyvt dunder, grylta ds., grynta (*t*-avleidingar). Elvenamnet Grylla vilde daa sikta til ein sermerkt ljod ifraa elvi: den skrikande, laatande, grylande ell. dil. Etter kartet renn det ein bekk frammed garden Grylling. — Høyrer Grølla til denne roti, kann dei tenkja seg ei gamall form *Grolla, kanskje *Grylla.

Grøndahlskiernet kallar ekstrakt 1743 den tjørni som Grøndøla i Hemsedal kjem ifraa (= Fossegravtj. i Vang Valdr.?).

Grønehylen Hol hd. D 33 aust, 5. Utt. *grø'nəhøṛn.* — Grønehølen GK 1931. Eit lite vatn i elvi Grøna. Elvenamnet er skrive Grøn-elv Geo. Uppm. 6. Grøn-elf Lotter. Gron-elf Janssonius & Pitt.

Grønenuttjørnane Uvd. hd., Hardingviddi. Utt. uppgj. *grø'nnənutkonnann.* — Ikring (St.) Grønenuten, skr. St. Grønnuten AK 1856.

Grønevatnet Hol hd. D 33 aust, 5. Utt. *grø̄'nəvatnə*; ell. *grø̄'na*, dat. *grø̄'nunn.* — Grønsn AK 1856. Grønevn GK 1931.

Desse tri namni høyrer saman, med di Grønevatnet ligg millom St. og Vesle Grønenuten, og elvi Grøna — med Grønehylen — kjem ifraa Grønevatnet. I slike namnflokkar er gjerne elvenamnet det primære. Her kann det henda at høgdenamnet gjeng fyrst. Ikring Grønenuten vert det so tidleg grønt, vart det sagt. Det reknast for ei av dei beste hamnene paa desse kantar upp-ikring der. Baade elvi og Grønevatnet kunde daa vera uppkalla elliptisk etter fjellet (fjellpartiet). Eller kanskje baade fjellet og vatsdraget hev namnet sitt beinveges av det umstendet at det grønkast tidleg i traktene der ikring. — Grønehylen heiter sjølvsagt i alle høve etter elvi.

Grønlidtjørni Roll. hd. R. s. F 34, 7. Utt. *grø̄'nlíkonne* (Rollag); *grø'nnlíkenn*, flt. *-kenna* (Sigdal). — Grønlitj. GK 1919. Attmed Grønlisr GK. „Dei gamle flutte til Grønlid fyrst um vaaren, for der vart det so tidleg grønt", sagde ein heimelsmann i Rollag.

G r ø n l o n k j. orig. 1845. Nore hd. — Sjaa Lauvhaugtj.

Grønputtane Lier hd. Frg. s. F 35, 12. Utt. *grø'nnpúttanə.* — Sudaust for Garsjø, burtmed Kordial.

Grønsettjern Sgd. hd. S. s. F 35, 3. Utt. *grø'nnsetkenn.* — Nedanfor garden Grønset, gnr. 61 Sigdal.

Grønstjern Øv. Eiker hd. Fsk. s. F 35, 9. Utt. *grø'nskenn.* — Grøntj. GK 1919.

Grøntjern, -tjørnane.

1. Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 10. Utt. *grø'nnkennə, grø̄'n-.* — Grøntj. RK 1890.

2. Uvd. hd., Hardingviddi. Utt. uppgj. *grø'nnkonnann.* — Paa nordaustsida av Hettefjell. Ein bygdemann skriv: „Folk meiner at namnet kjem av at det vert tidleg grønt kring vatnet".

Grønvolltjernet (N., S.). Aad. hd. Yt. Aad. s. F 34, 6. Utt. *grø'nnvallkennə.* — N., S. Grønvolltj. GK 1919. Evjor eller sidebasseng til Begna attmed garden Grønvoll.

Alle desse namni paa Grøn- kjem visseleg av adjektivet grøn, og ikkje av adj. grunn eller trenamnet grön, gran. Grønstj. — dersom uttala med *s* er rett — maa ha eit anna upphav enn hine namni (av eit familienamn Grønn?).

Grøsetvatnet Gol hd. E 32, 12. Utt. *grø'(s)setvatnə.* — Grøsetvn GK 1923. Attmed Grøsetsr GK.

Stølsnamnet Grøset kann svara til gn. *G r j ó t s e t r, av g r j ó t n., grjot, stein. Jfr. Grøstøl gnr. 149 Kvinnherad, som NG XI tolkar av gn. *G r j ó t s t ǫ ð u l l. Det kunde og vera eit gn. *G r œ ð i s e t r (*G r œ ð a -), av *g r œ ð i n., grøde, grasflekk millom berg og skog. Jfr. Grøstad gnr. 149—150 Lier, skr. o r G r œ d a s t a d u m DN II 74, 1307.

Grøtemyrputten Mod. hd. Hgg. s. F 34, 11. Utt. *grø̄'təmýrpútt'n.* — Grøtemyri: *grø̄'təmýra* er sud for Gørbuaasen GK. Myri skal ha vore gruveleg blaut fyrr ho vart ut-veita. Men namnet kann ikkje vel ha noko aa

gjera med ordet graut like vel, for det uttalar dei g r a u t. Namnet kjem vel av grjot n. Det finst nokre fjellknausar attmed myri.

Grøterudtjern Fles. hd. Lyng. s. F 35, 2. Utt. *grø̄`t(ə)rú(płass)ķęnn* (Flesberg); *grø̄`t(ə)rúķęnn* (Sigdal). — Grøterudtj. GK 1920. Attmed garden Grøterud, gnr. 60 Flesberg.

Grøtgarden Yt. Sdsv. hd. Komnes (og Eft.?) s. 14 A, 10. Utt. *grø`tt-garn̥.* — at Griott gardum DN XI 255, 1515 (truleg falskt brev, men eldre enn 1645). at Grøtgaardenum DN XV 694, 1546 (falskt brev, innteke i ein dom fraa 1645). Sundet millom dei tvo hovud-lutene av Hajeren. Gn. *G r j ó t g a r ð r (i n n) (flt. *G r j ó t g a r ð a r (n i r)), „Steingarden“. Attmed dette sundet hev vore ein viss elgjepost. Namnet siktar vel daa til murar som hev vore uppsette for veidingi skuld.

Grøtjørni Gol hd. E 32, 12. Utt. *grø̄`ķędn(é).* — Grøtjønn GK 1923. Ei fjelltjørn. Gn. *G r j ó t t j ǫ r n. Uppmed tjørni er so mykje „grøt“, berggrjot.

G u b b a t y e n DN IX 343, 1478. Roll. hd. Vggl. s. vestfjellet.

Gudbrandstjern, -tjørni.

1. Aal hd. Trp. s. E 33, 4. Utt. *gubbrandsķødne* (uppgj. i brev; akcent ukjend). — Gulbrandstj. GK 1920.

2. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *gú`llbransķęnn* (Modum; Sylling); *gú`bbrans-* (Modum). — Gudbrandstj. GK 1919.

3. Ndh. hd. Haug s. 19 B, 4. — Gulbrandstj. RK 1872.

4. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. F 35, 8. Utt. *gú`llbransķęnn.* — Nær Kalvetj. nordvest for Hængsvatnet.

Av G u ð b r a n d r, mannsnamnet. Jfr. NI I, s. 83.

Gullbergstjern Sgd. hd. S. s. F 35, 4. Utt. *gú`llbærșķęnn.* — Ovanfor garden Lyubroten.

Gullerudtjern Ndh. hd. N. s. 19 B, 9. — G.-rd.-tj. RK 1872. Attmed garden Gullerud.

Gullovtjern Ndh. hd. Haug s. 19 B, 10. — Gullovtj. RK 1872.

Gullromstjern Sgd. hd. S. s. F 34, 10. Utt. *gú`llrómsķęnn.* — Uppaa Nattjernaasen. Det skal vera fin utsyn uppaa aasen.

Gulmosatjern Mod. hd. Nyk. s. F 35, 4. Utt. *gú`łmåsaķęnn.* — Gulmosetj. orig. 1911—13. Sudvest for Bakke-sætri. Gulmose m. = vatsmose.

Gulsrud Damtjern Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *gú`rșrú da`mmķęnn.* — Attmed Gulsrud-sætri.

Gulsrud Sandtjern Mod. hd. Hgg. s. 19 B, 14. Utt. *gú`rșrú sa`nnķęnn.* — Visst = Sandtj. RK 1872 aust for Gulsrud-sætri.

Gunnarudputten Mod. hd. Nyk. s. F 35, 4. Utt. *gú`nnarúpútt'n.* — I bytet millom Gunnarud- og Sterkabymarki.

Gunnbuhaugtjern Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *gú`nnbúhau-ķęnn* (NG V, s. 380: *gu`nnbø-*). — Attmed garden Gunnbuhaugen (Gunnbø-).

Gunnerudtjernet Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *gu'nnərúkęnnə.* — Attmed garden Gunnerud.

Gunnhildtjern Ndh. hd. N. s. 19 B, 1. — Gunniltj. RK 1872.

Gunnhustjern Mod. hd. Snar. s. F 34, 11. Utt. *gu'nnhúskęnn.* — Gunnhustj. GK 1919. Attmed garden Gunnhus.

Gurilidtjern Nes hd. E 33, 5. Utt. uppgj. *gū'rilíkędn, gū'ri-.* — Guridlitj. GK 1920. Ei bjørkelid heiter Gurilidi: *gū'rilīé* (uppgj. soleis), flt. *-līadn.* Av kvinnenamnet Guri, gn. Guðríðr.

Guritjern.
1. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 5. 6. Utt. *gū'rikęnn.* — Guritj. GK 1919.
2. Nes hd. F 33, 1. Utt. *gū'rikędn.* — Ovanfor stølen Storlidi.

Gurotjørni Gol hd. E 32, 10. Utt. *gū'rokędné.* — Guraatj. GK 1923. Av kvinnenamnet Guro, gn. Guðrun.

Guttormstjernet Aad. hd. Nes s. F 33, 5. Utt. *gu'ttårmskęnn.* — Guttormtj. GK 1918.

Gveta-, Gvonne-, sjaa Kveta-, Kvonne-.

Gyldenløvedam Kongsberg (?). F 35 8 (?). Utt. *jy'ld'nløv(ə)damm(ən), jy'll'n-.* — Eit stykke ifraa Kongens Dam.

Gymletjørni Nore hd. austfj. Utt. *jy'mləkonné,* flt. *-konnann.* — Gymlekjøn orig. 1846. Nord for Slokovatnet attmed stølen Gymle: *jy'mlə* (Nore; øvst i Eggjedal uppgj. *ji'mladn,* som vel, med umsyn til endingi, er etterlikning etter Halling-maal). Gymle er visseleg same namnet som Gjømle, gnr. 29 Flesberg (sjaa her framanfyre og NG V, s. 408).

Gyrihaugtjern Ndh. hd. N. s. 19 B, 9. 10. Utt. *jy'rihau(g)kęnn.* — Gyrihaugtj^e RK 1872. Sjaa under Gjøgerputten.

Gyrinosvatnet Aal hd. Aal s. E 32, 1. 7. Utt. *jy'rinåsvatnə* (Aal); *-nos-* (Hemsedal). — Gyrinaasv. AK 1856. Gyrinosvatn GK 1923. Paa nordsida av fjellet Gyrinosi: *jy'rinåsé* (Aal), *-nōsé* (Hemsedal).

Fyrste lekken i fjellnamnet Gyrinosi maa høyra til ordet gygr f., jutulkvende. Fyrelekken Gyri- hev me i fleire høgdenamn; attaat namnet her og Gyrihaugen paa Ringerike kann soleis nemnast Gyriklanten RK millom Seksin og Raudfjorden ved Bygdin. Jutlar og gygrar heldt til i fjelli. Same fyrelekken hev me i namnet „Gyrefoden" 1723, eit plassenamn i Skjeberg (NG I, s. 239). — Andre lekken nos f., nase, er ein vanleg etterlekk i fjellnamn i øvre Hallingdal og Valdres og indre Sogn. Namnet Gyrinosi hev kann henda fraa fyrst av høyrt eit høgt og framskuvt berg til som stend upp yver ein støl uppunder fjellet. Jfr. Falk i NG V, s. 154. — Ei segn finst hjaa Mehlum, Hallingdal og Hallingen s. 240.

Haagaatjørni, sjaa Hagatj.

Haaken Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 10. Utt. *hå'kən.* — Haaken orig. 1825. Ei liti tjørn som laag ved nordenden av Hajeren. No etter Hajeren er uppdemd, er tjørni ihopflødd med vatnet. So no er Haaken nørdste luten av Hajeren. Haakdalen: *hå'kdærn;* Haakfjellet eller Haakaasen: *hå'kfjęllə, hå'kås'n.* „Haaken" maa vel vera same ordet som gn. hákr m., ein uvyrden kar, gap, nyn. haak, ein kop, gap. Ein kann kanskje jamføra med

namnet Kopa: *kȍpa* (Sandsvær), eit vatn paa vestaasen i Lardal, nord mot Sandsvær-bytet.

Haakenstadtjern Ndh. hd. Ld. s. F 34, 5. Utt. *hå̏k'nstakęnn.* — Nær Fiskelaustj. Haakenstad maa vera eit bustadnamn.

Haakontjørn.

1. Hol hd. D 33 aust, 5. Utt. *hå̏kunkodne.* — Haakontjørnan (flt.) GK 1931. Avlaup til Grøna.

2. Hol hd. D 33 aust, 5. — St., L. Haakontj. GK 1931. Avlaup til Skarvaani.

Haanaavatnet Fles. hd. F. s. F 35, 1. Utt. *hå̏nåvatnə.* — Haanev. AK 1854. Haanaavd orig. 1911. Hanav[t] GK 1919. Av fuglenamnet hane m. (soleis òg A. Kjær, N. Vasdr. s. 273), kanskje helst i tydingi orrhane. Det er store myrar og flæer ikring, det kann vel ha vore orrhaneleik der.

Haavardsrudtjern Mod. hd. Snar. s. F 34, 10. Utt. *hȁvaŗşrúkęnn* (Krødsherad; Sigdal). — Haavardsrudtj. GK 1919. Haavardsrud maa vera eit bustadnamn.

Hadingæ vattn DN XIII 4, 1303 (avskr. fraa 17. h. aa.). — Eit vatn nær Haglebudvatnet i Eggjedal. Gn. *Haddingjavatn, Hallingvatnet, kalla soleis for di det var nær Halling-grensa. Det er ikkje godt aa segja kva for eit vatn som er meint.

Hagatjern, -tjørn.

1. Ned. Eiker hd. F 35, 11. 12. Utt. *hȁgakęnn* (Fiskum). — Haga kiøn DN VIII 248 (falskt brev, dagsett 1375). Haga kion DN X 145 (falskt brev, dagsett 1446). Hagekiien Strøms kart. Hagekj. AK 1854. Hagatj. GK 1919.

2. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *hȁgakęnn.* — Hagatj. GK 1919. Uppaa aasen yver ein gard som heiter Haga.

3. Fles. hd. Lyng. s. F 35, 2. Utt. *hȁgakęnn* (Lyngdal), *hȁgåkonn* (Rollag). — I bekken som renn framum garden Teksle ned i Haugesjø.

4. Ndh. hd. N. s. 19 B, 11. — Hagatj. RK 1872.

5. Roll. hd. R. s. F 35, 1. Utt. *hå̏gåkonn* (Rollag), *hȁgakęnn* (Flesberg). — Hagatj[ne] GK 1919.

6. Sjaa Rykkjintj.

7. Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *hȁgakęnn.* — Hagatj[na] GK 1919. Nær Hagasr og Hagavollsr GK.

Av hage m., i tydingi beite, hamnegang, — anten direkte eller gjenom bustadnamn (sjaa nr. 2 og 6).

Hagavatnet.

1. Aal hd. Trp. s. (Nes hd.). E 33, 4. Utt. *hȁgavatnə.* — Hagav[t] GK 1920. Nær Hagastølane, som høyrer garden Haga i Torpo til.

2. Hol hd. — Hagevand v. Langen 61. Pontoppidan 1785, s. 126. Eldre namn paa Hovsfjorden.

A. Mehlum, Hallingdal og Hallingen s. 143, nemner òg at Hovsfjorden i Hol hev heitt Hagavatn i eldre tid, „ifølge gamle dokumenter". Svein Nestegard gjev desse upplysningane, i brev: „Det gjekk sak um fisket i [Hovs]fjorden i 1616 og 1618, og det er i desse saksdokumenti namnet Hagavatnet er brukt (Haggewadne, Hagevadne). Likeins i eit dokument fraa 1688 Elvi som gjeng ut or vatnet braut seg nytt far i slutten av det 16. hundradaaret, og dette gjorde at vatnet i Hagavatnet seig mange meter, og fjorden vart dermed mykje mindre enn fyrr. Det finst ingen stad attmed vatnet no som heiter Hagen, Haga eller liknande. Men noko lenger uppi bygdi, umlag der som den gamle Hovsfjorden slutta, er det ein hamnestrekning som fraa gamalt hev heitt Hagjin eller Hagadn. Vatnet hev venteleg i gamle dagar gjenge hit, og det kann daa tenkjast at det er herifraa namnet skriv seg."

Haglebudtjernet Nes hd. E 33, 4. Utt. *ha'gtəbuḳonn*, *-ḳenn* (Tunnhovd); *ha'gtəbuḳedn, ha'ggət-, ha'ggət-* (Nes); *ha'ggətbū* (stølen; Nore). — Hagelbutj. GK 1920.

Haglebudvatnet Sgd. hd. Egg. s. E 33, 12. Utt. *ha'gtəbuvatnə* (Flaa; Eggjedal); *ha'ggətbu-* (Nore). — Haglæende vattn DN XIII 4, 1303 (avskr. 17. h.aa.). i Haglede vattne DN XV 96, 1491 (avskr. 1645). Haglebuevand v. Langen 61. Hugleboevand Pontoppidan 1785, s. 128. Hagelbuv. AK 1856. Hagelbuv[t] GK 1920.

Hagleputten Mod. hd. Hgg. s. F 35, 5. Utt. *hæ'gtəpütt'n*. — Haglputt Dr. 1927. Nordaust for Verp-sætri.

Hagletjern Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *ha'gtəḳenn*. — ? Jfr. meder Haglarkenne steinom DN XVI 55, 1406 (falskt brev, i avskr. fraa det 17. h.aa.). Hagltjernbr. GK 1918. Eit basseng nede med Storelvi. Vatnet renn inn eller ut i tjørni etter som Storelvi stig eller minkar.

Som Hj. Falk hev synt i NG V, s. 200, kjem det eldre namnet paa Haglebudvatnet i Sigdal, *H a g l e n d u v a t n, av h a g l e n d a f., haglende, hamnegang, beite. Derimot er det vel ikkje rett at det noverande namnet, Haglebudvatnet < *H a g l e n d u b ú ð-, inneheld eit namn paa den stølen som ligg attmed Haglebudelvi og heiter Budsæter no. Vatnet hev vel fenge det nye namnet etter ein støl som framleides heiter Haglebudsætri, og som ligg ved øvre enden av vatnet. Elvi heiter etter vatnet att.

Haglebudtjernet i Nes mun vera uppkalla etter Haglebudvatnet.

Namni Hagleputten og Hagletjern kann snaudt tolkast av ordet h a g l e n d a. Ein kunde heller tenkja paa ordet h a g l n. Men ikkje nokon av dei tydingane me kjenner for dette ordet, vil retteleg høva. Fraa Shetland nemner Jakobsen eit ord h a g l, h a g e l som tyder „(underordnet) grænseskel imellem dele af udmarken; sten opsat som grænseskel". Og han nemner eit stadnamn H a g l a h w i d a eller d e H a g e l, namn paa ein kvit kvartsstein, som er grensestein. Det er uvisst med etymologien til det shetlendske ordet og namnet. Helst høyrer dei vel til gn. h a g i m. I alle høve raakar det so til at det brevet som er citera under Hagletjern her ovanfor, og som segjer seg vera fraa 1406, det nemner at „Haglar kenn" skal liggja i eit markaskil. Og det talar um grense s t e i n a r: „meder Haglar kenne steinom". Det vilde difor vera tiltalande aa tenkja seg e i n etymologi for den norske namnelekken i Hagletjern og Hagleputten og so det shetlendske ordet h a g l.

Haitjørni Gol hd. E 32, 10. Utt. *hai'ḳedne*. — Haitj. GK 1923. Heidtjørni, av heid f. Ligg uppaa høgdi yver Gols-reppen.

Hajeren Yt. Sdsv. hd. Komnes og Eft. ss. 14 A, 10. Utt. *hā'jerṇ, hă'jerṇ* (Sdsv.); ogso *ha'jjærṇ* (Hof Vestf.). OR, Æ og NG V, s. 373 hev akcent 1. Dei tvo hovudlutene av vatnet kallast *vi'neshajerṇ, kȯ'mneshajerṇ*. — Kopmanness haghe, Kopmanness hagæ, Wideness hagen DN

XI 255, 1515 (truleg eit falskt brev, men eldre enn 1645). Hoghyr vatned, Haghyr, Haghyr vatten, Kopmannes Haghe(r), Videnes Hagher DN XV 693. 694, 1546 (falskt brev, innteke i ein lagmannsdom 1645). Heierenvd AK 1854. Hajeren RK 1890.

Synest svara til gn. *Hagir, — etter Hj. Falk „maaske dannet af et elvenavn *Haga" (NG V, s. 373). A. Kjær, Norske Vasdrag s. 273 f., nemner at eit namn som *Hagi, „den indhegnende", her lik „grænsesjøen", vilde høva, og at det seinare kann ha vorte utvida til Hagir. Hajeren ligg burtimot fylkesskilet imot Vestfold. Dersom tydingi „grensesjøen" er den rette, ligg det nær aa jamføra med det shetlendske ordet hagl som er nemnt her ovanfor, og med namnet Hagletjern. Jfr. òg Hegg(e)sjø.

Hakatjørni Uvd. hd. Dag. s. E 33, 9. Utt. *hā̀kaķędnə, -ķęnnė* (Tunnhovd). — Haakekj. orig. 1846. Hakatj. GK 1920. Ei stor tjørn. Av hake m., gn. haki. Ein smal tange, med smaaoddar paa, gjeng langt ut i tjørni.

Hakkeldulpen Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9 (10?). Utt. *hàkkəłdułpən.* — Ein ørliten myrpytt, som ligg og gror att, nær Senningstølen, attmed Hakkeldulpaasen og Bufaraasen.

Dulp m., liti vaat dump i jordi („vatsdulp") er uppskrive i ordbøker fraa grannebygdi Vestfold. Ordet er kjent som appellativ i Sandsvær òg. Fyrste lekken i namnet er visseleg den same som i gardsnamnet Hakkelberg 138, 2 Flesberg (utt. *hàkkeł-* etter NG). „Hakkel" er ein krokstav som dei gamle gruvemennene brukte (NG V, s. 425).

Hakkesettjørni Hol hd. D 33 aust, 3. Utt. *hàkkəsætķodnė.* — Hakesettj. Qv. og W. 1922. Attmed stølen Hakkeset: *hàkkəsæt,* skr. Hakeset Qv. og W. 1922. Hakkesetsr GK 1931.

Eit gardsbruk i Skurdalen — gnr. 87, 1 Hol — kallast Hakesæte i matrikkelen, og NG V, s. 175 hev uttala *hā̀kesæte.* Det rette namnet der òg er Hakkeset. Namnet Hakkeset kann ikkje koma av mannsnamnet Haki (Falk i NG). For daa skulde det ha vore Haka- i samansetning; jfr. t. d. Flaka-vatnet. Ein stadkjend mann tolka stølsnamnet Hakkeset av verbet hakka: der er so steinut paa den stølen, so naar dei skal slaa, vert det berre aa staa og hakka millom steinane. Dette synest vera ei rimeleg tolking. O. Rygh, NG IV 1, s. 200 skriv um namnet Hakkerud i Vestre Gausdal at det „maaske" er eit „nyere navn, dannet af hakka, hakke, grave". Paa liknande maate synest A. Kjær helst vilja tolka namnet Hakkebudi i Tveit (NG IX, s. 6). Er det nokre av namni paa Hakke- som ikkje hev noko aa gjera med verbet hakka, kunde me tenkja paa eit mannsnamn „Hakke", stuttnamn til Haktor.

Halldalsvatnet Aal hd. Aal s. E 33, 2. 8. Utt. *hàlldarsfjǫ̀rn, -vatnə.* — Haldalsvd AK 1856. Halldalsv[t] GK 1920. Namnet Halldalen tolkar Falk i NG V, s. 157, av eit elvenamn *Hǫll eller *Halla, visseleg med rette. Jfr. NE, s. 90. Elvi heiter Halldalsaai no.

Halletjørni Hol hd. D 33 aust, 2. Utt. *hàlləķodnė.* — Halletj. GK 1931. Attmed Hallestølen, og nær Bukkehallene: *bùkkəhallidn* sudvest for Sudndalsfjorden (Halletj. = Sunddalskj. AK 1856).

Hallgrimstjørni Uvd. hd. Dag. s. E 33, 9. Utt. uppgj. *hàllgrimķęnnə, -ķǫnnə, -ķędnə* (Tunnhovd). — Halgrimstj. GK 1920. Hev namn — elliptisk — etter Hallgrimsstølen, som er uppkalla etter einkvan Hallgrim.

Hallingtjern (Øvre, Nedre). Flaa hd. F 33, 2. Utt. *ø̀vrə, nḕrə hàlling-ķędn.* — Hallingtj. GK 1918. Ligg paa H a l l i n g-sida av Aurdals-vatsdraget. Den bekken som renn ned i tjørnene, kjem ovanfraa ein støl som høyrer Hilde i Flaa i Hallingdal til. Det maa vera valdrisane som hev gjeve namnet.

Halloren (Store, Vesle). Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. Utt. *hæ̀llór̥n̥.* — St., L. Haldoren RK 1890. Eit par smaavatn.

Av gn. h a l l r m., stein? Etter kartet er det fleire smaae høgder attmed St. Halloren. Halloren RK heiter òg eit vatn i Høland. Og me hev nokre vatsnamn til med endingi -o r, -u r (NI I, s. 261). I Sandsvær er Sandoren. Høgdenamnet Vindoren finst i Sandsvær og øynamnet Vioren i Onsøy (NG V, s. 391. Stadnamn fraa Oslofjorden, s. 208). Det er elles ikkje visst at desse namni høyrer saman alle. Sjaa Sandoren.

Hallsteinvotni Hol hd. nordfj. Utt. *hàllstainvotnė* (Hol). — Halsteensvandet 1743. Halsteensvandene Wiel XXXII, 129. Ikkje langt fraa Frosen. Hev høyrt til Hallsteingard i Hovet, som var ukløyvd i gamall tid.

Hallvadstjern Ndh. hd. Ld. s. F 34, 5. Utt. *hàllvassķęnn.* — Halvastj. GK 1919. Ein bekk renn fraa tjørni til Sokna. Eit vad i Sokna litt nedanfor der som bekken renn ut — vadet er paa nedsida av vegbrui no — heiter Hallvad: *hàllva.* Brui kallast *hàllvassbrŭa.* — Fyrste lekken i namni maa vel vera ordet hall n., halling.

Hallvortjørni Hol hd. D 33 aust, 6. Utt. *hàllvórķødnė.* — Halvortj. Qv. og W. 1922. GK 1931. Øvst i Skurdalen.

„H a l l v o r v a t n e t“, sjaa Holværvatnet.

Halnevatnet Uvd. hd. og Hol hd. (?) D 33 aust, 4. Utt. *hā̀r̥n̥əvatnə, -fjór̥n̥* (Hol); i Dagalid og Uvdal uppgj. *hā̀r̥n̥ə* (usamansett). I Hardanger segjer dei *hàllne-.* — Halne v. Janssonius & Pitt („Halne“ ei hytte). Halne vand Lotter („Halne“ eit umraade). Halne Flor 1760. Halnevd AK 1856. Harnefjorden GK 1931. Jfr. Hallning boe Scavenii kart i Blaeus Atlas. Halningboe Geo. Uppm. 6. Halnefield P. Clausson, 314. 333 („Haluefield“ s. 453 er vel misskriving). Haldnefjeldet 1743. Hardanger- eller Haldnefjeldet Wiel XXXII, 123. Er eit fleire km. langt fjellvatn paa grensa vest mot Ullensvang. Ei fjellvidd ikring der heiter Halne eller Halne-aalmenningi: *hā̀r̥n̥ə, hā̀r̥n̥əałmænninjė* (Hol).

J. E. Nielsen, Søgnir fraa Hallingdal s. 45 (2. utg.) skriv Hardne (um stroket), Hardnekollen, og hev soleis sett namnet i samband med adjektivet hard. Denne etymologien er nok rang. Rangt er det visseleg òg naar Bengt Hesselmann i NoB 1930 s. 20 umset „Halnevandet“ med „Hallingarnes sjø“. A. Kjær, Norske Vasdrag s. 274 skriv: „Da h a l f n a i oldnorsk kan betyde „tilbakelægge halvdelen av veien“, gjetter Magnus Olsen paa, at H a l n e er et av dette verbum dannet substantiv med betydning av „beliggenhet midtveis“. En tidligere sterkt benyttet slæpevei har gaat fra Hardanger over Halne østover til Numedal og Hallingdal, og man har maaskje regnet stedet for midtveis mellem det sidste beboede sted vestenfor og det første østenfor fjeldet“. Det synest meg som skrivemaaten „Hal(l)ningboe“ paa dei eldste karti styd tanken um at namni her høyrer i hop med ordet halv. Halninger visseleg ordet halvning m., helvti, som Aasen hev fraa Austlandet, og som er kjent fraa

Buskerud òg („helningen“ J. A. Samuelsen, Folkeminne fraa Modum og grannebygder I s. 23. Eg hev notera *hæ'rningən* fraa Flesberg). Det kann vel henda at det er nettupp ordet halvning me hev i dei stuttare namni paa Halne- òg: Dei hev fyrst havt det samansette namnet *Halvningbudi (og *Halvningvatnet, *Halvningkollen kanskje). Fyrste lekken hev vorte reducera til Halne(-bud, -vatnet o. s. b.) paa same maaten som t. d. *Haglendubúð i Sigdal hev vorte til Hagle-. Fraa samansetningane hev det usamansette Halne løyst seg ut til namn paa stroket. Eller det hev trengt ut eit usamansett *Hal(v)ning, um det hev funnest. „Hal(l)ningboe“ paa dei eldste karti er daa ein tradisjonell skrivemaate. Hev skrivemaaten ikkje noko gamalt grunnlag, kann han like vel vera eit vitnemaal um at dei ca. 1625—1700 hev sett namnet Halnebud i samband med ordet halv („Halvfar-budi“). „Hal(l)ningboe“, som truleg er det same som Halne felæger AK, ligg attmed Nordmannsslæpa, tett attmed fylkesskilet. Olasbud, som kanskje er den gamle Biskopsbud, ligg litt vestanfor Halnevatnet. Der hev vore nattstad for biskopen i Stavanger naar han for yver fjellet paa visitasferd til Hallingdal og Valdres.

Halsane Hol hd. nordfj. Utt. *ha'rsadn*. — Trongvetnet millom Djupsvatnet og Iungsdalsvatnet (plus landet paa baae sidor?). Der er tvo sund, med di det ligg ei øy i midten. I Stadnamn fraa Oslofjorden s. 17. 52 (jfr. s. 21) hev eg freista gjera det rimelegt at hals m. hev vore brukt um tronge farvatn. Her hev me eit døme paa det same. Paa orig. 1925 er avmerkt ein bustad Halsnes i Etne attmed ei smalke i Litledalsvatnet.

Halsetjørni Hems. hd. nordfj. — Hærsatj. orig. 1922. Uppaa ei fjellrove eller lægre fjellnos som stikk seg fram millom Grøndalen og Buliddalen. Fjellrova heiter Halsane (Hærsadn orig.). Ho er 1192—96 m. høg, fjellet som ho skyt ut ifraa er 1372—1551 m.

Halsevatnet Hems. hd. E 32, 2. — I Lauvdøla nedanfor Flævatn, nær stølane Halsane: *hæ'rsadn*, dat. *hæ'rso*. Paa orig. 1842 er „Halsene“ det skardet (eller strypet) som fører upp til desse stølane.

Halstjørni.

1. Uvd. hd. D 33 aust, 6. Utt. *ha'rskonne* (Dagalid). — Halstj. GK 1931. Ei liti tjørn paa Tunga: *tô'nga*, millom Lògen og Hein-elvi.

2. Uvd. hd. Utt. *ha'rskonne* (Uvdal). — Halskjøn orig. 1847. (N.) Halskj. AK 1856. Paa sudaustsida av Halsfjellet. Berre det vatnet som er skrive N. Halskj. paa AK, skal kallast Halstj.

Ved Halstj. nr. 1 gjeng det eit laaglende, eit band imot nordvest ifraa tjørni yver Tunga. Det kallast Halsen: *ha'rs'n*. Halstj. nr. 2 hev eit smalt sund paa midten; det kunde vera „halsen“ her. Men „halsen“ kunde vel òg vera eit skard i Halsfjellet.

Halvfartjern.

1. Gol hd. — Halvfarkj. orig. 1841. Sjaa Blekkjetj.
2. Ndh. hd. Ld. s. 19 B, 1. — Halvfarkj. orig. 1826. Halfartj. RK 1872.
3. Roll. hd. Vggl. s. vestfj. — Halvfartjørnan orig. 1930.
4. Sgd. hd. S. s. F 34, 10. Utt. *hæ'lfarkenn*. — Halvfartj. GK 1919. I ein dal som heiter Halvfardalen, og som fører upp paa Halvfaraasen.

Tjørni i Gol ligg paa lag midveges millom Lauvsjøstølane og Tisleifjorden. Den i Norderhov ligg attmed ein stølsveg paa lag midveges millom Baarnaas med fleire gardar i Soknedalen og so ei stølsgrend nord med S. Vælsvatn. Tjørnene i Vegglid ligg uppaa Halvfar-

aasen. Yver aasen gjeng ein stølsveg fraa bygdi og til Votndalen. Aasen ligg midveges. Tjørni i Sigdal ligg paa lag halvfare til Hovlandsmosætri, ifraa bygdi. Jfr. Halvfarb[k] orig. 1930 i Nore austfj., midveges millom Vadsetvatnet og Økta, og Halvfarb[k] orig. 1930 i Tinn, paa lag midveges millom Austbygdi og so stølsregionen i Skirvedalen.

Hamarstj. GK 1920. Nes hd. E 33, 4.

Hamartjørni.

1. Gol hd. E 32, 10. Utt. *hā̀markędn.* — Hamartj. GK 1923. Der er nokre berghamrar attmed tjørni.

2. Gol hd. E 32, 11. Utt. *hā̀markędne, hā̀marş-.* — Hamartj. GK 1923. Det er eit berg attmed vegen ved denne tjørni.

3. Hems. hd. E 32, 3. Utt. *hā̀markędne.* — Hamartj. GK 1923. Der skal vera bergknattar attmed.

4. Hol hd. D 33 aust, 3. Utt. *hā̀markodne.* — Hamartj. GK 1931. Jfr. Hammerkj.sr. AK 1856. Der skal vera nokre smaahamrar attmed Hamarstølen.

Hanaviktjern Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *hā̀navíkkęnn.* — Uppaa aasen (sud)vest for Kimmerud. Det hev vel vore ein haneleik (orrhaneleik) uppmed tjørni, meinte ein heimelsmann.

Handklædvatni Krdh. F 34, 10. Utt. *hà̀ngkləvatna, hà̀ngklæ-* (Krødsherad), *hà̀ngkləvænna* (Tyristrand). — Hankløv[tna] GK 1919. Det maa vera skapet paa vatni (eitt av deim) som hev gjeve upphav til namnet. Jfr. NI I, s. 86. Hanklefedt orig. 1846 er ein støl attmed øvste enden av Halldalsvatnet i Aal.

Hangstjernet Flaa hd. F 33, 8. Utt. *há̀ngskędnə.* — Hangskj. AK 1856. Hangstj. GK 1918. Ligg nedanfor ein støl som heiter Hangen: *há̀ngən.* Stølen heng uppi ein bakke, forklaara ein gamall heimelsmann. Det svarar til kartet, at han ligg bratt til. Jfr. Hengsvatnet og dei namni som er upprekna der. Jfr. òg fjellnamnet Ha'ngur paa Voss. Hangur er eit bratt fjell.

Hansefossløken Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 10. Utt. *hà̀nsəfåsslø̀kən.* — Ei stille i Honselvi nedanfor Himsjøen.

Hanstj[ne] orig. 1909. Øv. Eiker hd. Fsk. s. F 35, 9. — Sudaust for Dalesætri.

Harabudvatnet Øv. Sdsv. hd. Hedst. s., og Sauherad Tel. 14 A, 7. Utt. *hā̀rabúvannə, hà̀(r)ra-.* — Arebuvatnet DN XVI 31 (falskt brev, dagsett 1375). Arebo vand JN, 407. Harebuvd AK 1854. RK 1890.

Haratjern Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *hà̀rakęnn, hā̀ra-.* — Uppaa Svartaasen nord for Glitre. Baade Harabud og Haratj. av dyrenamnet hare m.

Hardtjern.

1. Fles. hd. Lyng. s. F 35, 2. Utt. *hā̀tkęnn.* — Ei liti tjørn paa nokre vide myrar millom Vatnebrynnvatnet og garden Gjerde.

2. Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *hå'tkenn.* — Uppaa aasen aust for Svene kyrkje, heimanfor Lauvtjernhaugen.

Av adj. hard. Det er flaatt og verhardt — um vetteren — uppmed baae tjørnene.

Harrpipetjern Krhd. F 34, 3. Utt. *ha'rrpīpəkenn.* — Nord for Sundesætertj.

Harsenn Hol nordfj. Utt. *hæ'rsænd.* — Er lik Fagerkj. AK 1856 i fjellet nordaust for Urundvatnet. Den stivna endingi -senn kjem av gn. -særinn, bundi form til sær m. Fyrste lekken er uklaar, kanskje inneheld han ordet hals m. Ein eldre mann som hev gjætt der uppe, meinte at der var ein situasjon som heitte Halsen.

Haslidtjern Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *ha'sslikenn.* — Haslitj. GK 1919. Attmed stølen Haslid: *ha'sslí,* skr. Haslisr GK. Stølsnamnet inneheld vel trenamnet hasl m., anten direkte eller gjenom eit elvenamn *Hasla, som kunde vera eit gamalt namn paa Grønhovdelvi.

Hattetjørni Nore hd. vestfj. Utt. *ha'ttəkonn(é).* — Hattetj. orig. 1930—31. Vest for Eids(fjell)varden. Er det vatnet som ligg høgst paa denne kanten. Det ligg nær aa tru at „Hatten" eigenleg er eit høgdenamn. Men lensmann Hvaale fraa Nore skriv (i brev): „Tjørni hev likskap med ein hatt, og folk segjer namnet kjem av det".

Haugavatnet Hems. hd. E 32, 10 (4). Utt. *hao'gavatnə.* — Ein lut av Gammen. Heiter etter Haugastølen.

Haugesjø Fles. hd. Lyng. og F. ss. F 35, 2. Utt. *hau'gəsjø.* — Hausiø v. Langen 61. Haugsøen Pontoppidan 1785, s. 133. Haugev. AK 1854. Haugesjøen GK 1919. Attmed garden Haugan: *hau'gænn.*

Hauk(e)lidvatnet Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *hau'k(ə)lívatnə* (lengst nede i Sigdal: *-vann(ə)*). — Attmed stølen Haukeli GK 1919. „Haukelidi er eit naturlegt namn", sagde ein heimelsmann; „det er ei lid som haukane held til i".

Hauken Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. Utt. *hau'kən* (Hole). — Hauken RK 1872. Eit lite vatn. Av fuglenamnet. „Hauken" er nok her eit avstytt namn (for *Hauk(e)vatn ell. dil.). Jfr. vatsnamnet Hauken i Brandbu (NI I, s. 88).

Hauketjern Aad. hd. Nes s. F 33, 5. Utt. *hau'kəkenn.* — Uppaa aasen nord for Rysjubroten.

Haukvatni Mod. hd. Hgg. s. F 34, 11. Utt. *hau'kvanna.* — Tett innaat sætri Kaggevoll. Av fuglenamnet.

Haurevatni Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *hau'(ə)rəvannə* (eint.). — Haurevdne RK 1890. „Hau(e)re" maa vel vera eit bustadnamn Haugerud; det stend ikkje i matrikkelen, men kann ha funnest for det.

Hausttjørni Nore. hd. vestfj. — ? Haaskj. orig. 1846. Hausttj. orig. 1930. Paa nordsida av fjellet Byggingen. Lensmann Hvaale i Nore skriv i brev: „Dette namnet kjem venteleg av at det haustnar tidleg kring henne [tjørni], daa ho ligg høgt og verhardt til".

Havtjern Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *hā̀vḳẹnn.* — Havkjærn orig. 1826. Ei liti tjørn tett nordaust for Dørsjø. Er vel eit skjemtande namn. Jfr. NI I, s. 88.

Heggelidvatnet (Store, Vesle). Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. Utt. *hẹ̀ggəlí-vannə* (Aker). — St., L. Hæggelidv. AK 1854. St., L. Heggeliv. RK 1872. Hev namn etter ei sæter paa austsida av Vesle Heggelidvatn. Stølsnamnet kjem av trenamnet hegg m.

Heggenkjernet 1743. Hæggenkjernet Wiel XXX, 190. — Maa vera det same som Ellingsætertj., kallast no, paa grensa millom Aadalen og Norderhov. Derifraa kjem elvi Hegga — skr. soleis i 1743 og —, som renn framum Heggelidi, og ut i Sokna fraa nord attmed garden Heggen. Baade i 1743 og hjaa Wiel er det nemnt at Hegga (Hæggenelv Wiel) kjem ifraa Heggenkjernet; — gn. *Heggjutjarn.

Hegg(e)sjø.

1. Lier hd. Tranby s. og Røyken hd. 14 D, 9. Utt. *hẹ̀kksjə.* — ?Hæksio DN V 325, 1408. Heggsn RK 1900. Derifraa kjem elvi Skithegga.

2. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *dàmm-hẹ̀ggəsjō.* — Heggesn AK 1854. Heggesjøen GK 1919. Eit lite vatn med avlaup gjenom Heggesjø-bekken, som renn nedum Heggen kyrkje og ut i Tyrifjorden.

Vatsnamni her er nok samansette med elvenamnet *Heggja. Um det sjaa NG V, s. 220 f. (og s. 34). NE, s. 96. Festskr. til Midttun 1933 („Norske stadnamn" 3).

Heggjesethylen Hol hd. Utt. *hæ̀ggjisæthø̄rn.* — Paa fjellet sud for Ustesoset, i bekken fraa Langetjørni. Heggjeset maa vera eit stølsnamn, — av trenamnet hegg m. — **Heidtjørni**, sjaa Haitjørni.

Heidvatnet (Store, Vesle). Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *hæì̀vannə.*—Uppaa Rajeheidi, attmed garden Haugeplass.

Heieren (Hein) (Øvre, Nedre). Uvd. hd. og Hol hd. D 33 aust, 4. 5. Utt. *ø̀vrə, næ̀rə haı̋n, hæı̋n* (Skurdalen), *ø̀vrə, nè̀rə hæı̋n* (Dagalid); i Ustedalen uppgj. *haı́ərn̥,* dat. *haı́ərē.* „Hein" er ubøygjelegt. — Heieren orig. 1847. AK 1856. Øv., Ned. Hein GK 1931. Eit par fjellvatn, det største yver ei halv mil langt.

Den vanlege, og „ekte", namneformi paa austsida av fjellet er nok „Hein", som kjem av „Heieren". *haí'ərn̥,* med einstavings tonelag, synest vera ei litterær form. — Hj. Falk i NG V, s. 16 held fyre at dette namnet skal tolkast paa same maaten som gardsnamnet Heier(e)n. Dette gardsnamnet finst i Hole, Norderhov, og Borge. I Borge er det skrive Heiderne RB, 513. Det svarar til gn. *Heiðerni, eit neutrumsord avleidt av heiðr f. med endingi -erni. A. Kjær, Norske Vasdrag s. 274 skriv: „Dette sjønamn vilde i oldnorsk form lyde Heiðir, som kan være avledet av heiðr f., hei, fjellmark, eller maaske av adjektivet heiðr, klar". Ordet heiðerni vilde ikkje høva godt til vatsnamn. Um me skulde ha det ordet, laut „Heieren" i alle høve vera eit avstytt namn (for *Heiðernissjór ell. dil.). Det synest trulegare at den gn. formi hev vore *Heiðir, av heiðr f.: Heidsjøen, den audslege, avlægne. Jfr. adj. heidelegt, som dei brukar i Hallingdal: stuslegt, audslegt, nustre, einsamt. Vatnet ligg utpaa Hardingviddi, meir avsides enn grannevatnet Halnevatnet; for det rekk burt-aat Nordmannsslæpa, medan Heieren ligg noko til sides for henne.

Heierentjørni (Hein-) Uvd. hd. Utt. *hai'nkødne* (nordre Skurdalen), *hæi'n-kønnann* (flt.; Dagalid). — Heierenkj. AK 1856. Heintj. GK 1931. Den nedre, avskilde luten av Øvre Heieren.

Heierenungen (Hein-), sjaa under Ungen.

Heimetjern Lier hd. Frg. s. F 35, 6. Utt. *hæi'məkenn.* — Attmed Heimebakken, i aasen (nord)vest for Svære.

Heimsjø, sjaa Himsjø.

Heimsætertjern Krhd. F 34, 3. Utt. uppgj. *hæi'msætərkenn.* — Heimsætertj. GK 1919.

Heimtjern.

1. Nes hd. F 33, 1. Utt. *hæi'mkedn.* — Heimtj. GK 1918. Vest for Heimsr GK.
2. Nes hd. F 33, 1. — Heimtj. GK 1918. Attmed Ton-sætri.
3. Nes hd. E 33, 5. — Heimtj. GK 1920.
4. Ndh. hd. N. s. 19 B, 1. — Heimtj. RK 1872.
5. Nore hd. vestfj. — Heimtjønnan orig. 1930. Heimanfor stølane Hallandss^r^, Brugardss^r^, Geithaugen. Jfr. NI I, s. 90.

Hein, sjaa Heieren.

Helgesetkj. orig. 1846. Aal hd. Aal s. E 33, 3. — Aust for stølen Rødungen. Helgeset maa vera eit gamalt stølsnamn.

Helgesetvatnet (-tjørni).

1. Flaa hd. E 33, 12. Utt. *hæ'lgəsætvatnə* (Flaa; Nes), òg høyrt *hø'lgəsæt-* (Flaa); *hæ'lgəvatnə* (Eggjedal). — Helgesetvandet 1743. Helligesetvand v. Langen 61. Hælgev. AK 1856. Helgev^t^ GK 1920.
2. Hol hd. E 33, 1. Utt. uppgj. *hæ'lgəsætkødnè.* — Helgesetv^t^ GK 1920.

Attmed vatnet i Hol er ein støl som heiter Helgeset. Det hev full funnest ein støl med det namnet ein stad burtmed vatnet i Flaa òg. Stølsnamnet Helgeset er samansett med kvinnenamnet Helga eller mannsnamnet Helge (gn. *Helguvatn eller *Helgavatn). Er det eit yngre namn, kann det like vel ikkje koma av mannsnamnet, for daa maatte det ha heitt Helje- eller Høljevatnet. — Samansetning med adjektivet heilagr bør ein vel ikkje tenkja paa.

Helgetjørni Hems. hd. E 32, 4. Utt. *hø'ltjikednè.* — Helgetj. GK 1923. Av mannsnamnet Helge. Jfr. det fyrre namnet. Hadde me havt kvinnenamnet Helga, skulde uttala ha vore *hæ'lgə-* i dette maalføret.

Helgevatnet.

1. Sjaa Helgesetvatnet.
2. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *hæ'ltjəvannə.* — Helgev. AK 1854. Helgevd RK 1890.

Etter ljodhøvi i Sandsvær-maalet kunde truleg namnet der koma baade av mannsnamnet Helge og kvinnenamnet Helga. Men det plar jamnast vera tjørner og radt smaae vatn som er uppkalla etter folk. So kanskje me her hev ei samansetning med adjektivet heilagr.

Hellervatnet Nes hd. F 33, 1. Utt. *hæ̀llərvatn.* — Hellerv. AK 1856. Hellervt GK 1918. Av heller m., berghole, utyverlutande berg, gn. hellir.

Helles vandet, Hillius vandet DN VII 820, 1548 (avskr. 1735). — I Efteløt i Sandsvær. (Ein lut av Støle-vatnet?).

Helletjern, -tjørni.

1. Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *hæ̀lləkodnė.* — Helletj. GK 1920.
2. Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *hæ̀lləkodnė.* — Aust for Presttjørni.
3. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *hæ̀lləkenn.* — Uppaa aasen aust for Synsteby.
4. Roll. hd. R. s. F 35, 1. Utt. *hæ̀lləkonnænn* (flt.). — Helletjne GK 1919. Nær Hellesr GK.

Av helle f., gn. hella, steinhelle, — beinveges eller gjenom andre stadnamn.

Hellevatnet.

1. Hol hd. D 33 aust, 1. Utt. *hæ̀lləvatnə, hæ̀lləvasskodnė.* — Hellevaskj. AK 1856. Qv. 1920. Hellevn GK 1931. Uppaa ville fjellet nordvest for Haugastøl.
2. Nore hd. austfj. — Hellevn orig. 1930. Nordaust for Veavatn. Namni kjem vel helst av helle f. Ein heimelsmann meinte like vel at namnet i Hol kom av hellerar som er der uppe. I det tilfellet laut namnet vera heller gamalt og svara til gn. *Hellavatn (Hella- gen. flt. av hellir).

Helsingvatnet Hems. hd. E 32, 3. 4. Utt. *hæ̀lsingvatnə.* — Helsingv. AK 1856. Helsingvn GK 1923.

Det er vel rett som Hj. Falk meiner i NG V, s. 137, at Helsing- her er ei avleiding av hals m., og at vatnet hev fenge namnet av at det er halsar eller eid millom dette vatnet og smaavatn ikring. Gn. daa *Helsingr. Ordet hals heiter *hærṣ* i Hemsedals-maalet. Jfr. t. d. stølsnamnet Halsane (vest for Røggjin): *hǣ̀rṣadn*, dat. *hǣ̀rṣo.* Men det er annan vokal fraa gamalt framfor *ls* i Helsing-.

Helvete Roll. hd. R. s. F 34, 7. Utt. *hæ̀lvətə.* — Nokre fæle hyljar utmed osen ifraa nedste Traatjørni. Helvete er eit heller vanlegt namn paa djupe, tronge gil o. dil. Her er det eit djupt gjuv, so smalt at ein mann skal ha bykst yver ein gong. Det er vel med retten heile gjuvet som heiter Helvete. Jfr. NI I, s. 92 f.

Hemsedalstjørni Hems. hd. Utt. *hæ̀msədarṣkednė.* Hemsedalskj. AK 1856. — Ei fjelltjørn burtimot fylkesskilet. Ei graslendt flat attmed tjørni heiter Hemsedalsslettane. Det er anten holingar eller sogningar som hev laga desse namni. Namni syner kor langt dei hev rekna Hemsedals-eigone.

Hengsvatnet.

1. Aal hd. Aal s. E 32, 8. Utt. *hǽngsvatnə; stṓrə-, væ̀slə-hængsvatnə.* — Hængv. AK 1856. Hængsvn GK 1923.
2. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *hǽngsvannə, hǽngs-langəvannə.* — Hengstadvand v. Langen 61. Hengvand Pontoppidan 1785, s. 132. Hængsv. AK 1854. Hengsvd RK 1890. Eit vatn paa Meheidi, med avlaup sudetter til Koparbergsvatsdraget gjenom Hengselvi.

Paa nordsida av Hengsvatnet i Aal ligg stølen Hengsi: *hæ'ngse*, dat. *hæ'ngs'n*. Han ligg i sudhallet under høgdi Hengshovda. Baade vatnet og høgdi heiter etter stølen. Stølsnamnet ser ut til aa vera laga med eit *s*-suffiks, og det høyrer full til verbet hanga: det er „bratte vollar" paa denne stølen. Namnet skulde daa vera i skyld til slike gardsnamn som Hande i V. Slidre, gn. *Hangðir, og Hangran i Byneset, som baae er laga med andre suffiks til stomnen Hang-; likeins til gardsnamnet Hangeland i Kvinesdal, Handeland fl. st. (NG IV 2, s. 285 f. IX, s. 281. X, s. 34 f.), og til namnet Heng, som er brukt til gardsnamn i Ullensvang og til stølsnamn i Kinsarvik (NG XI, s. 445). Paa alle desse stadene er der noko som er bratt. Attmed Hengsvatnet i Sandsvær er der ikkje noko usamansett namn Hengs no, det eg veit. Dersom namnet der hev eit anna upphav enn i Aal, er det radt uvisst kva det kjem av. A. Kjær, Norske Vasdrag s. 274, gissar paa at Hengs- der kunde vera genitiv at eit stadnamn Hegn, eller at det kunde koma av gn. Heðins-, genitiv til mannsnamnet Heðinn. Ein kunde òg tolka det ut ifraa gn. *Heiðing-, *Heðing-, *Háing- m. m.

Henriksdam Kongsberg. F 35, 8 (?). Utt. *hæ'ndriksdammı*. — Millom Davidsdam og Jakobsdam.

Henstjernet Aad. hd. Yt. Aad. s. 19 B, 3. Utt. *hë'nsķennə*. — Henstj. RK 1872.

Heratjørnane Uvd. hd. U. s. Utt. *hǣ'raķonnann, hæ'ra-* (*hæ'rra-*). — Herrakjøn orig. 1846. Herrekj. AK 1846. Ei fjelltjørn sud for Heranuten. Synest koma av gn. heri m., hare.

Herbjørnviki Nore hd. E 33, 10. Utt. *hæ'rrbjonnvīķi* (Tunnhovd). — So heitte viki der Rødungselvi rann ut i Tunnhovdfjorden fyrr han vart uppdemd. Av mannsnamnet Herbjørn, som dei òg hev i gardsnamnet Herbjørnsrud i Tunnhovd-grendi. Er Herbjørnviki ellipse for *Herbjørnsrudviki?

Herbudtjørnane.

1. Hol hd. nordfj. Utt. *hæ'rrbuķodnadn*. — Tvo tjørner nord for Ausand.

2. Uvd. (Hol?) hd. D 33 aust, 5. Utt. *hæ'rrbuķonnann* (Dagalid); òg uppgj. *hë'rbuķonnann* (fraa Uvdal, i brev). — Herrbutjørnan GK 1931 (Hærbutjønnan orig.). Herbud- det same som Herrebud?

Herstj. orig. 1919—23. Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. — Aust for St. Heggelidvatn. Halstjern? Paa sudsida av tjørni er eit band (ein „hals") millom tvo høgder.

Hestaastjern.

1. Øv. Eiker hd. Bk. s. og Mod. hd. Nyk. s. F 35, 5. — Hestaastj. orig. 1909—11. Nordvest for Verptj.

2. Krhd. F 34, 10. Utt. *hæ'ståsķenn*. — Paa austsida av Teaas GK.

Baae desse tjørnene heiter etter høgder (Hestaasen).

Hestanhylen Hems. hd. E 32, 4. Utt. *hæ'stanhørņ*. — Ei liti tjørn millom Helsingvatnet og Storevatnet. Den vesle elvestubben millom Helsingvatnet og tjørni heiter Hestanaani. Av hest m. Ikkje so faae samansette namn paa fjellviddene aust for Hemsedal hev endingi -an i fyrste lekken. Sovorne namn er i bruk berre paa Halling-sida, trur eg.

Heste(botn)tjørni Aal hd. Aal s. E 32, 7. Utt. uppgj. *hæ'stəfjẹllḳodnė.* — Hestebotkj. AK 1856. I ein botn som heiter Hestebotn GK 1923. Dei hev brukt so mykje aa setja hestar upp der paa beite.

Hestedalstjerni Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *hæ'stədærṣḳẹnna.* — Uppaa fjellet (nord)aust for Efteløt kyrkje.

Hestedalsvatnet Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *hæ'stədærṣvannə.* — I Hestedalen nordaust for Kolsjø.

Hesteskotjern Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *hæ'stəskóḳẹnn* (Sylling). — Hesteskotj. RK 1900. Tjørni gjeng i boge som ein hestesko.

Hestetjern, -tjørni.

1. Aad. hd. Viker s. F 33, 11. Utt. *hæ'stəḳẹnn.* — Hestetj. GK 1918.
2. Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *hæ'stəḳodnė.* — Hestetj. GK 1920.
3. Gol hd. E 32, 12. Utt. *hæ'stəḳẹdnadn.* — Hestetj[an] GK 1923.
4. Hol hd. sudfj. E 33, 1 (2?). Utt. *hæ'stəḳodnė.* — Austanfor og heimanfor Skjertjørnstølen.
5. Hol hd. Utt. *hæ'stəḳodnė.* — Nord for Ustevatnet, uppmed Perstølen, som er ein av Rukestølane.
6. Krhd. F 34, 3. Utt. *hæ'stəḳẹnn.* — Nord for Snaudaasen.
7. Krhd. F 34, 9. Utt. *hæ'stəḳẹnn.* — Nær Haslerudsæter.

Namni kjem av at hestar hev halde til attmed tjørnene, eller stundom kanskje av at dei hev gjenge til der. Um Hestetj. 3 er det upplyst at ho ligg i ein dal som heiter Hestedalen. Der plar hestane stogga naar dei vert slepte paa beite. Um Hestetj. 5 vart det òg nemnt at dei hev sett hestane paa hamn ikring der. Dei stod ofte uppmed Hestetj.

Hesttj. E 33, 3. Aal hd. Aal og Trp. ss. — Skal vel vera Hestetj.

Hettevatnet (-fjorden) Uvd. hd., Hardingviddi. Utt. *hæ'ttəfjọ̈rṇ*; òg uppgj. *hæ'ttə.* — Hette DN XIII 754, 1542. Flor 1760. Hættev. AK 1856. Paa sudsida av Hettefjellet, skr. Hetteberget Flor 1760. Eit felæger under fjellet heiter Hette.

Det usamansette namnet Hette — gn. *Hetta — maa upphavleg vera høgdenamn. Folke-etymologien tolka namnet soleis, at det var ein mann som hadde gjenge seg burt, og i dette fjellet fann dei hetta hans. I røyndi er det vel toppen av fjellet som dei hev samanlikna med ei hette og kalla for Hette. Jfr. namn som Snøhetta. Det er òg soleis baade paa orig. 1847 og AK 1856 at det er fjelltoppen dei kallar Hætte (orig.), Hætta (AK). Heile fjellpartiet er kalla Hættafj. AK.

Hev[at]n[et] GK 1931. Hol hd. D 33 aust, 3. — Sjaa tillegg.

Himmerikstjern Lier hd. Frg. s. F 35, 6. Utt. *hi'mmərikskẹnn.* — Himmerikstj. GK 1919. Eit skjemtande namn. Det hev vore ein gard i Lier som hev heitt Himinríki (NG V, s. 333).

Himsjø Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 10. Utt. *hi'mmsjo* (-*sjø*). — Himsche v. Langen 61. Hiemsiø Strøms kart. Hjemsjø AK 1854. Himsjøen GK 1919.

Er det same som Heimsjø, dersom *i* er framkomen av *ei*. Dette vatnet ligg i Honselvvatsdraget nedanfor ei rekkje andre vatn og næmast bygdi av alle vatni i det vatsdraget.

Dersom monoftongen er gamall, høyrer vel namnet saman med him n., hinne av tunne skyer, tunt aalag av rim eller snø, tunt skum, og hime f., tunt aalag av dogg, feitt o. dil., dis, moe.

Hitestrupane Nes hd. E 33, 4. Utt. *hī̀təstrūpadn.* — Tri smaae tjørner (sud-)vest for Brusetstølen.

Ein hitestrupe er den tilsnørde opningi paa ei hit. Den eine av tjørnene skal likjast ei tilsnørd hit paa skap, vid i den eine enden og med ein strupe nedi osen. — Hita orig. 1926 er namn paa ei tjørn i Torpa, sudvest for Synnfjorden. Ho hev skap som ei hit som er tilsnørd i den eine enden. Bekken fraa tjørni ned i Synnfjorden heiter Hitbekken.

Hivjudalstjørni Hol hd. Utt. *hí̀vjudarșkødne.* — Evjekj. orig. 1846. I Hivju-vatsdraget. Elvi Hivja renn ut i hovudelvi i Hol fraa vest noko nedanfor Sudndalsfjorden.

Elvenamnet Hivja høyrer til verbet hivja, hiva. Sjaa NoB 1928, s. 147. Elvi hiver seg utfyre fjellet og ned i dalbotnen i ein svær foss. Vibe, Buskerud amt s. 124 skriv um denne fossen: „en høi og smuk fos, . . . i to lodrette fald, hvoraf det øverste er det høieste. I flommen er vandmassen mægtig, og sprøiten af den skal naa helt — flere hundred fod — over paa den anden side af den trange dal, hvori elven løber. Naar vandmassen ikke er meget stor, skal man kunne gaa mellem fossen og den fjeldvæg, som den styrter udover. Man ser den som et bredt sølvbaand næsten den hele vei mellem Hovsfjorden og Sundalsfjorden".

Hjartev[t] GK 1920. Nes hd. E 33, 4. — Ei liti fjelltjørn. Er vel eit samanlikningsnamn, endaa det er ikkje raad til aa sjaa paa kartet at tjørni likjest eit hjarta paa skap. Hjertevatn GK er uppskrive fraa Evenes, Hjerttj. GK fraa Mo paa Helgeland. Hjertet kallast ei tjørn i Vestre Gausdal uppmed Uppsjøen paa orig. 1926. Ho hev skap som eit hjarta.

Hjelletjern Sgd. hd. S. s. F 34, 9. Utt. *ję̀lləkęnn*, flt. *-kęnna.* — Gjelletj[na] GK 1919. Uppmed Hjellaasen: *ję̀llås'n.* — Hjell- her kjem vel av hjell m., terrasse i lendet, skor i berg.

Hjelmerudsætertj[ern] GK 1919. Ndh. hd. N. s. F 34, 6. — Nær Hjelmerudsætri.

„Hjorttjern", sjaa Jartkjær.

Hoggtjerni Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 10. Utt. *hø'ggkęnna.*—Hogtj[ne] GK 1919. Ligg nedunder ei høgd som heiter Myrehogget: *mȳ̀rəhøggə.*

Holbergtjørnane Uvd. hd., og (eller) Ulvik hd. Hord. Utt. *hṑłbærgkønnann.* — Jfr. Hulbjergb[ækken] AK 1856. Sudvest for Bjornesfjorden. I Holberget: *hṑłbærjə* er ei stor grotte som gjeng inn i fjellet.

Holemsvd orig. 1846, sjaa Rambergvatnet.

Holken, Holkane.

1. Fles. hd. Svene s. F 35, 8. Utt. *hø̀łkanə.* — Tvo smaae, djupe og djuptliggjande pyttar nord for Skintj.

2. Hol hd. D 33 aust, 3. Utt. *hø'łkən*, flt. *hø̀łkadn.* — Store, Vesle Hølken orig. D 33. Holken GK 1931. Tjørner paa sudsida av Budalsvatnet. Hølkadn orig. er ei vidd der, som ser ut til aa vera eit myrut hall.

Knutstøltjørni Nore hd. E 33, 11. Utt. *knū'tstølk̜onne.* — Jfr. Knutstøl GK 1920.

Knutsætertjern (N., S.). Aad. hd. Nes s. F 33, 5. Utt. *knū'tsætərk̜enn, knū'ssætər-, no'rdrə, so'r(r)ə.* — Knutsætertj. GK 1918.

Kodalsvatnet Sgd. hd. Egg. s. Utt. *kō'darṣvatnə.* — Attmed Kodalssætri. Kodalen er gnr. 169 Sigdal (NG V, s. 200).

Kokken Nore hd. austfj. Utt. *kå'kkən.* — Kokkekjøn orig. 1846. Ei tjørn nordvest for Slokovatnet. Det er ikkje godt aa finna noko anna ord som namnet kann høyra til enn kokk m., kokar. Namnet maa daa vera ellipse. Jfr. skrivemaaten i 1846.

Kokkerudhylen Roll. hd. R. s. F 35, 1. Utt. *kåkkərúhørn.* — I Lògen, litt ovanfor Fossan. Kokkerud maa vera eit bustadnamn, av kokk m., kokar.

Kolbergtjernet Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 10. Utt. *ko'łbærkenn*ə. — Kolbergtj. GK 1919. Vest for garden Kolberg, og under Kolbergaasen.

Kolbjørnsrudtjern Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 5. Utt. uppgj. *kå'llbjønsrú-kenn* (*-bjørns-*; NG V, s. 290: *kå'łbjønnsrú-*). — Kolbjørnrudtj. GK 1919. Kolbjørnsrud er gnr. 199 Øv. Eiker.

Kolbjørnstjern Krhd. F 34, 10. Utt. *ko'łbjønskenn.* — Kolbjørnstj. GK 1919.

Kolbrekkvatnet Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. uppgj. *kå'llbrækk-vannə* (NG V, s. 268: *kå'łbrækk-*). — Kolbrechvand Strøms kart. Kolbrækvd AK 1854. Kolbrekkv[t] GK 1919. Uppaa aasen yver garden Kolbrekk.

Kolleputten Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4 (5?). Utt. *ko'lləpútt'n.* — Attmed Soknekollen.

Kollsjøen (Øvre, Nedre). Ndh. hd. Ld. s. F 33, 11. Utt. *ø'vrə, nē'rə ko'llsjøn*; flt. *ko'llsjøa.* — Tolsiø(!), Koldsøevandene 1743. Koldsjøvandene Wiel XXX, 190. Kolsn, Kolkj. AK 1856. Øv., Ned. Kolsjø GK 1918.

Av koll m., avrunda høgd, bergtopp. Det er fleire høgder som heiter paa -kollen paa Soknedals-sida: t. d. Lamanskollen, Soknk[l], Lauvk[l] GK. Øvre Kollsjøen, som er hovudvatnet, ligg paa austsida av ei høgd som heiter Baagaatjernaasen. Ho hev vel havt eit namn paa -kollen.

Kolltjern.

1. Ndh. hd. Haug s. 19 B, 4. Utt. *ko'llkenn* (Hole). — Koltj. RK 1872.
2. Sgd. hd. S. s. F 34, 10. Utt. *ko'llkenn.* — Attmed Nattjernaasen.

Tjørni i Norderhov ligg paa nordsida av høgdi Ringkollen. I namnet i Sigdal hev „koll" helst ei onnor tyding enn i dei andre namni paa Koll- her. Det tyder visst mosetuve. Tjørni ligg og gror att. Der er kollar, mosetuvor uti; dei er mesta landfaste no.

Kolsjø Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *kø'(r)sjø, kø'sjə, ko'sjə, kå'sjø*; paa Meheidi òg høyrt *kǫ'(r)sjå, kå'sjå,* som er uttala vestanfraa. — Kalsøe Pontoppidan 1785, s. 132. Kolsjø AK 1854. RK 1890. Eit ca. 3 km. langt vatn. Av kol n., siktande til myrk lit. Det er noko myrut langs vatnet, der er myrjebotn sume stader. Sumstad er det djupt. Dermed vert det myrkt aa sjaa til.

Koltjørni, -tjern. — Kulkj. orig. 1847. Hol hd. aust for Vedalshovden, og Kultj. orig. 1909. Fles hd. Lyng. s. F 35, 3 paa ei myr nord for Bygg-ingen, skal vel med rette heita Koltjørni, Koltjern(et).

Kolvetjørnane Uvd. hd., Hardingviddi. Utt. *kø'łvəkønnann*, eint. *-konne.* — Køll [og Krage]vandene Flor 1760. Kolvekj. AK 1856. Vest imot fylkesskilet imot Hordaland, paa sudsida av fjellet Kolven eller Kolvenuten: *kø'łvən, kø'łvənūt'n,* skr. Kolven orig. 1848. Kolvefj. AK 1856.

A. Kjær, Norske Vasdrag III, s. 276 hev truleg rett naar han segjer: [Fjeldnavnet Kolven] „maa vel være folkesprogets kolv m., kolbe, liten stok (oldnorsk kolfr), der er blit brukt som fjeldnavn likesom stav og lignende ord". Etter kartet er fjellet ei avlang høgd. Det kann kanskje ha minnt noko um ein klokkekolv for deim som for Nordmannsslæpa eit stykke sunnanfor.

Kongens Dam.

1. Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *kå'ngənsdamm.* — Kongens Dam GK 1919.

2. Sandsvær-Jondalen og Kongsberg. F 35, 8. Utt. *kå'ngənsdamm*; i Jondalen vanleg: *kå'ngsdammən.* — Kongens Dam AK 1854. GK 1919.

Kongens Gruve Dam Kongsberg. 14 A, 8. Utt. *kå'ngəns-grú-damm.* — K. Gr. dam RK 1890. Uppgangen ifraa Kongens Gruve hev vore attmed der fyrr.

Kongshellervatnet Hol hd. Utt. *kó'ngshællarvatnə* (*-hællər-*). — Kongshellervd AK 1856. Burtimot Sogne-skilet, i eit dalføre som gjeng ned til Aurland. Paa sudsida av vatnet er Kongshellernuten.

I Hol fortel dei: „Ved Kongshellernuten laag Gyldenløve ei natt. Hesten fraus i hel for honom der. Fraa den tid tok dei til aa kalla det Kongshellernuten". Men Gyldenløve kom ned i Ustedalen, so det er ikkje trulegt at han lagde vegen so langt nord. I Aurland fortel dei at namnet retteleg skal vera Kodnhellernuten (og Kodnhellervatnet). Og det skal koma av at her uppe møtte hallingane fram og kjøpte eller bytte til seg korn av aurlendingane.

Det er interessant aa leggja merke til kor mange namn paa -heller dei hev uppaa fjellviddene i fjellet millom Hallingdal og bygdene vestanfor, og kor mykje anna — vatn, fjell m. m. — som er uppkalla etter hellerane. Eg hev notera etter amtskarti: Kongshellervand og Kongshellernut, Nyhellervand (i same dalføret); Laagheller (i eit sidedalføre); Vashellervand og Bakkahellertunga og Sundhellerskarvet langs ferdesvegen upp Steinbergdalen ifraa Sogn, Haabergheller, ein støl attmed ein fjellveg som òg kjem ifraa Aurland og kjem fram i Steinbergdalen, Murhellerlæger øvst i fjelldalen upp fraa garden Stomndal i Aurland, Draughellerøjni og Draughellersæter vest for Eldrevatnet ved fjellyvergangen millom Hemsedal og Borgund. Hellerane hev vore gode aa koma til naar det kneip for deim som ferdast yver fjellet, og hellerane hev gjeve kjenningsnamn til fjelli og vatni attmed.

Kongstjern (Store, Vesle). Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *kå'ngsķenn.* — St., L. Kongstj. RK 1890.

Kongsvatni Øv. Eiker hd. Fsk. s. F 35, 9. Utt. *kå'ngsvanna.* — Kongsv^tna GK 1919.

Desse namni paa Kongs- og Kongens- (so nær som Kongshellervatnet) finst alle i grannelaget til byen Kongsberg.

Kopplandtjern Mod. hd. Nyk. s. F 35, 4. Utt. *kå'pplannķenn.* — Koplandtj. orig. 1910. Kopland er gnr. 114 Modum.

Korpetjern Ned. Eiker hd. F 35, 11. Utt. *kó'rpəķenn.* — Korptj. GK 1919. Av fuglenamnet korp m. Tjørni ligg attanfor ein nokso høg aas. Tett attmed ligg Lommetj.

Korta Hol hd. D 33 aust, 5. Utt. *kó'rta*, dat. *kó'rtunn.* — Korta GK 1931 (Karta orig.). Ei liti tjørn ovanfor Breidevatnet. Inneheld vel ordet korte f., moltekart. Namnet er daa elliptisk.

Korteputten Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *kó'rtəpútt'n.* — Ein liten myrkulp aust for Sandvatnet.

Kortetjørni Nore hd. austfj. Utt. *kȯ̀rṭəḳọnn(ė).* — Kortetj. orig. 1930. Attmed stølen Vollinn tett vest for Vergjedalssætri. Av korte f. eller kort m. Um Korteputten nemnde ein heimelsmann serskilt at det jamt var so ovende mykje kortor (moltekortor) rundt um der.

Kraakaastjørni Roll. hd. Vggl. s. vestfj. Utt. *krå̀kåsḳọnnė.* — Kraakaasløken orig. 1930. Attmed Kraakaassr AK 1854.

Kraakefjorden Sgd. hd. S. s. F 34, 9. Utt. *krå̀kəfjọ̈ṛṇ.* — Kraakefiord Wangensteen 80. Kraakefj. AK 1854. GK 1919.

Th. Skatvedt skriv i bygdeboki Sigdal og Eggedal, s. 9: „Navnet har denne yttre del [av Soneren] sikkert faat paa grund av sin form. Ser man et detaljert rids av den, saa dens mange kroker og viker kommer tydelig frem, eller man ser den under sig fra en nærliggende aas, vil man ved hjælp av litt livlig fantasi finde forklaring paa navnet." Dette fær staa for sitt verd. Det er i alle høve lite trulegt at vats-namn paa Kraake- i regelen er jamføringsnamn, soleis at dei skulde sikta til at vatni liktest ein fugl paa skap. Me hev nokso mange av deim. Attaat deim som er nemnde her tett nedanfor hev eg notera etter karti: Kraak(e)vatnet fraa Balestrand, Dverberg, Hattfjelldal, Skaanevik, Uppdal S.-Trl.; Kraak(e)tj. fraa Aa, Sør-Aurdal, Gjestal, Holt, Høland, Vang Heidm.; Kraaksjø fraa Flaa S.-Trl. og Verdal. Stundom er visseleg namni elliptiske; jfr. Kraaketjørni her nedanfor ved sida av Kraakaastjørni um same vatnet. Stundom kann vel vatni heita etter elvar eller fossar. Naar vatsnamn paa Kraake- er direkte samansette med fuglenamnet, kjem det vel i regelen av at kraakor hev halde seg nær desse vatni.

Kraaketjørni.

1. Nore hd. E 33, 10. Utt. *krå̀kəḳənnė.* — Kraakekj. orig. 1845. Nordaust for Tunnhovd-grendi, paa sudsida av Budvatnet.

2. Nore hd. austfj. Utt. *krå̀kəḳọnnė, krå̀kåsḳọnnė.* — Kraakev. AK 1856. Kraaketj. finst fleire stader paa austfjellet i Nore etter orig. 1930.

3. Sgd. hd. Egg. s. — Kraaketj. orig. 1930. Uppi sæterregionen øvst i Eggjedal.

Kraakhamarvatnet Aal hd. Aal s. E 32, 8. Utt. *krå̀khamarvatnə.* — Krogehammervandet 1743. Krokhammer- ekstrakt 1743. Krokehammervandet Wiel XXXII, 130. Kraakehammerv. AK 1856. Kraakhamarv[n] GK 1923. Aust for stølen Kraakhamar: *krå̀khämar,* som ligg under nokre bergklattar.

Krabbetjern Sgd. hd. S. s. F 35, 4. Utt. *kræ̀bbəḳenn.* — Attmed Soloms-sætri. Av dyrenamnet krabbe m. Det skal vera „vakse mykje krabbe" i denne tjørni.

Krafsa Roll. hd. R. s. vestfj. Utt. *kràfsa.* — Eit lite vatn vest for Staavaafjell (uretteleg skrive Stovefj. paa GK; Staavaa- kjem av Stava-).

Krafsevatnet Nes (og Nore) hd. E 33, 10. Utt. *kràfsəvatnə.* — Krafsev. AK 1856. Krafsev[t] GK 1920. Paa nordsida av vatnet ligg stølen Krafselidi: *kràfsəliė.*

Namni kann, som NG V, s. 90 nemner, koma av verbet krafsa, „kradse, skrabe, grave". Ein kunde og tenkja paa krafse m., krafs n., trigreina kvist brukt til rokkehovud. Det sjeldsynte mannstilnamnet k r a f s og k r a f s i (Lind, Personbinamn sp. 217) er det vel mindre von aa tenkja paa.

Krakavatnet Uvd. hd., og Eidfjord hd. Hard. Utt. uppgj. *krā̀kavassḳọnnė* (Uvdal). — [Køll og] Kragevand[ene] Flor 1760. Krakev. AK 1856. Eit lite vatn tett vest for Bjornesfjorden.

Lyt vel koma av krake m., vantrivning, stakkar, eit vantrive eller krokut tre. Det gjeng ein slæpeveg yver det smale eidet millom Bjornesfjorden og dette vatnet. Namnet kann daa ha kome upp av ei samanlikning millom dei tvo vatni: „Stakkaren", „Veslevatnet", naar dei jamførde med den store Bjornesfjorden. — Dersom der hev funnest noko slag trevokster so høgt, kann namnet sikta til at det hev stade vantrivne tre der.

Kravikfjorden Nore hd. Utt. *krā̀vikfjōrn* (Vegglid). — Kravigfiorden Pontoppidan 1785, s. 131. Krakvikfj. AK 1854.

Heiter etter garden Kravik, gnr. 165 Nore. NG V, s. 464 tolkar det namnet av krake m., vantrive tre. Jfr. Kraguig 1593. Kragwig 1668. Krakvik AK. *k*'en kann vera dissimilatorisk burtfallen. Det bør òg nemnast ei onnor tolking som er mogeleg. Det er at namnet kann høyra til krav n., byrjing til is, ei tunn hinne av is-partiklar, og krava vb. (i Øvre Numedal *krā̀vå*), taka til aa frjosa paa. Paa den maaten uttydde ein kunnig heimelsmann namnet. Kravik er ei vik inn ifraa hovudfjorden. Ho skal vera grunn, so ho frys (kravar) tidleg um hausten. Dette er noko som dei alle dagar hev maatt leggja merke til. For medan fjorden legg seg, er han ufarande. Den eldste skrivemaaten er Krauig 1568. — Kallast òg Ytrefjorden; sjaa under Norefjorden.

Kraviktjørni Nore hd. vestfj. Utt. *krā̀vikkønne*, flt. *-kønnann*. — Uppaa Eidsfjellet vest for Kravik.

K r e s k i n d v a n d Pontoppidan 1785, s. 127. Krhd. — Derifraa kjem Kreskindelv, segjer P., som renn ut i Ringneselvi.

Kriklebudtjørni Aal hd. Aal s. E 33, 2. Utt. *krí'kləbukodne*. — Attmed stølen Kriklebud: *krí'kləbū*, aust for Tjørnstølen. Kriklebud av krikl, krokut figur, eller krikla vb., gjera krokute figurar, sy i bogne linor. Ordi er kjende ifraa Hallingdal.

Kringla.

1. Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *krì'ngła*. — Kringla GK 1918. Ei litt breid tjørn nord for Trona.

2. Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *krì'ngłı*. — Kringlen orig. 1826. Kringletj. GK 1918. Ei liti rundvori tjørn sudaust for Skagnes.

3. Ned. Eiker hd. F 35, 11 (12). Utt. *krì'ngła*. — Kringla Strøms kart. Kringletj. Dr. 1927. Ei tjørn millom Stordammen og Kulpen. Tjørni gjer ein halvrund bøyg paa seg.

4. Ndh. hd. N. s. 19 B, 11. — Kringlen AK 1854. RK 1872. Ei rundvori tjørn.

Kringlehylen Lier hd. Syl. s. F 35, 6. Utt. *krì'ngłəhørn*. — Kringlehol Dr. 1927. Ei lon i elvi ifraa Vesle-Nytjua. Loni er breidare, og rundvori, i den eine enden.

Kringletjern, -tjørni.

1. Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 5. — Kringletj. orig. 1909—11. Dr. 1927. Ein liten rundvoren pytt sudaust for Bergdamtj.

2. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *krì'ngłəkenn*. — Ei liti rundvori tjørn uppaa aasen yver gardane Brekke og Hamre (i Fsk. s.).

3. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 10. — Kringletj. orig. 1909. Uppaa aasen nord for Solbergsætri.

4. Fles. hd. F. s. F 35, 8. Utt. *kri'ngtəkenn.* — (Sud)aust for Beinsvatnet.

5. Hems. hd. E 32, 2. Utt. *kri'ngtəkedne.* — Kringlekjernet, Kringlekiøndet 1743. Kringlekjernet Wiel XXXII, 133. Kringletj. GK 1923. Mesta rund.

6. Krhd. F 34, 10. Utt. *kri'ngtəkenn.* — Attmed Damtj. paa aasen nord for Skinnessund.

7. Nes hd. E 33, 11. Utt. *kri'ngtəkedn.* — Kringletj. GK 1920. Ei rundvori fjelltjørn.

8. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *kri'ngtəkonn* (Meheidi; uttale vestanfraa; i Sandsvær: *-kenn*). — Ein rund kulp ved sida av Sandorvatnet.

Kringlev. AK 1856. Hems. hd. E 32, 1 (= Kvannebekktj. GK 1923).

Av kringle f., rund skive m. m. Namni kjem av skapet paa vatni i regelen. Kringletj. 4 ligg attmed Kringlehaugen, ein høg sandhaug utpaa nokre blaute myrar. Kanskje tjørnnamnet der er ellipse for *Kringlehaugtj.

Kristofferhylen Uvd. hd. D 33 aust, 5. Utt. *kri'stoffərhørn, kri'ståffər-.* — Kristofferhølen GK 1931. Den øvste, avskilde luten av Ned. Hei[ere]n.

Krittjørni Hol hd. E 33, 1. Utt. *kri'tkodne.* — Ei liti tjørn attmed Kolbjørnstølen paa fjellet sud for Hol stasjon. Tjørni ligg turr ofte um sumrane. Der er eit slag emne i botnen som likjest paa krit. Naar dei ved i tjørni, fær vatnet lit liksom kalk.

Krokhylen (Aadal), **Kroktjern(et)**, **-tjørni**, **Krokvatnet**. Vats-namn paa Krok- er sers vanlege i Buskerud. Eg hev notera Kroktjørni, -tjern(et) paa ca. 30 stader og Krokvatnet ein 10 stader. Tydingi ligg heilt endefram i skapet paa vatni, i regelen daa. — Eldste dømi paa namnet Krokvatnet som eg hev notera, er: Krokwatnet DN IX 343, 1478 (Vegglid); Krogtiønose DN XI 184, 1460 eller 1560 (avskr. 1694. Falskt brev. Eiker hd. Haug s. F 35, 9. 10).

Krosslon S[r] GK 1920. Uvd. hd. U. s. E 33, 7. — Øvst i Todalen, attmed ei tjørn med uregelrett skap, so ho kann likjast noko paa ein kross.

Krossløken Nes hd. E 33, 4. Utt. *krø'ssløkən.* — Ei stille i elvi ovanfor Mykjingsjøen. Der gjeng ei vik ut til sida.

Krosstjørni.

1. Hol hd. D 33 aust, 3. — Krosstj. GK 1931 (Krøsstj. orig.). Tjørni hev uregelrett skap.

2. Nore hd. austfj. Utt. *krø'sskonne* (Nore), *krø'sskenn* (Eggjedal). — Korskj. AK 1856. Hev kross-skap. Ei Krosstj. til paa austfjellet i Nore er avmerkt paa orig. 1930.

3. Nore hd. vestfj. Utt. *krø'sskonne.* — Krydskj. AK 1854. Krøsstj. orig. 1930. Hev kross-skap.

4. Uvd. hd. nordfj. — Krøsstj. orig. 1929. Nordaust for Vieren. Tjørni „skal efter sigende ha likhet med et kors“ (rapport fraa topografen til Noregs Geografiske Uppmæling 1929).

Krossvatnet Uvd. hd. Utt. *krø'ssvatnə, sø'rkrøssvatnə, nọ'ṭkrøssvatnə*, flt. *-vatno* (Uvdal). — Krosvd AK 1856.

Av kross m., liksom namni her ovanfor. „Krossen": *krø'ss'n* her vert der som stryken er millom Nord-Krossvatnet og Sør-Krossvatnet. Vatni ligg jamsides, og stryken millom deim er midt paa.

Kruketjern, -tjørni.

1. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *krū'kəķęnn*. — Vest for Lauvtj. Jfr. Krukek[1] GK 1919.

2. Uvd. hd. U. s. sudfj. Utt. *krū'kəķǫnne*. — Krukekjøn orig. 1846. Krukekj. AK 1856. Sud for Krukesr AK: *krū'kə*. Jfr. NI I, s. 118. Stølsnamnet Kruke svarar til gn. *K r ú k a.

Krusedokktjern(et) Nes (og Gol) hd. E 33, 6. Utt. uppgj. *krū'səķędn(ə)*, *krū'sədokk-ķędn(ə)* (Nes). — Krusedokktj. GK 1920. Krusedokki er gnr. 5, 20 Gol.

Krykkjetjerni Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *krẏ'ķķəķęnna*. — Krykjetj. GK 1919. Truleg helst av krykkje f., „stav med kroget greb" (N. Gbr.), kryplingstav. Tjørni bøygjer seg skarpt i den eine enden, so det kunde minna um eit stav-handtak, kanskje um tvertreet paa armstaven aat kryplingar.

K r y s s k o t j e r n(?) Flaa hd. E 33, 12. Utt. uppgj. *kri'ssbuķędn* (Flaa), *kri'sskóķędn* (Nes). — Krysskotj. GK 1923. Uttaleuppgaavone var so ustøde at eg torer ikkje segja noko um tydingi. Tvo fjellvegar møtest og kryssest attmed tjørni.

Krækkja (Storekrækkja, Veslekrækkja). Hol hd. D 33 aust, 4. Utt. *krœ'ķķa*, dat. *krœ'ķķunn*, flt. *krœ'ķķudn*; *stō'rə-, vẹ'hləkrœķķa*. — Store, L. Krækjav. AK 1856. Store-, Veslekrækkja GK 1931. Jfr. Krekken elv Geo. Uppm. 6. Kercken elf Lotter. Kerken elf Janssonius & Pitt.

Krækkjehalltjørni Hol hd. D 33 aust, 4. — Krækkjehalltj. GK 1931. Burtmed stølen Krækkjehalli og hamnegangen Krækkjehallene: *krœ'ķķihallidn*.

K r æ k j a k j. AK 1856. Hol hd. (= Hein-ungen GK 1931).

Krækkje-ungen Hol hd. Utt. *krœ'ķķiunjin*. — Krækkjeungen GK 1931. Den nedste, avskilde luten av Store-Krækkja.

Namnet Krækkja kann snaudt, soleis som A. Kjær tenkjer seg under tvil i N. Vasdr. III s. 276, ha noko med krik m. aa gjera. Uttala er med *œ*. Eg tenkjer meg at Krækkja kann vera ei avleiding av eit adjektiv *k r a k k r, bogen, krokut; adjektivet *k r a k k r vilde vera den heimlege formi til det nyare, innførde adjektivet k r a n k r, veik, sjukleg, som hev til grunntyding: bogen, krokut; jfr. eng. dial. c r a n k, bogen. At stomnen *k r a n k a- hev funnest i norsk fyre assimilasjonen n k > k k, syner substantivet nyn. krakk m. Det skulde daa ikkje vera noko i vegen for at dei kann ha havt eit adjektiv *k r a k k r, bogen i det gamle maalet. Namnet skulde i det tilfellet svara til gn. *K r e k k j a (av *K r a n k i ō n). Det skulde tyda „den bogne, krokute", „Krokvatnet". Baade Store-Krækkja og Vesle-Krækkja slær krokar paa seg. Og naar me ser deim under eitt, som me vel kann gjera av di dei ligg tett etter kvarandre, vert det svære bøygningar. Me torer tru at namnet kann vera gamalt. Det gjeng slæpevegar baade nordanfor og sunnanfor vatni, so her hev vore gamall ferdsle millom Hallingdal og Vestlandet. — Den rettaste skrivemaaten etter den etymologien som er fyreslegen her, vøre Krekkja.

Krøderen Flaa og Krhd. F 34 og 33. Utt. *krø'dẹrn̥* (Sørbygdi, Flaa), *krø'dən̥* (Aadalen; Skulerud, Festskr. til Falk s. 391), *krø'n̥* (Skulerud s. st. s. 396: „så seier krødsheringane sjølve"). „Krø'ren", dat. „Krø're" hev J. E. Nielsen, Søgnir fraa Hallingdal s. 37 (Holings-maal). — Krøren JN, 352. Krøren wand Geo. Uppm. 4. Krøderen, Mil-Kødern (misskriving), N.-Krødern Geo. Uppm. 6. Krøren wand Geo. Uppm. 21. Kreusen Geo. Uppm. 22 (soleis, truleg etter Krysherrit paa same kartet). Kodern Lotter. Krodern Janssonius & Pitt. Ramus s. 97 (1715). Krøren, Krøern 1743. Krøren fiord v. Langen 61. Krøren vand Geo. Uppm. 65. 67. Krøderen Wangensteen 79. 80. Krøren-fiord, Krøderenfiord Pontoppidan 1785, s. 125. Krødren Wiel XXXII, 137. Krøren orig. 1826. 1843.

Det gamalnorske namnet er *K r œ ð i r. Det se· ein av bygdenamnet K r œ ð i s h e r a ð. Den ekte bygdeuttala no er *krø'rn̥* (*krø'n̥*). „Krøderen" er ei restituera form, som hev fenge framandords tonelag. „Etymologien er ukjendt", skriv Hj. Falk i NG V, s. 204. Skal ein tenkja paa ei tolking, ligg det nær aa leita etter ein etymologi som let namnet sikta til skapet paa vatnet. For dei svære buktningane som Krøderen gjer, er noko dei naturleg legg merke til. Jfr. Mehlum i Hallingdal og Hallingen, s. 219: „Krøderen er saaledes skabt, at den fra ende til anden danner to latinske *S*'er, — et *S* fra Sundvold til Noresund, og et *S* fra Noresund til Gulsvik". Endaa um det er so at dei hev rekna Krøderen berre sud til Noresund fraa gamalt (Y. Nielsen, Reisehaandbog over Buskeruds Amt s. 54), so vert han dugeleg krokut og bogen. Det er òg so at namni nettupp paa fleire lange og smale vatn siktar til skapet: slike som R ǫ n d (Randsfjorden), Sperillen, Bygdin, og truleg Gjende. Dersom namnet her òg hev noko med skapet aa gjera, kunde ein tenkja paa den ordroti som me hev i ordet kryl m., av *k r ū w i l a -. Ei grunnform *K r ö w i ð i a ʀ for vatsnamnet munde vera mogeleg. Avljodshøvet millom „kryl" og so vatsnamnet vilde vera som millom gn. b ý r og b œ r m. Fleire vats-namn er laga med dental-suffiks. *K r ö w i ð i a ʀ, K r œ ð i r vilde tyda „den krylute", „den som krylar og krokar paa seg". — Magnus Olsen, NG V s. 473, steller K r œ ð i r til sanskrit g r a t h -, vinda, snu.

Krøren.

1. Gol hd. E 32, 11. — Krøren orig. 1841. GK 1923. Ein ørliten pytt som er avlagd nær vegen ifraa Gol til Oset, ovanfor Hamartj. paa GK, nedanfor same tjørni paa orig. 1841.

2. Nes hd. F 33, 1. Utt. *krø'rn̥, krø'rkẹdn.* — Krøren GK 1918. Ei trikanta tjørn.

Uppkallingsnamn. Tjørnene er ikkje like Store-Krøderen paa skap, daa slett ikkje den i Nes. Folk hev jamført desse smaae vats-holi for skjemt med det største vatnet dei kjende til. Jfr. at dei hev kalla Mjøsi upp paa liknande vis, baade Mjøsi paa Heidmark og Vangsmjøsi (NI I, s. 138).

K o b o t k j. orig. 1847. Aal hd. nordfj. — Nordaust for Budvatnet, jfr. Kobot^{n} AK 1856. Vil segja Kubotntjørni.

Kulpen Ned. Eiker hd. F 35, 12. Utt. *ku'łpən.* — Kulpen Strøms kart. GK 1919. Den øvste utvidingi i det vatnet som Solbergelvi kjem ifraa. Um kulp m. sjaa under „Grunnord".

Kulperen Ned. Eiker hd. F 35, 12. Utt. *ku'łpærn̥.* — Ein liten pytt paa vestsida av Langvatnet. Jfr. Kulperaas Dr. 1927. Ei avleiding av kulp m.,

truleg heller ny. Jfr. høgdenamnet Kleiveren i grannelaget, nord for Solberg bruk („Kløveren“ GK er falskt).

Kulpetjern Ndh. hd. N. s. 19 B, 1. — Kulpetj. RK 1872.

Kusteintj. orig. 1920—23. Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. — Paa vestsida av Heggelidvatnet, jfr. Kustenbj. RK 1872.

Til illustrasjon for namn som dette kann ein herma nokre ord fraa Palludan 1743, skildringi fraa Aadalen: „Oven for bemelte gaard Ringerud ligger en høy bergkolle, kaldet Ringerudskollen; derudi ligger en stor steen, som kaldes Ringeruds-koen, og er den at ansee naar mand reiser paa fiorden ligesom en stor koe. Strax derved ligger een mindre steen af anseelse som en kalv.“

Kutjern.

1. Ned. Eiker hd. F 35, 11. Utt. *kū'kenn.* — Tett attmed Vrangledammen, ikkje so langt ifraa Kalvetj.

2. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *kū'kenn.* — Kutj. GK 1919.

3. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 5 (6?). Utt. *kū'kenn.* — Kutj. Dr. 1927. Tett attmed Gampetj. paa Svartaasen nord for Glitre.

4. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *kū'kenn.* — Attmed Bjertnessætri.

5. Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. Utt. *kū'kenn.* — Kutj. RK 1872.

6. Yt. Sdsv. hd., og Hoff hd. Vestf. 14 A, 10. — Kuekj. orig. 1825. I fylkesskilet sud for Mjøvatnet.

Kvannebekktj., sjaa Kringlevatnet.

Kvannenuttjørni Hol hd. nordfj. Utt. *kva'nnənutkodne.* — Aust for Kleppestøl—Nystøl.

Kvasshovdtjørnane Hol hd. Utt. *kva'sshovdkodnadn.* — Nord for Sløddfjorden attmed høgdi Kvasshovd Qv. 1920.

Kveldtjernet Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *kvæ'llkennə.* — Kveldtj. GK 1918.

Kvelpetjern Sgd. hd. Egg. s., vest imot Nore. — Gvelpetj. orig. 1930. Av dyrenamnet kvelp m.

Kvelvsavatnet (Øvre, Nedre). Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *o'vrə, nē'rə gvæ'rsavatnə.* — Øv., Ned. Kvelvsav[t] GK 1919. Kvelv m. er „en huulning, en rundagtig fordybning imellem bakker eller bjerge“. Det øvre vatnet ligg i ein kvelv. Kjem -sa av gn. sær m., sjø?

Kvernanloni Fles. hd. Lyng. s. F 35, 3. Utt. *kvæ'nnænnlōna.* — Ei utviding i Lyngdalselvi attmed garden Kvernan: *kvæ'nnænn.*

Kverndalstjørni Nore hd. austsida. Utt. *kvę'nndarskonne.* NG hev òg *kv*, ein skulde ha venta *gv.* — Kverndalen er gnr. 164 Nore.

Kvernhushylen Aad. hd. Nes s. F 33, 5. Utt. *kvę'nnhūshørn.* — I Skjellbreida, nedanfor Rundhylen og Skreppehylen.

Kvernhusvatnet Sgd. hd. S. s. F 34, 7. Utt. *kvę'nn(h)úsvatnə* (*kvæ'nn-*). — Kvernhusv[t] GK 1919. Jfr. bustaden Kvennhuset GK paa nordsida av vatnet attmed ein bekk.

Kvetavatnet Uvd. hd. U. s. Utt. *gvḗ`tavatnə.* — Gvetavand orig. 1846. Hev avlaup gjenom Kveta-aai: *gvḗ`taåe,* som renn ned med garden Kveta: *gvḗ`ta.*

NE, s. 112 og 322 utleider gardsnamnet av namnet paa Kveta-aai, som skulde ha heitt *Hvetja, ei avleiding til hvatr adj., snøgg. Hj. Falk i NG V, s. 445, skriv um gardsnamnet: „Da her er hvas jord og vindigt, kunde gaardnavnet ligesaagodt forklares i overensstemmelse med Hvataaker i Sandeherred gn. 27, der vel har væsentlig samme betydning som Kvassaaker i Valle gn. 36 og indeholder hvatr i den oprindelige betydning „hvas““. — Det synest vanskelegt aa tolka namnet Kveta av eit elvenamn *Hvetja, eller i det heile av hvatr, for den tronge *e*'en skuld. Det kunde tenkjast at namnet høyrde til adj. hvítr, men med same avljodsstig som i hvitill, nyn. kvitel. Kveta kunde vera ei fleirtalsform, svarande til gn. *Hvitar, eller det kunde vera dativ av gn. *Hviti. I baae tilfelle vilde det høva at namnet no er ubøygt i samansetning. Aai renn kvit ned i dalen *Hviti kunde vera det upphavlege namnet paa aai, eller *Hvitar namn paa fossane nedetter fjellet.

Kvi(g)etjern Krhd. F 34, 10. Utt. *kvī`əķenn, kvī`gə-.* — Kvientj. GK 1919. Dersom den uttala er rett som eg hev fenge, kjem namnet av husdyrnemnet kvige f.

Kvi(g)etjernputten Krhd. F 34, 10. Utt. *kvī`gəķennputt'n.* — Attmed Kvigetj.

Kvilartjern Flaa hd. F 33, 8. Utt. *kvī`larķedn.* — Kvilartj. GK 1918. Attmed denne tjørni er ein gild kvilarstad for feet, jamt og fint.

Kvilingdokktjørni Hol hd. E 33, 2. — Kvitingdokktj. GK 1920.

Tjørni ligg attmed ein gamall drifteveg. I Kvilingdokki attmed tjørni kvilde dei naar dei kom med driftene. „Aurlendingar og vossingar og alle vestmenn som handla med fe, kom gjenom Buddalen, og so upp lidi paa hi sida upp til Hestestødene (*-stöidn*) aust for Skjertjørni, og so aust frammed Sangenuten, og søretter radt til Eggjedal“, — det var driftevegen, fortalde ein heimelsmann i Ustedalen.

Kviltjørni Nore hd. vestfj. — Hvilkj. orig. 1846. Nordvest for Breidsettj. Folk som skulde til støls, brukte aa kvila attmed tjørni.

Qvinkj. orig. 1846. Kvinntj. orig. 1930. Nore hd. vestfj., paa austsida av fjellet Byggingen.

Kvislapytten orig. 1930—31. Nore hd. austfj. — Utviding i elvi Vergja nokre km. ovanfor Kvisle, gnr. 1 Rollag. Vergja renn ut i Lògen ved Kvisle.

Kvislehylen Roll. hd. Vggl. s. Utt. *kvī`sləhørŋ.* — Ei utviding i Lògen attmed Kvisle. Merk at bøygjingsform av gardsnamnet hev halde seg i namnet Kvislapytten, den staden ligg meir avsides.

Kvitevatn Nes hd. F 33, 1. Utt. *kvī`təvatn.* — Kvitev[t] GK 1918.

Kvitingtjerni Hems. hd. E 32, 2. Utt. *kvī`tingķedne.* — Kvitingtj. GK 1923. Paa sudsida av nokre bergklantar som kallast Kvitingane: *kvī`tingadn.* Dei er kvite i seg.

Kvitjern Flaa hd. F 33, 8. Utt. *kvī`ķedn.* — Kviekj. AK 1856. Kvitj. GK 1918. I marki aat Kvi, gnr. 12 Flaa.

Kvonneviertjørni Uvd. hd. Utt. *gvå'nnəvi'ərkonne.* — I Ølmøs-vatsdraget, attmed stølen Kvonnevieren: *gvå'nnəviərn,* skr. Kvannesr AK 1856. Kvonnevieren av kvonne f., kvann, gn. hvǫnn, angelica archangelica, og vier m., trenamnet. Ikring stølen veks baade kvonnor og vier i mengd.

Kyrkjedørsvatnet Hol hd. Utt. *ky'rkidørsvatnə.* — Kirkedørv. AK 1856.

Aust for eit skard paa grensa millom Hordaland og Buskerud som heiter Kyrkjedøri: *ky'rkidøre,* skr. Kirkedøren AK 1856. Der er ein yvergang yver Hallingskarvet gjenom det skardet, ifraa Finse til Ynglesdalen. Segni segjer at „gjenom Kyrkjedøri har bispane fare" (Olav Larsgard i „Dølaminne" II, s. 28. Jfr. òg P. A. Munch, Historisk-geogr. beskr. af Norge i middelalderen s. 122. Den Norske Turistforenings Aarbok 1914, s. 120 f.). Men bispane kom fulla fraa Eidfjord yver Hardingviddi og ned i Ustedalen. Sjaa Just Thoner i Den Norske Turistforenings Aarbok 1927, s. 20 ff. Namnet Kyrkjedøri kjem venteleg, som bonden Svein Nestegard i Hol meiner, av at „dette djupe skardet i Skarvet liknar ein kyrkjeport, ei kyrkjedør. Berget stend bratt som ein vegg paa baae sidor".

Kyrkje-evja Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *kø'rkivjú.* — Den evja (løken) som gjeng upp ifraa Lògen tett attmed Svene kyrkje. Det er denne evja som hev heitt Svinefja i gamall tid, og som kyrkjestaden — no Svene — hev namn etter (svina, minka inn). Evja er grunn, og minkar svært burt naar elvi vert liti. Jfr. NG V, s. 418.

Kyrkjetjørnane Hems. hd. E 32, 8. Utt. *ky'rkikednadn.* — Kyrkjetj. GK 1923.

Uppmed desse tjørnene er nokre fine vollar, Kyrkjeslettane: *ky'rkislettadn.* „Et sagn, som kjendes baade i Aalsgjeld og Hemsedal, er, at der har staat en kirke ved Værsjøen paa fjeldet mellem Aalsgjeld og Hemsedal. — — — Der er for længe siden fundet malte fjæle der, og de skulde være rester av kirken der, har man trodd" (Hans Flaten, „Hemsedal 1814 — 1914" s. 147). — Var det noko sant i segni, laut det vera tale um ei liknande kyrkje som Tomaskyrkja paa Filefjell. Men det kann vel vera likso trulegt at „Kyrkjeslettane" hev fenge namn av at dei er likso fine som ein kyrkjevoll, og so er segni laga paa namnet. Eller kanskje dei hev fenge namn paa same maaten som Kyrkjeskardet paa yvergangen fraa Grøndalen i Hemsedal til Vang i Valdres? Det hev namn av at vegen til Tomaskyrkja paa Filefjell gjekk der for hallingane (Den Norske Turistforenings Aarbok 1914, s. 121. 1927, s. 38). Det gjeng ein fjellveg fraa Leveld i Aal til Hemsedal frammed Kyrkjetjørnane og Kyrkjeslettane.

Kyrkjevatnet.

1. Fles. hd. F. s. F 35, 1. Utt. *kø'rkəvatnə.* — Kirkev. AK 1854. Kjørkjev[t] GK 1919.

2. Fles. hd. Svene s. F 35, 8 (7). Utt. *kæ'rkəvannə* (Sandsvær), *kø'rkəvatnə* (Flesberg). — Nord for Holmevatnet.

Nr. 1 „skal ein gong ha høyrt til Flesberg kyrkje". Attmed nr. 2 er ein stor stein som er deildestein millom Numedal og Gransherad i Telemark; han kallast Kyrkjesteinen. Vatsnamnet her er ellipse for *Kyrkjesteinsvatnet.

Køytetjernet, -tjørni.

1. Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *kåy'təkødne; stó'rəkåyta, vę'hləkåyta.* — Køytetj. GK 1920.

2. Gol hd. E 32, 11. — Kjøitekj. AK 1856. Ser ut til aa vera (ei av) dei tjørnene som er kalla Revsaltj. GK 1923.

Namnet i Aal kjem vel helst av køyte f., ein liten sump, pytt. Men kanskje ordet her hev ser-tydingi „feit, graslendt stad". Ikring Køytetjørnane i Aal er nokre graslendte hamningar som kallast Køytune: *ḳåy'tudn*. I Gol brukar dei ordet køyte f., ei simpel hytte, koie. So det kann vera rimelegt aa tenkja paa det ordet der.

Laagaarhylen Roll. hd. R. s. F 34, 7. Utt. *lå'gårhøṛṇ*. — Ei utviding i Logen millom gardane Gylvik og Laugi. Laagaar- kjem av gn. *L a g a r-, genitiv til L ǫ g r. Same genitiven hev me i Laagaargarden, gardsnamn øvst i Vegglid. Jfr. òg Laagaaros (under Bjornesfjorden).

Laagtjern Øv. Eiker hd. Fsk. s. F 35, 11. Utt. *lå'gḳęnn*. — Ligg djupt nedi ein dal nær Østerudtj.

Laakaasetvatnet Roll. hd. R. s. F 34, 7. Utt. *lå'kåsætvatnə*. — Laakev. AK 1854. Laakaasetv[t] GK 1919.

Attmed stølen Laakaaset. Laakaa- svarar visseleg som A. Kjær, N. Vasdr. III s. 277 gjet paa, til gn. *L a k a-, genitiv av ordet l a k i m., laken, den tridje magen hjaa jortardyr. Vatnet kann ha heitt *L a k i (n n), og stølen hev fenge namn etter vatnet. Dette vatnet er nummer tri i ei rekkje med vatn i Tonder-vatsdraget: fyrst Torbjørnstjørni, so Myklevatnet, og so *L a k i — Laakaasetvatnet.

Laarbudtjern Sgd. hd. S. s. F 34, 9. Utt. *lå'rbūḳęnn*. — Attmed ein utlagd støl som heitte Laarbud, aust for Trosengsr GK.

Laarvika Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *lå'rvīka*. — Laarvika GK 1919. Ei t j ø r n.

Fraa fyrst av maa dette namnet ha høyrt til ei vik av vatnet. Laar- i dette og det fyrre namnet kann vanskeleg koma av *L a g a r-, genitiv til l ǫ g r m. Det plar vera noko større vatn, eller hovudelvar, som kallast for L ǫ g r. Laar- her er daa helst ordet laar n., likamsluten, korleis det no skal tydast realt.

Laarviktjernet Hole hd. 19 B, 9. Utt. *lå'rvīkḳęnnə*. — Laarviktj. RK 1872. Uppaa aasen yver garden Laarvik, gnr. 51 Hole. NG V, s. 13 minner ved gardsnamnet Laarvik um at Laar- i namn „pleier at være opstaaet af L a g a r-", til l ǫ g r m. Garden ligg nedmed Steinsfjorden, som er eit hovud-vatn paa sin kant.

Laavetjern Mod. hd. Snr. s. F 34, 10 (11 ?). Utt. *lå'vəḳęnn* (Tyristrand). — I Lid-marki.

L a g e r o s f j o r d e n, sjaa Bjornesfjorden.

Lagstjerni Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *la'ksḳęnna*. — Laksetj. orig. 1909—10. Tvo smaatjørner vest for Rølsvatnet.

A. Kjær, N. Vasdr. s. 277 uttyder Lakstj. i Skorjeelvi i Andebu av gn. *L a g s t j ǫ r n, til l a g n., fiskestad. Der skal vera stor aure i tjørnene i Flesberg. Men dei er so smaae at fiskarane ikkje kann nytta not der, og snaudt brukar garn. So det er uvisst um me hev „lag" i tydingi fiskestad her Kunde namnet koma av at tjørnene ligg i l a g? — Mogelegt er det òg, at me hev fiskenamnet laks m. Jfr. skrivemaaten paa orig. Dei kann tala i skjemt um „ein svær laks" naar dei fær ein stor aure.

L a k s a Gol hd. E 32, 12. — Ei liti tjørn.

L a k s e t j. orig. 1886. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. — Paa vestsida av Myklevatnet, millom Myklevatnet og Krokvatnet.

Laksevatn (-tjern) Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. Utt. *la̖ksəkęnn* (Efteløt). — Laksvd RK 1890. Ei tjørn. I dei tvo siste namni trur eg me hev fiskenemnet laks m., brukt for skjemt. — Eit anna „innlandsnamn" med ordet „laks" er Laxaaen DN X 210, 1483 (avskr. 1711) i Krødsherad.

Lampelandevja Fles. hd. Svene s. F 35, 3 (9). Utt. *la̖mpəlannívjú.* — Der som Lyngdalselvi renn ut i Lògen, lagar ho fyrst ein lang still løk. Det er L.-evja.

Lampetjern Ned. Eiker hd. F 35, 11. Utt. *la̖mpəkęnn.* — Lampekien Strøms kart. Lampetj. GK 1919. Visseleg av lamp m., labb, pote.

L a n d e t j. orig. 1909. Fles. hd. F. s. F 35, 2. — Attmed garden Lande.

Landfalltjern Lier hd. Frg. s. F 35, 12. Utt. *la̖nnfallkęnn.* — Landfalltj. GK 1919. Uppi aasen nord for garden Landfall.

Langdalstjern Tyr. hd. F 34, 11. Utt. *la̖ngdærşkęnn.* — Langdalstj. GK 1919. Attmed Langdalsgruva.

Langebotntjørni Hems. hd. E 32, 1. Utt. *la̖ngəbåttkødnė* (Leveld). — Langebotntj. GK 1923. — Langebottenkj. finst AK 1856 lenger nordvest òg.

Langebutjørnane Uvd. hd. Utt. *lå̖ngəbukønnann.* — Hev avlaup gjenom elvi Langebua: *lå̖ngəbūa,* som renn ned i Bjornesfjorden ifraa sud.

Langelidtjern(et).

1. Flaa hd. F 33, 7. Utt. *la̖ngəlíkędn* (Nes). — Langelitj. GK 1918. Uppaa nokre store flæor.

2. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *la̖ngəlikęnnə.* — Langlitj. GK 1919.

Langemyrtjern Mod. hd. Nyk. s. (Hgg. s.?). F 35, 4. Utt. *la̖ngəmẏr-kęnn.* — Nord for Tingelstadtj.

Langerova Nore hd. E 33, 10 (9?). Utt. *la̖ng(ə)röva,* dat. *-rövunn* (Tunnhovd). — Ei lang, smal tjørn nær Hyttestølen vest for Tunnsevatnet.

Langesennvatnet Hol hd. E 33, 1. 2. Utt. *la̖ngəsænnvatnə* ell. *-fjöru;* òg *-sænd-.* — Langesendv. AK 1856. Langsenv[t] GK 1920. Eit lite, langt og smalt fjellvatn. Stølen attmed heiter Langesenn: *la̖ngəsænd.* Gn. *L a n g i - s æ r i n n. Straks nordanfor er Stokksennvatnet, gn. *S t o k k (a) s æ r i n n.

Lang(e)sjø(en), -sjoren.

1. Langsiø Strøm, s. 29 (visst = Dorgsjø).

2. Mod. hd. Snr. og Hgg. ss. F 34, 11. Utt. *la̖ngsjö.* — Langsn AK 1854. Langsjø GK 1919. Eit sers langt og smalt lite vatn.

3. Uvd. hd. Utt. *lå̖ngəsjö(r)n* (Dagalid), *la̖ngəsjö(n)* (Skurdalen). — Lange-siøen Flor 1760. Langesn AK 1856. Eit stort, langt vatn uppaa Hardingviddi.

Langesjotjørni Uvd. hd. Utt. *la'ngəsjóķonnė, -sjə-* (Uvdal). — Langesjøkj. AK 1856.

Lang(e)tjern, -tjørni, Lang(e)vatn(et) er sers vanlege namn i Buskerud som elles. Eg hev notera ikring 50 Lang(e)tjørner (-tjern) og millom 35 og 40 Lang(e)vatn. Millomvokal (Lange-) er i bruk i Hallingdal og Sigdal og Numedal, kanskje noko ustødt ytst i desse dalane. I Aadalen heiter det Lange- og Lang-; likeins i Hurum. I dei andre bygdene heiter det Lang-, for det meste i alle fall.

Langhalletj. GK 1931. Hol hd. D 33 aust, 2. — Eit stykke nordvest for Halletj.

Lang-Heggesjø Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *la'ng-hæggəsjø̄.* — Lang-Heggesjøen GK 1919. Sud for (Dam-)Heggesjø. Smalare enn han og lengre.

Langlidvatnet Ndh. hd. N. s. 19 B, 11. — Langsn AK 1854. Langliv. RK 1872.

Laua Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *lau'a.* — Lauervd RK 1890. Ei tjørn attmed garden Haugsplass.

Lauartjern Mod. hd. Nyk. s. F 35, 4. Utt. *lau'arķenn, lau'war-, lau'var-, lau'ær-.* — Heng i hop med Mjovatnet, paa sudsida.

Lauarvatni (St., L.). Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *lau'arvanna.* — yttre Laughæ vant DN V 233, 1381. Paaskrift paa same brevet med hender fraa mesta same tid: yttræ Laughu vatn. nedre Laugavatn. Med mykje yngre hand: Løffue vandt. — Løøgo wan DN XI 139, 1433. Lowarvandet 1743. Løvervd AK 1854. St., L. Lauervd RK 1890.

Attmed desse vatni ligg garden Lauar, gnr. 100 Sandsvær. Gardsnamnet svarar til gn. *Laugar, og det er atter det gamle usamansette namnet paa vatni. Sjaa NG V, s. 390 f. og A Kjær, Norske Vasdr. III s. 277. *Laugar er fleirtal av laug f., vatn til vasking. — Namnet Laua er same ordet i eintal, gn. *Laug(in). — Lauartjern høyrer til same namneflokken. Lauar- i det namnet er anten genitiv eintal, gn. *Laugar-, eller so er det ei nyare laging til verbet lauga, utt. paa Modum (Nykyrkje sokn) *lau'ə, lau'we, lau'və.*

Laupenden (N., S.). Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 5. Utt. *lau'pæin,* flt. *lau'pæina.* — Løpene Strøms kart. N., S. Laupenden GK 1919. Tvo tjørner.

Laupenden er stølsnamn i Øystre Toten (NI I, s. 122). Uttala er den same der, og namni kann ikkje vel vera præsens participium til hlaupa. „Laupenden" maa heller tyda „enden paa eitt eller anna laup". Men eg kann ikkje segja nøgnare kva real tyding som ligg under. Yver Laupend'ane i Eiker gjeng visst vettervegar.

Lauvaastjern, -tjørni.

1. Mod. hd. Snr. s. F 34, 10. Utt. *lau'våsķenn* (Tyristrand).

2. Nes hd. F 33, 1. Utt. *lau'våsķedn.*

3. Nore hd. austfj. Utt. *lau'våsķonnė* (Nore), *lau'åsvatn* (Sigdal). — Heimanfor Storvatnet.

4. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. uppgj. *lau'våsķonnænn* (Meheidi; uttale vestanfraa). — Jfr. Løvaasen RK 1890. Heiter etter høgder med lauvskog.

Lauvdalstjørni, Lauvdalsvatnet, sjaa Lauvdalskj., Lavdalsvandet.

Lauvhaugtjernet, -tjørni.

1. Fles. hd. F. s. F 35, 1. Utt. *lau̇vhaugk̜enn(ə)*. — Lauvaastj. GK 1919.

2. Nore hd. E 33, 11. Utt. *lau̇vhaugk̜onnė*. — Lauvhaugtj. GK 1920. Det er visst denne tjørni som er kalla for Grønlonkj. orig. 1845.

Lauvlidtjern Øv. Eiker hd. Fsk. s. F 35, 9. Utt. *lau̇vlik̜enn*. — Attmed garden Lauvlidi.

Lauvnesvatnet Fles. hd. Lyng. s. og Sgd. hd. F 35, 3. Utt. *lau̇vnęsvatnə* (Flesberg), *lau̇vnesvannə, lø̇vnes-, lȯmnes-* (Solumsmoen). — Lefnæs v. v. Langen 61. Løvnæsv. AK 1854. Lauvnesv[t] GK 1919.

Heiter etter garden Lauvnes, gnr. 48 Sigdal, skr. Laufnes DN VIII 257, ca. 1370. Garden ligg utpaa eit nes i vatnet. — Vatnet hev òg vore kalla etter garden Eikje, gnr. 40 Sigdal: „Eger vand" skriv JN, 356, og orig. 1847 hev: „Løvnæs ell. Eikjesvd". Eikjesætri ligg upp imot dette vatnet. Elles hev ferdesmennene som for yver her imillom Sigdal og Numedal mykje sagt berre „Vatnet". Det syner gardsnamnet Vatnaas, og bygdenamnet Vatnaasbygdi. Lauvnesvatnet er det største av dei vatni som finst paa denne kanten millom Sigdal og Numedal.

Lauvrønningsfjorden Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. Utt. *lau̇rønningsfjǿrn̥*. — Løvrydningsfjord orig. 1887. Eit sidebasseng til Ramsvatnet, vest mot bruket Hoppestul. Lidi upp imot Hoppestul heiter *lau̇rønninganə* (d. e. Lauv-rudningane). Det er ein lut av innmarki aat Hoppestul. „Der hev vore lauvskog i si tid, men no hev barskogen truga seg fram".

Lauvsjøen Gol hd. E 32, 4. 10. Utt. *lau̇(v)sjø̄n, lau̇f-*. — Løvsiø 1743. Lovesøe ekstrakt 1743. Lovsjøekjernet Wiel XXXII, 133. Lauvsjø GK 1923. Gn. *L a u f s j ó r. Ifraa vatnet renn elvi Logga, gn. visseleg *L a u f g a. Sjaa NoB 1928, s. 155. Lauvskogen rekk ikkje upp til vatnet no, men han skal ha gjort det fyrr.

Lauvsjøtjørnane Gol hd. E 32, 4. 10. Utt. *lau̇fsjøk̜ędnadn*.

Lauvskard(s)tjern Flaa hd. F 33, 10. Utt. *lau̇vskarsk̜enn, lau̇vskaṫk̜enn* (Gølsvik), *lø̇skaṫk̜enn* (Brekkebygdi). — Lauvskartj. GK 1918. Heiter etter Lauvskardsætri, som ligg i eit skard. Etter GK er det barskogen som raader der no.

Lauvtjern.

1. Ned. Eiker hd. F 35, 11. — Løvkjern orig. 1826. Nord for Langtj.

2. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *lau̇k̜enn* (Ned. Eiker). — Lovkien Strøms kart. Lovkj. AK 1854. Lauvtj. GK 1919.

Lauvtjernhaugtjern Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *lau̇vk̜ennhaugk̜enn*. — Jfr. Lauvtjernh[g] (ein eigedom) GK 1919. Her er eit sers tydelegt døme paa den rundgangen det ofte er med namni.

L a v d a l s v a n d e t 1743. Loudalsvandet Wiel XXXII, 132. (= Gyrinosvatnet).

Lehovdtjørni Fles. hd. F. s. F 35, 2. Utt. *lė̇hovdk̜enn*. — Lehovdtj. GK 1919. Ved garden Lehovd.

Leiketjørni Roll. hd. Vggl. s. austfj. Utt. *læi'kəkonnė*. — Ikkje so langt ifraa Ton-sætri. Der er gamall tiur- og orreleik uppmed tjørni.

Lein(e)tjern, -tjørni.

1. Gol hd. E 32, 12. Utt. *læi'nəkedn* (eller *-sjøn*). — Leinetj. GK 1923.
2. Ndh. hd. Ld. s. F 33, 10. Utt. *fræ'mrə, nø'rdrə læi'nkenn*. — Leintj. GK 1918.
3. Nore hd. austfj. Utt. *læi'nəkonnė*, flt. *-konnann*. — I Vergje-vatsdraget.

Av lein f., eit lint hall (namnet i Gol kanskje av leine f. ds.). Tjørni i Gol ligg nedunder ei lein. Det er lange hall nedanfor Leintjerni i Norderhov. Namnet i Nore kjem av lein f. gjenom eit anna stadnamn, med di tjørni ligg attmed ein utlagd støl Leinin.

Leiraatjørni Uvd. hd. U. s. E 33, 8. Utt. *læi'råkonnė*. — Leiraav[t] GK 1920. Avlaup gjenom Leiraai.

Leirbergputten Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *læ'rbærpútt'n, læ'r-*. — Paa heimsida aat Øyvatnet. Skogen aat garden Leirberg gjeng uppaat.

Leirbergsætertjernet Ndh. hd. N. s. F 34, 12. Utt. *læ'rbærsætərkennə*. — Leirbergsætertj. GK 1919. Attmed Leirbergsr GK. Der er eit par tjørner. GC nr. 227 (1774) nemner tvo tjørner „som af Asch opsidere kaldes Asch Hiemsæter kiærnene“. Det er visst desse.

Leirtjern, -tjørni.

1. Hol hd. E 33, 7. Utt. *lai'rkødnė*. — Leirtj. GK 1920.
2. Nes hd. E 33, 6. — Leirtj. GK 1920.

Leitjern, -tjørni.

1. Ned. Eiker hd. F 35, 11. Utt. *læi'kenna* (flt.). — Leitj[ne] GK 1919.
2. Hol hd. E 33, 1. — Leitj. GK 1920.

Desse namni kann koma av adjektivet leid eller av leid f., gang, veg-leid. Det gjeng gongevegar frammed tjørnene paa baae stader.

Lelangen Lier hd. F 35, 6. Utt. *lė'langən, lė'llangən* (*lė'langskjenne* OR, Æ). — Lelangen AK 1854. GK 1919. Ei stor, avlang tjørn, med ein krok paa seg i den eine enden.

[Øvre og Nedre] Lelangen RK finst i Bamble òg. Dei ligg etter kvarandre i same vatsdraget. I ser Øvre Lelangen hev eit skap som minner noko um Lelangen i Lier: lang med ei vik tvert til sides i den eine enden. Siste lekken i desse namni kjem fulla av adjektivet lang. Men det er uvisst kva fyrste lekken Le- er. Vatni er ikkje ulike ein ljaa paa skap. Men ein torer vel ikkje tenkja paa ei samansetning med ordet ljaa, gn. lei, i samansetning til deils le-, like vel.

Lemortjørnane Nore hd. austfj. Utt. *lė'mórkonnann*. — Paa heimsida aat Økterane. Maa vel koma av ledmor (lidmor) f., gjerdestolpe i eit skutleled, som skutlane kann skuvast inn i. Ordet er uppskrive i ordbøker berre ifraa Øysterdalen.

Letjørni Roll. hd. Vggl. s. austfj. Utt. *lė'konnė*. — Ikkje so langt ifraa Ton-sætri. Stølsvegen som gjeng inn aat vatnet, gjeng gjenom eit trongt gil som eit led i ein gard. Mogeleg kjem namnet av det.

Letmolidvatnet Fles. hd. F. s. F 35, 3. Utt. *lḗ'tmólı̄vatnə, lę̀tt-.* — Lecknelidvand JN, 357. Letmoliewandet GC nr. 115 (1762). Letmolievand Strøms kart. Litmov. AK 1854. Letmoliv[t] GK 1919. Heiter etter garden Letmolid. Um det namnet sjaa NG V, s. 415.

Lidadammen Mod. hd. Snr. s. F 34, 10. Utt. *lı̄'adammən.* — Liadam[n] GK 1919. Nær ein gard Lia GK.

Lidartjørni.

1. Nore hd. austfj. Utt. *sø'rə lı̄'arkønnė, nǒ'r-.*

2. Roll. hd. R. s. F 35, 1. Utt. *lı̄'arkønnė.* — I vest-lidi noko nord for heradsbytet mot Flesberg, heimanfor Rundingstj.

Lidatjørnane Uvd. hd. Dag. s. E 33, 7. Utt. *lı̄'akodnadn* (Skurdalen), *lı̄'a(støl)konnann* (synst i Skurdalen). — (= Torsbutj[ne] GK). Attmed Lidastølane. Ein av Lidastølane heiter Torsbud: *tǒ'rṣbū.*

Lidavatn Nes hd. F 33, 1. Utt. *lı̄'avatn.* — Lidv. AK 1856. Liav[t] GK 1918. *lı̄'a-* er bundi form eintal, *lı̄'ar-* genitiv eintal, og det er nok *lı̄'a-* òg.

Lidevand JN, 357. Liidvand ibd. 358. Fles. hd. — Det same som Vatnebrynnvatnet. Kalla etter garden Lid, gnr. 31 Flesberg.

Lidplasstjerni Fles. hd. F. s. F 35, 2. Utt. *lı̄'plasskęnn* (eint.). — Liplasstj[ne] GK 1919. Nær garden Li GK.

Lidtjern Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *lı̄'kęnn.* — Lievand v. Langen 61. Pontoppidan 1785, s. 129. Litj. GK 1919. Uppaa lidi vest for Soneren.

Lindavatnet Hur. hd. 14 B, 11. Ūtt. *lı̄'nnavannə.* — I Solberg-skogen. Linda- er genitiv eintal av trenamnet lind. Vatnet maa ha fenge namn etter eit einskilt tre som hev merkt seg ut. Bestefar aat heimelsmannen hadde fortalt at det hadde vakse lind uppmed dette vatnet. No veks der visst ikkje.

Lindelidsætertjern Flaa hd. F 34, 3(?). Utt. *lı̄'ndəlı́sǣtərkęnn* (Brekkebygdi).

Lindteigstjern Fles. hd. Lyng. s. F 35, 2. Utt. *lı̄'nntæıkskęnn, -tæıgs-.* — Attmed garden Lindteigen.

Lintj., sjaa Dintj.

Listjernet Aad. hd. Yt. Aad. s. F 34, 6. Utt. *lı̄'sskęnnə.* — Listj. GK 1919. Ein heimelsmann tolka namnet av lid f. (det er ei fin skoglid paa sudsida). Det laut daa vera heller nytt. Naturlegare er det aa tolka namnet av lisle-, litle; men tonelaget talar imot. Namnet Lislelidi, gnr. 89 Flesberg er uttala *lı̄'sslı̄a* (NG V, s. 415).

Litlebyputten Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *lı̄'lləbýpútt'n.* — Lillebutj. Dr. 1927. Skogen aat garden Litleby stend innaat.

Litlelidtjørni Gol hd. E 32, 11. Utt. *lı̄'hləlı̄kędn.* — Litlelitj. GK 1923.

Litlesettjernane Nes hd. E 33, 5. Utt. *lı̄'sləsętkędnadn.* — Litlesettj[ne] GK 1920.

Litlevatnet.

1. Fles. hd. F. s. F 35, 1. Utt. *li'sləvatn* (Rollag). — Litletj. GK 1919.
2. Roll. hd. R. s. F 34, 7. Utt. *li'sləvatnə*. — Litlev[t] GK 1919.
3. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 2. Utt. *li'sləvatn*. — Litlev[t] GK 1919.

Jfr. Vesle-.

Livsfaretj. orig. 1893. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. — Aust for Langevatnet. Ein liten pytt.

Ljosevatnet (Ljøs(e-)).

1. Roll. hd. Vggl. s. vestfj. Utt. *jø'svatnə*. — Ljosv[n] orig. 1925.
2. Uvd. hd. Dag. s. D 33 aust, 6. Utt. *jø'səvatnə* (Dagalid), *jø'səvatnə* (Skurdalen). — Liosvand orig. 1847. Ljosev. AK 1856. Ljosevn GK 1931.

Ljostjørni Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *ljø'skonna* (Meheidi, uttale vestanfraa). — Sud for Skautreitj.

Av adj. ljos. Ljosvatnet i Rollag skal ha finare botn enn vatni ikring. Elvi ifraa Ljosevatnet i Uvdal, Ljose-e. AK som renn nedmed Ljosesr., skal ha steinbotn. Namnstomnen ljos høyrer kanskje upphavleg til elvi der.

Ljøsbudvatni Fles. hd. F. s. F 35, 1. Utt. *jø'sbū*. — Lysbuv[tna] GK 1919. „Ljøsbu" er sjølvsagt retteleg namn paa ei fiskehytte eller ein støl, og det er kanskje ellipse for *Ljøsvatsbud. Det renn ein bekk ned i det øvre av Ljøsbudvatni gjenom Ljøsbuddalen. Ei aa som renn nokolunde parallelt ned i det nedre vatnet, heiter Grøtbudelvi.

Lofthus-Langevatnet Roll. hd. Vggl. s. austfj. Utt. *lå'ft(h)úslangəvatn(ə)* (Rollag); òg uppgj. *lo'pt(h)úslångəvatnə* (Vegglid). — Paa Lofthus-eiga.

Overentjern Mod. hd. Hgg. s. F 35, 4. Utt. *å'varnkenn, å'værn-.* — Overentj. GK 1919. Overen er gnr. 62 Modum.

P a a l g a r d t j. GK 1931. Hol hd. D 33 aust, 6. — Attmed Paalgard i Skurdalen.

Paalløken Gol hd. E 32, 12. Utt. *på'lløkan.* — Paalløken GK 1923. Nedanfor Paaltj.

Paalsbufjorden Uvd. hd. og Nore hd. E 33, 9. Utt. *på'lsbufjorn, på'ls-.* — Borschbufiord(!) v. Langen 61. Paulsbovand(et) Pontoppidan 1785, s. 131. Paalsbufj. AK 1856. Paalsbuf[d] GK 1920.

Det maa ha vore ein støl eller ei fiskebud, eller ein gard, som hev vore kalla Paalsbu(d), og so er vatnet uppkalla etter denne bustaden. Paals- er genitiv av mannsnamnet Paal. — Den nordvestre armen av vatnet heiter Pollen, og paa sudsida av Pollen ligg Pollebu GK: *pø'lləbūė* (Skurdalen). „Paalsbufjorden" kann ikkje ha samanheng med desse namni, etter dei segjemaatane som er no.

Paalsetkjernet 1743. Polsetkiernet ekstrakt 1743. Polsætkjernet Wiel XXXII, 130. Aal hd. Trp. s. (= Nystøltj. GK).

Paalstjern Lier hd. Syl. s. 14 D, 3. Utt. *på'lsķęnn, på'ls-*. — Paalstj. RK 1900. Av mannsnamnet Paal, liksom dei fyrre namni, og det fylgjande. Der er ei segn um at ein far kasta son sin ut i denne tjørni. Dei var der uppe og lunna, og so vart faren harm paa sonen.

Paaltjørni Gol hd. E 32, 12. Utt. *på'lķędnė*. — Paalstj. GK 1923. I nærlaget er Paalhytta og Paalsteinen GK, forutan Paalløken (sjaa her ovanfor).

Paasaatjerni Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *på'såķęnna*. — Posetj. GK 1918. Av pose m.; namnet siktar til skapet.

Partjernane, -tjørnane.

1. Aal hd. Aal s. E 33, 2. Utt. *pa'rķodnadn*. — Partj. GK 1920.

2. Aal hd. Aal s. E 33, 2. Utt. *pa'rķodnadn*. — Sudaust for Langevatnet (-tjørni) uppaa aasen yver Sundre.

3. Nes hd. E 33, 4. Utt. *pa'rķędnadn*. — Tvo av Voletjørnane.

Paa alle tri stadene er det tale um tvo tjørner som ligg jamsides. „Partjørnane" tyder daa det same som Tvotjørnene, Tvitj. o. dil.

Piktjernet Flaa hd. E 33, 12. Utt. *pī'kķęnn* (Eggjedal); òg uppgj. *pī'kķędn(ə)* (Flaa). — Piggtj. GK 1920. Ligg innaat ein knatt som heiter Flentpiken: *flæ'ntpīkən*. Pik m. er brukt i fleire maalføre um ein kvass bergtopp.

Pipesjøen Gol hd. austfj. Utt. *pī'pəsjø̄n*. — Pipersøe orig. 1839. Nord for Røggjen.

„Det skal ha vore ein vats-orm der. Han bles upp vatnet so det pifte", — dette er folkeetymologien. Eg vil tru at namnet inneheld ordet pipe f., pipe til aa røykja med, og at det siktar til at einkvan fiskaren eller nokon annan hev mist ei pipe eller liknande. Skrivemaaten fraa 1839 kann me visst ikkje retta oss etter, for daa skulde dei ha sagt Piparsjøen.

Pipetjerni Flaa hd. og Ndh. hd. Ld. s. F 33, 10. Utt. *pī'pəķęnn* (eint.; Brekkebygdi), *pī'panķęnn* (eint.; Gølsvik). — Pipantj^{ne} GK 1918. Pipetj. heiter ei fjelltjørn i Øystre Slidre òg.

Piren Øv. Eiker hd. Fsk. s., og Hof hd. Vestf. 14 A, 10. Utt. *pī'r'n* (Efteløt). — Mjødvandspiren orig. 1825. Piren RK 1890.

Ei liti tjørn, litt til sides for vestenden paa eit lite vatn som heiter Mjøvatnet. Namnet høyrer vel saman med pir n., ein ung, veik skapning (Nhl.), adj. pir, granngjord, kløkk (Romsd.), pire f., ein tunn veik vokster (Tel.), piren adj., skranten, tunn, veikleg. Det skulde daa tyda „den vesle": i motsetning til Mjøvatnet, som Piren ligg inntil, og som er mykje større. — Dersom namnstomnen Pir- fraa fyrst av skulde høyra den bekken til som kjem

ned i Piren, og som kallast Pirbekken no: *pi'rbækkən*, so maa me jamføra med verbet pira, pipla fram. Verbet pira er etymologisk nær i skyld til dei andre ordi som me nemnde. Pirbekken gjeng gjenom Pirdalen.

Pistj. orig. 1886. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. — Ei ørliti tjørn nord for Ramsvatnet, millom Svartetj. og Budvatnet.

Høyrer truleg anten til pise m., ein tunn, veik og kjælen person (Jær. Dal.), pisen adj., veik og tunn (Jær. Dal. Shl.), eller til pise m., katt (Jær. Dal. Hall. Gbr.; pisil, kattunge. Tel. Hall. Num. Vestf.). I baae tilfelle tyder namnet „Vesletjørni". — Dersom ikkje daa namnet kjem av piss, urin, og er uppkome ved ei eller onnor serleg hending? (Jfr. Rævas Bjørn).

Plassefjorden Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. Utt. *pła'ssəfjörṇ*. — Ein lut av Ramsvatnet (Lauvrønningsfjorden). Gjeng inn til ein plass under garden Brekke.

Plassepollen Fles. hd. Lyng. s. F 35, 2. Utt. *pła'ssəpoll'n, po'll'n*. — No namn paa ein odde, sagdest det, som gjeng ut i Haugesjø paa nordsida av ei avstengd vik, Plasseviki: *pła'ssəvīka*. Er upphavleg namn paa viki. Um poll m. sjaa under „Grunnord".

Plassetjern Fles. hd. F. s. F 35, 2. Utt. *pła'ssəkẹnn(ə), pła'ssænn-*. — Millom sætri Bringe og Vatnebrynnvatnet. Det er eit par utlagde plassar attmed tjørni. Sjaa Bringetj. Jfr. òg Toreplasstj.

Plommasen.

1. Ned. Eiker hd. F 35, 12. Utt. *płö'm(m)as'n*. — Plomasern orig. 1892. Plomasen Dr. 1927. Ei liti tjørn aust for Langvatnet.

2. Ned. Eiker hd. F 35, 11. Utt. *płö'm(m)as'n*. — Plomasen Dr. 1927. Ei liti tjørn paa vestsida av Kleiveren.

Plommetjern.

1. Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *płö'mməkẹnn*. — Paa aasen nord(vest) for Samsjøen.

2. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *płö'mməkẹnn*. — Uppaa aasen sud for Gulsrud kapell.

3. Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *płö'mməkẹnn*. — Uppaa aasen nord for Vines, nordanfor Fiskelaus.

4. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 9. Utt. *płö'mməkẹnn* (Efteløt; Fiskom). — Plommetj. RK 1890.

Av plome f., vel helst i tydingi „eggjeplome". Namnet kann anten sikta til skapet (rund som ei plome), eller til lægjet (midt paa ei myr t. d., liksom ploma ligg midt i egget).

Poll-.

1. Krhd. F 34, 10. Utt. *pø'll'n, pø'llvīka*. — Ei trong vik paa vestsida av Krøderen, ved Skinnes.

2. Nore hd. og Uvd. hd. E 33, 9. Utt. *pø'll'n* (Skurdalen; Dagalid). — Pollen Flor 1760. Paallen orig. 1846. Pollen GK 1920. Den store nordvestlege armen av Paalsbufjorden. I Skurdalen kallar dei stundom heile vatnet for Pollen.

3. Sgd. hd. S. s. F 35, 3. Utt. *pø'll'n.* — Den smale viki i Lauvnesvatnet der som bygdevegen kjem upp til vatnet.

4. Sgd. hd. S. s. F 34, 9. Utt. *pø'llvika.* — i sinsta pollen i Glessionom DN IX 123 (brevet er dagsett 1331, men skrift og ortografi er helst ifraa seinstundes i det 15. h.aa., anten no brevet er umskrive eller er falskt). — Synste armen av Glessjøen. Han er noko avstengd. Eit nes og ei øy stengjer.

Av poll m., gn. pollr, avstengd vik. Pollen orig. 1922—26 heiter òg ei vik paa vestsida av Foldsjaa i Gransherad. Ho gjeng inn millom fastlandet og so nokre smaaøyar. Jfr. NI I, s. 150 f. Um ei sideform pull m. sjaa NI I, s. 239 f. — Kjær, N. Vasdr. III, s. 278 tenkjer seg at namnet i Nore—Uvdal skal skrivast Paalen og kjem av gn. páll m., paale, stokk. Det høver ikkje med uttala.

Porstjern.

1. Flesberg-Jondalen. F 35, 8. Utt. *på'rskenna* (flt.); òg høyrt *på'stkenna, på'rs-.* — Posttj[ne] orig. 1908.

2. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 5. Utt. *på'rskenn.* — Nær Borkebud vest for Glitre.

Av voksternamnet pors m. „Post" er ei sideform til pors. Ho er uppførd i ordbok (Aasen) berre fraa Trøndelag, men maa gaa vidare.

Preinstjern Nes hd. E 33, 4. Utt. *præi'nskedn.* — Preinstj. GK 1920.

Jfr. verbet preinast, kjeklast, erta kvarandre, og preine f., fantestykke. Desse ordi er kjende nettupp fraa Hallingdal. Etter den formi som fyrste lekken i namnet hev, ser det ut til at dei hev havt eit einstava substantiv prein (m., f.?) òg. Namnet tyder noko slikt som „Trættetjørni", „Terge-tjørni", „Prette-tjørni".

Prestdalsvatnet (Presttollvatnet) Uvd. hd. U. s. E 33, 9. Utt. *præ'starsvatnə.* — N[d], S[d] Præstholdvand orig. 1846. N. Præstkj., S. Præstv. AK 1856. Prestdalsv[t] GK 1920.

Tov Flatin, Gamalt fraa Numedal VI s. 45, kallar (det søre) vatnet for Presttollvatnet. Jfr. orig. 1846. Tov Flatin skriv um dette vatnet: „Det er djupt og det renn ei stor aa or det, og den so fin at det kunde gange fisk aai tilendes baade upp og ned. Men likevæl finnst det ikkje fisk i det vatne. Og det merkjelege er at dei tvo Kvetavatni som aai or Presttollvatne renn i, er fiskerike, og det er 'kje anten fossar eller anna som kan stengje fisken i aai fraa aa koma fram. Segni segjer at det eingong var ein prest i Uvdal som kom i klander med grunneigarane um retten til fiske i detta vatne. Det vart sak av, og presten tapa, og so hemnde 'n seg med aa forgjera vatne, so ingin meir fekk fisk i det. — Eingong freista nokre fiske der, og daa fekk dei fisk som var lodin og hadde so stor skalle og saag so ut at det var fælt". Jfr. um ein liknande preste-trolldom paa vatn NI I, s. 52.

Prest(e)tjern, -tjørni.

1. Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *præ'stəkodne* (Leveld), *-kedne* (nedst i Torpo). — Presttj. GK 1920. Høyrer til prestegarden. Jfr. „Skiøkiønvandet".

2. Sgd. hd. S. s. F 34, 9. Utt. *præ'sskenn.* — Presttj. GK 1919. I aasen nord for Sigdal kyrkje og prestegard.

Prestevatnet Fles. hd. Svene s. og Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 9. 10. Utt. *præ'stəvannə* (Kongsberg; Haug); *præ'stvatnə* (Svene). — Præstevand Strøms kart. Prestev[t] GK 1919.

Truleg hev presten i Haug paa Eiker aatt retten til fiske her (Tov Flatin, i brev).

Prestgardstjernet (Øv., Ned.). Flaa hd. F 33, 10. Utt. *præ̀ssgarşkennė* (flt.; Gølsvik). — Præstegdkje AK 1856. Prestgardstj. GK 1918.

Prestputta orig. 1931. Hole hd. 19 B, 10. — Vest for Heggelidvatn.

Primtjørni Uvd. hd. E 33, 7. Utt. *prĭ̀mkønnė* (Dagalid). — Primtj. GK 1920. Av prim n., ost av innkoka valle. Ein mann skal ha kome med ei prim-klyv, og so datt primholkane ut i vatnet, segjest det. Primtj. RK finst i Heddal òg.

Promtjern (N., S.). Nes hd. E 33, 12. Utt. *prŏ̀mmkędn.* — N., S. Promtj. GK 1920. Truleg av praam m., ein simpel baat. Dei uttalar det ordet *prŏmm* i maalføret.

Purketjern Nes hd. E 33, 12. Utt. *pu̇̀rkəkędn.* — Purketj. GK 1920. Attmed stølen Purkeset: *pu̇̀rkəsæt.* Tjørnnamnet er truleg ellipse for *Purke-settj., og „Purke" i stølsnamnet er kann henda eit utnamn paa einkvan som hev aatt stølen, eller hev sætra der.

Putten, Puttane.

1. Øv. Eiker hd. Fsk. s. F 35, 11. Utt. *pŭ̀tt'n.* — Ei ørende liti tjørn millom Nordsæter og Sørsæter aust for Østerud.

2. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 5. Utt. *pŭ̀tt'n.* — Ei liti tjørn i bekken ovanfor Guritj.

3. Ndh. hd. Haug s. (eller Jemnaaker hd. Uppl.?). 19 B, 3. Utt. *pŭ̀tta* (flt.; Jemnaaker). — Nord for Ruggetj. Enputten, Toputten: *ḗ̀npŭtt'n, tṓ̀pŭtt'n* skal vera sernamn.

4. Roll. hd. R. eller Vggl. s. Utt. *pŭ̀tt'n.* — Ein hyl i Lògen sud for Risteigshylen.

5. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *pŭ̀tt'n.* — Nord for Vindoltj.

6. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *pŭ̀tt'n* (eller mesta *py̆̀tt'n*). — Ei liti tjørn i bekken millom Tovevatni.

7. Sgd. hd. S. s. F 34, 7. Utt. *pŭ̀tt'n, py̆̀tt'n.* — Ei tjørn millom Skaalavatnet og Tuftevatnet.

8. Tyr. hd. F 34, 11. — Kiernet Putten GC nr. 159 (1767). Ovanfor Govletj. og Ormetj.

Puttetjørnane, Putt-tjern.

1. Nore hd. austfj. Utt. *pŭ̀tt(ə)kønnann.* — I Vergje-vatsdraget.

2. Sgd. hd. S. s. F 35, 4. Utt. *pŭ̀ttkẹnn.* — Paa aasen nord for Solom.

Pyttetjørnane Uvd. hd. U. s. Utt. *øy̆̀strə, væ̀strə py̆̀ttəkønnė.* — Pyttetjønnann orig. 1927—28. I Ølmøs-vatsdraget, nord for Kvonneviertj.

Um putt, pytt m. sjaa under „Grunnord".

Raabakkvatnet Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *rā̀bakkvannə.* — Raabakvd RK 1890.

Tett attmed ligg Rajesr RK. Matrikkelnamnet Raje held Falk, NG V s. 379 helst for aa vera ordet raje f., stong, kornstaur. Baade Falk og Torp (den siste i Nyn. Et. Ordb.) held fyre at dette ordet er gjenge ut ifraa fleirtal r á i r til gn. rá f. Det kann vera eintalsformi rá me hev i Raabakk-.

Raaenfjorden Krhd. F 34, 3. 9. 10. Utt. *rå'nfjǫ̊rn.* — Eit stykke av Krøderen, millom Noresund og Skinnessund. Garden Raaen ligg paa søre sida av vatnet.

Raaskardtjørnane Hems. hd. nordfj. Utt. *råskatkędnadn* (uppgj. i brev; tonelag ukjent). — Raaskardkj. AK 1856. Ein bekk gjenom Raaskardet kjem ned i ei av tjørnene.

Raggetjørni Hol hd. D 33 aust, 2. Utt. *ra'ggəkødné.* — Raggetj. GK 1931. I fjellet nord for stølen Raggen: *ra'ggən,* dat. *ra'ggji*; flt. *ra'ggadn,* dat. *ra'ggo.* Eit fjell uppyver stølen heiter Raggenuten.

Av ragg n., grovt haar. Namnstomnen Ragg- høyrer vel upphavleg fjellet til. Namnet siktar truleg til at der veks mose. Jfr. Raggesteinen: *ra'ggəstain'n* i Raggesteindalen sudvest for Faugelidfjorden (Hol). Han hadde namn av at han var „ragga", d. e. mosevaksen; — steinen er sundskoten no (Raksteindalen Qv. 1920 er rangt). Raggaasen finst i Nore vestfj., uppyver Graanaaset-sætri (orig. E 34 1930—31). Jfr. Røggjen.

Ragnhildkulpen Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *ra'ngnilkułpən.* — Attmed Jøs(e)lidsætri. Ei som heitte Ragnhild skal ha drukna der.

R a g n h i l d t j. orig. 1909. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 10. — Uppaa aasen nord for Solbergsætri.

R a i e v a n d JN, 407 (visst = Raabakkvatnet. Sjaa det namnet).

R a k k e t j ø d n e J. E. Nielsen, Søgnir fraa Hallingdal 2. utg. s. 67. Hol hd. — Av rakke m., han-hund, truleg. Eller rakke = melrakke?

Rakletjern Mod. hd. Hgg. s. F 34, 11. Utt. *ra'ktəkęnn.* — I Presterudmarki, ein liten pytt. Rakle- stend vel i ei liknande nedsetjande tyding her som i samansetningane rakleføre, ringt føre, rakleveg, filleveg, veg som det er mødesamt og seint aa koma fram paa. Altso: „Filletjørni", — kva det no er som gjer at ho hev fenge uord paa seg.

Rambergvatnet Uvd. hd. Dag. s. E 33, 8. Utt. *ra'mmbær(g)vatnə* (Skurdalen). — Rambergv. AK 1856. Rambergvt GK 1920.

Heiter etter garden Ramberg, gnr. 107 Uvdal, utt. *ra'mmbærg* (og *ra'nn-*) etter NG V, s. 455. Ramberg skal ha aatt vatnet. Noko av det høyrer no Guttormsgard i Skurdalen til, og noko Dagalid. Garden Ramberg, av *(H) r a f n a b e r g, ligg nedunder eit høgt og stupende bratt, svart fjell, med skorer og hamrar. Der er ikkje noko slikt fjell annan stad i Dagalid. — Er kalla Holemsv[d] orig. 1846.

Ramsvatnet Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 3. Utt. *ra'msvannə.* — Ramsv. AK 1854. Ramsvd RK 1890. Av mannsnamnet (H) r a f n eller av voksternamnet rams m., allium ursinum o. fl. vokstrar.

Randetjørni Hol hd. Utt. *ra'ndəkodné.* — Randetj. orig. D 33. Nordaust for Sudndalsfjorden. Heiter etter stølen Randen: *ra'ndən,* dat. *ra'ndé.* Stølsnamnet er ordet rand m., ein smal banke eller jordrygg, i ser i ei fjellside. Ordet er brukt i gardsnamn òg i Hallingdal, sjaa NG V, s. 148 f.

Ranetjern Aad. hd. Viker eller Yt. Aad. s. F 33, 11 (F 34, 5?). Utt. *rā'nəkęnn.* — Sud for Flaskerudsr. Av gn. r a n i m., snut, tryne, nyn. rane, framstikkande snut eller rygg i terrenget, — skulde ein tru. Men uttala som er uppgjevi høver ikkje godt. Me skulde venta *rā'na-*.

Rantetjern Nes hd. E 33, 12. Utt. *ra'ntəkędn.* — Rantetj. GK 1920. Av rant m., ein smal rygg av jord eller stein; ordet er kjent m. a. fraa Hallingdal. Der er nokre fjellryggjer attmed tjørni som kallast Rantane: *ra'ntadn.*

Rauberen Øv. Sdsv. hd., og Siljan hd. Tel. 14 A, 14. Utt. *rau'bærn.* — Raubjergvd orig. 1847. Rauberen RK 1890. Eigenleg „Raudbergen", etter eit bratt fjell paa austsida som heiter Rauberfj. (RK) eller Rauberflaget. Same uttydingi gjev A. Kjær, N. Vasdr. III, s. 279. Den etymologiske tydingi i vatsnamnet kjennest visst ikkje so tydeleg no. — Jfr. Røberen.

Raudbekktjørni Gol hd. E 32, 12. Utt. *rau'bækkkędné.* — Raubekktj. GK 1923.

Raudberg(lid)tjørni Hems. hd. Utt. *rau'bærgkødné* (Leveld). — Raubergliddkj. AK 1856. Paa vestsida av fjellet Raudbergskarvet.

Raudfjellvatnet Flaa hd. F 33, 2. Utt. *rau'fjęllvatnə.* — Raufjellv[t] GK 1918. Under eit fjell som kallast Raudfjell: *rau'fjęll.* Ein heimelsmann meinte fjellnamnet kom av at det h a u s t a r so tidleg i dette fjellet, og raudnar; — altso ikkje av raudt berg.

Raudsidtjørni Nore hd. E 33, 11. — Rausitj. GK 1920. „Rausi" er eit kyranamn.

Raudsjo(dalen) Uvd. hd. U. s. nordfj. Utt. *rau'sjódāru, rau'sjə-* (stutt diftong). — Jfr. Rosa elve v. Langen 61 (?). Jfr. òg Rødsjødalsr m. m. AK 1856.

*Raudsjoren maa vera det gamle namnet paa Vatsstølvatnet, heiter no. Rødsjødal B. AK kjem ned i dette vatnet, Rødsjødalsr AK ligg ovanfor vatnet, og AK hev eit Rødsjøfj. paa kvar side av Raudsjodalen, òg tett ovanfor vatnet. So namni paa Raudsjo- samlar seg ikring det.

Raudsteintjørni Hol hd. nordfj. Utt. *rau'stainkødné.* — I eit dalføre aust for Garlidstølane. Ein stor raud stein ligg tett attmed tjørni.

Raudtjørni.

1. Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *rau'kødné.* — Rødkiernet GC nr. 200 (1771; visst denne tjørni). Rautj. GK 1920.

2. Hol hd. E 33, 1. Utt. *rau'kødné.* — Raugkjern 1743 (truleg denne tjørni). Rautj. GK 1920.

3. Nore hd. austfj. Utt. *rau'kønné.* — Rautj. orig. 1930—31.

4. Uvd. hd. Dag. s. D 33 aust, 6. Utt. *rau'kønné* (òg uppgj. *rau'-*). — Rautj. GK 1931.

Um stomnen Raud- i vatsnamn jfr. NI I, s. 155. Uppmed Raudtj. 3 skal der vera nokre „vatsdilor" (*va'ssdīlu*) som er so raude. Dile f., vaat eller blaut flekk. Raudfargen her maa koma av myrmalm. Fælt mange av vatsnamni paa Raud- siktar nok til den fargen som myrmalmen gjev vatspyttar eller jordi kring vatni.

Ravalsjø Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. 8. Utt. *rā'vallsjø.* — Ravalssøe 1743. Ravaldsøen Pontoppidan 1785, s. 133. Ravalsn AK 1854. Ravalsjøen RK 1890.

Segni segjer at „det skal ha falle ein gamall vikingkonge uppmed dette vatnet. Han heitte Raval". Av det skal namnet koma. Kong Raval budde paa nokre store myrar, heiter det, Haugmyrane. Ein annan konge i grannelaget heitte Kaarkonn: *kå'rkónn*. — Det kann henda at fyrste lekken i namnet er eit personnamn: Raval < Rǫgnvaldr, Ragnvaldr. Men det kann òg henda at Raval- høyrer i hop med rave m., fille, klut. Jfr. gn. refill m., strimel, stykke av vev, med avljodande suffiks. Raval- laut daa vera eit adjektiv (jfr. Torp, Ordavleiding § 35). Tydingi laut vera „fillut", „travut". Vatnet er ujamt og sundrive paa skap. Kjær, N. Vasdr. III s. 279 held fyre at namnet „maaske hører sammen med folkesprogets rave m.".

Redalstjernet Krhd. F 34, 3. Utt. *rē'darșķenn(ə), rē'(d)dærș-*. — Reedalskjernet, Rheedalskiernet 1743. Rhedalskjernet Wiel XXX, 189. Redalstj. GK 1919. Nær garden Redalen. Sjaa NG V, s. 213. 134 f.

Rehylane Uvd. hd. Utt. *rē'hølann*. — I Lògvatsdraget, ovanfor Geitsjoren, visst.

Kann koma av rid m., grunne i vatslaup, grunn vadstad, eller av rid n., det høgste punktet av ein bakke eller jordrygg, òg: den staden i eit elva-sog der straumen liksom „vippar yver" og tek til for aalvor. Etter ein stadkjend heimelsmann er det rid n. me hev.

Reinaastjern Krhd. F 34, 10. Utt. *ræi'nåsķenn*. — Uppaa Reinaasen: *ræi'nås'n* (skr. Reinsaasen GK).

Reina(r)vatnet Uvd. hd. Utt. *ræi'na(r)vatn(ə)*. — Reinarv[n] orig. D 34 1931. Jfr. Reinarvas L[gr] orig. 1847. Reinar Fl AK 1856. I Lòg-vatsdraget ovanfor Krossvatnet.

Reina(r)vatsloni Uvd. hd. Utt. *ræi'na(r)vasslōnė*. — Tett ovanfor Reina(r)-vatnet. Av rein f., ein lang bakkekant, ein lang voll?

Reinsbotntjørni Aal hd. Aal s. E 32, 8. Utt. *rai'nsbåttķødnė*. — Reinsbotnv[n] GK 1923.

Reinsjøen (og Vesle R.). Nes hd. og Nore hd. E 33, 12. Utt. *ræi'nsjø̄n* (Flaa; Nes; Eggjedal); *ræi'nsjǿrn* (Nore). — Reens[n] AK 1856. Reinsjøen GK 1920.

Reinskardtjørni (Nordre, Søre). Hol hd. nordfj. Utt. *nø'rdrə, sø̄'rə rai'nskałķødnė*. — Ved Bollhovd, aust for Kleppestøl — Nystøl.

Reintjern Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *ræi'nķenn*. — Reinvand v. Langen 61. Reinvand Pontoppidan 1785, s. 129. Reintj. GK 1919.

Namni Reinsbotn og Reinskard inneheld dyrenamnet rein m., kanskje òg Reinsjøen og Reintj. I dei øvre lutene av Hallingdal hev vore mykje rein. Sjaa soleis Hans Flaten, Hemsedal 1814—1914, s. 79 ff. (Hemsedals-fjelli). Dølaminne II, s. 27 (Hols-fjelli). Sorenskrivar Palludan skriv 1743, i skildringi av Aals prestegjeld: „Reensdyr findes udi de store og høyeste fielde udi temmelig mengde, og faaes de meste om høsten". Um viddene ikring Reinsjøen skriv A. Mehlum, Hallingdal og Hallingen s. 274: „Før var der en mængde vildren paa denne fjeldstrækning". Jfr. òg s. st. s. 320.

Rendledammen Fles hd. Svene s. F 35, 8. Utt. *ræ'ndlədammən, ræ'ndla (ræ'nnlə-, ræ'nnla)*. — Rendledammen GK 1919. Fraa tjørni kjem bekken Rendla.

Bekkjenamnet er nok det primære her. NE, s. 190 skriv: „Renla er vel en afledning af Renna, sandsynlig at opfatte som et diminutiv". Men Ren(d)la kunde òg vera ordet rendle f., lang tunn bjelke eller sperre (N.-Gbr. Sogn). Dette siste vilde ikkje vera so urime-

legt. Rendle, likeins som ordet stong f., kann ha vore brukt um ei stong til grensemerke, og di næst i tydingi grense, bytesline reint aalment. Rendla er grensebekk millom Flesberg og Gransherad, og millom Buskerud og Telemark fylke. — Um stong i tydingi grense sjaa Natan Lindquist, Bjärka-Säby Ortnamn s. 318 ff.

Restjørni Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *rē'sk̜ødnė*, flt. *-k̜ødnadn.* — Restj. GK 1920.

Av rìs n., truleg, noko i terrenget som lyfter seg upp, uppkuving, bakkekamb. Der er tvo tjørner, med ein voll eller rygg imillom. Millom tjørnene er veg, som daa gjeng yver eit rìs.

Retthelltjern Hole hd. 19 B, 9. Utt. *rę'ttęllk̜ęnn.* — Reteltj. RK 1872. Nær stølen Retthella: *rę'ttęlla.*

Revlidvatni Roll. hd. R. s. og Fles. hd. F 35, 1. Utt. *ræ'vlívatna, ræ'vlí-* (Flesberg); *ræ'vlívatno* (Rollag). — Rævlidv. AK 1854. Revliv^tna^ GK 1919. „Revlid" kjem av dyrenamnet rev, truleg.

Revsaatj., sjaa Røvsaatj.

Revsaltjørni (Øv., Ned.). Gol hd. E 32, 11. 12. Utt. *rø'fsołk̜ędne.* — Øv., Ned. Revsaltj. GK 1923. Hev avlaup gjenom Revsalbekken: *rø'fsoł-bækkən.*

rø'fsoł er vel gn. *Refshali. Det maa vel vera eit gamalt stølsnamn, endaa det ikkje er uppført nokon støl med det namnet paa GK. Um namnet Revsal, Revshalen sjaa NG V, s. 241, med tilvisingar. Eit namn av denne gruppa fraa det næmaste grannelaget til Revsaltj. er Revshalin GK 1923, ein støl attmed Vadsetvatnet i V. Slidre. — Um *ø* i *røfs-* jfr. Ross, N. Bygdemaal IV s. 18. *ø* i andre stavingi maa vera jamning etter fyrste stavingi.

Revsholtj. GK 1923. Gol hd. E 32, 12. — Revshol av dyrenamnet rev og so hol m., ein langvoren haug.

Revstjørni Aal hd. Aal s. E 32, 7. Utt. *rø'fsk̜ødnė.* — Revtj. GK 1923. Av dyrenamnet rev.

Revufonnkjødn Dølaminne II s. 27. Hol hd. — Sud for Byrkjedalen. Revufonn — ei snøfonn — av rive f., rivne. Det er rivor i fonni.

Ribbe Sgd. hd. S. s. og Roll. hd. F 34, 8. Utt. *rí'bbə, rē'bbə* (Sigdal), *ræ'bbə* (Rollag). — Ribbe GK 1919. Ei tjørn.

Me hev eit par gardsnamn paa Rebbe-: Rebberud i Flesberg, utt. *ræ'bbrú* (NG V, s. 403), og Rebbestad i Ørsta, utt. *rē'bbesta, rí'bbissta* (NG XIII, s. 89; fyrste *i*'en open); kanskje Ræbbelutrinn 1362. 1370 i Fet og Rabberud (for Rebberud?) i Høland (NG II, s. 195. 232) òg høyrer hit. PnSt., s. 199 f. og NG reknar med at dette Rebbe kjem av gn. *Rebbi, ei kjæleform av mannsnamnet Refr. Etter uttala i Rollag kunde me ha den namnstomnen her. Men det er meir tvilsamt etter den uttala som er uppgjevi fraa Sigdal. I tilfelle laut det vera eit bekkjenamn *Rebbi eller *Rebba som hadde gjenge yver til tjørnnamn. Eit anna ord som me kunde tenkja paa er ribbe m. (Rob. Tel.), berg-rygg, øvste kanten av ein aas, og ribbe f. (Austf.), lang smal rygg o. dil. Sjaa boki mi Stadnamn fraa Oslofjorden, s. 218. Skulde det vera dette ribbe m. f. me hadde, laut tjørnnamnet vera avstytt. Det laut sikta til eitkvart med landeskapnaden ikring.

Riklune Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *rí'kłudn,* dat. *rí'kło* (Nes); *rí'kłunn, rí'kłək̜ønnann* (Tunnhovd); paa Tunnhovd òg: *rý'kłunn.* — Riklukj. orig. 1846. N., St., Vesle Riklunne GK 1920. Nokre fjelltjørner.

Dette namnet maa høyra saman med eit ord rikl, bjørkerikl n.: *ri'kk'l* som dei brukar i Sigdal (stend ikkje i ordbøker). Det tyder (bjørke-)kratl. Namnet Rikla, flt. Riklune er anten avleidt av dette ordet, eller so hev dei havt eit hokynsord rikle i Hallingdal, som tydde anten rikl, eller stad der rikl finst, ell. dil. Rikla, Riklune er daa avstytting for Rikletjørnene. — Rikl n. er visseleg lik *rykl; jfr. uttaleformi *rý'klunn*, som dei til deils brukar paa Tunnhovd. I Sigdal og i Nes i Hallingdal hev dei itakisme. *Rykl att høyrer nær saman med rukl n., noko som heng ringt saman og er fall-ferdigt, „filleskap" (Austl.). Jfr. òg rukle m., ein liten hop med kvister og smaaved paa aaren (Tel.).

Rimskeidtjørni Nore hd. E 33, 11. Utt. *rī'msjæikønne.* — Rimeskeitj. GK 1920. Attmed stølen Rimskeisr GK: *rī'msjæi.*

Andre lekken i namnet Rimskeid er skeid n., bane, veg. Fyrste lekken er vel rim n., gn. hrím: „eit skeid, eit stykke der det rimast"? Stølen ligg nedunder eit rìs. Det er myrlendt innaat der og litt kaldt um hausten, „so det er trulegt at det rimar noko tidleg der", sagde ein heimelsmann.

Ringenkj. AK, sjaa Tjernsringen.

Ringtjerni Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. 8. Utt. *ri'ng(ə)kenn* (eint.), *-kenna* (flt.). — Ringtj^ne RK 1890. Nokre smaatjørner, ein fire-fem stykke i ring ikring ein aas-knabbe. Fleire hev sernamn, sjaa Svarte-Ringtj., Jarngruvvatnet, Karikulpen, Ringtjernløkene. Jfr. Tjernsringen.

Ringtjernløkene Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7 (8?). — Sjaa det fyrre namnet.

Risaastjernet Fles. hd. Lyng. s. F 35, 3. Utt. *rī'sàskennə.* — Aust for Risaasen ved Vatnebrynnvatnet; fær avlaupet ifraa Torvardsætertj.

Rishovdtjern Krhd. F 34, 3. 4. Utt. *rī'shovdkenn.* — Rishovdv^t GK 1919. Attmed garden Rishovd.

Riskevatnet Aal hd. (Hol hd.?) nordfj. Utt. *ri'skɔvatnə.* — Riskevd AK 1856. Riske f., bundi form riska, er ein hestesjukdom, ein krampesjukdom som hestane fær i magen. Ein gamall heimelsmann tolka namnet her av det ordet. Der er hestehamn upp med vatnet.

Risteigshylen Roll. hd. Vggl. s. Utt. *rī'stæiɢshørn* (stutt diftong); *ri's-.* — Ei stille i Lògen attmed garden Risteigen.

Ristjern, -tjørni.

1. Ndh. hd. N. s. 19 B, 2. — Ristj. RK 1919.
2. Roll. hd. R. s. F 34, 7. Utt. *rī'skønn(é)* (Rollag), *rī'skenn* (Sigdal). — Ristj. GK 1919.

Ristj. i Norderhov hev avlaup gjenom bekken Risa GK 1919 og heiter vel etter honom. Namnet i Rollag er vel beinveges samansett med ordet rìs n.

Risvatstjernane Nes hd. E 33, 4. Utt. uppgj. *rī'səvasskednadn.* — Risvasstj. GK 1920. Er den uttala rett som er uppgjevi, so skulde ein helst ha eit bekkjenamn i fyrste lekken. Tjørnene ligg nedanfor skoggrensa.

Rjometjørn Roll. hd. R. s. F 34, 7. Utt. *jô'mməkønn.* — Sud for Gamlevolltjørnene. Dei kann vel ha slege ned eit rjomespann — eller noko slikt — attmed tjørni ein gong.

Rjupetjern, -tjørni.

1. Fles. hd. F. s. vestfj. Utt. *rū̀pəkęnn.* — Rypekj. AK 1854.

2. Roll. hd. R. s. vestfj. — Rjupetj. orig. 1925. Vest imot Telemarks-bytet, nord mot Vegglid.

Av fuglenamnet.

Rognetjerni Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *rå̀ngnəkęnn* (eint.). — Rognetj[na] GK 1919. Det skal veksa raun (rogn) uppmed tjørnene.

Rognliddammen Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. F 35, 8. Utt. *rå̀ngnlídammən.* — Uppaa aasen sud for Jondalskyrkja. Jfr. Rognlib[k] GK 1919, som renn gjenom Rognliddæla. Rognen veks gjerne i lider.

Rokketjern.

1. Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *rå̀kkəkęnn.* — Aust for Haugerudsætri.

2. Hole hd. 19 B, 9. — Rokketj. RK 1872.

3. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *rå̀kkəkęnn.* — Uppaa aasen sud for Gulsrud kapell.

Jfr. NI I, s. 158.

Rokotjern Aad. hd. Viker s. F 33, 11. Utt. *rồkôkęnn.* — Rokov[t] GK 1918. Hev namn etter elvi Rokoa. Sjaa NoB 1928, s. 160.

Rolands vatne Lotter. Janssonius & Pitt. Homann. — Eit vatn vest for Rugen vand (d. e. vel Rødungen) og Tynhofft vand. Det kann ikkje segjast visst kva for eit vatn som er meint.

Rolidtjern (Rolegtjern?) Sgd. hd. S. s. F 34, 7 (8). Utt. *rồlíkęnn* (òg uppgj. *rồlekęnn*). — Litt sudaust for Gaulsvatnet, hev avlaup til Rognetj. Uttala syner at dei tolkar namnet paa tvo maatar.

Rollagstjørni Roll. hd. R. s. F 34, 7. Utt. *rø̀llaskønne, rø̀llaGS-.* — Rollaug siøen JN, 361. Rollagtj. GK 1919. Rollags prestegard hev fiskerett i tjørni.

Rosetvatnet Nore hd. vestfj. Utt. *rồsætvatnə.* — Rosetvand v. Langen 61. Rosev. AK 1856. Innved vatnet er ein fjellknatt Rosetnattin. Roset ser ut som eit stølsnamn. Men det er ikkje nokon støl som heiter Roset no. Vatnet ligg i eit skard eller ei ro.

Rosstjern Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *rå̀sskęnn.* — Ei utviding i Ravalsjøaai, nedanfor Ravalsjøen. Av ross n., hest?

Rotavatnet Øv. Eiker hd. Fsk. s. 14 A, 9. Utt. *rå̀tavannə.* — Rautavand Strøms kart. Raatevd RK 1890.

Truleg hev me det same rote- (rota-) her som i roteved, rotelaag, og med noko modificera tyding: rotehol, rotehole m. m. Ein gamall heimelsmann fortalde at daa han tok til aa køyra uppmed det vatnet i sin ungdom, var der so ofseleg mykje med roteved (vindfall o. dil.) der. Der vart ikkje uppreinska. Der skal vera mykje med rote-læger langsmed vatnet framleides.

Rotetj. (N., S.) GK 1920. Aal hd. og Uvd. hd. E 33, 3. 9.

Desse tjørnene skal vera nokre mørekulpar. Det er vel det same rote- me hev her som i det fyrre namnet. Paa Tunnhovd kalla dei tjørnene Grevskardtjørnane: *grǽ̀ff-*

skalkednann, etter Grevskardstølen, som ligg ikkje so langt ifraa garden Grevskard, gnr. 115 Nore. Namnet Grevskard synest i minsto sume stader sikta til gamle reinsdyrgraver (Den Norske Turistforenings Aarbok 1926, s. 138). Matrikkelformi „Grefsgaard" er vel ei mistyding.

Rototj. Dr. 1927. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. — Ei utviding nedanfor Disen-Broktj. i Fjellbekken, som kallast Rotoa lenger nede. Um elvenamnet Rotoa sjaa NE, s. 198.

Roe V[d] orig. 1845. Rovatn orig. 1930. Nore hd. austfj. — Vest for Bergestølnatten. Av ro f., kraa.

Roverudhylen Ndh. hd. Ld. s. F 33, 10. Utt. *rṑvərúhøŗŋ.* — Ei utviding i elvi fraa Frissvatnet attmed bustaden Roverud.

Rovetj. GK 1920. Nore hd. E 33, 11. — Namnet skal koma av skapet paa tjørni: lang som ei rove.

Rudningstjørni Roll. hd. R. s. F 35, 1. Utt. *rù'nningskønn(é).* — Rundingstj. GK 1919. Etter den uttala som er uppgjevi, skulde namnet koma av ordet rudning m. Kom det av „runding", skulde ein ha venta uttala *rónd- (rónn-).*

Ruds-Langevatnet Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4. Utt. *là'ngəvatnə, rū̀sslangəvatnə* (øvst i Soknedalen). — Langev. AK 1856. Ruds-Langev[t] GK 1919. Hev avlaup gjenom Rudselvi, som renn nedmed garden Rud, gnr. 151 Norderhov.

Rudstadvatnet (St., Vesle). Nes hd. E 33, 12. Utt. *rù'stavatn(ə).* — St., L. Rudstadv[t] GK 1920. Uppi fjellet ovanfor garden Rudstaden, gnr. 99 Nes., og Rudstadsætri.

Rudstjern.

1. Flaa hd. F 33, 2. Utt. uppgj. *rù'sskędn.*
2. Nes hd. E 33, 6. Utt. *rù'sskędnə*, flt. *-kędnadn.* — Rudstj[ne] GK 1920.

Hev namn etter gardar som heiter Rud.

Ruggetjern Ndh. hd. Haug s. 19 B, 3. Utt. *rù'ggəkęnn* (Jemnaaker); *rù'gdəkęnn* (Aadalen). — Ruggetj. RK 1872.

Rugga: *rù'ggå* heiter ein stor stein uppaa heidi millom Valldalen og Selborskardbygdi, Sunnmøre. „Steinen ligg upp fraa jordi paa mindre steinar. Gjeng mange nok upp paa han, kann ein faa han til aa rugga" (cand. Lovise Heggen i hovuduppg. 1930 um stadnamn i Valldalen). Tjørni her i Norderhov kunde òg ha namn etter ein eller annan ruggestein. — „Rugdetj." er ei umtyding etter fuglenamnet.

Ruketjørni (-tjørnane).

1. Gol hd. E 32, 12. Utt. *rū̀kəkędn(é)*, flt. *-kędnadn.* — Rukekj. AK 1856. Ruketj., Ruketjønnann GK 1923. Tjørner paa ulike sidor av høgdi Ruken: *rū'kən; stṑrrūkən, vœ̀slərūkən.* Attmed høgdi ligg stølen Rukane: *rū̀kadn*, dat. *rū̀kó.*

2. Hol hd. D 33 aust, 2. Utt. *rū̀kəkødné*, flt. *-kødnadn.* — Ruketj[ne] Qv. og W. 1922. Ruketj. GK 1931. Nord for Ustevatnet. Attmed stølen Ruken: *rū'kən.* Paa sudsida av stølen er høgdi Rukenuten Qv. og W. GK 1931: *rū̀kənūt'n.*

Høgdenamni gjeng fyrst. Dei inneheld ordet ruk m., liten kornhaug paa aakeren, stakk paa 6 nek. „Ruk" er elles òg brukt til høgdenamn. Jfr. NG V, s. 106. NI I, s. 159 f.

Rumpetjern Aad. hd. Viker s. F 33, 11. Utt. *rồmpəķẹnn.* — Ikkje langt ifraa Fisketj. Jfr. NI I, s. 160.

Runda Gol hd. E 32, 12. Utt. *ru̇nda*, dat. *ru̇ndunn.* — Runda GK 1923.

Rundekulp Øv. Eiker hd. Fsk. s. F 35, 9. Utt. *rû̇nnəkulp.* — Nord for Kongsvatni.

Rundemyrtjern Krhd. F 34, 3. Utt. *rû̇nnəmýrķẹnn.* — Nord for Sundesætertj.

Rundenuttjørni Hol hd. Utt. *rû̇ndənutķødne.* — Nær Rundenuten sud for Ustevatnet.

Rund(e)tjern, -tjørni.

1. Aal hd. Trp. s. E 32, 9. Utt. *ru̇ndəķẹdne* (Hemsedal). — Rundekj. orig. 1842. Rundtj. GK 1923.

2. Hol hd. D 33 aust, 5. Utt. *ru̇ndəķødne.* — Rundetj. GK 1931.

3. Hol hd. Utt. *ru̇ndəķødne.* — Paa ei myr nordvest for Kolbjørnstølen (sud for Hol stasjon).

4. Kongsberg. F 35, 9. Utt. *rû̇nn(ə)ķẹnn.* — Sud for Tangetj.

5. Nes hd. E 33, 4. Utt. *ru̇ndəķẹdn.* — Rundetj. GK 1920.

6. Nes hd. E 33, 6. Utt. *ru̇ndəķẹdn.* — Rundetj. GK 1920.

7. Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. Utt. *rû̇nnķẹnn.* — Rundtj. RK 1872.

8. Uvd. hd. Dag. s. E 33, 7. Utt. *ru̇ndəķønne* (synst i Skurdalen). — Paa sudvestsida av den Søre Lidatjørni.

9. Uvd. hd. Dag. s. E 33, 8. — Rundetj. GK 1920.

10. Uvd. hd. Dag. s. E 33, 9. Utt. *ru̇ndəķønn, -ķẹnn* (Tunnhovd). — Attmed Storetj. nord for Paalsbufjorden.

Hev namn etter skapet. Det er tale um runde eller rundvorne tjørner.

R u n d h o v d t j. GK 1920. Nes hd. E 33, 4.

Rundhylen.

1. Aad. hd. Nes s. F 33, 5. Utt. *rû̇nnhørṇ.* — Rundholen (!) GK 1918.

2. Sgd. hd. S. s. F 34, 8 (9?). Utt. uppgj. *rû̇nnhøl.* — I Horgja.

Rundløken Ndh. hd. N. s. F 34, 12. Utt. *rû̇nnlōkən.* — Tett nedanfor Skjersjøen.

Rundtumtjern Hole hd. 19 B, 9. — Runtomtj. RK 1872.

Rundvatnet Røyk. hd. 14 D, 10. Utt. *rû̇nnvannə.* — Rundvd RK 1900.

Rupetjørni, sjaa Rjupetj.

R u s t t j. orig. 1930. Roll. hd. Vggl. s. vestfj. — Paa austsida Rustn[t] orig. Av rust f., skoga-rust.

Ryggjabudpollen Uvd. hd. Utt. *rŷ̇ggjabupoll'n.* — Den nordste viki i Syndre Skarvsvatnet. Ei bud uppmed vatnet heiter Ryggjabud: *rŷ̇ggjabū.* Der er fine, avrunda jordryggjer. — Jfr. Poll- her framanfyre.

Ryggtjørnane Nore hd. E 33, 11. Utt. *ry̆kkkønnann.* — Jfr. Ryggtjørnsr GK 1920. Det gjeng fjellryggjer nordetter ifraa tjørni. Jfr. Ryggfj. GK, det er ein noko lang fjellrygg.

Rykkjintjørni Roll. hd. R. s. F 34, 7. Utt. *ry̆kkinnkonne.* — Paa vestsida av Lògen nord for Skarpmoen. Attmed tjørni hev vore ein bustad — ein plass — Rykkjinn. Namnet ser ut som fleirtal av rykk m. Det kunde sikta t. d. til at vegen var ujamn. I eldre tid — etter dokument fraa 1600-talet — skal tjørni ha heitt Hagatjørn.

Rysjutjern Aad. hd. Nes s. F 33, 5. Utt. *ry̆sjúkenn.* — Hev namn etter Rysjubekken. Bekkjenamnet høyrer vel til verbet rysja, drysja, strøyma ned. Jfr. NoB 1928, s. 162.

Ryssefjelltjørni Hol hd. nordfj. Utt. *ry̆ssəfjellkødné, ry̆ssəvatnə.* — Paa sudsida av Ryssefjellet. „Ryssefjellet" av rysse f., merr, anten beinveges eller gjenom eit elvenamn. Jfr. Rysseb^k AK 1856, no Olsennaani.

Ræpekulpen (-tjern) Fles. hd. Lyng. s. F 35, 2. Utt. *ræ̀pəkulpən, ræ̀pəkenn.* — Ei liti myrtjørn ovanfor Valetj. i den bekken som renn nedum garden Teksle og til Haugesjø.

Ræpetjern Sgd. hd. S. s. F 34, 7. Utt. *ræ̀pəkenn* (Sigdal), *-konn* (Rollag). — Vestanfor Kvernhusvatnet.

Av ræpe f., gyrme; dette ordet er ikkje uppskrive i ordbøker fraa desse bygdene, men det er kjent baade i Flesberg og Sigdal. Kring baae tjørnene skal vera blautt og søylut.

Ræva Sgd. hd. S. s. F 35, 3. Utt. *ræ̀va.* — Ei vik i Lauvnesvatnet, den millom Lauvnes og Skjelaa-mynnet. Namnet kjem nok av at viki er den burtaste, a t t a r s t e, rekna ifraa Vatnaas-grendi. Jfr. Skiten i NI I, s. 175.

Rævas Bjørn Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *ræ̀vas bjønn, ræ̀vva hass bjønn.* — Revas-Bjørn Dr. 1927. Ein liten tjørnpytt nordaust for Elgstj.

Dette noko underlege namnet uttydde dei soleis, og eg trur det er rett: Det kom eit par skyttarar upp aat tjørni ein gong. Den eine heitte Bjørn. Han sagde: „Dette tjernet er ikkje større enn ræva mi!" Og so vart tjørni heitande „Ræva hans (hass) Bjørn". Mannen var ifraa Askjom. Han bygde ei sæter aust for Elgstj. Det skal vera meir enn 100 aar sidan han livde. — I Sylling kalla ein heimelsmann tjørni for „Bjørn med Ræva".

Røberen (Rauberen) Yt. Sdsv. hd. Eft. (Komnes?) s. 14 A, 10. Utt. *rø̀bærn̥;* òg uppgj. *rau̇bærn̥.* — Ei tjørn uppaa aasen nord for Komnes kyrkje, ikkje so langt ifraa Borgesætri. Er nok same namnet som *Raudbergen paa grensa millom Øv. Sandsvær og Siljan. Sjaa her framanfyre. Namnet her er vel helst uppkalling. Det skal vera berg ikring tjørni.

Rødbyvatnet Hur. hd. 14 B, 10. Utt. *rø̀(b)by̆vannə.* — Rødbyv. AK 1854. Rødbyvd RK 1915. Attmed garden Rødby.

Røddalsvatnet Gol hd. austfj. Utt. *rø̀ddarșvatnə* (Gol; „i Valdres skal dei segja *rau̇darșvatnə*"). — Rødalsvd orig. 1839. Røddalsv. AK 1856. Kann vera gn. *R a u ð a d a l r, av r a u ð i m., myrmalm, eller *R a u ð u d a l r av eit elvenamn *R a u ð a. Ljodvokstren kann ha gjenge som i gards-

namnet Rødberg i Nore (NG V, s. 469). Annleis um namnet Rødalen NG V, s. 107.

Rødsvatnet Hur. hd. 14 B, 10. Utt. *rø'ssvannə.* — Rødsv. AK 1854. Røsvd. RK 1915. Heiter etter garden Rød. Han ligg ved Tofteelvi, som m. a. fær avlaupet fraa dette vatnet. Jfr. Rødvatnet.

Rødtjern Kongsberg. F 35, 9. Utt. *rø'ķənn.* — Ein liten pytt tett sud for Kjennerudvatnet, attmed garden Rød.

Rødungen.

1. Aal hd. Aal s. nordfj. Utt. *rø'ungən,* dat. *rø'unji, rø'-.* — Røningen 1743. Røungen ekstrakt 1743. Roungen Wiel XXXII, 129. Rødungv. AK 1856. Rødungen GK 1923.

2. Aal hd. Aal s. sudfj. Utt. som nr. 1 (Aal); *rø'óngən* (Tunnhovd).— Kungen Vand Lotter. Homann. Rugen Janssonius & Pitt. Rennungen v. Langen 61. Røungen Pontoppidan 1785, s. 131. Rødungv. AK 1856. Røungen GK 1920.

„Maaske *Roðungr, den rødlige" (Falk i NG V, s. 148). Eg veit ikkje nokor rimelegare uttyding aa nemna. Det skal vera noko mykje jarnhaldigt vatn nær stølen Rødungen (ved det nordre vatnet).

Rødvatnet Hur. hd. 14 B, 10. Utt. *rø'vannə.* — Rødv. AK 1854. Rødvd 1915. Ligg i same vatsdraget som Rødsvatnet og maa heita etter same garden som det.

Røgdetj. GK 1923. Gol hd. E 32, 12. — Skal vera Røggjetj. Sjaa det fylgjande namnet.

Røggjen Nes hd. austfj. Utt. *rø'ggjin,* dat. *rø'gga*; i s.-setn. *rø'ggə-.*— Røgdin orig. 1839. Røgdinv. AK 1856. Er òg namn paa ein støl (NG V, s. 86), paa sudsida av vatnet. Stølen ligg under Røgdinfj. orig. 1839.

Falk, NG V, s. 86 skriv at namnet Røggjen „rimeligvis egentlig tilhører tjernet". Han jamfører med elvenamni Rogga og Rogda (NE, s. 196). „Røggjen forholder sig til Røgden som svensk Fegen til gammelsvensk Fyghþir (Hellquist, s. 113)." Han meiner at namnet er laga med eit *d*-suffiks. Eg vil heller tru at namnstomnen Røgg- upphavleg høyrer fjellet til. Stølen Røggjen ligg under „Røgdinfj." orig. 1839 (d. v. s. *rø'ggənūt'n*). I Hemsedal er òg eit fjell som heiter Røggjen; *rø'ggjin,* dat. *rø'gga,* skr. Rygdinfj. AK 1856. Etter uttaleformene er det naturleg aa gaa ut ifraa ein stomn *Rogg- eller *Rǫgg-. Eg tenkjer meg at me hev havt eit gamalt fjellnamn *Rǫggvi, „den raggute", til gn. rǫggr m., genitiv raggvar, og rǫgg f. Jfr. stølsnamnet Raggen: *ra'ggən* i Hol, som nok upphavleg er fjellnamn, og Raggesteinen (her framanfyre under Raggetj.).

Røkkebergtjern Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *rø'kkəbærķənn.*— Rokkebergsn. AK 1854. Røkkebergtj. GK 1919. Uppaa aasen sudvest for garden Røkkeberg. Skal òg kallast Møllasætertjern, etter ei sæter som hev vore der.

Rølsvatnet Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *rø'lsvatnə.* — Rølsv[t] GK 1919. Eit avlangt lite vatn. Kann vera gn. *(H)róaldsvatn, av mannsnamnet (H)róaldr. Sjaa NG V, s. 187 f. 252. PnSt., s. 205.

Rømmegrauttjern Kongsberg (Øv. Eiker?). F 35, 9. Utt. *rø'mməgrautķənn.* — Paa aasen nord for Kongsberg (austsida av Lògen). Kanskje

namnet kann sikta til at det veks moltor ikring, — det skal vera moltor paa desse kantar. Og so hev dei rekna moltone for likso gode kraaser som rjomegraut. Rømmegrautmyrane hev dei paa vestaasen i Flesberg, i Veraas-marki.

Rønnestjern Tyr. hd. F 34, 11. Utt. *rø'nnəskęnn*; òg uppgj. *rø'nnəs-kęnn*. — Rønnestj. GK 1919.

Rørstj. GK 1919. Aad. hd. Yt. Aad. s. F 34, 6.

Rørtjern Øv. Eiker hd. (Haug?) s. F 35, 10. Utt. *rø̄'rkęnn*. — Rørtj. orig. 1909. Paa vestsida av Junger. Av røyr f., gn. reyrr m., røyr-gras, truleg.

Røskestadvatn Hur. hd. 14 B, 10. Utt. *rø'skəstavann*. — Røskestadvd RK 1915. Maa heita etter ein bustad.

Røssulutjern Flaa hd. F 33, 9. Utt. *rø'ssułukęnn* (Gølsvik). — Uppaa aasen aust for Uppsal. „Røssulu" er vel eit fuglenamn, namn paa eit slag svole (sulu). Ei lid paa same kanten heiter Røssulid. Det kjem vel av *Røssululid.

Røstjern Ndh. hd. Haug s. 19 B, 9. Utt. *rø'sskęnn*. — Røstj. RK 1872.

Røtehultj. RK 1872. Ndh. hd. Ld. s. 19 B, 1.

Røvsaatjernet Krhd. og Sgd. hd. F 34, 9. Utt. uppgj. *rø'fsəkęnnə* (Krødsherad), *ræ'fsåkęnn* (Sigdal). — Røvsaatj. GK 1919. Hev avlaup gjenom Røvsaaa GK til Glessjøen. Røvsaa av dyrenamnet rev m.

Røynebudvatnet Roll. hd. R. s. vestfj. Utt. *røy'n(ə)buvatnə*. — Jfr. Røinebusr AK 1854. Stølsnamnet Røynebudi: *røy'nəbūe* inneheld det same reyni n. som reyni-lundr, reyni-viðr. Namnet maa sikta til at det hev vakse raun paa staden.

Røyremyrtjernet Nes hd. E 33, 6. Utt. *ræi'rəmírkędnə*. — Røiremyrkj. orig. 1843. Jfr. Reiremyrn[t] GK 1920. Røyremyr av røyr f., røyrgras.

Røyrtjørni, -tjørnane.

1. Aal hd. Trp. s. E 33, 4. Utt. *røy'rkędne* (synst i Torpo). — Røyrtj. GK 1920.

2. Nore hd. E 33, 10. Utt. *røy'rkędnə, -kęnnə, -kənnə* (Tunnhovd).— Ei tjørn som laag ned imot mynnet aat Rødungselvi, fyrr Tunnhovdfjorden vart uppdemd.

3. Nore hd. austfj. Utt. *røy'rkənnann*. — Nær Trytetj. sudaust for Nore kyrkje.

4. Uvd. hd. Dag. s. E 33, 8. Utt. *røy'rkədnadn, råy'r-* (Skurdalen), *røy'rkənnann* (synst i Skurdalen). — Røyrtj[ne] GK 1920.

Av røyr f., røyrgras. Det er upplyst um alle desse tjørnene at det veks røyrgras uppmed deim.

Røytjørnane.

1. Gol hd. E 32, 11. Utt. *ræi'kędnadn*. — Røytj[an] GK 1923.

2. Nore hd. vestfj. Utt. *røy'kønnann.* — Røikj. orig. 1846. Røytj. orig. 1930—31.

3. Nore hd. austfj. — Røitj. orig. 1930—31. Uppmed Vergjedalssætri.

Anten av fuglenamnet røy f. eller av fiskenamnet røydr (røy). Um tjørni i Nore vart det nemnt at det finst røydr i henne.

Saaborstjern Flaa hd. F 33, 9. Utt. *sā'bårsķenn* (Gølsvik; vokalen i andre stavingi er uklaar). — Jfr. Søebol(d)sfjeldet 1743. Søboldsfjeldet Wiel XXXII, 139. Saabølfjeld AK 1856. Sørbølfj. GK 1918.

Korrektørane til GK synest ha tenkt seg at fjellnamnet inneheldt eit bustadnamn Sørbøl. Etter det eg kann finna, er der ikkje nokon gard som heiter soleis i Flaa. Ordet saadbord, som Ross fører upp med spursmaalsteikn ifraa ein annan kant av landet (Fosn), kann ein snaudt tenkja paa. Det høver lite etter tyding òg („usaatt millomrom millom teigar som er tilsaadde").

Saamundtjørni Uvd. hd. Dag. s. E 33, 8. Utt. *sā'munķonne, sā'm(m)un-.*— Ei liti tjørn paa søre sida aat Lògen litt aust for Dagalid kyrkje. Av mannsnamnet Saamund, som me kjenner fraa 1400-talet av (eldre Sǫlmundr). Namnet høyrer — i hovudsak — heime i Telemark og Robyggjelaget. Sjaa Lind, Dopnamn, og Aasens Namnebok.

Saattjern.

1. Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4. Utt. *sā'tķenn.* — Saattj. GK 1919. Paa sudsida av ei høgd som heiter Saata: *sā'ta.*

2. Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. — Saattj. orig. 1881. Kra. 1885. Attmed høgdi Saata paa fjellet Uppkuven.

Saat f. tyder det same her som saate f.

Saghylen.

1. Ndh. hd. Ld. s. F 34, 5. Utt. *sā'ghørn.* — Ei stille i Sokna nedanfor Stallhylane.

2. Sgd. hd. S. s. F 34, 8 (9?). Utt. *sā'ghørn.* — I Horgja.

Sagtjern, -tjørnane

1. Fles. hd. (Øv. Eiker?). F 35, 3. Utt. *sā'gķenn.* — I Smedselvi. Jfr. Sagløkka GK 1919.

2. Uvd. hd. U. s. Utt. *sā'gķønnann.* — Nede i dalbotnen, under garden Dokken.

Det maa ha stade sag nær attmed paa alle desse stadene.

Sakkerhus(dal)dam Kongsberg, vestsida. F 35, 8 ell. 9? Utt. *sa'kkərhusdæɫdamm(ən).* — Sakkerhus kallast brakkor nedved gruvone.

Sakronstjern Hole hd. 19 B, 9. Utt. *sā'krònnskjenn,* etter OR, Æ. — Sakronstj. RK 1872. Sakromstj. orig. 1931.

Saksendam (St., Vesle). Kongsberg. F 35, 9. Utt. *stō'rə, væ'slə sa'ks'ndamm,* flt. *-dammanə* (Jondalen). — Saksen: *sa'ks'n* er ein vaktarbustad. Vaktmannen for dammane bur der. Som velkjent er, hev dei brukt tyske gruvefolk paa Kongsberg.

Saksentjern Ndh. hd. Ld. s. F 34, 5. Utt. uppgj. *sa'ks'nk̜enn* (Soknedalen), *sa'kslək̜enn* (Aadalen). — Saxe(n)kjern(et) 1743. Saxenkjernet Wiel XXX, 190. St., L. Saxekj. orig. 1826. Saksentj. GK 1919.

Kjem vel helst av folkenamnet „sachse", endaa um tonelaget er annleis her enn i namni ved Kongsberg. Palludan fortel i 1743 at „udi Kittelsbyeaasen udi Sognedahlens annex findes 5 gruber, hvor udaf har været drevet kaabber for omtrent en 60 aar siden af fordum foged her paa stædet Jacob Luth". Kitilsbyaasen er paa den søre sida av Soknedalen. Jarngruvor òg hev det vore paa den sida av dalen. Saksentj. er paa nordsida. Men tyske gruvemenn kann ha gjeve namn til stader paa den sida med. — Tjørni ligg tett vestanfor høgdi Tjuvenborg. Tjuvenborg òg er eit namn med halvtysk sleng paa seg. — Vats-namnet Sakseren i Gjerpen upp mot Sandsvær-deilet, utt. *sa'ksərn̥* (Meheidi), hev vel derimot eit anna upphav. Det høyrer vel til ordet soks f., som eigenleg er flt. av s a x n. Vatnet kløyver seg i tvo vikar i den eine enden.

Salbottjern Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt *sa'llbotk̜enn*. — Salbottj. GK 1918. Salbot er vel eit husdyrnamn av same flokken som Salkoll, Salpru, Salrei, Salros (MM 1928, s. 63), Saldokka, Salgaas, Salpia (MM 1929, s. 95).

Salstjern Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 4. Utt. *sā'lsk̜enn*. — Uppaa Salsfjellet. Av sål m. Baade fjellet og tjørni hev nok namn etter ei høgd der uppe som heiter Salsknappen eller Salen: *sā'l'n*. Der er tvo toppar jamsides med ei sæld imillom.

S a l t k j ø n orig. 1847. Hol hd. — Uppaa fjellet sudvest for Ustevatnet.

Samsjøen (St., Vesle). Aad. hd. Viker og Yt. Aad. ss. F 33, 12. Utt. *stō'rsammsjøn, væ'slə sa'mmsjøn* (*sa'msøən* Skulerud, Festskr. til Falk 1927, s. 387). — Some vatn DN IX 338, 1473. Some dals vatnith, Sansø DN XIII 831, ca. 1560—70. Samsjøfjorden 1743. Samsøe Pontoppidan 1785, s. 124. Samsn, Samkj. AK 1856. Samsjøen, Vesle Samsjøen GK 1918. Hev avlaup gjenom Somma: *sō'mma*, skr. Summa 1743. Samdalselv Pontoppidan 1785, s. 124; jfr. Somadall DN IX 338, 1473. Somedal DN II 618, 1458. Nokre fleire skriftformer i NI I, s. 164.

Sjaa Hellquist, Sjönamn s. 565; Et. Ordb., s. 825. Falk, NG V s. 62. M. Olsen, NG X s. 459. Namnet Samsjøen inneheld vel det same sam- som me hev i saman, samla. Og det stend vel i avljodshøve til elvenamnet Somma (gn. *S o m a), og — som Hellquist lærer — til det svenske vatsnamnet Sommen, gsv. S o m e.

Sandaakersætertjern Ndh. hd. Ld. s. F 34, 5. Utt. *sā'nnåkərsætərk̜enn* (Tyristrand). — Jfr. Sandakersr GK 1919.

Sandantjern Nes hd. E 33, 5. Utt. *sa'ndank̜ednadn*. — Sandarkjernet 1743. Sandankj. AK 1856. Sandantj. GK 1920. Hev avlaup gjenom Sandanaai, som renn nedum Sandanbroten (gnr. 58, 31 Nes) og ned i Rukkedalselvi. Um slike fyrelekkjer som Sandan- sjaa t. d. Hestanhylen (Hemsedal).

Sandfitkulpen (-tjern) Nes hd. F 33, 1. Utt. *sa'nnfētkulpən, sa'nnfētk̜edn*; *sa'mmfēt-*. — Attmed Sandfitsætri.

S a n d o r t j. RK 1890. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s., og Siljan hd. Tel. 14 A, 14.

Sandorvatnet Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *sa`nnórvannə.* — Bander vatnet(!) DN XVI 31 (falskt brev, dagsett 1375). Sannorv. AK 1854. Sandorvd RK 1890. Attmed ein støl som heiter Sandoren: *sa`nnǫrn̩.*

Um endingi -or i namn sjaa NG V, s. 391. NI I, s. 261. Eg undrast paa um me ikkje hev med ordet hol m. aa gjera i fleire av desse namni paa -or(en). *Sand(h)olen skal ljodrett verta til *sa`nnǫrn̩* i Sandsvær-maal, og i samansetningar som Sand(h)olsætri vilde ein og faa *ṛ*: *sa`nnóṛsætra.* Gløymde dei so det etymologiske upphavet til namnet, vilde dei skilja ut slike former som *sa`nnórvannə.* Er dette den rette tolkingi her, lyt stølsnamnet vera eldst, og vatnet uppkalla etter stølen. Jfr. Vindoltjern og Vindolsætrane: *ví`nnóṛsætran* her i det fylgjande. Ved det namneparet er stillingi som ho maa ha vore ei tid ved namni Sandorvatnet og Sandoren, dersom dei inneheld ordet hol m.

Sandtjern, -tjørni.

1. Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *sa`nnkęnn.* — Sandtj. GK 1919.
2. Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 4. Utt. *sa`nnkęnn.* — Sandtj. GK 1919.
3. Hol hd. D 33 aust, 5. — Sandtj. GK 1931.
4. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *sa`nnkęnn.* — Sandtj. GK 1919.
5. Mod. hd. Hgg. s. 19 B, 14. — Sandtj. RK 1872 (visst = Gulsrud Sandtj.).
6. Ndh. hd. N. s. 19 B, 1. 2. — St., L. Sandtj. RK 1872.
7. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *sa`nnkęnn.* — Sandkien DN XIII 105 (falskt brev, dagsett 1476). DN XVIII 93, 1476 (same brevet i ein annan redaksjon, avskr. 1739). Sandtj. RK 1890.

Sandungen.

1. Øv. Eiker hd. Bk. og Haug ss. F 35, 5. Utt. *sa`nnóngann* (Aamot, Modum), *sa`nnónganə* (Lier). — Sannungene Strøms kart. Sanningvandene Pontoppidan 1785, s. 130. Sandungen AK 1854. Øv., M., Ned. Sandungen GK 1919.
2. Hur. hd. 14 B, 10. Utt. *stǿ`rə, små sa`nnóngən; stǿ`rə-, væ`slə-sannóngən.* — Sandungenv. AK 1854. Sandungen, L. Sandungen RK 1915.
3. Mod. hd. Snr. s. F 34, 11. Utt. *sa`nnóngən*, flt. *sa`nnónga.* — Sandungen GK 1919.

Sandvatnet.

1. Aad. hd. Viker s. F 33, 10. Utt. *sa`nnvatnə, sa`mmvatnə* (Aadalen), *sa`nnəvatnə* (Gølsvik). — Sannevandet 1743. Sandv. AK 1856. Sandv[t] GK 1918.
2. Aal hd. Aal s. nordfj. — Sandvd orig. 1846. Millom Frosen og Tvistvatnet.
3. Aal hd. Trp. s. E 33, 4. Utt. *sa`ndvatnə.* — Sandv. AK 1856. Sandv[t] GK 1920.
4. Fles. hd. F. s. F 35, 7. Utt. *sa`nnvatnə.* — Sandvand JN, 359. Sandv. AK 1854. Sandv[t] GK 1919.
5. Nes hd. F 33, 1. Utt. *sa`nnvatnə, sa`mmvatnə.* — Sandv[t] GK 1918.
6. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *ø`vrə, nē`rə sa`nnvatnə.* — Sandevatten DN XV 95, 1490 (avskr. 1645). Sandvathenn DN XVIII 106, 1904 (avskr. 1652). Sandv.[Sr] AK 1856. Øv., Ned. Sandv[t] GK 1919.

Av sand m. (Sandtj., Sandungen, Sandvatnet). Um fleire av desse vatni er det upplyst at dei hev fin sandbotn, eller sand langs strendene.

Sandvatskulpen Nes hd. F 33, 1. Utt. *sa'nnvasskulpən* (Flaa).

Sankt Andresdam Kongsberg(?). F 33, 8 (9?). Utt. *sankt-a'ndresdam, sankta'ndresdamm* (*-dammən*). — Heiter etter St. Andres-gruva.

Sankt-Olavstjern Fles. hd. Svene s. (ell. Kongsberg ell. Øv. Eiker?). F 35, 9. Utt. *sant-ō'lafsķęnn* (Kongsberg). — Nær Nordsæter.

Sauetjern, -tjørni.

1. Hol hd. Utt. *sau'əķødnė.* — Sauetj. Qv. og W. 1922. Uppaa fjellet nordaust for Ustevatnet.

2. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 7. Utt. *sau'əķęnn.* — Jfr. Sautjernsr GK 1919.

Av husdyrnamnet. Det er god sauehamn i nokre haller ovanfor Sauetj. i Hol.

Saulidvatnet Flaa hd. F 33, 1. 2. Utt. *sau'lívatnə.* — Soulievandet 1743. Saulidv. AK 1856. Saulivatni GK 1918. Der er ei grøn lid attmed, som sauene held seg mykje i um sumrane.

Sauloni Uvd. hd. U. s. E 33, 9 (10). Utt. *sau'lōnė.* — I Smaadøldalen.

Saupsettjernet Roll. hd. R. s. F 34, 8. Utt. *sau'psætķønnė.* — Attmed Saupset-sætri.

Namn paa Saup- finst baade i Numedal og Hallingdal. Sjaa NG V, s. 88. 437. Til grunn kann, som NG nemner, liggja eit elvenamn Saupa. Slike namn maa òg kunna sikta til grunnen, at han er vaatlendt. Ei tridje uttyding for eit namn paa Saup- nemner Tov Flatin, Gamalt fraa Numedal VI s. 56: „Uppi Uvdalsfjelli paa ei sæter der er det ein bergsnabbe som dei kallar S a u p n a t t i n. Den passa dei alltid paa aa slaa noko av saupe paa kvar gong dei hadde kinna, so dei kunne ha lukke paa krøteri. Det skal enno syne etter saupe der."

Sauvaltjernane Flaa hd. F 34, 2. Utt. *sau'(v)alķęnnann.* — Sauvalltj^ne GK 1919. Etter den uttala som er uppgjevi, skulde tjørnene ha namn etter ei høgd *Sauvarden.

Sedalstjørni Uvd. hd. U. s. sudfj. Utt. *sē'darsķønnė*, flt. *-ķonnann.* — Sedalkj. AK 1856. Paa sudsida av Sedalshovda. Paa nordsida ligg stølen Sedalen: *sē'dārn*, flt. *sē'døløn* i eit lite dalføre.

Namnet Sedalen hev dei i Flesberg òg. Ein støl i aasen upp for Flesberg kyrkje heiter so. Uttala der er *sē'ddærn, sē'dærn*. Fraa Haus i Nordhordland hev eg notera Sedalen etter orig. 1923—27, ein liten dal sudvest for Spaakevatnet, og fraa Aasane Sædalen, ein liten dal nordvest for Aasane kyrkje. I Fana er garden Sædal (NG XI, s. 230), utt. *sæ'dāl.* I S. Land er gardsnamnet Sedal, skr. i S e d a l e DN III 546, 1439, utt. *sē'ddāl.* I Sande paa Sunnmøre er gardsnamnet Sædalen. Namnet i S. Land tolkar Magnus Olsen, Stedsnavn og gudeminner i Land s. 23, som *S æ d a l r, av s æ r m., s j ø. Den tolkingi nemner O. Rygh frampaa um i NG IV 2, s. 182. Namnet i Sande er òg tolka som gn. *S æ d a l r i NG XIII, s. 19. Denne uttydingi høver ikkje for namni i Numedal, og ikkje for Sædal'ane i Haus og Aasane heller, trur eg. Der er ikkje vatn som ligg høveleg til. Meir høvelegt med situasjonen for namni i Numedal vilde gn. *S í ð u d a l r vera (jfr. S e v i k i Nøterøy av gn. *S í ð u v í k, NG VI, s. 242). Tydingi laut vera „Sidedalen", „Avdalen". Gardsnamnet Sædal i Fana kjem av gn. *S æ t r d a l r eller *S æ t r a d a l r (Settherdall NRJ III, 457. 459). Ei sovori tolking kunde vel òg høva for namni i Numedal.

Seimstj. GK 1931. Hol hd. D 33 aust, 3.

Sekstjerni Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *sæ'ksķenna.* — Sekstj[na] GK 1919. Ei større og 5 smaae tjørner.

Sekstjernshove orig. 1909. Fles. hd. Lyng. s. F 35, 3. — Ein liten laag rygg nord for Fønset med myr paa baae sidor, og fleire tjørner paa vestsida.

Selabotn Hole hd. 19 B, 9. Utt. *sæ'łabønn.* — Den store, noko avstengde viki av Tyrifjorden som gjeng inn paa austsida av Bønsneset.

Av sele m., hestesele. Eg veit ikkje kva grunnen til namnet er. Det er tenkjelegt at skapet paa viki kann minna um ein sele naar dei ser ifraa einkvan kanten. Etymologisk set same fyrelekken hev me i namnet Selasjór (Sverresoga, cod. AM 327 4° s. 14), no Saalaasjøen (Selbusjøen). Men der maa namnet ha ei upphavlegare tyding enn hestesele (NG XIV, s. 376).

Selstjørnane Uvd. hd. D 33 aust, 5. Utt. *sæ'rşķønnann, sæ's-* (òg høyrt *sǣ'rş-*). — Seskj. orig. 1847. Seilskj. orig. 1848. Selskj. AK 1856. Sælstjørnan GK 1931. Fyrste lekken maa vel innehalda ordet sel n. Det er fleire buder uppmed tjørnene, og gamalt felæger der. Men no kjenner ingen til at det hev vore sætra der.

Sælstjønnpytten orig. 1922—25. Sælstjørn- GK 1931. Uvd. hd. — Eit stykke nedanfor tjørnene.

Selvikvatnet Røyk. hd. 14 D, 10. Utt. *sæ'łvíkvannə.* — Sælvikv. AK 1854. Selvikvd RK 1900. Garden Selvik i Hurum ligg sunnanfor.

Semmentjernet (N., S.). Aad. hd. Yt. Aad. s. F 34, 6. Utt. *sø'mmənķennə.* — N., S. Semmentj. GK 1919. Nær garden Semmen.

Sendekj. orig. 1847. Sendetj. GK 1931. Hol hd. D 33 aust, 3. — Hev avlaup gjenom bekken Senda, som kjem ned millom Larsgard og Rud.

Senningflaarane Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 10. Utt. *sæ'nningflåranə,* eint. *sæ'nningflåru, flå'rn.* — Senningflaaen RK 1890. Tri „flaarar“. Um ordet flaar m. sjaa under „Grunnord“. Flaarane er so grunne at fisken hev dauda ut der. Der hev vore aaborr. Ikring er nokre vide myrar.

Senningivju Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *sæ'nningívjú.* — Gjeng inn fraa Lògen ved Senning.

Serketjern Aad. hd. Nes s. F 33, 6. Utt. *sæ'rkəķenn.* — Serketj. GK 1918. Av serk m., klædplagget. Kann kanskje vera samanlikningsnamn.

Sesserudsætertjern Ndh. hd. Ld. s. F 34, 5. Utt. uppgj. *sæ'ssərúsætərķenn* (Tyristrand) (NG V, s. 56: *sé'ssrú* for gardsnamnet). — Sess(e)rud er gnr. 175 Norderhov.

Sesstjørni Uvd. hd. U. s. E 33, 7. Utt. *sessķonnè* (uppgj. i brev; akcent ukjend). — Sessetj. GK 1920. Kjær, N. Vasdr. III s. 279 skriv: „Oprindelsen uviss. Kan maaske være en uttaleform for Setstjern, av set n., sætten, utsætning (av fiskegarn).“ Etter upplysningar som eg hev fenge, skal det liggja (ha lege) ein gamall støl uppmed tjørni som kallast Sessen.

Sigdalstjerni Krhd. F 34, 10(?). Utt. *sí'gdarskenna.* — Vest for Versaasen, burtimot Sigdals-bytet.

Sildenakkane Mod. hd. Snr. (Hgg.?) s. F 34, 11 (10?). — Utt. *sí'llənakka.* — Tvo smaatjørner i Holleia, vestanfor Steinstj.

Det er vanskelegt aa vita kva eit slikt namn hev upphavet av. Det kann vera av eit reint slumpehøve. Hans Flaten, Hemsedal 1814—1914 s. 9 f. forklaarar namnet „Sildebakken" sud for Halso i Hemsedal: Aals-gjeldingane brukte aa tvi-køyra sildelass ifraa dalen upp der paa vetraføret. Men det kann ikkje gjeva nokor rettleiding for namnet her.

Silleput orig. 1881. Silleputten Kra. 1885. Ndh. hd. N. s. 19 B, 10.— Ein ørliten myrpytt sudaust for Evjeaasen ved Heggelidvatnet. Liksom „Sildenakkane" kjem namnet av fiskenemnet sild f. Det siktar vel til at det er berre smaafisk i pytten, — dersom der finst fisk. Elles maa det vel sikta til at pytten er so liten. Jfr. NI I, s. 167.

Sineren Sgd. hd. Egg. s. F 34, 7. Utt. *sí'nərn.* — Synerkj. orig. 1846. Sinern GK 1919. Ei fjelltjørn.

Sinnera (Storsinnera). Ndh. hd. Haug s., og Jemnaaker hd. Uppl. 19 B, 4. Utt. *stô'rsínnera, sí'nnera (sí'nnæra).* — St. Sinneren RK 1872.

I Sigdal hev dei itakisme, og *i* i namnet Sineren der kunde koma av *y*. Men truleg er *i* gamall. Namnet kann vera eldre *Sindrir, av sind(e)r n., jarnslagg. Det er daa eitt av dei mange minni i namngjevingi um myrmalmsmeltingi. Synerkj. — og Synern[t] — orig. 1846 er vel falsk normalisering. Sinnera i Norderhov — Jemnaaker inneheld nok òg ordet sind(e)r n.

Situtj. GK 1931. Uvd. hd. D 33 aust, 5. — Paa sudsida av Situnuten GK. Situ- er ei maalføreform av sete f., sitjing, upphald paa ein stad, sitjestad, sess.

Sivtj. GK 1920. Nes hd. E 33, 4. — Ei fjelltjørn.

Sjaaen Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *sjån.* — Den nordre, avstengde viki av Stavatj. Maa vel vera bundi form av ordet sjaa m., sideform til sjø. „Sjaa" er nytta mykje i vatsnamn i grannebygdene i Telemark (i ubundi form). Her maa ordet vera brukt for skjemt, — um ein liten poll.

Sjugurdstjørni.

1. Uvd. hd. U. s. E 33, 8. Utt. *sjû'gurskənné, sjû'gurs-.* — Sjugurdstj. GK 1920.

2. Uvd. hd. U. s. — Sjugurdskj. AK 1856. I Imingdalen.

Sjurdstjernputtane Lier hd. Syl. s. 14 D, 3 (2?). Utt. *sjú(r)skennpútta(nə).* — Innpaa aasen vest for Horn.

Sjugurd og Sjurd (*sjû'gul, sjūl*) er former av mannsnamnet Sigurðr.

Sjusjøbroren Sgd. hd. Egg. s. F 34, 2. Utt. *sjū'sjøbrôrn.* — Ei liti tjørn ved sida av Sjusjøen.

Sjusjøen Sgd. hd. Egg. s. F 34, 2. Utt. *sjū'sjøn.* — Sjusjø[n] GK 1919.

Kann vel òg vera ei samansetning med mannsnamnet Sjurd. Sjurðr, av Sigurðr, finst alt i sein gamalnorsk (Lind, Dopnamn). Ein kunde daa alt i det 14. hundradaaret ha Sjurðssjór(inn), og det vilde naturleg verta til *sjū'sjøn* no.

Sjutjerni.

1. Øv. Eiker hd. Fsk. s. (eller Kongsberg?). F 35, 9. Utt. *sjū'kḙnna* (Kongsberg). — Nord for Brennesætri.

2. Øv. Eiker hd. Haug (og Bk.) ss. F 35, 10. Utt. *sjū'kḙnna.* — Jfr. Sjutjernsdalen GK 1919.

3. Fles. hd. F. s. F 35, 7. Utt. *sjū'kḙnn.* — Sjutj. GK 1919.

4. Lier hd. Frg. s. F 35, 6. — Syvtjernsputtane Dr. 1927.

5. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *sjū'kḙnna.* — Aust for Rødsvollen.

Av talordet sju.

Sjøhovdtjern Nes hd. F 33, 1. Utt. *sjø'hovdkḙdn.* — Attmed fjellet Sjøhovd. Sjøhovd av sjø, gn. sjór m.? Dei hev Budvatnet og Langevatnet nedunder dette fjellet, paa kvar si leid.

Skaaalaastjernet Fles. hd. F. s. F 35, 1. Utt. *skå'alåskḙnnə, skvā'łås-.* — Paa vestsida av Skaaalaasen: *skå'alås'n, skvā'łås'n,* skr. Skvalaasen GK. Skaaalaasen kjem vel av *Skaahallaas, til skaahall f., eit hall som skraanar jamt (Ross). Yvergangen i uttala fraa *åa* til *vā* er nok ljodrett. Men naar dei hev fenge *ł* òg, kjem det full av at dei hev umtydt namnet.

Skaadammen Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4. Utt. *skå'dammən.* — Ei stille i Rudselvi eit stykke nedanfor Langevatnet. Skaadam m. er ein „dæmning, som bestaar af et skraatliggende plankeværk" (Aasen). Det hev vore ei demning med denne stilla.

Skaakaastjerni Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *skå'kåskḙnna.* — Skokkaastj^ne GK 1919. „Skaakaasen" maa koma av skaak f., og namnet maa sikta til eitkvart avlangt paa aasen.

Skaalavatnet (Skaale-).

1. Aal hd. Aal s. nordfj. Utt. *skå'łəvatnə* (Hol); òg uppgj. *skå'łakḙdnė.* — Skaarbotkj. orig. 1847. Skaalebotkj. AK 1856.

2. Sgd. hd. S. s. og Roll. hd. F 34, 7. Utt. *skå'łavatn* (Sigdal); i Rollag uppgj.: *skå'łəvatn.* — Skaalav^t GK 1919.

Vatnet i Aal ligg i ein botn ovanfor stølen Skaalen: *skå'łen,* dat. *skå'ła.* Stølsnamnet er bundi form av skaale m., skytje, skur. Skaalavatnet i Sigdal — Rollag maa heita etter garden Skaala i Eggjedal. Dette gardsnamnet er dat. eint. av skaale m. Jfr. NG V, s. 143. 200.

Skaanevatnet Røyk. hd. 14 D, 10. Utt. *skå'nəvannə.* — Skaanevd orig. 1826. RK 1900. Kann koma av skaan f., hard skorpe, tunn skare ((naute)skaa: kuruge. Hard.).

Skaarsrudvatnet Nes hd. E 33, 4. Utt. *skå'ṛṣuvatnə, skå'ṛṣru-, skå'ṛṣrə-.* — Skaalsrudvand orig. 1845. Skaarsrudv^t GK 1920. Attmed Skaarsrudstølane.

Det er snaudt rett som Falk gjer i NG V, s. 87, aa tolka namnet Skaarsrud (Skaalsrud) av skol n., „skyl, strømning, skvulpen, pladsken". Daa skulde me ha venta uttala *skøṛṣ-* her i Nes. Den gamle vokalen i fyrste stavingi skulde vera *á* etter reglane for målføret her, synest det.

Skagnestjern Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. uppgj. *ska'gneskḙnn* (NG V, s. 66: *skå'nes* for gardsnamnet). — Skagnestj. GK 1918. Uppaa aasen aust for garden Skagnes.

Skakketj. GK 1920. Hol hd. E 33, 1. — Ei liti elve-utviding i Raudløkedalen.

Skakktjern Fles. hd. F. s. F 35, 1. Utt. uppgj. *skā'kkķęnn* (Flesberg), *ska'kkķənn* (Rollag); OR, Æ: „Ska'kjkjenn". — Skakkj. AK 1854. Skaktj. GK 1919. Baade namnet i Hol og det i Flesberg mun koma av adj. skakk. Dei kann ha tykt tjørnene laag skakt paa leidi aat vatsdraget.

Skalerudvatnet Aad. hd. Viker s. F 33, 5. Utt. *skā'ɫərúvatnə* (*-vannə*). — Skarerudvandet, Scharudvandet 1743. Skarudvandet Wiel XXX, 177. Skalerudv^{t} GK 1918. Eit lite vatn med avlaup gjenom Skalerudelvi, som renn framum garden Skalerud.

Skallerudtjern Øv. Eiker hd. Fsk. s. F 35, 10. Utt. *skæ'llərúķęnn*; òg uppgj. *skæ'lləķęnn*. — Skallerudtj. GK 1919. Maa heita etter ein bustad Skallerud, av skalle m., turr, steinut høgd eller kuv.

Skalpelidvatn Krhd. F 34, 4. Utt. *skæ'ɫpəlívænn* (Tyristrand). — jSkalpeleida vatnet DN VI 63, 1301 (vidisse 1461). Schalpelievandet, Skalpelivandet 1743. Skapelivandet Wiel XXX, 189. Skarplitj. GK 1919.

Vatnet heiter etter Skalpelid, som er ei Slaatteng under Skinnes. „Antagelig har den i Skalpelivandet faldende elv (Skalpelielven) oprindelig hedt *Skǫlp eller *Skalpa, en afledning af skalpr m., „sverdskede, slidre", altsaa egentlig om den sænkning, hvori elven rinder". „Dersom formen Skalpeleida er rigtig, maa sidste led oprindelig være leið f., „vei", og første led være appellativet, ikke det deraf dannede elvenavn" (Falk i NG V, s. 205 f. 473). Til dette hev eg ikkje noko aa leggja.

Skamrek Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. Utt. *ska'mmrække*. — Skamv. AK 1854. Skamræk RK 1872.

Skamyrvatnet Hur. hd. 14 B, 10. Utt. *skā'mýrås'n*. — Jfr. Skavmyr aasen RK 1915. Skamyr er vel som RK hev det, eldre Skavmyr, av skav n., avskava bork til fôr.

Skaperkj. orig. 1826—27. AK 1854. Skapertj. RK 1900. Røyk. hd. og Lier hd. 14 D, 9. — Same namnet, synest det, som Skaapaartjørni i Lesja. Tjørni i Lesja hev namn av at ho er eit aar-merke (ho „skaper" aaret so og so).

Skardsettjørni Hol hd. E 33, 1. Utt. *skā'rṣætķødné*. — Skarsettj. GK 1923. Attmed Skardsetstølen.

Skardstjern.

1. Øv. Eiker hd. Bk. s. og Haug s. F 35, 11. Utt. *ska'rṣķęnna* (flt.), *skā'rṣ-*. — Skarstj^{ne} GK 1919. Òg kalla Smaatjerni: *små'ķęnna*.

2. Mod. hd. Snr. s. F 35, 4. Utt. *skā'rṣķęnn* (*ska'rṣ-*). — Skarstj. GK 1919.

Skardtjern, -tjørni.

1. Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *skā'ɫķęnn*. — Skartj. GK 1918.

2. Aal hd. Aal s. E 32, 7. Utt. *skā'ɫķødné*; òg uppgj.: *skā'ɫ-*. — Skartj. GK 1923.

3. Fles. hd. Svene s. F 35, 8. Utt *skā'ɫķęnn*. — Skaltj. orig. 1909. Skettj. GK 1919.

4—5. Nes hd. F 33, 1 (ei tjørn aust for Tjernsetsr og ei vest for Gravskardaasen). Utt. baae stader: *skā'tķędn.* — Skartj. GK 1918.
6. Nes (Nore?) hd. E 33, 10. Utt. *skā'tķonnann* (Tunnhovd). — Uppaa aasen yver Tunnhovd, ovanfor eit skard.

Av skard n. Der som namni hev einstavings tonelag, kjem det vel av at „Skard(et)" kjennest som sernamn: vatni kann daa vera uppkalla etter ein støl t. d. som heiter Skard(et), og ikkje beinveges etter sjølve fjell-opningi.

Skardvatnet Hems. hd. — Store Skarvandet 1743. store Scharvandet ekstrakt 1743. St. Skardv. AK 1856. I hovudelvi.

„Skarplidvatnet", sjaa Skalpelidvatnet.

Skarvaatjørni Hol hd. Utt. *ska'rvåķədnė.* — Skarvaakj. Qv. 1920. Skarvaani: *ska'rvånė* kjem ifraa Hallingskarvet. Ho renn ned i Vierbotnen.

Skarvanstøltjørni Aal (Hems.?) hd. E 32, 7. Utt. *ska'rvannstølķədne.* — Skarvanstølvn GK 1923. Paa sudsida av Skarvanstølen, som ligg under ein høg nut (Skarvanstøln[t] GK). Det er fjellet som fyrst hev heitt paa Skarvan-. Um namn med fyrstelekkjer som Skarvan- sjaa Hestanhylen.

Skarvetj. orig. 1930—31. Nore hd. austfj. — I Skagsmarki. Av skarv n.; jfr. dei fylgjande namni.

Skarvsjoren Uvd. hd. — Skardsn AK 1856.

Skarvsvatnet (Øvre, Nedre). Uvd. hd. Utt. *ø'vrə, nø'rə ska'ŗsvatnə.* — Skardsv. AK 1856. Sud for Skarvsfjellet eller Skarvet: *ska'ŗsfjęllə, ska'rvə*; *nō'ŗskarvə, sø'ŗskarvə.*

Baade Skarvsjoren og Skarvsvatnet heiter etter fjellet. Paa AK er namni mistydde. Same mistyding finst òg i N. Vasdr. III, s. 280, som byggjer paa den ufullkomne skrivemaaten paa AK. — Fjellnamnet Skarvet er ordet skarv n., nake berg, steinut høgd.

Skatjern Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *skā'ķęnn*; òg uppgj. *skā'ķęnn.* — Skatj. GK 1919. Truleg gn. *Skaðatjarn.

Skaupsjøen Uvd. hd., og Eidfjord hd. Hord. D 33 aust, 4. Utt. *skau'psjø̄*, dat. *-sjøė* (Ustedalen; Skurdalen); *skau'psjō* (Dagalid); *skau'fsjō* (Dagalid; Uvdal). — Schofse Flor 1760. Skaup s. AK 1856. Skaupsjøen GK 1931.

Kjær, N. Vasdr. III, s. 280 skriv: „Der synes ikke at findes noget ord i sproget, som kan brukes til at forklare dette navn med, da skaupa f., en øse, et skaalformet kar, kun synes at være brukt i den sydøstlige del av landet." Aasen fører upp skaupa f. berre fraa Romerike og Solør. Men etter upplysning i brev fraa Aamund K. Bu, Ringøyi i Kinsarvik, hev dei der det nærskylde ordet øl-skaup (n.?), eit ølkjerald, „eit rundt stava kjerald med 2 handtak paa". Det er daa trulegt som Aam. K. Bu nemner, at dei kann ha jamført vatnet — eller ein lut av vatnet — med eit bidne av dette slaget. Vatnet er ujamt paa skap, med fleire vikar. — Torp, Nyn. Et. Ordb. held skaupe f. for laanord ifraa mlt. (schôpe f., ausekjer eller bytte). Maa tru um ikkje skaupe f. og skaup (n.?) kunde vera heimlege ord, i same avljodshøve til gn. skap-ker som gn. gneypr til gnapa, klauf til klafi? — Ei onnor tenkjeleg tolking er at namnet kunde hanga saman med gn. skaup n., spott, gjøn:

„Narrevatnet". Eit sovore namn kunde sikta til at vatnet er so ugreidt paa skap. Elvi som kjem ifraa Skaupsjøen, heiter Skaupa. Elvenamnet er elliptisk avleidt av vatsnamnet. — At elvenamnet skulde vera eldst her, er vel mindre rimelegt.

Skaupsjøungen, sjaa Ungen.

Skautput orig. 1913. Sgd. hd. S. s. F 35, 3. — Ein ørliten myrpytt nordaust for Bjørndalssætri. Kann vel koma av eit kyranamn Skauta.

Skautreitjern, sjaa Skortrostj.

Skavangertjern Kongsberg. F 35, 9. Utt. *skā̀vangərkẹnn.* — Ved garden Skavanger.

Skiftestjørni Hol hd. sudfj. Utt. *sjì'fteskẹdné.* — Skifteskj. orig. 1842. Nordvest for Skjertj. Ligg i skiftet eller deilet millom skulekrinsane Moen og Kvisli.

Skiftingen Tyr. hd. F 34, 12. Utt. *sjì'ftingən.* — Skiftingen GK 1919. Ei liti myrtjørn. Av skifte n., skiftestad, stasjon paa vegen. Dei brukar aa køyra timber ned paa denne tjørni og leggja det der, og so kipper dei.

Skilfittjørni Aal hd. Aal s. E 33, 1. Utt. *sjḗ'lfētkẹdné.* — Attmed stølen Skilfìt: *sjḗlfēt,* skr. Silfet GK 1920. Av skil n., vegaskil. Det tek ein annan veg av til den stølen enn til grannestølane.

Skilnadtjern Aad. hd. Nes s. F 33, 5. Utt. *sjì'lnakẹnn.* — Nord for Nedre (Søre) Gravaatj. Av skilnad m. Er det noko slag grense-skil her?

Skimten Lier hd. Frg. s. F 35, 12. Utt. uppgj. *sjí'mt'n, sjí'mtkẹnnə* (OR, Æ: *sjæ'mmten*). — Skjemten (bustad) GK 1919. Skimttj. Dr. 1927. „Skimten" maa vera ordet skimt m., glimt, blenk av ein ustadig lysning. Namnet høyrer daa til same tydingsgruppe som Lyseren m. fl.

Skinaastjern Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *sjḗ'nåskẹnn* (Kongsberg).— Ved foten av Skinaasnatten.

Skinhovdtjørnane Gol hd. E 32, 10. Utt. *sjḗ'nhøvdkẹdnadn.* — Skinhovdtj^an GK 1923. Attmed høgdi Skinhovda: *sjḗ'nhovda.* Skinaas og Skinhovda av skin n., gn. skin, truleg siktande til at det „skin turt" paa desse høgdene, eller til at den sida som folk ser deim tidast ifraa, ligg imot soli.

Skinnesfjorden Krhd. F 34, 10. Utt. *sjì'nnesfjōṛṇ.* — Den luten av Krøderen som er sunnanfor Skinnessund. Skinnes er gnr. 180—182.

Skinntjern Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *sjì'nnkẹnn.* — Skinntj. GK 1919. Etter uttala er namnet samansett med ordet skinn n., dyreskinn, hud. Tjørni hev eit noko uregelrett skap, aa sjaa til paa kartet. So dei kann kanskje ha funne noko likskap med ei hud. Jfr. Geitskinn, NI I, s. 70.

Skintjerni Fles. hd. F. s., og Gransherad Tel. F 35, 8. Utt. *sjḗ'nkẹnna* (Sandsvær; Flesberg), *sjḗ'nkənn* (eint.; Gransherad). — Skeentj^ne GK 1919. Tri tjørner.

Ut i den eine tjørni gjeng ein tange, smal i roti; der brukar dei aa kvila med kyrne naar dei gjæter. Ei av tjørnene (alle?) skal vera grunne so kyrne kann vada ut i. Der er soleis høveleg tilhaldsstad for kyrne naar dei skinar, og namnet høyrer vel til verbet skina. Sume heimelsmenn meinte at det kom av at det skin, blenkjer i tjørnene naar ein ser deim eit stykke ifraa (skin n.). Det er flatt uppaa aasen der som tjørnene ligg; men denne tolkingi er vel ikkje so nærliggjande like vel.

Skinvatnet Sgd. hd. Egg. s. Utt. *sjè'nnvatnə*. — Skjenvn orig. 1930. I sæterregionen øvst i Eggjedal. Truleg ellipse for *Skinnattvatnet. Aasen Skinnatten: *sjè'nnatt'n* ligg vestanfor tjørni. Jfr. Skinhovda, Skinaas-.

Skistadtjern Øv. Eiker hd. Haug (Fsk.?) s. F 35, 11. Utt. *sjí'sta-ķęnn*. — Aust for Østerud. Skistad er gnr. 12 Øv. Eiker.

Skitjørni Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *sjī'ķødne*; òg uppgj. *sjī-*. — Skikj. orig. 1846. Skitj. GK 1920. Truleg av ski n. (f.), ski til aa renna paa snøføre med.

Skittjern Mod. hd. Hgg. s. F 35, 5. Utt. *sję'ttķęnn*. — Skettj. GK 1919. Av skit n., lort, søyle. Tjørni er ei liti myrtjørn med myrk botn.

Skjegletjernane Nes hd. E 33, 6. Utt. *sję'gləķędnadn*. — Skjegletj. GK 1920.

Attmed tjørnene er ei onning, d. v. s. ei slaatte, som kallast Skjegleonningane: *sję'glə-onningadn*. Det er ikkje visst kva for eit namn som stomnen Skjegle- høyrer til upphavleg, — kanskje helst til slaattenamnet. Skjegle- kjem vel av verbet skjegla 2 hjaa Torp, fara, gaa skeivt.

Skjerhylen (Øvre, Nedre). Uvd. hd. Utt. *ø'vrə* og *nø'rə sjē'rhørn*; *sjē'rhøtķonnann* (flt.); òg uppgj. *sjæ'r-*. — Skjerholenv. AK 1856. Tvo utvidingar i Lògen nedanfor Bjornesfjorden. Av skjer n., eller av skjerv n., nake berg. Det er ein stryk millom dei tvo Skjerhylane som heiter Kjevun. I den stryken er det fleire holmar eller skjer.

Skjerjavatnet Hol hd. D 33 aust, 5. Utt. *sję'rjavatnə*. — Sjerjav. AK 1856. Skjerjavn GK 1931. Gn. *S k e r j a v a t n, av s k e r n., skjer. Det er fullt av smaaøyar i vatnet.

S k j e r n e s k a l k j e r n e t Wiel XXXII, 139. — I vatsdraget aat Tromaldelvi.

Skjersjøen Ndh. hd. N. s. F 34, 12. Utt. *sjæ'rsjøn*, *sję'r-*. — Skærand (soleis) Geo. Uppm. 6. Skiersøen 1743. Schiersiøn GC nr. 266 (1781). Axellagerskjersjøen Wiel XXX, 139. Skjersn AK 1854. Skjærsjøen GK 1919.

Fraa vatnet gjeng Skjerdalselvi, som renn ut i Tyrifjorden ved garden Skjerdalen. Gardsnamnet synest svara til gn. *S k e r f u d a l r (NG V, s. 15). Vatnet hev daa heitt *S k e r f u - s j ó r, av eit elvenamn *S k e r f a. I notidi associerar dei namnet Skjersjøen med ordet „skjer", og der er nokre smaaholmar uti vatnet òg, som kann letta denne associasjonen.

Skjersvatnet Lier hd. Frg. s. F 35, 6. Utt. *sjæ'rsvannə*. — Skjærsv[t] GK 1919.

Skjertjørni Hol hd. E 33, 1. Utt. *sję'rķødne*. — Skjærkj. AK 1856. Skjertjørni GK 1920. Av skjer n., eller av skjerv n., nake berg. Der er nokre holmar i vatnet, nokre steinrandar attmed, og ein bergsnabbe paa den eine sida. — Av skjer eller skjerv kjem òg namnet Skjersvatnet.

Skjervetjernane Nes hd. E 33, 5. Utt. *sji'rvəkedmadn.* — Skjervedalstj. (eint.) GK 1920. Heiter etter elvi Skjerva: *sji'rva* (skr. Skjervenaai GK), som kjem ifraa desse tjørnene.

Skjervsjøen (og Vesle S.). Nore hd. vestfj. Utt. *sjæ'(r)sjö(r)n, ve'slə sjæ'(r)sjö(r)n (sjæ'sön).* Skiersiø JN, 366. Skjirsøene orig. 1847. — Skarsn AK 1854. Heiter òg etter ei elv Skjerva: *sjæ'rva,* skr. Skierffuenn JN, 366.

Skjesvatnet Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *sje'ssvann(ə), sje'ss-.* — Skillevd AK 1854. Skjesvd RK 1890. Visst gn. *Skeiðsvatn. A. Kjær, N. Vasdr. III s. 280 skriv òg: „Vistnok av oldnorsk skeið n., som oprindelig betyder „skille", her vel brukt om veiskille". At skeid hev tydingi „skil" her, torer eg ikkje vera viss um.

Skjetvalktjørni Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *sje'tvał(k)kødne.* — Tett attmed Monsa. Skjetvalk: *sje'tvałk* er ein rovfugl. Tett attmed tjørni er eit høgt berg, Skjetvalkberget; der hev fuglen brukt sitja. — Same fuglenemnet hev me i namnet Skittfalkn[t] orig. 1927—28, i Tinn vest for Rosjaa. Likeins venteleg i Skittvaakn[t], som finst i Kinsarvik (orig. 1930) og paa Hardingviddi sud for Dimmedalsvatn (kroki fraa Høgfjellskommisjonen yver Hardingviddi 1924). Um Skittvaakn[t] i Kinsarvik skriv kaptein Skaar i rapport til Noregs Geografiske Uppmæling: „Av skittvaak, en vaak eller høk." Skjetvalk, skittfalk, skittvaak, (skit-) er full det same som snjovaak (sjovaak, sjøvaak), som Aasen hev ifraa Gudbrandsdal (buteo lagopus?), og det same som sjuvalk, skyvalk fraa Heidmark.

Skjetvalstj. orig. 1930. Nore hd. austfj. — Ei liti tjørn sud for stølane Fjellset og Kupa. Skjetval er lik skjetvalk.

Skjækan Hol hd. D 33 aust, 4. Utt. *sjækadn* (uppgj. i brev; truleg akcent 1). — Skjekan orig. 1925—1929. Skjækan GK 1931. Nokre smaatjørner ved vestenden av Ørteren. Dei heng mesta i hop med hovudvatnet. Namnet er fleirtal av skaak f. Tjørnene skal vera lange og smale (viser ikkje soleis paa GK). Dei hev daa rekna tjørnene — med tilhøyrande smaabekkjer — for tilheng til hovudvatnet.

Skiøkiønvandet 1743. Støkonvandet ekstrakt 1743. Sjokonvandet Wiel XXXII, 129. Aal hd. Aal s. E 33, 3. — Eit vatn som Kulu hev utlaup ifraa. Etter ekstrakt 1743 helst Kroktj. Men det kann òg vera meint Hestetj.

Skjølbekktjørni Roll. hd. R. (Vggl.?) s. austfj. Utt. *sjø'łbækkkønne.* — Attmed stølen Skjølbekken: *sjø'łbækkən.* Skjølbekken er lik Skilbekken.

Skoddøltjern Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *skø'ddøłkenn.* — Skoddøltj. GK 1919. Jfr. Skordøll-elve v. Langen 61.

Elvenamnet Skoddøla kunde vera avleidt av eit gn. *Skorudalr, som laut vera samansett med eit eldre elvenamn *Skora, til skor f., m. a. rive i fjellvegg. Ein studnad for denne etymologien er det, at eit stykke lenger uppe med vatsdraget ligg stølen Skaarsr GK. Nedanfor stølen ser elvi ut til aa gaa nokso djupt i eit bratt hall, etter kartet. Jfr. òg skrivemaaten hjaa v. Langen. Den tronge vokalen i Skoddøl- laut koma ifraa den eldre, usynkopera jamlagingsformi *Skoro-dal. Um elvenamnstomnen Skora sjaa NE, s. 223.

Skogstjern.

1. Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *skau'ksk̦enn.* — Aust for Haugerudsætri.

2. Tyr. hd. F 34, 11. Utt. *skø'ksk̦enn.* — Skogstj. GK 1919.

Skogsvatnet Øv. Eiker hd. Bk. og Haug ss. F 35, 11. Utt. *sko'ksvannə* (helst open *o*). — Skogsv[t] GK 1919.

Av skog m. Skogstj. 2 inneheld like vel ikkje direkte appellativet, men er uppkalla etter ein støl, Skogsr GK; fyrr skal der ha vore ein plass. Appellativet skog er uttala *skaug* i Aadalen, men i eldre samansetningar er det Skoks- der. „Skaugstj." er soleis eit nyare namn. Paa Tyristrand (og Eiker) heiter appellativet *skau.*

Skoklevatni Hur. hd. 14 B, 4. 10. Utt. *skå'kłəvannə* (eint.). — Skoklev[dne] RK 1915. Maa koma av skokul m., skaak. Jfr. Skjækan.

Skolavatnet Uvd. hd. Utt. *skø'łavatnə.* — Nord for Imingsæterdalen attmed stølen Skòli: *skø'łe.* Maa tru um dei hev havt eit vatsnamn Skòl (f.), til skòl n., skvalping, skyljing, strøyming, t. d. etter sterkt regn? Stølsnamnet er daa det gamle vatsnamnet.

Skolpetjern Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *skǫ'łpək̦ønn* (Meheidi; uttale vestanfraa). — Skalpetj. RK 1890. Av skolp m., eit holt bitjarn til aa hola ut tre med, t. d. kubbestolar, eller av skolp m., uthola stokk eller treflaske til aa ha brynet i. I baae tilfelle maa namnet sikta til eitkvart uthola eller innboga i terrenget.

Skorflaagaan Aad. hd. Yt. Aad. s. F 34, 6. Utt. *skå'rfłågån.* — Ein liten myrdam attmed garden Furumo. Av skor f., skore, rive i fjell, eller pall i eit berg, og so floge m., grunn pytt. Denne pytten er so grunn at hann ligg turr naar det ikkje er regn. Kjem det regn, flyg han upp so han gjeng utyver ei heil vidd. Der er vandt for avlaup.

Skorpen Ned. Eiker hd. F 35, 12. Utt. *skø'rpən.* — Skorpionen orig. 1892. Skorpen Dr. 1927. Ei liti tjørn nord for Breidvrangen.

S k o r t e t j[an] orig. D 34 1931. Uvd. hd. U. s. Sud for Skrykkjen.— Av berg-skorte, truleg.

Skortrostjern Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. uppgj. *skau'træik̦ønnænn* (flt.; Meheidi; uttale vestanfraa). — Skortrætj. orig. 1886. Skortrostj. RK 1890. Dei ulike formene syner at folk er ustøde um namnet. Skautrei er kyranamn.

Skotta Ndh. hd. N. s. 19 B, 4. — Skotta RK 1872. Av skot n., tilbygning?

Skreddargardstjørni Nore hd. austfj. Utt. *skræ'ddargaŗsk̦ønne.* — Skreddargarden er gnr. 150, 11. Nore.

Skrekktjern Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *skræ'kkk̦enn.* — Skræke-kien høelen 1730 (DN VII 820). Eit sidebasseng til St. Lauarvatn. Truleg av verbet skrækja, skrika, um visse fuglar, i ser skjor, gn. s k r æ k j a, skrika (t. d. um ramn og kraake), eller av fuglenemnet skrækje f. (eller skrekkje), eit slag and.

Skreppetjern Fles. hd. F. s. F 35, 8. Utt. *skræ̀ppəkꝁenn.* — Sud og upp for stølen Svartholt (framanfor Strutaasen). Jfr. det fylgjande namnet.

Skrepphylen Aad. hd. Nes s. F 33, 5. Utt. *skræ̀pphørn.* — I Skjellbreida, nedanfor Rundhylen. Av skreppe f., rygg-pose. Det er ei lense i hylen, so timberet ikkje skal gaa inn i ei vik. Er det denne viki som er „skreppa"? — Baade Skrepphylen og Skreppetj. kunde og ha namn etter eikor hending med ei skreppe; eller kjem det av at dei er gode fiskestader og gjev „skreppefyll" (jfr. Skrukkefylla).

S k r i d s n AK 1854. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. — (Visst = eitt av Fisketretjerni).

Skriduhalltjernane Nes hd. E 33, 6. Utt. *skrì̄uhallkꝁednadn.* — Litt ovanfor Aalstj. Jordskridor hev gjenge der som tjørnene er.

Skridutjern.

1. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *skrì̄ukꝁenn.* — Skriutj. GK 1919.
2. Sgd. hd. Egg. s. Utt. *skrì̄ukꝁenn.* — Skriutj. orig. 1930—31. Jfr. Skriusr og Skriufj. AK 1856. Nordvest for Medalen.

Tjørn nr. 2 ligg under ein høg knatt. Der hev gjenge skridor.

Skrimsvatnet Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *skrímsvannə.* — Skrimsvd RK 1890. Attmed fjellet Skrim. Skrim(sfjell) av gn. s k r i m n., (veik) ljosning; jfr. nyn. vb. skrima, lysa veikt, skimta fram, syna seg uklaart. Sjaa NG V, s. 381.

Skrindetjørni Aal hd. Aal s. E 32, 9. Utt. *skrì̄ndəkꝁødne.* — Skrindetj. GK 1923. Etter Skrindo, gnr. 47 Aal (NG V, s. 142).

S k r o v s t j. orig. D 34 1929—30. Uvd. hd. Dag. s. Vest imot fylkesskilet, vest for Langesjoren. — Eit fjell sunnanfor tjørni heiter Skrovet. „[Navnet] Skrovet kommer av at der sees likesom et „skrev" (skritt) i fjellet fra nø.", skriv kapt. Th. Ween i rapport til Noregs Geografiske Uppmæling 1931. Fjellnamnet er nok ordet skrov n., kroppen paa dyr naar han er opna, serskilt bukhola. Det er vel eit sovore skrov dei hev funne noko likskap med naar dei saag fjellet fraa ei viss leid (nordaust).

Skrubbetjern Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 10. Utt. *skrùbbəkꝁenn.* — I eit dalføre nord for Hajeren. Truleg av skrubb m., ulv.

Skrukkefylla Flaa hd., og Sør-Aurdal hd. Uppl. F 33, 2. Utt. *skrùkkəfilla* (Flaa), *-fylla* (Sør-Aurdal). — Skrukkefylla GK 1918. Sjaa NI I, s. 180.

Skrykkjen Uvd. hd. Utt. *skrẏ̀kꝁen* (Skurdalen; Dagalid), *skrẏ'kkən* (Uvdal); i samansetning *skrẏ̀kꝁe-* (Skurdalen; Dagalid; Uvdal); *skrẏ̀kꝁe-vikꝁe, skrẏ̀kꝁebækkən, skrẏ̀kꝁemẏrann, skrẏ̀kꝁeviərn* (Uvdal; det siste er ei bud). — j Sk(r)ykenom DN IX 297, 1452. j Skrykkenom, Skrikken (nom.) DN IX 336 f., 1472. j Skrykkinom DN IX 338, 1474. Skryken orig. 1847. Skrykenvd AK 1856.

Er vel gn. *S k r y k k r, som maa høyra til skrukk n. (i ordlaget i s k r u k k, saman-sokke, ihopstuva), og til roti i skrokken adj., innkvorven, ihopkropen. Altso: den som skrøkk i hop, kverv saman. Vatnet knip seg i hop til eit smalt sund paa ein stad. — Av den same roti skrukk- er det visst rettast aa tyda namnet Skryklingen i Jølster — Fyrde i Sunnfjord. Det er eit skard millom tvo bygder. Uppaa høgdi krepper det seg sterkt i hop, med bratt fjell paa baae sidor. Det er ei avleiding med suffikset -ling. Tolkingi i MM 1921, s. 143 av namnet Skryklingen (adj. skruklut) dreg eg tilbake.

Skulketjern Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *sku'lkəkønn* (Meheidi; uttale vestanfraa). — Sud for Kolsjø, vest for Fossvatnet. Truleg av vb. skulka, lura, staa paa lur, lista seg fram. Det er uppskrive m. a. fraa Telemark.

Skummetjern Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *skö'mməkenn.* — Skumtj. RK 1890. Truleg helst av adj. skum, døkk, dim.

S k u r d a l s t j. GK 1931. Skurdalsv. AK 1856. Hol hd. D 33 aust, 6. — I Skurdalsbekken ovanfor Paalgardstj.

Skurdalsvatnet Hol hd. og Nore hd. E 33, 7. Utt. *skū'rdarsvatnə.* — Schurredalswattn, -waattn Ra. Dipl. 8/1 1636. Skaardalswattnet Ra. Dipl. 9/9 1654. Skurdalsfj. AK 1856. Skurdalsv^t GK 1920.

NE, s. 223 tolkar namnet Skurdalen, under tvil, av eit elvenamn *Skora. Jfr. òg NG V, s. 170. Gn. i tilfelle *S k u r u d a l r, utan *a*-ljodbrigde i genitiv av elvenamnet. Jfr. Fullsenn, av *F u l d u s æ r i n n, ved sida av elvenamnet Folda (NoB 1928, s. 141).

Skurvaastjernet Nes hd. E 33, 5. 6. Utt. *sku'rvåskednə, sku'rvəås-.* — Skurvekj. orig. 1843. Skurvaastj. GK 1920.

„Skurvaasen" kjem av ein stomn skurv-, som maa høyra saman (avljodande) med skarv n., nake berg, og skorv f. (gn. *s k ǫ r f), naki noko ujamn og steinut bergflate m. m. Skurv- tyder vel nake, ujamt eller laust fjell. I Skurvaasen er det laust fjell; det gjeng urder ned ifraa han. Jfr. NE, s. 230 f. Stadnamn fraa Oslofj., s. 32.

Skurvenatt-tjørni Hol hd. nordfj. Utt. *sku'rvənattkodné.* — I fjellet aust for Kleppestøl—Nystøl.

Skurvetjern, -tjørni.

1. Nes hd. E 33, 4. — Skurvekj. orig. 1845. Vest for Skurven^t GK.
2. Nore hd. vestfj. — Skurvekj. orig. 1846. Sudvest for Rosetvatn.

Skustad(sæter)tjern Lier hd. Syl. s. 14 D, 3 (2). Utt. *skū'ssta(sætər)-kenn.* — Skustad er gnr. 180—182 Lier.

Skyttarbantjernet Aad. hd. Nes s. F 33, 5. Utt. *sjy̋'ttarbankennə.* — Sjaa Søkkmyrtj.

Slaasmyrtjørni Nore hd. austfj. — Slaasmyrtj. orig. 1930—31. Paa ei myr paa Skjøndalsaasen. Fugleleik paa myri? Elles kjem namnet av eitkvart serhende.

Slaattehylen Hol hd. E 33, 1. Utt. *sla'ttəhørn.* — Ei stille i Usta ved Geilo stasjon.

Slaattemyrdammen Hur. hd. 14 B, 10. Utt. *slå̀ttəmy̆rdammən*. — Millom Mørkvatnet og Vesle Stikkvatn.

Slaatthalltjørni Hol hd. D 33 aust, 1. Utt. *slå̀tt(h)allkodne*. — Slaatehalkj. AK 1856. Slaattehalltj. GK 1931. Nord for Haugastøl. Slaatthallene: *slå̀tt-hallidn* er nokre fine hallingar, med gildt beite.

Slaatt-tjern Mod. hd. Nyk. s. F 35, 4. Utt. *slå̀ttkenn*. — Slaattetj. GK 1919. Av slaatte f., (ut)mark som dei slær. — Slaattehylen i Hol heiter etter garden Slaattun.

Sleikedammen Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *slæi'kən, slæi'kə-dammən*. — Steikebækdam^n RK 1890. Stølen Sleiken: *slæi'kən, slæi'kəsætər*. Det ser ut som Sleiken er tjørnnamn fraa fyrst av. Hev dei havt eit bekkje-namn *S l e i k j a, og er so tjørnnamnet laga paa det? Sleikja vil segja „den sleikjande".

Slettevatnet Hems. hd. Utt. *slè'ttəvatnə*. — [Skr. Nordkj. AK 1856]. Att-med Slettestølen i Myrkedalen, burtimot fylkesskilet.

Slokovatnet Nore hd. austfj. Utt. *slò'kóvatnə, slò'kú-* (Nore); *slò'kóvatnə* (Eggjedal). — Slokov. AK 1856. Jfr. Slockeossett DN VIII 520, 1524. Attmed stølen Sloko (Sloku). Av sloke f., eit slok, eit dæle i terrenget.

Slæpetjern Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *slæ̀pəkenn*. — Vest for Valtj. (Vardtj.). Jfr. det fylgjande namnet, og Overdragsen.

Slæpoa Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *slæ̀póa*. — Ein tjørns-kulp millom Fossvatnet og Kolsjø.

Slæpoa er det same som Slæp-aai. Upphavleg er det heile elvestubben millom Foss-vatnet og Kolsjø som namnet hev høyrt til. Dei maa d r a g a timberet ifraa Fossvatsdammen til Kolsjø, for det er so grunt og stilt der. Med umsyn til formi (*-óa*) kann ein jamføra namn som Meloa, Melua i Modum, d. e. *M e ð a l á (NG V, s. 217), Simoa i Sigdal, gn. *S i g m á (NG V, s. 177), Svenoa, Svenua i Jemnaaker, gn. *S v i n á (NI I, s. 196), Lysua (*ly̆súa*) i Norderhov, skr. Lysaaa GK 1919, eit tillaup fraa aust til Soknevatnet.

Sløddfjorden Hol hd. D 33 aust, 1. 2. 4. 5. Den vanlegaste uttala skal vera *slø'ddfjǫ̈rn*, men eg hev òg fenge uppgjeve *slø̀t-, slø̀d-, slø̀ᴅfjǫ̈rn*. — Sløtfd orig. 1847. Sletfj. AK 1856. Sløfjorden Qv. 1920. Sløtfd GK 1931.

„Sløddfjorden" er visst det rette. Namnet kjem daa truleg av Halling-ordet slodd f., utt. *slødd*. Det tyder eit slag køyredoning, ein slede som dei brukar i ulendt mark. Men det kann òg tyda sløe, fiske-ruse med glidebrett, i samansetningi fiskesløld. „Sovorne fiskegreidor brukte dei mest alle stader i aastubbane millom votni, — helst i alle utfallsos. Slike fiskegreidor hev vore nytta ved Sløddfjorden òg" (Svein Nestegard, Hol, i brev).

Sløgene Yt. Sdsv. hd. Komnes s. 14 A, 10. Utt. *slø̀gənə*. — Nokre stillor som var i Reinelvi nedanfor Hajeren, fyrr der vart uppdemt. Av sløge f., som er ei sideform til slo f., staalorm. Stillone var lange og smale og krokute. Jfr. NoB 1928, s. 166.

S l ø t f j o r d e n, sjaa Sløddfjorden.

Sløtjørn Uvd. hd. sudfj. Utt. *slø'konn.* — Sløtj. orig. 1927—28. Sudvest for Heranuten millom Graavaartj. og Langetj. Truleg av sløde f., eit slag ruse til fiskefengd.

Smaagefjorden Uvd. hd. U. s. Utt. *små'gəfjörn.* — Jfr. Smaagesr AK 1856. Skal vera det lange krokute vatnet som kallast Halskj. AK. Namnet kann, etter uttala, ikkje vel ha noko med ordet smoge f. aa gjera.

Smaatjerni, -tjørnane.

1. Flaa hd. ell. Sgd. hd. F 33, 7. Utt. *små'kędnadn* (Flaa), *små'kęnna* (Eggjedal). — Smaatj. GK 1918.
2. Hol. hd. D 33 aust, 2. Utt. *små'kədnadn.* — Smaatj[ørn]an GK 1931.
3. Mod. hd. Hgg. s. F 34, 11. Utt. *små'kęnna.* — I Langsjøelvi millom Langsjø og Braatatj.
4. Uvd. hd. Dag. s. E 33, 7. — Smaatj[ne] GK 1920.
5. Sjaa Skardstj. 1.

Smaa Tretjerni Øv. Eiker hd. Fsk. (og Haug) ss. F 35, 11. Utt. *små trë'kęnna.* — Millom Kimetj. og Kutj.

Smaavatni.

1. Hur. hd. 14 B, 10. Utt. *små'vanna.* — Ved Stiksvatskollen.
2. Lier hd. Syl. s. F 35, 6. Utt. *små'vanna.* — Nær Slaattemyrane.
3. Nes hd. E 33, 11. Utt. *små'vatnė.* — Nord for Ormevatn.

Smal(e)vatnet.

1. Nes hd. E 33, 3. 4. Utt. *små'lәvatn.* — Smalv[t] GK 1920.
2. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. Utt. *små'lvann(ә).* — Smalvd RK 1890.

Smalostj. orig. 1922—25. Uvd. hd. — Sud for den nedre av Selstjørnene. Breiostj. orig. er tett vestanfor Smalostj.

Smalska Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *sma'lska.* — Sundet millom det rettelege Budvatnet og Steingildrevatnet. Smalske f. er det same som smalk m.

Smalvrangen, sjaa Vrangen.

Smattan(s)tjørni Hol hd. nordfj. Utt. *sma'ttanskədnė, sma'ttannkədnė.* — Attmed stølen Smattan: *sma'ttann,* skr. Smatten AK 1856.

Smattan kjem snaudt av Smattang, soleis som O. Rygh gissar paa (NG V, s. 162). Rimelegare er det at Smattan er tjørnnamn fraa fyrst av, soleis som Falk nemner paa, eller bekkjenamn, og at det gjeng attende paa eit eldre *Smattand(e). Namnet laut daa sikta til ljoden fraa vatnet (bekken).

Smedstjern Fles. hd. Lyng. og Svene ss. F 35, 3. Utt. *smė'sskęnn.* — Smedevand Strøms kart. Smedskj. AK 1854. Smedstj. GK 1919. Av smed m., gn. smiðr. Smedstj. er eit nyare namn. Tjørni høyrde med til Sorkelonene fyrr. Sjaa det namnet.

Smedtjernane Nes hd. E 33, 5. Utt. *smé'kędnadn*. — Smedtj^ne GK 1920.

Dette namnet er vel eit minne um gamall myrmalmsmelting. Sorenskrivar Palludan skriv 1743 um Aal — Smedtj. ligg uppaa fjellet nord mot Aals-bytet —: „Mens oppe iblandt fjeldene ligger der endnu tilsyne smede-sinder eller slag, hvoraf sluttes, som òg gaar et gammelt sagn, at der har i fordum tid været brændt jern af bemelte myrer". — Um Gol: „Smidesinder findes og overalt ligesaavel udi Goels markerne, som udi Aals og Hemsedals sætermarker, og gaar her følgende sagn, at der skal have staaet bergstad udi gamle tider oppe i fjeldmarken, ved og omkring en sæter kaldet Flødstøen, beliggende mellem Goels ejendeeler og Walders, dog paa Walders ejendeeler. Og skal der endnu synes rudera, baade af kirke og bygninger. Udi samme bergstad skal den have boet, som hafde opsyn over bemelte jernverker, hvorudi af myrerne som forhen melt blev brendt jern." (Dette med bergstad" etc. er sjølvsagt dikt). — Um Nes: „Myrerne, som ligger udi fieldene, er der af samme beskaffenhed som udi Aals gield, og har deraf med i gamle dage øyensynlig været brendt jern af myrerne, ligesom paa de andre stæder udi Hallingdalen". — Jfr. Sinnera og Sineren.

Smøraasputten Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *smø̂`råspútt'n*. — Paa Sirifjell. Attmed tjørni er ein stad som heiter Smøraas; der hev kanskje vore støl. Der er god hamn ikring.

Smørklepptjernet (-dammen) Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *smø̂`rklæppkønna* (Meheidi; uttale vestanfraa), *-dammən*. — Jfr. Smørklepdalen RK 1890. Ved tjørni hev vore dam fyrr.

Smørtjørni Aal hd. Aal s. E 32, 7. Utt. *smø̂`rkødnė*. — Smørtj. GK 1923. Smøraasen, Smørklepp, Smørtj. er rosande namn.

Smøygjestolen Roll. hd. R. s. F 34, 8. Utt. *smøy`jəstǿrn*. — Sundet millom Ognevatni. Smøygjestol m. er ei reimlykkje i ein sele, ein halvring tvert yver ein stropp, eit belte eller kva det kann vera, til aa smetta ein ende inn i. Smøygjestol her tyder daa paa lag det same som „Spongi".

Snartjernet Krhd. F 34, 4. Utt. *snå'rkęnnə* (Sørbygdi, Flaa), *snå'rkęnn(ə)* (Brekkebygdi). — Snartj. GK 1919. Attmed ein bustad som heiter Snaret: *snå'rə* (Sørbygdi), *snå'rə* (Brekkebygdi). Snaret (Snaaret) kjem av snar (snaar) n., kratl. Mehlum si tolking, Hallingdal og Hallingen s. 244: av snare f., er ikkje rett.

Snaukoltj. orig. 1909—11. Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 5. — Paa nordsida av høgdi Snaudkollen.

Sneisa (Sneisene) Mod. hd. Hgg. s. og Lier hd. Syl. s. F 35, 6. Utt. *stǿ`rsnæisa*, *væ`slə-sn.*, *mí`tt-sn.*, eller *nǿ`r-*, *sø̂`-*, *mí`tt-sn.*; flt. *snæi`sənə*; i s.-setn. *snæi`sə-*. — Sneisav. AK 1854. N., L., S. Sneisa GK 1919. Nokre lange smaavatn (stillor) i ei av kjeldeelvane til Rotoa. Visseleg, som NE, s. 236 nemner paa, av sneis f., pinne, stong til høystakk, stake til aa setja neki paa, spytepinne.

Sneisungen Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4. Utt. *snæi`sóngən* (Krødsherad; Tyristrand). — Sneisungen GK 1919. Avleiding av det same sneis f. Sneisungen er ei lang og ovleg smal tjørn; ho er tolleg rett eit langt stykke.

Sneldetjern Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *snæ'lləkenn.* — Nord for Dam-Heggesjøen; ei lang, smal tjørn. Av snelde f., rokketein, garnrulle paa rokken, nagle i slede m. m.

Sniken Tyr. hd. 19 B, 7. — Snigen orig. 1827. Sniken RK 1872. Ei tjørn tett nord for Lysingen. Maa koma av snik m., eit lite spann med øskjeskap (Hard. Tel.), ein ørende liten holk (V.-Tel.), eit knippe eller ein hop upphengd paa eit band (Gbr. Gaul. Øysterd.), ein tilskoren kvist til aa hengja fisk paa (Gaul. Øysterd. Helg.).

Sniutjern, sjaa Svinetj.

Snøfonntjernet Sgd. hd. Egg. s. E 33, 12. Utt. *snø'fønnkennə.* — Snøfonntj. GK 1920. Ei snøfonn ligg ovanfor tjørni stødt, i ei grop.

Snøkolltjernet Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *snø'køllkenn(ə).* — Snekoltj. GK 1919. Snøen legg seg tidleg um hausten paa den høge aasen uppyver.

Sognevatnet Ndh. hd. Ld. s. F 34, 5. Utt. *så'ngnəvannə, så'ngvannə.* — Songavandet 1743. Sognevand Wangensteen 80. Sognevd orig. 1826. Soknev[t] GK 1919.

Heiter etter elvi Sogna: *så'ngna*, skr. Songa 1743. Sjaa um det namnet NE, s. 238. NG V, s. 58. Andre samansetningar er Soknek[l], Sognlia GK, Sognedalen, utt. *så'ngn(ə)køll'n, så'ngnlia, så'ngn(ə)dærn.* Sogna er ei sideelv til Sokna.

Solbekktjørni Nore hd. austfj. — Solbekktj. orig. 1930—31. Ved stølen Solbekken. Stølen ligg i eit sudhall, med tjørni og bekken ned til tjørni (yver ei myr) beint framfyre seg imot sud.

Solbergtjern Tyr. hd. F 34, 12. Utt. *sō'łbærskenn, sō'łbær-, sō'ł-.* — Solbergtj. GK 1919. Solberg er gnr. 73 Tyristrand.

Solbergvatnet Ned. Eiker hd. F 35, 11. Utt. *sō'łbærvannə, sō'ł-.* — Solbergvand Strøms kart. (=Stordammen GK). Kjeldevatn for Solbergelvi, som renn nedmed garden Solberg.

Soletjern Sgd. hd. Egg. s. F 34, 2. Utt. *sō'łekenn.*

Solevatn Sgd. hd. Egg. s. F 34, 2. 8. Utt. *sō'łevatn*; òg uppgj. *sjō'łəvatnə* (*sjō'łe-*?). — Solems vand JN, 355. Solumvand v. Langen 61. Solumvand, Solumfiord Pontoppidan 1785, s. 128. Soleimvd, Solev. AK 1854. Solevatn GK 1919. Heiter etter garden Soleim. — I øvre Sigdal og i Eggjedal hev endingi i heim-namn vorte til *e*.

Sollidtjern, -tjørnane.

1. Nes hd. F 33, 1. Utt. *sō'llikedn.* — Sollitj. GK 1918. Det hev lege ein støl attmed tjørni som heitte Sollid.

2. Nore hd. austfj., aust mot Eggjedals-bytet. Utt. *sō'llikənnann.* — Sollivn orig. 1930. Ei liti lid attmed heiter Sollid.

Solomtjernet Fles. hd. F. s. F 35, 1. Utt. *sṓtómḳḙnnə.* — Attmed Solomsætri.

Soltjern Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *sṓtḳḙnn.* — Soltj. (sæter) GK 1918. Ei liti utviding (stille) i Haugerudelvi, paa ei myr. Namnet tyder vel so mykje som „Glitretjernet".

Soneren Sgd. hd. S. s. F 34, 8. 9. Utt. *sṓnərṇ.* — Soneren(n) JN, 353. 355. Sonnern Søe Geo. Uppm. 6. Sonnernfiord v. Langen 61. Soneren, Sonervandet 1743. Soneren Wangensteen 80. Sønnerenfiord Pontoppidan 1785, s. 128. Sonerensn AK 1854. Soneren GK 1919. Eit vatn burtimot ei mil langt.

Namnet kunde staa i avljodshøve til verbet svana, minka inn, lindrast, og til svaana, svæva, stilla. Det vilde daa høyra nær saman med det nyn. verbet sona, stilla ein strid, svæva ned eitkvart, som til deils er heimelegt. Tydingi kunde daa vera: „den som minkar inn" (naar flaumen held upp), eller „den milde, logne". Ei tolking som „den logne" vilde kanskje gjeva eit slag tydingsskyldskap med elvenamnet Simoa, av *Sigmá, som „mulig" er ei avleiding av síga, renna smaatt, glida. Nokon speciell samanheng med det gn. verbet sóa, participium sóinn, og med són f., truleg = blod, torer ein visst ikkje tenkja paa. („Offersjøen"?). Desse ordi er etter Torp, Nyn. Et. Ordb. og Falk-Torp hjaa Fick s. 556 rotskylde med sona. — Me lyt elles rekna med at lang *o* i dette namnet kann koma av *á* òg. Jfr. NE, s. 239. NG II, s. 18 f. XV, s. 6. I det tilfellet lyt ein sjaa etter andre tydingsvegar.

Sorckelonene DN XI 828, 1570 (avskr. 1694). Fles. hd. Lyng. og Svene ss. F 35, 3. — Namn paa stillone og utvidingane i Smedselvi fraa der som sokneskilet millom Lyngdal og Svene kjem ned til elvi fraa vest og ned til og med Smedstjernet. Jfr. Sorcksetter DN XI 184, 1460 eller 1560 (falskt brev? Avskr. 1694). Sorka maa vera det gamle namnet paa Smedselvi.

Sorkjevatnet Roll. hd. R. s. vestfj. Utt. *sə̀rḳə(vatnə)* (Rollag); i Hovin i Telemark etter OR, Æ: *sǫrk.* — Sorche-vandet Flor 1760. Sorkjev. AK 1854. Hev avlaup gjenom Sorkjelvi: *sə̀rḳælvé* (i Hovin etter OR, Æ: *sǫ̀rḳé*). Um elvenamnstomnen Sork-, Surk- sjaa NE, s. 252. Kjær, N. Vasdr. III s. 281. NI I, s. 195 (Svarken). Sorkjevatnet skal vera svært djupt og liggja myrkt og svart under høge aasar og fjell. [Sjaa tillegg.]

Sosingkjern 1743. Aad. hd. Viker s. F 33, 12. — I Somm-vatsdraget ovanfor Samsjøen.

Soterudtjern Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *sṓt(ə)rúḳḙnn.* — Soterudtj. GK 1919. Maa heita etter ein bustad.

Spaalen Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. Utt. *spā̀rṇ, spā̀rsjȫn.* — Spaalsn AK 1854. Spaalen RK 1872. Eit vatn, godt 2 km langt.

Namnet maa vel vera ordet spòl m. (Tel. Set. Hall.), spile, stong, ei av ribbone i ei grind eller rist, gn. spǫlr. Vatnet er bytt i tvo luter; dei heng saman gjenom eit smalt sund, som etter RK ser ut til aa vera beint. Det kunde vera dette sundet som eigenleg hev heitt Spaalen, og vatnet hev vorte kalla etter det: Spaalsjøen. „Spaalen" um heile vatnet er daa ellipse. — Matrikkelnamnet „Spaaen", som hev fenge notisen „existerer ikke" ved seg i matr. 1723, og som ikkje er identificera i NG V, s. 58, kann vera namn paa dette vatnet.

Spannsloket Fles. hd. Svene s. F 35, 3. Utt. *spa`nslåkkə.* — Skal vera ei tjørn nær Trihyrningen. Eit jamføringsnamn. Jfr. Stadnamn fraa Oslofjorden, s. 57.

Sperillen Aad. hd. F 33. Um uttala kann eg gjeva desse upplysningane: ei vanleg, i sjølve Aadalen i minsto visseleg den vanlegaste uttala no er *spi`ril'n.* Men den gamle, ekte uttala i Begn-dalføret er *spǣ`ṫiln.* Soleis segjer dei enno baade i Reinlid og i Hedalen, og soleis segjer gamle folk i Bagn. Folkehøgskulestyrar Islandsmoen (f. 1873) kjenner godt uttala *spǣ`ṫiln* baade fraa Begndalen og fraa Viker sokn i Aadalen. Skulerud, Utsyn over maalføret i Aadal hev *spæ`ṫill'n, spä`ṫ-* (Festskrift til Falk 1927, s. 375). Hans Hegna, Aadalen 1814—1914 s. 18 skriv: Spirillen, „tidligere utt. *spǣ`ṫillen*". Lektor Einar Garthus fraa Begndalen skriv (i brev 1926): „Det er helt visst at *spǣ`ṫil'n* er den gamle uttale". Han meiner endaa til at det „visstnok fremdeles er den almindeligste uttale baade i Valdres og i Aadalen". For Aadalen trur eg ikkje at det no er soleis. — Nokre eldre skrivemaatar er: Sperillen JN, 279. Sperdillen vand Lotter. Homann. Sperdillen vandt Janssonius & Pitt (S. er lagd aust for Randsfjorden paa desse tri karti). Sperdillen-søe Geo. Uppm. 6. Speril wand Geo. Uppm. 21. Spiril wand Geo. Uppm. 41. Sperdilen Ramus (1715), s. 97. Spirillen (fjord), Spirilden 1743. Spirrit(!) wand Geo. Uppm. 65. Sperillen Geo. Uppm. 67. Sperdillen E. Pontoppidan, Norges naturlige historie I (Kj.h. 1752), s. 147. Spirillen vand Wangensteen 79. Sverdillen (misprenting) Strøm 24. Sperillen-søe Pontoppidan 1785, s. 124 o. fl. st. Spirillen Wiel XXX, 175. Sperillen søe orig. 1826. Spirilensn AK 1856. Sperillen GK 1918.

W. F. K. Christie, i namne-manuskriptet sitt i Bergens museum (mnskr. nr. 68, s. 102), skriv: „Sperilden . . . . Mon ej dette navn kommer af det isl. s p e r d i l l, endetarm, item en pølse? Da søen er lang og smal, forekommer denne derivation mig sandsynlig. — Man skriver jo ogsaa undertiden søens navn: S p e r d i l l e n." P. A. Munch, Hist.-geogr. Beskr. over Kongeriget Norge i Middelalderen, Rettelser, fører upp til gn. form S p i r ð i l l. O. Rygh, i NG III, s. 410, skriv um Sperillen: „Utvivlsomt opr. S p e r ð i l l, afledet af s p ǫ r ð r m., hale." NG XIV, s. 93 (Karl Rygh) set gardsnamnet Sperillen i Hemne i samband med „folkespr. speril, sperel m., hale, stjert", men fører ikkje upp nokor gn. form. Dette gardsnamnet maa etymologisk vera same ordet som vatsnamnet Sperillen. — Eg held det for tvillaust, at den gn. formi for namnet er *S p e r ð i l l. Dei eldste skrivemaatane, som truleg byggjer paa tradisjon, talar for det, og likeins den gamle uttala i Begn-dalføret. Namnet tyder „spælen", jfr. det nemnde nyisl. s p e r ð i l l, endetarm av sau, pylse (ei onnor tyding hev gn. s p e r ð i l l i samansetningane g e i t a-, b u k k a s p e r ð i l l: parle). Den folkeetymologiske tolkingi er òg at Sperillen skal tyda „spælen". „Fjorden bukter sig jo som en spæl", skriv Einar Garthus. For appellativet spæl fører Torp upp ei gn. form *s p e r i l l. Heller bør ein setja upp *s p e r ð i l l der òg, so at appellativet spæl og vatsnamnet *S p e r ð i l l vert etymologisk eitt og det same. Dei nynorske dialektformene s p æ r e l (Lista) og s p e e r i l (lang trong e; Innherad. Selbu) kann ikkje vera i vegen for det. Paa Lista hev dei ikkje tjukk *l*. I Innherad og Selbu hev vokalen e i fyrste stavingi halde seg trong, so at tjukk *l* ikkje hadde so lett for aa veksa fram etterpaa der (i Selbu vert i det heile r ð oftast til r). Og elles kunde *l*'en i endingi ikkje vera lagleg for ein fyregaaande tjukk *l*. Jfr. um etymologien til ordet spæl Hellquist, Svensk Et. Ordbok s. 843, og Liden, Studier i nordisk

filologi I, 1 s. 6 f. — Formi Spirillen, med *i* i fyrste stavingi, kann kanskje vera ekte i sume maalføre utanfor Begn-dalføret. Jfr. ifraa Hallingdal (Flaa) ei uttale som *ni'vlingən* for vatsnamnet Nevlingen. Jfr. òg austsv. spiril, ekstremitetane aat selen.

Spitevju Kongsberg. F 35, 9. Utt. *spī'tęvjü*. — Den evja (løken) som gjeng inn fraa Lògen attmed garden Spiten: *spī't'n*. Garden hev vel namn etter ein bekk som kjem ned der. Men bekken heiter noko anna no. Namnet Spiten kjem av spit m., ein fin straale som sprutar fram. Jfr. NE, s. 242. Bekken hev sterkt fall i lidi ovanfor garden.

Springkollvatnet Øv. Sdsv. hd. Hedst. s., og Sauherad Tel. 14 A, 7. Utt. *spri'ngkøllvatnə* (Meheidi; uttale vestanfraa). — Attmed høgdi Springkollen.

Springkjøn orig. 1846. Nore hd. vestfj. Sprengstjønnan orig. 1930. Utt. uppgj. i brev (utan akcent): „sprengkjønnė". — Aller øvst i Vinolab^k^, som renn ut i Rosetb^k^ fraa sud.

Sprænetjernet (Sprænaastj.) Flaa hd. F 33, 8. Utt. *sprǣ'nəkędn(ə)*, *sprǣ'nåskędn(ə)*. — Sprenetj. GK 1918. Uppaa Sprænaasen. Denne aasen gjeng radt frampaa dalen. Det er ei stor timberleggje uppaa der, og ei bratte utfyre som heiter Spræna. Ho maa ha namn av at timberet „spræner" („sprutar") utfyre.

Spunsevatn Nes (Flaa?) hd. F 33, 1. Utt. *spu'nsəvatn* (Flaa). — Spunsetj. GK 1918. Av spuns n.

Spærensætertjern Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 10. Utt. *spǣ'ərnsætər-kęnn*. — Spærensætertj. orig. 1909. Spæren er gnr. 52 Øv. Eiker.

Staavaafjelltjørni Roll. hd. R. s. F 35, 1. Utt. *stå'våfjęllkønnė*, flt. *-kønnænn*. — Jfr. Stavefj. AK 1854. Stovefj. GK 1918.

Staavaafjell maa vera gn. *Stafafjall, av stafr m. Ordet stav er nytta elles òg fjellnamn. Sjaa NG Indl., s. 78. Staavaafjellet er ovleg bratt fram imot dalen paa den eine sida.

Stabbetjern Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 4. Utt. *sta'bbəkęnn*, *stæ'bbə-*. — Stabbetj. orig. 1909. Uppaa Holtefjellet, nordvest for Langtj. Av stabbe m.

Stabekktjørni Roll. hd. R. s. F 35, 1. Utt. *stā'bækkkønnė*. — (= Trytetj. GK). Garden Stabekk ligg nedi dalen ned fyre tjørni.

Stallhylane Ndh. hd. Ld. s. F 34, 5. Utt. *sta'llhøla*. — Stillor i elvi Sogna attmed timberkoia Stallan GK 1919: *sta'lla*. Koienamnet kjem vel av hestestall og ikkje av stall i tydingi „liti høgd, stett".

Stalsbergtjernet Kongsberg. 14 A, 8. Utt. *stā'lsbærkęnnə*. — Stalsbergtj^ne^ orig. 1910. Jfr. Stalsbergpl. RK 1890. Stalsberg- her kunde vera uppkalling etter Stalsberg paa Modum.

Standekjernet 1743. Wiel XXXII, 132. Aal hd. E 32, 9. — Skal vera ei tjørn i Vole-vatsdraget, nær Trættestølen (som ikkje ligg i vatsfaret aat Vola).

Stautjørni Aal hd. Aal s. E 32, 7. Utt. *stau'ꝁødnadn* (flt.); òg uppgj. *stau'r-*. — Staukj. orig. 1842. Stautj. GK 1923. Eldre Stauktjørni, til verbet stauka, gaa smaatt og mødesamt? Uttala *stau'r-* er vel ei nyare etymologisering.

Stavatjernet Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *stā'vaꝁənnə*. — Stavtj. RK 1890. Ein arm av Ravalsjøen.

Av stav m. Tjørni er rett paa den eine sida, og heng saman med hovudvatnet gjenom eit smalt, rett sund. Kanskje er det dette sundet som hev heitt paa Stav- fraa fyrst av.

Steffenstj. RK 1872. Hole hd. 19 B, 10.

Stegletjørni Hol hd. nordfj. Utt. *stæ'gləꝁødné*. — I eit dalføre millom Garlidstølane og Urundi.

Namn paa Stegle- er ofte minne um at folk hev vorte avretta paa staden. Sjaa Festskrift til Qvigstad 1928, s. 72 ff. Um det er soleis her òg, kann eg ikkje segja. Ordet stegle f., fiskeline skal ikkje vera kjent i maalføret.

Steinartjern Nes hd. F 33, 1. Utt. *stæi'narꝁədn*. — Innpaa aasen nordaust for Brumma.

Steinarvatni Ned. Eiker hd. F 35, 11. Utt. *stæi'narvannə* (eint.). — Stenervandene Strøms kart. Steinervtna GK 1919. Av mannsnamnet Steinar.

Steinbudtjern.

1. Ndh. hd. Haug s. 19 B, 10. Utt. *stæi'nbuꝁənn*. — Jfr. Stenbusr RK 1872.

2. Sgd. hd. Egg. s. Utt. *stæi'nbuꝁənn*. — Stenbuekj. orig. 1845. Steinbutj. orig. 1930—31. I fjellet nordvest for Medalen. Attmed tjørni hev vore ei steinbud.

Steindammen Ned. Eiker hd. F 35, 11. Utt. *stæi'ndammən*. — Steindammen GK 1919.

Steingildrevatnet Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *stæi'njildrəvatnə*. — Det øystre av dei vatni paa Meheidi som kallast Buvdne RK. Gildre f. er ei dyrefelle. Dei kann ha havt gildre-greidor uppmed eitt av sundi, ovanfor eller nedanfor Steingildrevatnet. Dei talar òg um aa setja gildre naar dei set ut ei fiskestong med agn paa (Meheidi). Det synest like vel mindre rimelegt at det er sovori gildre namnet siktar til.

Steinhushaugtjørnane Hol hd. E 33, 1 (2?). Utt. *stai'nhushaugꝁødnadn*.— Stenhuustjne orig. 1842. Ikkje so langt ifraa Langesenn.

Steinsetdalsvatnet Uvd. hd. U. s. E 33, 9. Utt. *stæi'nsætdaṛṣvatnə*; òg uppgj. *stæi'nsætdaꝉꝁønné*. — Steinsetdalsvt GK 1920. Ein støl Steinset ligg i Steinsetdalen.

Steinsfjorden Hole hd. og Ndh. hd. 19 B, 9. Utt. *stæi'nsfjōṛṇ*. — Steensfiord Pontoppidan 1785, s. 128. Steensfj. AK 1854. Stensfjord RK 1872. Heiter etter den kjende garden Stein.

Steinstjern(et).

1. Aad. hd. Yt. Aad. s. F 34, 6. — Steinstj. GK 1919.

2. Øv. Eiker hd. Fsk. s. F 35, 9 (10?). Utt. *stæi'nsk̨ennə.* — (Sud)-aust for Lurdalen.

3. Mod. hd. Hgg. s. F 34, 11. Utt. *stæi'nsk̨enn,* flt. *-k̨enna.* — Steinstj. GK 1919.

Sidan fyrste lekken er genitiv eintal, skulde desse tjørnene ha namn etter einskilde steinar (eller etter stader som heiter Stein, -stein).

Steinstøltjern Gol hd. E 32, 12. Utt. *stæi'nstolk̨edn.* — Steinstøltj. GK 1923. Attmed Steinstølann GK. Det skal vera mykje stein paa desse stølane.

Steintjern(et), -tjørni.

1. Aad. hd. Nes s. F 33, 6. Utt. *stæi'nk̨enn.* — Paa aasen aust for Nes kyrkje, nord for Jotetj. Skal liggja inni snaude berget, so at det ikkje er myr paa nokon kant.

2—5. Aad. hd. Viker s. F 33, 11 (2 stykke). F 33, 12 (2 st.). Utt. *stæi'nk̨enn.* — Steintj. GK 1918.

6. Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *stai'nk̨odnė.* — Steintj. GK 1920. Det skal vera fullt av stein ikring tjørni, og ho skal ha so rein steinbotn.

7. Aal hd. Trp. s. E 32, 9. Utt. *stai'nk̨odnė.* — Steintj. GK 1923.

8. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 10. Utt. *stæi'nk̨ennə.* — Steintj. orig. 1909. Attmed Svensplassen.

9. Hol hd. D 33 aust, 2. Utt. *stai'nk̨odnė.* — Stentj. Qv. & W. 1922. Ved roti av halvøyi Uggen paa nordsida av Ustevatnet. Det stod (stend?) ein stor stein upp or tjørni i den øystre enden. Langs kantane er noko stein.

10. Hol hd. D 33 aust, 5. — Steintj. GK 1931. Sudvest for Ustevatnet, paa nordsida av Nordmannsslæpa.

11. Krhd. F 34, 3. Utt. *stæi'nk̨enn.* — Aust for Sundesætertj. Uppmed tjørni er stein.

12—13. Nes hd. F 33, 1. E 33, 4. — Steintj^ne GK 1918. Steintj. GK 1920.

14. Nes hd. E 33, 12. Utt. *stæi'nk̨edn.* — Steintj. GK 1920. Der skal vera berre stein baade ikring tjørni og uti. Tjørni er grunn, dei ser botnen. Det ser mesta ut som han skulde vera hellelagd.

15. Ndh. hd. Ld. s. F 33, 11. Utt. *stæi'nk̨enn.* — Steintj. GK 1918.

16. Roll. hd. R. s. vestfj. Utt. *stæi'nk̨onnė.* — Heimanfor Sorkje.

17. Uvd. hd. Utt. *stæi'nk̨onnė.* — Steinskj. AK 1856. Aust for Bjornesfjorden. Tjørni skal vera „full av grjot“.

Det maa vera so med dei tjørnene òg som det ikkje er serlege upplysningar til her ovanfor, at det er steinut ikring eller uti deim.

Steinveggvatnet Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *stæi'nvæggvatnə.* — Steinveggv^t GK 1919. Attmed stølen Steinveggen. Stølen skal liggja under nokre hamrar.

Stelavatnet Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *stǣ'lavannə.* — Nær Skjesvatnet. Av verbet stela?

Stemningtjern Fles. hd. Svene s. F 35, 2. Utt. *stæ̀mningkjenn.* — Attmed garden Stemning, gnr. 107 Flesberg (NG V, s. 419).

Sterkabytjern (Sterkaby Tryttjern) Mod. hd. Nyk. s. F 35, 4. Utt. *stæ̀rkabýkjenn, stæ̀rkabý trýtkjenn.* — Sterkabytj. GK 1919. Jfr. Bentby-Tryttjern.

S t i g e r t j. orig. 1909. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 10. — Vest for Junger, attmed Skaragruvone. Av stigar m., ein funksjonær ved ei gruve.

Stikkvatnet (og Vesle S.). Hur. hd. 14 B, 10. Utt. *stṑrə, små stíkk-vann(ə).* — Stikv. AK 1854. Stikvd (og L. Stikvd) RK 1915.

Av stikke f., ein pinne eller liten paale som dei set ned i jordi til merke? Stik n., ei rekkje med paalar ut i vatnet til aa festa garn i, kann me visst ikkje tenkja paa, endaa ordet er kjent fraa desse kantar av landet; jfr. Stadnamn fraa Oslofjorden, s. 177. Det ordet vilde venteleg havt ein open vokal (*ę* eller likn.).

Stilla Aal hd. (ell. Hems. hd.?). E 32, 2. Utt. *stí̀lla.* — Ein kulp i elvi ifraa Flævatnet, ikkje langt ifraa Halsestølane.

Stilleløken Aad. hd. Viker s. F 33, 11. Utt. *stí̀lləløkən.* — I Tosevik-elvi, uppaa aasen vest for Viker kyrkje.

Stjernetjern.

1. Aad. hd. Viker s. F 33, 11. Utt. *sjæ̀rṇəkjenn.* — Paa aasen vestanfor Toseviki.

2. Fles. hd. Lyng. s. F 35, 3. Utt. *sjæ̀rṇəkjenn* (Bakke, Øv. Eiker); òg uppgj. *stjæ̀rṇə-* (same staden). — Stjernetj. GK 1919.

Tjørnene hev namn etter skapet.

Stokksennvatnet Aal hd. og Hol hd. E 33, 1. 2. Utt. *stå̀kksænnvatnə, stå̀kksænd-* (Aal). — Boksenvandet(!) 1743. Stoksensfiord Wangensteen 80 (vatnet er rangt avlagt paa kartet). Stoks-endv. AK 1856. Stokksenv[t] GK 1920. Stokksenn- av stokk m. og so senn, gn. s æ r i n n; sjaa „Grunnord“. Vatnet er tolleg beint, og nokso jambreidt lengste vegen.

Stokktjern Tyr. hd. F 34, 12. Utt. *stå̀kkkjenn.* — Stoktj. GK 1919. Av stokk m. Tjørni ser ut til aa vera rund, so noko jamføringsnamn skulde me ikkje ha. Dersom der finst nokor stokkebru i nærlaget, kunde namnet koma av det. Det er noko myr attmed tjørni.

Stolpefjorden Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4. Utt. *stò̀lpəfjōṛṇ, stò̀lpən.* — Stolpef[d] GK 1919. Ei utviding i Sogna. Er vel jamføringsnamn. „Fjorden“ er heller rett.

Stolstjørni Hol hd. nordfj. Utt. *stṑṛskødnė.* — Attmed Stols-stølen.

Stolsvatnet (N., S.). Hol hd. nordfj. Utt. *stṑṛsvatnə.* — Storsvand v. Langen 61. N., S. Stolsv. AK 1856. Hev namn etter fjellet Stolen: *stṑṛṇ,* dat. *stṑlė; stṑṛsfjęllə.* Eller meir beinveges helst etter stølen Stolen.

S t o r a u s a GK 1920. Nes hd. E 33, 5. — Ei liti fjelltjørn. Etter GK hev ho ei rundvori utviding i den eine enden.

Storbakkdam Kongsberg(?). F 35, 9 (?). Utt. *stṑrbakkdamm.* — Uppaa aasen vest for Kongsberg.

Stordammen.

1. Ned. Eiker hd. F 35, 11. Utt. *stō̂'rdammən.* — Stordamvd AK 1854. Stordammen GK 1919. Òg kalla Solbergvatnet.

2. Fles. hd. Svene s. F 35, 8. Utt. *stō̂'rdammən;* òg uppgj. *stō̂'rvannə* (Jondalen). — Sudvest for Nipetoknatten.

3. Kongsberg. F 35, 8. Utt. *stō̂'rdammən.* — Stordammen GK 1919.

Storebekktjørni Uvd. hd. Dag. s. E 33, 8. Utt. *stō̂'rəbækkkɐonnė.* — Storebekktj. GK 1920.

Storebotntjørni Hems. hd. E 32, 1. Utt. *stō̂'rəbåttkədnė.* — Storbotntj. GK 1923.

Storelaaekjern 1743. Storelaarkjernet Wiel XXXII, 139. Flaa hd. F 33, 9. — Uppaa aasen i Tromaldelvi.

Storelon GK 1920. Uvd. hd. E 33, 9. — Ei utviding i Smaadøla.

Storeskardtjern Nes hd. E 33, 6. Utt. *stō̂'rəskałkędn.* — Storeskartj. GK 1920.

Storeskardvatnet Hems. hd. E 32, 1. Utt. *stō̂'rəskałvatnə.* — Store Skarvandet 1743, „hvorudi og ingen fisk findes". St. Skardv. AK 1856. Storeskarvn GK 1923.

Stor(e)tjern, -tjørni er uppskrive ein 10 gonger i Buskerud fylke.

Storevardtjern (St., Vesle). Nes hd. E 33, 11. Utt. *stō̂'rəvatkędn.* — St., L. Storevardetj. GK 1920.

Stor(e)vatnet er uppskrive ein 6 gonger.

Storfiskehylane Uvd. hd. Utt. *stō̂'rfískəhȫłann.* — I Lògen ovanfor Geitsjoren, visst.

Storfisktjørni Uvd. hd., og Ulvik hd. Hard. Utt. *stō̂'rfís(k)kɐonnė, stō̂'rfískəkɐonnė.* — St. Fiskekj. AK 1856. „Det er so styggeleg grov fisk der", sagde ein kjendmann.

Storfjorden.

1. Nore hd. og Uvd. hd. E 33, 10. — Den større, øvre luten av Tunnhovdfjorden (N. Vasdr. III, s. 41).

2. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. Utt. *stō̂'rfjōrn.* — Storfjord^{n} RK 1890. Ein lut — den vidaste — av Ramsvatnet.

Storhalltjernane Nes hd. E 33, 5. Utt. *stō̂'rhallkędnadn.* — Storhalltj^{ne} GK 1920. Heiter etter eit langt hall, Storhalli: *stō̂'rhallė* (Storhallen GK).

Stormyrtjernet Hole hd. 19 B, 9. Utt. *stō̂'rmýrkęnnə.* — Stormyrtj. RK 1872.

Stornatt-tjernet Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *stō̂'rnattkęnnə.* — Stornattj. GK 1919.

Storren Hole hd. 19 B, 9. Utt. *stå'rrən.* — Ei vik i Steinsfjorden som gjeng inn millom Lore og Stein (OR, Æ).

Er vel ellipse for *Storrviki eller noko liknande, av storr m., storrgras.

Storrengtj. GK 1919. Aad. hd. Yt. Aad. s. F 34, 6. Utt. uppgj. *stṑrkęnnə.*

Storrtjern, -tjørni.

1. Aad. hd. Viker s. F 33, 5 (11). Utt. *stø̀rrkęnn.* — Paa aasen nord for Simensrud.

2. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *stø̀rrkęnn.* — Størtj. orig. 1893. Attmed Sponevollen. Vert kalla for Svarttj. òg.

3. Nes hd. E 33, 4. Utt. *stø̀rrkędn.* — Storrtj. GK 1920.

4. Nes hd. E 33, 4. Utt. *stø̀rrkędn.* — Ei myrtjørn tett paa sudsida av Skaarsrudvatn.

5. Roll. hd. Vggl. s. vestfj. Utt. *stø̀rrkønnė.* — Eit „ræpehol" heimanfor Risteigstølen.

6. Sgd. hd. S. s. F 34, 7. Utt. *stò̀rrkęnnə.* — Ved sudenden av Gaulsvatnet.

Av storr m., carex og anna stivt gras. Um so godt som alle desse tjørnene er det upplyst at det veks mykje storr ikring og uti deim.

Storøksnerpullen Øv. Eiker hd. Fsk. s., og Hof hd. Vestfold. 14 A, 10. Utt. *stṑrøksnərpúll'n.* — Ei vik av Storøksneren (sjaa Øksneren), der som Mjøvatsbekken kjem ut. Um pull m. sjaa under „Grunnord".

Storøevandet 1743, — „hvorudi ligger nogle smaae ubebygde øer og holmer". Storøevandet Wiel XXXII, 128. Aal hd. — I Kvinde-vatsdraget. Sjaa Øyslidvatnet.

Strandafjorden.

1. Aal hd. Aal s. E 33, 2. Utt. *strå̀ndafjōrn.* — Strandsvand JN, 351. Trans Fio(!) Homann. Strandefiorden 1743. Wiel XXXII, 128. Strandefiord v. Langen 61. Pontoppidan 1785, s. 126. Strandefj. AK 1856. Strandefd GK 1920.

2. Hol. hd. Utt. *strå̀ndafjōrn.* — Langestrandvandet 1743. Wiel XXXII, 127. Strandefj. AK 1856.

Vatnet i Aal heiter etter garden Strond, gnr. 123, eller (elliptisk) etter heile den grendi som kallast Strandagardane. Langs nordstrandi av vatnet i Hol ligg det mange stølar i rad, som til saman kallast Strondi: *strø̀ndė*, dat. *strø̀nd'n.* Fyrr var der bygd, dei siste vetrebuande folki flutte derifraa i manns minne. Det er denne bygdi som er kalla Langestrand 1743 og hjaa Wiel.

Strandevatnet Fles. hd. F. og Lyng. ss. F 35, 2. Utt. *strå̀nnəvatnə.* — j Strande vattnett DN XII 746, 1542. Strande vand JN, 357. Strandev. AK 1854. Strandv^{t} GK 1919. Heiter etter garden Strand, gnr. 69 Flesberg. Nokre holmar uti vatnet er kalla Tiduholmane („Tidwholmand") i DN XII s. 746.

Strandvipetjern Aad. hd. Viker s. F 33, 11. Utt. *strå̀nnvīpəkęnn.* — Strandviptj. GK 1918. Strandvipe f., totanus hypoleucos, er ein liten fugl som flyg langs strandi og pistrar. Den ordboks-førde formi er strandvippe.

Striglevatnet Hur. hd. 14 B, 10. Utt. *strì̄gləvannə.* — Striglevd RK 1915. Hev avlaup gjenom Striglebekken. Av strigl n.: *strí'ggəl*, vierkjørr, rask. Jfr. NoB 1928, s. 167.

Struben orig. 1887. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. — Smalka millom Storfjorden og Tyrilaagfjorden. Er ordet strupe m., trong opning, her: kreppe.

Strutvatnet Fles. hd. F. s. F 35, 8. Utt. uppgj. *strū̕tvannə* (Sandsvær), *strū̀səvatnə* (Flesberg). — Attmed fjellet Strutaasen. Av strut m., tut, mule, trut, gn. strútr, kjegleforma topp paa hatt. Vatnet er smalt, og tilkvest i den eine enden.

Stryknasfjorden Hol hd. D 33 aust, 2. Utt. *stry̆knasfjǫ̊rn*; òg uppgj. *stry̆knafjǫ̊rn*. — Stryknæsfj. AK 1856. Stryknasfd GK 1931. Heng saman med Faugelidfjorden.

Paa sudsida av vatnet er ein støl, „Stryknastølen". Det maa vel koma av Stryknasstølen, av stryk m. og so nos f., gn. nǫs, gen. nasar. Uppyver stølen er ei fjellnos, og eit par strykar skil dette vatnet fraa Faugelidfjorden. Fjellnosi kann ha vore kalla Stryknosi, og so hev stølen fenge namn etter henne, og likeins vatnet, anten direkte eller gjenom stølsnamnet. Ei onnor tolking hev Falk, NG V, s. 166.

Stryktjernet Nes hd. E 33, 4. Utt. *strĭ'kk̦ednə*. — Den nedste, avskilde luten av Mykjingsjøen. Ein liten stryk paa nokre faae meter fører ifraa sjølve Mykjingsjøen og ned til denne tjørni.

Strøen Nes hd. og S. Aurdal hd. Sjaa NI I, s. 192.

Strøslidvatnet Nes hd. F 33, 1. Utt. *strø'sslívatnə*, *strø̄'s*-. — Strøsliv[t] GK 1918. Attmed stølen Strøslidi.

Strøstjernet. Sjaa NI I, s. 192.

Stubbsokktjern Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. 14. Utt. *stŭ̀bbsåkkk̦enn*. — Stubsoktj. RK 1890.

Av stubbsokk m., eit slag stutte sokkar. Ordet er uppskrive hjaa Ross fraa Sætesdal: „stubbesokk, strømpe som netop dækker ankelen". Hallager (1802) hev det utan stad-festing: „stubsokker, strømper uden fødder". Han synest ha kjent det fraa fleire stader (innleidingi hans s. XIX). Ordet er kjent som appellativ i Sandsvær. Jfr. stubbhose f. fraa fleire Austlandsbygder og Trøndelag. „Det var so leidt aa koma yver denne tjørni um vetteren. Det lagde seg vatn uppaa isen, so det gjekk yver stubbsokkane, og dei vart vaate paa føtene," — fortalde ein heimelsmann.

Stuev. RK 1872. Stuevand orig. 1881. Ndh. hd. N. s. 19 B, 11. — Sudvest for Langlidvatn.

Stugutjørni Nore hd. Dag. s. E 33, 9. Utt. *stŭ'guk̦ɔnnə*, *-k̦ednə*, *-k̦enn(ə)* (Tunnhovd). — Stugutj. GK 1920. Tett attmed garden Ospedokki.

Stulstjern.

1. Fles. hd. Svene s. F 35, 9. — Stulstj. orig. 1909—10. Attmed Kopangstølen.

2. Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9 (10?). Utt. *stŭ'lsk̦enn*. — Nær Senningstølen.

3—4. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. 13. Utt. *stŭ'lsk̦enn*. — Tvo tjørner, den eine attmed Sørmyrsætri og hi attmed Aamlidstølen.

Stultjern Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 14. Utt. *stu̇'llḳẹnn.* — Attmed Omholtstølen.

Baade dette namnet og Stulstj. kjem av stul m. = støl.

Stupelltjernet (N., S.). Mod. hd. Hgg. s. F 34, 11. Utt. *stū'pelḳẹnna* (*stū'ppella, stū'pella*). — N., S. Stupellatj. GK 1919. Stupella synest vera ei høgd.

Stutauget.

1. Øv. Eiker hd. Fsk. s. 14 A, 9 (10). Utt. *stū'tauə.* — Ein liten rund kulp millom vatni Tistilen og Utrygg.

2. Hur. hd. 14 B, 10. Utt. *ø'strə, væ'strə stū'tauə.* — Smaae myrpyttar paa kvar si side av Vesle Sandungen.

3. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. Utt. *stū'tauə.* — Ei liti tjørn i Jarnlidfjellet.

Stuvdalstjern Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. Utt. *stø'vdaṛṣḳẹnn.* — Stubdalstj. RK 1872. Uppaa aasen yver garden Stuvdal, gnr. 14 Norderhov.

Stuvstjern Lier hd. Trb. s. 14 D, 9. Utt. *stū'fsḳẹnn.* — Stuvstj. RK 1900. Anten av mannsnamnet Stúfr, som finst i fleire gardsnamn, eller av appellativet stuv, trestuv.

Styggtjern, Styggetjørni.

1. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 10. Utt. *sty̆'ggḳẹnn.* — Stygtj. GK 1919.

2. Uvd. hd. Utt. *sty̆'ggəḳønnann* (flt.). — Styggekj. AK 1856.

Namni kjem nok av at det er stygt lende ikring tjørnene.

Stynjultjørni Nore hd. E 33, 10. Utt. *sty̆'njulḳønnə* (*-ḳẹnnə, -ḳẹdnə*; Tunnhovd). — Paa sudaustsida av Tunnsevatnet. Ein odde vestanfor som gjeng ut i Tunnsevatnet, heiter Stynjulodden, og nokre haugar attmed tjørni Stynjulhaugane. Stynjul maa vera det same som stunulv, bergul. Ordet stunulv finst i mange sideformer, t. d. stønjaal Nordl., stynjur Mannd. Lista, stynulv Sogn.

Styrmanntjernet Flaa hd. F 33, 2. 8. Utt. *stī'rmannḳẹdnə.* — Attmed tjørni ligg Styrmannshytta GK 1918: *stī'rmannhītta.*

Stærnestjørni Roll. hd. R. s. F 35, 1. Utt. *stæ'ṛnesḳønnė.* — Attmed garden Stærnes, gnr. 75 Rollag.

Stølabotntjørni Hol hd. Utt. *stø̄'labottḳødnė.* — I Ynglesdalen sudvest for Strandafjorden. Jfr. Stølsbotnsr AK 1856, utt. *stø̄'labott'n.*

Stølevatn (Store, Vesle). Yt. Sdsv. hd. Eft. s. og Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. 9. Utt. *stø̄'ləvann, stø̄'lə; stō'ṛstø̄lə, væ'sləstø̄lə.* — Støele DN VII 820, 1548 (avskr. 1735). Jfr. Støele fieldet, Støele oszet DN VII 93, 1315 eller 1371 (avskr. 1735. Falskt brev?). Stødles[ne] (Ml., Ll.) AK 1854. St., L. Stølevd RK 1915. Sud for St. Stølevatn ligg Stølesæter RK.

„Støle" maa vera namn paa sætri upphavleg. Namnet kjem av gn. (á) *Stǫðli, dativ eintal til stǫðull m. Jfr. Stølo: *stø̄'lō*, gnr. 23. 24 Uvdal, av gn. (á) *Stǫðlum, dat. flt.

Ordet støl heiter stul elles i Numedal (i mange namn; appellativet er „sæter" i minsto langt upp igjenom no). I Sandsvær liver appellativ-formi stulle: *stu'llə*. Ho finst alt i eit falskt brev DN XIII, 105, som er dagsett 1476 og kanskje kann vera fraa det 16. h. aa.: sætter ok sætter stullæ. Formi stul kjem fraa dei usynkopera kasus stǫðul- > stuðul-. „Stulle" er ei seinare utviding. — Sorenskrivar Falck nemner i sin „Beskrivelse angaaende Eger, Modum og Sigdal" 1743 appellativet „støle": „een saadan sætertomt — skriv han —, hvor creatured af de derhosværende hiuringer, eller hyrder imidlertid holdes om natten, hvilke stæder almindelig ere bebygte". Appellativet „støle" er vel ei yngre utviding, likeins som „stulle".

Støvletjern Ned. Eiker hd. F 35, 12. Utt. *stø'vlətjenn, stø'vvᵊl-*. — Støveltj. Dr. 1927. Litt nord for Breidvrangen. Tjørni skal likjast ein støvel paa skap.

Suggerudtjernet Fles. hd. F. s. F 35, 2. Utt. *su'ggərútjennə*. — Attmed garden Suggerud.

Sulustjerni Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 5. 11. Utt. *sụ'ḷústjenn* (eint.). — Sulustj^ne GK 1919. Av fuglenamnet sulus(e) f., svole.

Sulutjerni Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *sụ'ḷútjenna*. — Sulutj^ne GK 1919. I minsto ei av tjørnene er vikut, so namnet kunde koma av sulu, sule f., klov. Men det kann òg koma av sulu f. = svole.

Suluvatnet.

1. Flaa hd., og S.-Aurdal hd. Valdr. F 33, 2. Utt. *sụ'ḷúvatnə*. — Suluv. AK 1856. Suluv^t GK 1918.

2. Hems. hd., og Vang hd. Valdr. Utt. *sụ'ḷúvatnə* (Aal). Jfr. òg NI I, s. 193. — Suulv. AK 1856.

Desse tvo namni høyrer nok etymologisk saman. Dei tolkingane som er nemnde under kvar av artiklane um desse namni i NI I, s. 193 f., er alle mogelege for baae namni.

Sundbudlidvatnet Nore hd. E 33, 11. Utt. *su'mbulívatn* (Nes Hall.), *sø'mbulívatnə, sø'ndbulí-* (Nore). — Sundbuliv^t GK 1920. Nordanfor og ovanfor garden Sundbudlidi, gnr. 127 Nore. Garden ligg eit stykke uppi lidi nord for Turrsnippsundet.

Sundesætertjern Krhd. F 34, 3. Utt. *sü'nnəsætərtjenn* (*ü* burtimot *y*).— Sundesætertj. GK 1919. Uppaa aasen yver garden Sundet.

Sundet Hol hd. nordfj. Utt. *su'ndə*. — Ei tjørn sud for Stolsvatnet. Her er sundstad for folk og fe.

Sundtjørnvatnet Roll. hd. R. s. vestfj. Utt. *sø'nnkonnvatnə*.

Sunndalsfjorden (Sudndals-) Hol hd. D 33 aust, 2. 3. Utt. *su'dndarṣ-fjǿrṇ*. — Sundalsvandet (men Sudendalen) 1743. Wiel XXXII, 127. Sundahlsvand v. Langen 61. Sundalsvand Pontoppidan 1785, s. 125 f. Sunddalsfj. AK 1856. Sudndalsfd GK 1931.

Sunndalstjørni (Sudndals-) Hol hd. Utt. *su'dndarṣkodne*. — Sunddalskj. AK 1856. Sudvest for Sunndalsfjorden. Vert kalla for Halletjørni òg.

„Sudndalen" svarar visst, soleis som Falk NG V, s. 168 held for rimelegast, til gn. *Sunndalr; likeins svarar „Sudnlie" i Gol (NG V, s. 116) til *Sunn(h)líð. Tydingi er „Suddalen", „Sudlidi". Yvergangen *nn* til *dn* er eit døyande fænomen i (Øvre) Hallingdal.

I Hol hev dei t. d. *dn* i mannsnamni Stein og Svein: *staidn*, *svaidn*. Appellativet stein dermot heiter *stain*.

Sunnevtjørnane Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *su'nnevkødnadn*. — Aust for Køytetjørnene. Av kvinnenamnet Sunneve.

Surtebytjørni Gol hd. E 32, 11. Utt. *su'rtəbykędne* (-*bi*-). — Surtebytj. GK 1923. Maa koma av eit bustadnamn.

Surtetjørni Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *su'rtəkødne*. — Det same som Hustj. Namnet Surtetj. skal ha vore meir brukt fyrr.

Av surte f., svorte, svertejord, raudrustjord, svart farge. Den smale viki som er paa sudsida av tjørni, heiter Surteløken. Vatnet der skal vera myrkt, baade vetter og sumar. Der ligg nokso mykje myrar innaat tjørni. — Jfr. Surtetj. NI I, s. 194.

Svan(e)tjørni.

1. Hol hd. D 33 aust, 6. — Svantj. GK 1931. Jfr. Svantjønsr AK 1856.

2. Krhd. F 34, 10. Utt. *svā'nəkęnna* (flt.). — Sudaust for Krøderen stasjon, ved Taaffaartjernaasen.

Av fuglenamnet.

Svangtjern, -tjørni.

1. Flaa hd. F 33, 9. Utt. *sva'ngkęnn* (Gølsvik). — Svanekj. AK 1856. Svangtj. GK 1918.

2. Nes hd. E 33, 12. Utt. *sva'ngkędn*. — Svankiern[elven] ekstrakt 1743. Svangtj. GK 1918.

3. Uvd. hd. Dag. s. E 33, 8. 9. Ůtt. *svå'ngkønne*, *ø'vrə*, *nø'rə* (=Nedre); OR, Æ: *svå'nkønnann* (flt.). — Øv., Ned. Svangtj. GK 1920. Utvidingar i Lògen tett ovanfor Paalsbudfjorden.

A. Kjær skriv i N. Vasdr. III, s. 281, der han talar um Svangtj. 3 her: „Et stedsnavn Svang forekommer paa flere steder, som det synes sigtende til indsnevring i terrænget; det hører sammen med oldnorsk s v a n g r, smal, tynd (egentlig svunget indad)." Eg meiner òg at namnet Svangtj., paa alle tri stadene her, er samansett med adjektivet svang. Svangtjørnene i Dagalid er smale etter lengdi, og i ser er der ei innkniping imillom deim. Svangtj. i Nes er sers smal, ved at ho er innknipi paa midten. Tjørni i Flaa hev ikkje nokor so serlaga form, etter kartet.

Svansettjørni Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *svā'nsætkødne*, *sva'nsæt*-. — Svansettj. GK 1920. Attmed Svansetsr GK 1920. Svanset truleg av fuglenamnet.

Svansvatnet Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *sva'nsvatnə*. — Svansv[t] GK 1919. Av laanordet svans m., hale. Tjørni hev ei lang smal vik som skjer seg ut nett som ein hale nede med den nedste enden.

S v a r a t j. GK 1931. Hol hd. D 33 aust, 6. — Attmed Svarastølen.

Svaravatnet Aal (Hol?) hd. nordfj. Utt. *svā'ravatnə*, *sva'ra*-. — Tett aust for Riskevatnet, under Svaranuten.

Namnet Svaranuten høyrer visst til verbet svara. Det s v a r a r so gildt eit dvergmaal fraa denne nuten naar dei ropar imot honom. Frammed Svaranuten renn elvi Svori: *svå're*.

Elvenamnet er vel elliptisk avleidt av fjellnamnet. (Eg dreg tilbake tolkingi i NoB 1928, s. 168 f. av svor f., jordskride). Svaravatnet kann anten vera ei elliptisk samansetning med høgdenamnet, eller ei samansetning med elvenamnet (i det tilfellet gn. *Svararvatn). Namnet Svarastølen i Skurdalen høyrer nok òg til verbet svara, helst gjenom eit høgdenamn. — Jfr. Svaraberg(tjern) RK i Grong. Jfr. òg Talatj. her i det fylgjande.

Svartbekkdam Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 3. Utt. *sva'rtbækkdamm.*— Svartbekkdammen GK 1919.

Svartekulp(en).

1. Øv. Eiker hd. Fsk. s. F 35, 9. Utt. *sva'rtəkulp(ən)* (Kongsberg).— Svartkulp GK 1919.

2. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *sva'rtəkulp.* — Burtimot Kyrfjell.

3—4. Fles. hd. F. s. F 35, 1. 8. Utt. *sva'rtəkulp.* — Tvo tjørner, den eine nordanfor Gunnulvsbud (Gunnarsbu GK), hi attmed Langevatn, paa Ble.

5. Kongsberg. F 35, 8. Utt. *sva'rt(ə)kulp.* — Tett attmed Kongens Dam.

Svarteløken Nes hd. E 33, 5. Utt. *sva'rtəløkən,* dat. *-løki.* — Svarteløken GK 1920.

Svart(e)putt(en).

1—2. Ned. Eiker hd. F 35, 5 (6) og 11. Utt. *sva'rtəpútt.* — Tvo tjørner, den eine nær Svarthamarsætri og hi i ei søkk vestanfor Hoggsfjell.

3. Krhd. F 34, 10. Utt. *sva'rtəpútt.* — Millom Gjuvkleivi og Versaasen.

4. Lier hd. Syl. s. 14 D, 3. Utt. *sva'rtəpútt.* — Svartkulpen RK 1900.

5. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. uppgj. *sva'rtpútt.* — Uppaa aasen aust for Vikesund, vest for Gudbrandstj.

6. Ndh. hd. Haug s. 19 B, 3. Utt. *sva'rtpútt'n* (Jemnaaker). — Svartput RK 1872.

7. Røyk. hd. 14 D, 9. Utt. *sva'rtəpútt.* — Svartputten RK 1900.

8—9. Sgd. hd. S. s. F 34, 8. 9. Utt. *sva'rtəpútt.* — Tvo tjørner, ei sudvest for garden Flaagaan, med avlaup til Lidtjern, og ei nær Vikstjerni.

Svartepytt Flaa hd. F 34, 10. Utt. *sva'rtəpýtt* (Brekkebygdi). — Nær (nord for) Svartetj.

Svarte-Ringtjern Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7 (8?). Utt. *sva'rtəríngkęnn.* — Sjaa Ringtjerni.

Svarterudtjern Mod. hd. Hgg. s. F 34, 11. Utt. *sva'rtrúkęnn* (ustødt).— Svarterudtj. GK 1919. Attmed garden Svarterud.

Svartestein(s)tjørni Hol hd. E 33, 1. 7. Utt. *sva'rtəstain(s)kødnė.* — Svartsteinstj. GK 1920. Der er tvo tjørner i røyndi. Ute i den nørdre, største av deim, nær nordenden, ligg ein stor stein. Han er mykje tilvaksen med lav, og radt svart paa fleire kantar.

Svart(e)tjern, -tjørni. Svart(e)vatn(et). Dette er sers vanlege namn. Eg hev notera ikring 80 Svart(e)tjern (-tjørner) i Buskerud, og ikring 17 Svart(e)vatn.

Desse mange namni paa Svart- hev ulikt realt upphav. Ofte er det tale um myrtjørner eller myrpyttar. Dei hev gyrmut, myrk botn. I andre tilfelle kjem namni av at vatni ligg djupt til, so dei vert myrke av den grunn. Stundom kann ein vel ha elliptiske namn (Svartetj. for Svartebergtj. t. d.).

Svarthamndalstjern (Øvre, Nedre). Ned. Eiker hd. (Lier hd.?). F 35, 12. Utt. *o'vrə, ne'rə sva'rthammdarskenn.* — Setertj. Dr. 1927. Jfr. Svarthamnsæter GK 1919.

S v a r t h u l s n AK 1854, sjaa Svartskulvatn.

Svarthøl Mod. hd. Nyk. s. F 35, 4. Utt. *sva'rthøl.* — Svarthol orig. 1911—13. Den sudaustre, avskilde luten av Mjovatnet. „Høl" her kann vera baade hol n. og hyl m. Helst er det kanskje ordet hol.

Svartlidtjern Flaa hd. F 33, 9. Utt. *sva'rtlíkenn.* — Uppaa aasen ovanfor Gølsvik, heimanfor Øvstevatn. Eit skogstykke attmed der heiter Svartlid.

Svartløktjørnane Roll. hd. Vggl. s. vestfj. Utt. *sva'rtløkkonnænn.*

Svartløkvatnet Roll. hd. Vggl. s. vestfj. Utt. *sva'rtløkvatnə.* — Jfr. Svartløksr AK 1854.

Svartskulvatni Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 10. Utt. *sva'rtskulvanna; stô'rə, væ'slə, mæ'llom sva'rtskulvannə.* — Svartskuren Strøms kart. Svarthulsn AK 1854. N., S. Svartskulv^t GK 1919. „Skul" av skurd?

Svartufstjerni Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. Utt. *svartúfskonnænn* (Meheidi; uttale vestanfraa; Sandsvær-utt. er: *-kenna*). — Svartufstj. RK 1890.

S v e i n u n g t j. GK 1920. Hol hd. E 33, 1 (7). — Av mannsnamnet Sveinung.

S v e n s k e t j. orig. 1886. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. — Ei liti tjørn paa sudaustsida av Lauarvatn attmed Haugsplass. Jfr. NI I, s. 196. Stadnamn fraa Oslofjorden, s. 34. 185.

Svensrudtjern Aad. hd. Yt. Aad. s. F 34, 6. Utt. *svæ'nsrúkenn.* — (= Motj. RK og GK?).

Svinetjern.

1. Øv. Eiker hd. Fsk. s. F 35, 10. — Svinekj. orig. 1826. Svintj. GK 1919.

2. Lier hd. Syl. s. F 35, 6. Utt. *svî'nəkenn(ə),* flt. *-kenna.* — (Visst = Sniutj. GK 1919).

3. Nes hd. E 33, 6. — Svinetj. GK 1920.

4. Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *svî'nəkenn* (Fiskum). — Svinetj. RK 1890.

Namnet i Lier synest vera lastande. „Det er eit svinetjern aa koma yver; det vil sjeldan frjosa." Um dei andre namni skal takast paa same maaten, veit eg ikkje.

Svinhustjern Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *svî'nhúskonna* (Meheidi; uttale vestanfraa. Sandsvær-maal: *-kennə*). — Svinhustj. orig. 1886. Jfr. Svinhusnatten RK 1890.

S y l j u l i t j. orig. 1930. Nore austfj. — Aust for Lesteberg. Sylju er trenamnet selje f.

Sylvtjern, -tjørni.

1. Roll. hd. R. s. F 35, 1. Utt. *sø'llkønnė.* — Søltj. GK 1919.

2. Sgd. hd. S. s. F 35, 3. Utt. *sø'llkęnn.* — Paa ei myr attmed Lauvnesvatnet; vest for Vatnaas kapell.

Av sylv n. I tjørni i Rollag er det slik blank botn, sagdest det.

Synderen Ndh. hd. N. s. 19 B, 8. Utt. *sy'nnęrn* (Hole). — Synderen orig. 1827. RK 1872. Ei evje paa vestsida av Storelvi. Maa vera ei avleiding av sund n. Millom sjølve evja og elvi er eit smalt sund.

Syning(s)tjern, -tjørni.

1. Gol hd. E 32, 12. Utt. *sy'ningskędnė, si'nings-.* — Syningstj. GK 1923. Attmed fjellet Syningen: *sy'ningən,* dat. *sy'ninji; si'-.*

2. Nes hd. F 33, 7. Utt. *si'ningkędn.* — Syningtj. GK 1918. Attmed eit Syningfjell.

3. Uvd. hd. U. s. E 33, 8. Utt. *sy'ningkønnė* (Dagalid). — Syningtj. GK 1920. Attmed stølen Syningan, som ligg burtunder ein aas.

Høgdenamnet Syningen tyder ein stad der dei ser vidt.

Synstegardstjørni Nore hd. E 33, 10. Utt. *sy'nstəgarṣkønn, -kędn, -kęnn* (Tunnhovd). — Synstegardtj. GK 1920. Etter uppdemmingi fløder Tunnhovdfjorden upp um denne tjørni. Heiter etter Synstegard i Tunnhovd.

Synstevatnet.

1. Nes hd. E 33, 10. Utt. *si'nstəvatn* (Nes), *sy'nstəvatn, sø'nstə-* (Tunnhovd). — Sønstevandet 1743. Wiel XXXII, 135. Synstadv. v. Langen 61. Synstadvand Pontoppidan 1785, s. 127. Synstev. AK 1856. Synstev[t] GK 1920.

2. Uvd. hd. U. s. Utt. *sø'nstəvatnə.* — Synstevandh DN XV 684, 1542. Sønstev. AK 1856.

Baae desse namni syner greidt korleis tydingi i „sud" og „synst" hev flutt seg. Synstevatnet i Uvdal er det nedste av ei rad med vatn som ligg etter kvarandre rett austetter i Imingdalen. Synstevatnet i Nes ligg i Rukkedalsvatsdraget noko nedanfor og nordaust for Budvatnet i same vatsdraget. Det heng soleis i hop at i den nedste luten av hovuddalane (Numedal og Hallingdal) er nedetter dalen nokolunde det same som sud. Og so brukar dei nedetter vatsdraget og „sud" synonymt elles og, til deils endaa til der som vatsdraget gjeng i nordleg leid.

Sysle (og Vesle-Sysle). Mod. hd. Snr. s. F 34, 11. Utt. *sy'slə, si'slə; si'sləkęnn; væ'slə-sy'slə* (alt i Snarum); *sy'sləkęnn* (Heggen). — Sysle GK 1919. Eit lite vatn (og ei tjørn). Sysle er vel upphavleg bekkjenamn. Jfr. sysle f. = sisle, liten bekk (Had.). Sjaa NE, s. 261.

Sæterputten.

1. Aad. hd. Yt. Aad. s. F 34, 6. Utt. *sæ'tərpútt'n.* — Nær ei sæter.

2. Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 5. — Sæterputten orig. 1909—11. Paa vestsida av Verpsætri.

Sætertjern.

1. Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *sæ'tərkęnn.* — ?Sæterkjern 1743. N., V. Sætertj. GK 1918. Nær Haugerudsætri.

2. Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *sæ'tərkenn.* — Sætertj. GK 1918 (— Hyttekj. orig. 1826). Upp for Blakstveit.

3. Aad. hd. Viker s. F 33, 11. Utt. *sæ'tərkennə, fla'skərúsætərkenn.* — Attmed Flaskerudsætri.

4. Aad. hd. Yt. Aad. s. F 34, 5. — Sætertj. GK 1919.

5. Flaa hd. F 34, 3 (4 ?). Utt. *sæ'tərkenn* (Sørbygdi). — Attmed Lindelidsætri.

6. Fles. hd. Svene s. F 35, 8. Utt. *li'nnbusætərkenn.* — Sætertj. GK 1919.

7. Krhd. og Ndh. hd. F 34, 4. Utt. uppgj. *sæ'tərkenn, sæ'tər-; sæ'tərvatnə* (det siste i Soknedalen). — Sætertj. GK 1919. Attmed bustaden Sætri: *sæ'tra.*

8. Ndh. hd. N. s. 19 B, 2. — Sætertj. RK 1872.

9. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. F 35, 8. Utt. *sæ'tərkenn; nō'rsætərkenn, sø'sætərkenn.* — Attmed Lidsætrane.

10. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. — Nd., Øv. Sætertj. RK 1890.

11. Sgd. hd. S. s. F 35, 3. Utt. *sæ'tərkenn.* — Sætersvand Strøms kart. Sætertj. GK 1919. Attmed bustaden Sætri, ein einbølt skogsgard.

12. Tyr. hd. F 34, 11. Utt. *sæ'tərkenn.* — Sætterkiernet GC nr. 159 (1767). S V AK 1854. Sætertj. GK 1919. Attmed ei sæter.

Sætervadtjern Aad. hd. Yt. Aad. s. 19 B, 3. Utt. *sæ'tərvakenn.* — Sætervadtj. RK 1872. Sætervad: *sæ'tərvā* er i Væla. Det gjeng ein stølsveg yver elvi tett attmed tjørni.

Sætervatn.

1. Hur. hd. 14 B, 10. Utt. *sæ'tərvann(ə).* — Sætervd RK 1915.

2. Røyk. hd. 14 D, 10. Utt. *sæ'tərvannə.* — Sæterv. AK 1854. Sætervd RK 1900.

Søkkmyrtjern Aad. hd. Nes s. F 33, 5. Utt. *sø'kkmýrkenn.* — Ei myrtjørn paa vestsida av vegen nord for Nes kyrkje, utan avlaup. Skal vanleg kallast Skyttarbantj. no.

Søkktjern Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *sø'kkkenn.* — Søktj. orig. 1893. Rett sud for Rødsætri, i vatsdraget ifraa vatnet Larvika. Tydingi maa vera paa lag den same som for Søkkmyrtjern. Der skal vera blaute myrar ikring.

Sølesundtjørni Hol hd. Utt. *sø'læsunnkødne, sø'lə-.* — Attmed stølen Sølesund: *sø'læsund (sø'lə-),* skr. Sotesundsr AK 1856, sudvest for Rødungen. Der er eit breidt vad, eit lite sund, synst i tjørni. Dette er kanskje „Søyle-sundet"; eller Søyle-sundet kunde vera ein annan blaut stad i ein eller annan veg nær stølen. Det skal vera mykje med blaute myrar ikring stølen.

Søletjern, -tjørni.

1. Nore hd. E 33, 11 (?). Utt. *sø'ləkønne.* — Millom Holmevatn og Langevatn paa den eine sida og Budtjørni og Brennbudtjørni paa hi (visst).

2. Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *sø̄ˋtəkenn.* — Uppaa aasen sudvest for Baasheim.

Av søle f., som er dialektform for søyle. Um tjørni i Sigdal er det upplyst at det er blautt rundt um.

Sønnaasplasstjernet Fles. hd. Lyng. s. F 35, 2. Utt. *sønnåsplassk̨ennə.* — Paa austsida av Haugesjø. Attmed tjørni ligg ein plass som høyrer til garden Sønnaasen.

Sørbøltjørni Gol hd. E 32, 10. Utt. *søˋbbøłk̨edné*; òg uppgj. *søˋbbøł-* (soleis òg NG V, s. 121). — Søbølkj. orig. 1841. Sørbøltj. GK 1923. Sørbøl er gnr. 50 Gol.

Søregaardaastjernet Fles. hd. Svene s. F 35, 8. Utt. *sø̄ˋrəgåłåsk̨ennə.* — Attmed ein av Gaardaas-gardane.

Søretjern, -tjørni.

1. Krhd. F 34, 9. Utt. *sø̄ˋrək̨enn.* — Nedanfor (d. v. s. sunnanfor) Torsteinrudtj.

2. Nore hd. austfj. Utt. *sø̄ˋrək̨onne.* — Uppi fjellet aust for Skjønne kyrkje. Jfr. Nordtj.

Sørlidtjern(et).

1. Aad. hd. Nes s. F 33, 6. — Sørlitj. GK 1918.

2. Mod. hd. Hgg. s. F 34, 11. Utt. *sø̄ˋlík̨enn(ə).* — Aust for Øyvatni, attmed ein heimstad som heiter Sørlid: *sø̄ˋlí.*

Sørtjørni Uvd. hd. U. s. Utt. *sø̄ˋrk̨onné*; òg uppgj. *sø̄ˋłk̨onnann* (flt.); *nōˋrṣəłk̨onné, sø̄ˋrṣəłk̨onne.* — V., Ø. Sørkj(ærn) AK 1856. *ł* i *sø̄ˋłk̨onne* kann vera analogi etter *nōˋł-*. Jfr. òg dialektformer som *tōˋła* for tora, toredun, som finst t. d. i Gudbrandsdalen.

Sørvatnet Hur. hd. 14 B, 10. Utt. *sø̄ˋvannə.* — Det eine av Mørkvatni.

Søtelidtjørni Roll. hd. R. s. vestfj. Utt. *sø̄ˋtəlík̨onne.* — Nord for Sorkje, i fylkesbytet. Jfr. Molteskardtj.

Søtelidvatnet Hems. hd. E 32, 1. Utt. *sø̄ˋtəlívatnə.* — Søtelidk. AK 1856. Søtelitj. GK 1923. Uppaa fjellet vest for Myrkedalen. I lidi nedunder ligg Søtelidstølane. „Søtelid“ truleg av søte f., som er namnet paa søterot, sisselrot i Hallingdal og Valdres og kanskje fleire bygder.

Taaffaartjern Krhd. F 34, 10. Utt. *tåˋffårk̨enn* (Krødsherad); òg uppgj. *tåˋppårk̨enn* (Tyristrand). — Jfr. Toffertjernaasen GK 1919. Toppfurtjern?

Taattetjørni Hems. hd. E 32, 2. Utt. *tåˋttək̨edn(é).* — Ligg bak fjelli Taatten: *tåˋttén*, dat. *tåˋtta*, og Vesletaatten. Taatten maa vera ei avleiding av taatt m., traad i ei snor eller eit reip. Uppe paa høgste Taatten er det ned-i-skore tvo dalar som gjeng parallelt. Ein stadkjend mann meinte at namnet kanskje kunde koma av deim. Jfr. adjektivet taattut, aadrut, striput, tilbutt med „taattar“ som gjeng jamsides.

Talatjern Mod. hd. Snr. s. F 34, 10. Utt. *tāˋłak̨enn.* — Talatj. GK 1919. Det er bratte hamrar attmed tjørni, so det er sterkt dvergmaal.

Taltjern Krhd. F 34, 3. Utt. *tā'tkenn.* — Taltj. GK 1919.

Tangetjern Kongsberg. F 35, 9. Utt. *ta'ngəkenn.* — Tangentj. GK 1919.

Tangevn GK 1931. Hol hd. D 33 aust, 1. — Attmed stølen Tangen.

Tapetjern Hole hd. 19 B, 9. Utt. *tā'pəkenn.* — Tabetj. RK 1872.

„Tharaldsvandet" DN VII 820. — I Efteløt i Sandsvær. Dokumenti i ei rettssak i 1735 nemner at ein mann som heitte Tarald bar fisk upp i ei tjørn uppmed Stølevatnet. Ho fekk namnet Taraldsvatnet etter det.

[Tarmemyr Ned. Eiker hd. F 35, 11. Utt. *tā'rməmȳr.* — Tarmmyren RK 1900. Tarmmyr Dr. 1927. Ei myr nedanfor Steinarvatni, med ei tjørn. Hev tjørni heitt paa Tarm-?]

Tarmen orig. 1887. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. — Eit smalt tilheng til Storfjorden, paa vestsida.

Tarmstjernet Mod. hd. Hgg. s. F 34, 11. Utt. *ta'rmskenn(ə), tā'rms-.* — Tarmstj. GK 1919. Heiter etter ei grend Tarmen. Grendi ligg i eit trongt dalføre.

Tarmsvatnet Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. Utt. *tæ'rmsvannə.* — Tarmsvd RK 1890. Eit lite vatn nedi ei stygg dæle som heiter Tarmshola. Maa tru um ikkje namnet paa vatnet kjem av den smale utlaupsviki, so at ho hev heitt Tarmen?

Teinehyl Gol hd. E 32, 11. Utt. *tæi'nəhōl.* — Attmed Brautemostølen. Dei hev vel fiska med teine der.

Teksletjern Fles. hd. Lyng. s. F 35, 2. Utt. *tæ'kslәkenn* (NG V, s. 412, um garden: *tæ'ksle*). — Attmed garden Teksle.

Tiggarudtjern Øv. Eiker hd. Fsk. s. F 35, 9. Utt. *ti'ggarūkenn.* — Tiggarud-k. Strøms kart. Attmed bustaden Tiggarud.

Timannsdalstjern Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *tī'mansdærskenn.* — Timandstj. orig. 1886. I Timannsdalen nord for Jartkjær. Timann kjem vel av Tidemann, person- eller familienamn.

Tind(e)tjørni Hol hd. D 33 aust, 6. Utt. *ti'ndkodnē, ti'nn-, ti'ndə-.* — Tindv. AK 1856. Tindtj. Qv. og W. 1922. Tindetj. GK 1931. Heiter etter fjellet Tinden, Ustetinden: *ti'nd'n, u'stətind'n.*

Tindsjø Flaa hd. F 33, 7. Utt. *ti'ngsjø* (Flaa), *ti'nnsjø* (Eggjedal). — Tinsiovand v. Langen 61. Tindsøe 1743. Tindsøe ekstrakt 1743. Tindsjøe Wiel XXXII, 137. Thingsn AK 1856. Tingsjøen GK 1918.

Baade dei eldre skrivemaatane og segjemaaten i Eggjedal talar for at namnet kjem av ordet tind, fjelltind. Jfr. Tind(e)tj. her tett ovanfor. Ei av høgdene i aust eller vest kann ha heitt paa -tinden. Ljodyvergangen (*nd*) *nn* til *ng* framfyre *s* som dei hev i Flaa kann jamførast med yvergangen vinstre — vingstre i mange maalføre.

Tingelstadtjern Mod. hd. Hgg. s. og Nyk. s. F 35, 4. Utt. *ti'ngstakenn.* — Tingelstadtj. GK 1919. Uppaa aasen ovanfor garden Tingelstad, gnr. 115 Modum.

Tingsjø, sjaa Tindsjø.

Tingvollfjorden Aal hd. Trp. s. E 33, 3. Utt. *tí'ngvållfjörṇ*, dat. *-fjoté*; òg elliptisk: *tí'ngvåll'n*, dat. *-vålle*. — Tingvollfd GK 1920. Ei stille i Hallingdalselvi, snaudt 2 km. ovanfor Torpe-kyrkja.

Attmed elvi her hev det vore ein eksismo. Der er nokre store fine flater. Der hev vel vore tingstad òg. Uppmed søre enden av Holsfjorden i Hol er det òg ein stad som heiter Tingvollane. Der veit dei at det hev vore ting.

Tisleifjorden, sjaa NI I, s. 202.

Tistilen Øv. Eiker hd. Fsk. s. 14 A, 10. Utt. *tí'stiln, tí'still'n*. — Tistillen Strøms kart. orig. 1825. RK 1890.

Namnet kann ikkje vel høyra saman med noko anna enn voksternemnet tistil. Det er vel ei avstytting for *Tistilsvatn, og *Tistilsvatn er samansett direkte med plantenemnet, eller med eit tilnamn þistill (jfr. Þistilsfjọrðr paa Island, etter Ketill þistill). Det er urimelegt at me skulde ha eit jamføringsnamn her.

Titjern Flaa hd. F 34, 4. Utt. *tí'ķẹnn*, flt. *-ķẹnnann* (Brekkebygdi). — Jfr. Titjernh[d] GK 1919. Ei samling med smaatjørner, tie skal det vera til saman.

Titjernsmyren orig. 1909. Fles. hd. Lyng. s. F 35, 3. — Sud for Stjernetj.

Tjernlein(e)tjern Sgd. hd. Egg. s. E 33, 12. Utt. *ķẹ'nnlæin(ə)ķẹnn* (Eggjedal); *læi'nəķẹnn* (Flaa). — Tjørnleintj. GK 1920. Tjørni ligg uppi ei leine.

Tjernoset Nes hd. E 33, 6. Utt. *ķẹ'dnōsə*. — Tjørnosen GK 1920. „Det er os baade i den øvre og den nedre enden, med fiskestader baade øvst og nedst", — sagde ein heimelsmann. Jfr. Tjørnosen i Vaagaa, NI I, s. 203.

Tjernsauget Ned. Eiker hd. F 35, 12. Utt. *ķẹ'nsauə*. — Ein liten pytt uppi Solbergaasen.

Tjernset(lid)tjernane Nes hd. F 33, 1. Utt. uppgj. *ķẹ'dnsẹtlíķẹdnadn*. — Tjernsettjernan GK 1918. Uppmed sudenden av den synste av tjørnene ligg stølen Tjernsetlid. Millom vatni ligg stølen Tjernset.

Tjernsettjern Nes hd. E 33, 6. Utt. *ķẹ'dnsẹtķẹdn*. — Tjørnsettj. GK 1920. Ovanfor tjørni er ein støl Tjernset.

Tjernslidtjernet Tyr. hd. F 34, 12 (11). Utt. *ķẹ'nslíķẹnnə*. — Millom Skiftingen og Aasterudtj.

Tjernslidvatnet Lier hd., og Bærum hd. Akershus. 14 D, 3. Utt. *ķẹ'nslívannə* (Sollidhøgdi). — Kjernslitj. RK 1900. Attmed garden Kjenslid (ɔ: Tjerns-).

Tjernsringen Aad. hd. Viker s. F 33, 11. Utt. *ķẹ'nsríngən*. — Tjernsringen GK 1918. Nokre tjørner — tri stykke — som heng i hop i ein ring, med ei øy som dei kringar seg um. Jfr. Tjørnringen.

Tjuentjerni Mod. hd. og Tyr. hd. F 34, 11. Utt. *ķü'ənķẹnna*. — Tjuentj[na] GK 1919. Maa vel høyra saman med ordet tjuv m. Men formi er uklaar.

Tjuveholtj. orig. 1930. Nore hd. austfj. — Eit stykke sudvest for Dangeset-sætri.

Tjuvehylane Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *ķū̀vəhølænn.* — Uppaa aasen aust for Svene kyrkje, millom Krokvatnet og Langevatnet. „Ligg dyttint og avgøymt til, og namnet kann koma av at der var det godt høve til tjuvefisking; baade Krokvatn og Langevatn hev vore gode fiskevatn" (Tov Flatin, i brev).

Tjuvehytt-tjørni Uvd. hd. Utt. *ķū̀vəhẙttķønne.* — Paa Hardingviddi, i Lòg-vatsdraget ovanfor Skrykkjen. Tett attmed Tjuvehytta: *ķū̀vəhẙtta,* ei liti hytte som dei maa krjupa inn i, vart det sagt. Ein stortjuv skal ha halde seg der „i gamle dagar". Det er ei fæl urd med mange holor uppunder Tjuvehyttnuten.

Tjuvekjellartjørnane Uvd. hd. Dag. s. E 33, 7. Utt. *ķū̀vəķęllarķønnann.* — Tjuvekjellertj^ne GK 1920.

Sume heimelsmenn tolka namnet av at der skal ha vore stole hamn ikring tjørnene, av slike som ikkje hadde rett til hamn der. Men det fell vel meir ljos yver namnet av eit citat som dette hjaa Tov Flatin, Gamalt fraa Numedal III s. 86: „Han Per Lien fraa Tonhovd laag burti Sæterdalen og stal. Han grov eit hol i jordi og budde der; slike hol kalla dei „Kjuvekjellara"." Uppskrifti er ifraa Uvdal. Det skal vera dokkut ikring tjørnene, og lett aa gøyma seg burt der.

Tjuveritjørni Nore hd. E 33, 3 (9?). Utt. *ķū̀vərìķønnə, -ķęnnə, -ķędnə* (Tunnhovd). — (Sud-)aust for fjellet Saati: *sǻ̀te,* skr. Saatefj. GK 1920. Der er ei bjørkehall attmed tjørni som heiter Tjuverihalli: *ķū̀vərìhallè.* Der skal ein tjuv ha halde seg um sumrane, fortalde ein heimelsmann paa 80 aar. Han fortalde etter bestemor si, ho vart 97 aar.

Tjuvetjern, -tjørni.

1. Hems. hd. E 32, 10. — Tyvekiernet ekstrakt 1743. Den tjørni som Gjuva ovanfor Klepp kjem fraa.

2. Lier hd. Frg. s. F 35, 12. Utt. *ķū̀(v)əķęnn* (Lier), *ķū̀və-* (Ned. Eiker). — Jfr. Tyvtjernstua RK 1900. GK 1919.

3. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *ķū̀vəķønn* (Meheidi; uttale vestanfraa). — Tyvekj. AK 1854. Tyvetj. RK 1890.

4. Uvd. hd. U. s. Utt. *ķū̀vəķønnè.* — Nede i dalbotnen, paa Kyllesdalsgardane sin grunn.

Um tjørni i Lier sagde dei: Dei skal ha fanga nokre tjuvar attmed den tjørni ein gong. Um tjørni i Sandsvær: Det er eit par hellerar attmed tjørni. Der hev det butt tjuvar i si tid.

Tjørnbotntjørni Hol nordfj. — Tjønnbøtntj. orig. D 33. Noko sudvest for Hamarstølen.

Tjørndalstjørnane Roll. hd. R. s. F 34, 7. Utt. *ķə̀nndarșķønnænn.* — I Tjørndalen, nordaust for Myklevatnet.

Tjørngravtjørni Hol hd. D 33 aust, 1. Utt. *ķø̀dngravķødnè.* — Tjøngravkj. Qv. 1920. Tjørngravtj. GK 1931. Nord for Sløddfjorden. Det er gamle reinsgraver paa desse kantar. Ei grav tett attmed utfallsosen fraa tjørni syner enno. Ho hev vel heitt Tjørngravi (eller um der hev vore fleire: Tjørngravene).

Tjørngrøtj^ne GK 1920. Uvd. hd. U. s. E 33, 7. — -grø- av grøde n., grasflekk.

Tjørnringen Roll. hd. R. s. F 35, 1. Utt. *ḳø'nnríngən.* — Ei liti tjørn ved garden Fossan noko nord for heradsskilet mot Flesberg. Upphavet til namnet her synest vera noko annleis („rund som ein ring", visst) enn ved Tjernsringen i Aadalen.

Tjørnsettjørni, sjaa Kiœnsæth þiærnæth.

Tjørnstøltjørni.

1—2 Aal hd. Aal s. E 33, 2. Utt. *ḳø'dnstølḳødnė* (eller berre *ḳø'dnė*). — Namn paa tvo tjørner attmed kvar sin Tjørnstøl, den eine uppaa fjellet ovanfor Strandafjordungen (Tjørni GK 1920), hi nord for Kvindegardslidi.

Tobakktjern Nes hd. E 33, 11. Utt. *tō'bakkḳędn.* — Attmed Trommenatten. Talordet tvo uttalar dei to i maalføret. Namnet tyder vel Tvobakke-tjørni, so at det ikkje hev noko med tobak aa gjera.

Tobekktjørni Hol hd. D 33 aust, 6. Utt. *tō'bækkḳodnė* (Ustedalen). — Tobæktj. Qv. og W. 1922. Tobekktj. GK 1931.

„Tvo-bekkje-tjørni". — I Skurdalen synest dei ha eit anna namn paa denne tjørni, anten det no er ei umlaging av Tobekktjørni, eller umvendt. Dei kallar ei tjørn som visst maa vera denne for Tobaktjørni: *tō'bakkḳødnė.* Um det fortalde ein heimelsmann: Det skulde ha kome eit par karar yver Hardingviddi med vetteren, fraa Hardanger til Skurdalen. Dei hadde eit drag med seg, og tobak paa draget. So rauk det upp eit fælt uver. Dei laut setja draget att paa isen paa denne tjørni. Det snøa ned, so dei ikkje fann det att. Det sokk ned um vaaren. Av det skal namnet Tobaktj. koma. — Helst er vel „Tobaktj." ei umlaging av hitt namnet.

Todalsvatni Nes hd. E 33, 6. Utt. *tō'darṣvatnė.* — Godalsvandet (!) 1743. I ekstrakt 1743 òg Todals-. Todalsvandet Wiel XXXII, 136. Todalsv^de AK 1856. N., S. Todalsv^t GK 1920. Hev avlaup gjenom Todøla, skr. Todahlselve v. Langen 61.

Todøltjørnane Uvd. hd. U. s. Utt. *tø'ddøḷḳonnann.*

Todølvatnet Uvd. hd. U. s. Utt. *tø'ddøḷvatnə.* — Tødølsv. AK 1856. I Todøldalen: *tø'ddøḷdāṛṇ, tø'ddədāṛṇ* (Dagalid). Avlaup gjenom Todøla, skr. Totolelve v. Langen 61.

Todøla er avleidt av namnet Todal. Todal svarar etter NE, s. 271 f. til gn. *Tófudalr, av elvenamnet *Tófa. Jfr. Tovevatnet her i det fylgjande. Segjemaaten *tø'ddøḷ* er framkomen ved at vokalen i fyrste stavingi hev vorte avstytt framfyre *dd* (av *vd*) og deretter jamlaga med vokalen i andre stavingi.

Tollemyrput orig. 1893. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. — Aust for St. Elgstj.

Tollevsgardtjern Nes hd. E 33, 6. Utt. *tø'llisgaḳędn, tø'lliska-.* — Tollevsgard er gnr. 74 Nes.

Tollefsrudfjorden ekstrakt 1743. Wiel XXXII, 137. Flaa hd. F 33, 7. — Ei utviding i Hallingdalselvi. Tollevsrud heiter gnr. 15 og 20 Flaa.

Tonstjerni Mod. hd. Hgg. s. F 34, 11. Utt. *tő'nskęnna.* — Attmed garden Ton. Der skal vera 4 tjørner: Svarterudtj., Midttj., Damtj., Bemle.

Toppetjern Kongsberg. 14 A, 8. Utt. *tå'ppəkęnn.* — Toppetj. orig. 1910. Uppaa aasen aust for garden Gomsrud. Truleg anten av topp(e) m., hane (= orrhane) eller av topp m., visk eller knippe med høy og dil. (tuvetoppar med grasduskar).

Toputten, sjaa Puttane.

Torbjørnstjørni Roll. hd. R. s. F 34, 7. Utt. *tο'rrbjønskønne.* — Torbjørnstj. GK 1919.

Toresbudtjørni Uvd. hd. Dag. s. E 33, 8. Utt. *tő'resbukønne.* — Toresbutj. GK 1920. Attmed Toresbud-stølen.

Toresplasstjernet Hole hd. 19 B, 15. Utt. *tő'rəsplasskęnn, pla'ssəkęnnə.* — Pladsetj. RK 1872. Attmed bustaden Torespladsen RK.

Toretjern Gol hd. E 32, 11. Utt. *tő'rəkędn.* — Toretj. GK 1923. Eit bruk nede i bygdi heiter Toregjordet: *tő'rəjőłə*, og det namnet maa vel koma av mannsnamnet Tore.

Torevatnet Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4. 5. Utt. *tő'rəvatnə* (Flaa; øvst i Soknedalen); *tő'rəvannə* (lenger nede i Soknedalen); òg uppgj. *tő'ró-* (Soknedalen). — Torevand v. Langen 61. Wangensteen 80. Pontoppidan 1785, s. 125. Torevandet, Thorevandet 1743. Thorevandet Wiel XXX, 189. Thorev. AK 1856. Torev[t] GK 1919.

Dette vatnet er noko stort til aa heita etter ein mann (Tore). Maa tru um ikkje fyrste lekken i namnet er eit gardsnamn paa rud (*Torud, t. d. av *Þ ó r u r u ð)? Helst maatte det vera garden Rud som daa hadde havt eit samansett namn i si tid (fyre 1520-aari, fraa den tid av kjenner me namnet, usamansett).

Torgetjern Hole hd. 19 B, 9. Utt. *tο'rjəkęnn.* — Torvetj. RK 1872.

Heiter etter sætri Torget: *tο'rjə*, skr. Taarget JN, 277. Torvesr RK 1872. Jfr. òg NG Indl., s. 81. — Tjørni skal elles mykje kallast Att-og-framtjernet. Det kann kanskje stydja den tolkingi av sæternamnet som NG V, s. 2 gjev; at der hev vore ein stasjon for Ringeriksbøndene paa den sætri paa vegen til (og fraa) Oslo.

T o r j u s t j ø d n a n e orig. D 34 1929—30. Uvd. hd., nord for Bjornesfjorden. — Av mannsnamnet Torjus.

Torkjelsettjørni Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *tå'rkelsætkødne.* — Attmed Torkjelset: *tå'rkelsæt*, skr. Torkjelstøl GK 1920.

Tormodtjørnane Uvd. hd. Utt. *tο'rmokødnadn* (Skurdalen), *-konnann* (Uvdal). — Paa Hardingviddi, jfr. Thormod Fl. AK 1856. Tormodflotti: *tο'rmofłotte* gjeng nordetter ifraa tjørni. Namnet paa felægret (Thormod Fl. AK) er vel eldst, og det kjem vel av mannsnamnet Tormod.

T o r s b u t j[ne] GK 1920. Uvd. hd. Dag. s. E 33, 7.

Torsbudtjørni Hol hd. nordfj. Utt. *tő'rsbukødne.* — Jfr. Thorsbu AK 1856, d. e. Torsbudstølen, paa austsida av Torsbudhovda, nord for Hovet kapell.

Torsetvatnet Uvd. hd. U. s. E 33, 8. Utt. *tǒ̀rsætvatnə, tǒ̀rsæt-*. — Thorsætv. AK 1856. Torsetv[t] GK 1920. Stølsnamnet Torset kjem truleg av mannsnamnet Þórir og setr n.

Torsteinhylen Gol hd. Utt. *tø̀stainhørn*. — I Sudndalsaani tett nedanfor Sudndalsfjorden. Der skal ha drukna ein som heitte Torstein i hylen.

Torsteinrudtjern Krhd. F 34, 9. Utt. *tå̀sťnrūkenn*. — Torstensrudtj. GK 1919.

Torsteinstjern Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *tå̀stənskenn*. — Torsteinstj. GK 1918.

Torvardsætertjernet Fles. hd. Lyng. s. F 35, 3. Utt. *tø̀rvarsætərkennə*. — Jfr. Torvaldsæter GK 1919. Etter uttala som er uppgjevi skulde stølsnamnet vera samansett med mannsnamnet Torvard.

Torv(e)tjern.

1. Øv. Eiker hd. Fsk. s. F 35, 11. — Tørvekj[n] orig. 1826. Vest for Kroktj., med avlaup gjenom den bekken som renn ut i Eikeren ved bustaden Tørbekk GK 1919, det er vel Torvbekk.

2. Fles. hd. Svene s. F 35, 8. Utt. *tø̀rvkenn* (Jondalen). — Torvtj. GK 1919. Tjørni ligg paa ei myr.

Av torv n. eller torve f., helst det siste. Namni kann t. d. sikta til grastorvor som ligg og flyt langs kantane, eller som hev flote lause uti.

Toskje-evja (Fles. hd.), sjaa NG V, s. 426.

Totjerni.

1—3. Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *tǒ̀kenna*. — Totj[ne] GK 1918. Tvo pyttar jamsides paa tri stader innanfor denne kartruta.

4. Aad. hd. Yt. Aad. s. F 34, 6. — Totj. GK 1919.

5. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *tǒ̀kenna*. — Ikkje langt ifraa Branesvollen.

Tvo tjørner ligg jamsides paa alle desse stadene.

Tovatn Nes hd. E 33, 6 og F 33, 1. Utt. *tǒ̀vatn*. — Toevand orig. 1843. Toenv[t] GK 1918. 1920. Heiter etter garden Ton som ligg straks vestanfor vatnet.

Tovevatnet (Øv., Ned.). Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *tǒ̀vəvatna* (flt.). — Thorevandet 1743. Thorevandene Wiel XXXII, 137. Øv., Ned. Tovev[t] GK 1919. Me hev vel eit elvenamn *Tova i fyrste lekken. Sjaa um det NE, s. 271 f. og Stadnamn fraa Oslofjorden, s. 159 f.

Tovstjern.

1. Fles. hd. Lyng. s. F 35, 2. Utt. *tǒ̀fskenn*. — Tovstj. GK 1919. Ein liten plass paa same kanten heiter Tovsrud: *tǒ̀fsrū*.

2. Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *tǒ̀fskenn*, flt. *-kenna*. — Tofstj. orig. 1909—10. Tvo tjørner sudvest for Svene kyrkje, heimanfor Aslaksrud.

3. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. uppgj. *tǒ̀fskenn* og *tå̀fs-*. — Tavstj. GK 1919.

Av mannsnamnet Tov, gn. Þólfr.

Traakleivtjerni Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *trå`klæivkønnænn* (Meheidi; uttale vestanfraa; Sdsv.-maal: *-kenna*). — I Skrimsdalen, ovanfor Skrimsdalsvatnet. Paa nordsida skal vera kleivar. „Traakleiv" = *Trodkleiv, av trod f., tiltrakka veg eller stad, fe-kvie?

Traa(n)vatni (-tjørnane) Roll. hd. R. s. F 34, 7. Utt. *trå`kønnann, trå`n-* (Rollag); *trå`nvatna, trå`nn-* (Sigdal). — N., S. Traaenv[t] GK 1919. Heiter etter garden Traaen, gnr. 45 Rollag.

Trampetjernet Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4. Utt. *tra`mpəkennə*, flt. *-kenna*. — Attmed garden Trampen: *tra'mpən*, gnr. 152, 3 Norderhov.

Trampen er eit yngre namn. Det kann innehalda ordet tramp m., „før, stiv og tungfærdig klodrian" (Berg. Tel. Rbg. Mannd.), brukt til tilnamn. Stadnamnet er daa elliptisk. Eller „tramp" er ei stadnemning og merkjer ut ein stad som det hev vore tramping og trakking paa.

Tranetjern Flaa hd. F 33, 10. Utt. *trā`nəkenn* (Gølsvik; Soknedalen). — Tranekj. orig. 1826. Tranetj. GK 1918. Hev avlaup gjenom Tranb[k] GK, skr. Tranen orig. 1826. Av fuglenamnet trane f., truleg. Bekkjenamnet (*T r a n a) er kanskje det primære. Jfr. NI I, s. 205.

Trehyrna Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. F 35, 8. Utt. *trē`hynna, trē`hynnə*. — Burtimot garden Bjørndalen. Der skal vera tvo tjørner, ei av deim er tri-hyrnut. Sume heimelsmenn sagde at *trē`hynna* var flt. og *trē`hynnə* eint.

Trehyrningen Hoie hd. 19 B, 10. Utt. *trē`hørningən*. — Trehorningsv. AK 1854. Trehørningen RK 1872. Eit vatn med tri hyrno.

Trengendalstjernet Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *træ`ngendarṣ-konna* (Meheidi; uttale vestanfraa; Sdsv.-maal: *-kennə*). — Sud for Budvatnet. Bekken som gjeng gjenom tjørni, heiter Trengendalsbekken.

„Trengen" her maa koma av same ordet som gardsnamnet Trengen i Hedenstad (gnr. 92, 4). Det namnet ser ut til aa innehalda eit ord treng m., som er sideform til trong m., eit klemstre, strype, trongrøme. Jfr. NG V, s. 389. Dersom uttala er uppgjevi rett, maa „Trengen" vera eit sjølvstendigt, s t i v n a namn (elles „Trengdals-"). — Trengdalsbekken kjem ned gjenom „ein støyteleg trong dal".

Treputtane (-pyttane).

1. Aad. hd. Nes s. F 33, 5. Utt. *trē`pútta*. — Treputta GK 1918.
2. Krhd. F 34, 3. Utt. *trē`pyttann* (*trē`kenna*). — Nær Trytetj.

Hev namn av at tri pyttar ligg saman.

Trestiklane Hol hd. D 33 aust, 4. Utt. *trē`stíkładn*, dat. *-stíkłó*. — Trestikkelkj. AK 1856. Ned., Øv. Trestiklan GK 1931. Eit par vatn, det største er trihyrnut (-stiklane av stikel m., pigg). Jfr. Stiklingen og Trestikka NI I, s. 189. 205.

Tretjerni er uppskr. ein 15 gonger (medrekna Tritj. orig. 1909—10 tvo stader i Flesberg). Det er paa kvar stad tjørner som ligg tri i rekkje eller flokk. Uttala er fast med einstavings tonelag *trē'* (eitt undantak er notera, som er mistenkjelegt).

Trihyrnevatn Roll. hd. R. s. F 35, 1. Utt. uppgj. *trî(h)ŷnn(ə)vatnə, trî hŷnnə, trî hŷnningən, trê-* (Rollag); i Flesberg uppgj.: *trê hŷnnəvatn.* — Trehyn Flor 1760. Hannevand v. Langen 61 (utydeleg). Trehøinev. AK 1854. Trihyrnev[t] GK 1919.

Trihyrningen.

1. Fles. hd. Svene s. F 35, 3. Utt. *trî hŷnningən* (Flesberg), *trê hørningən* (Bakke, Øv. Eiker). — Trihyrningen GK 1919.

2. Sgd. hd. Egg. s. og Roll. hd. Vggl. s. F 34, 7. Utt. *trî hŷnningən* (Rollag), *trî hínningən* (Sigdal). — Trihyrningen GK 1919.

Baade Trihyrnevatnet og Trihyrning'ane er tri-hyrnute.

Trillingtj[a] orig. 1919—23. Nhd. hd. N. s. 19 B, 10. — Tri tjørner rundt Ospekollen vest for St. Uppkuvvatn.

Tritjernane Flaa hd. F 33, 7. Utt. *trî kḙdnadn.* — Tritj[ne] GK 1918.

Det skal vera tri smaae tjørner saman, og namnet kann for det koma av talordet tri. Men tonelaget er ikkje det vanlege for slike namn; so det er helst vel so rimelegt at Tritjernane er ei avsliting for *Tritetj., d. v. s. Trytetj.

Trogasetvatnet Flaa hd. E 33, 12. Utt. *trø gasætvatnə* (Eggjedal). — Heiter etter stølen Trogaset. Sjaa um det namnet NG V, s. 76.

Trollaastj[ne] orig. 1909—11. N., S. Trollaastj. Dr. 1927. Øv. Eiker hd. Bk. og Haug ss. F 35, 5. — Under Trollaasen nordvest for Sulustj.

Trolldalstjernet Øv. Eiker hd. Fsk. s. (ell. Yt. Sdsv. hd.?) 14 A, 9. Utt. *trø lldærşkennə* (Fiskum); i Efteløt uppgj.: *trø lldǣl.* — Troldalsk. Strøms kart (der lagt i Yt. Sdsv.). Paa nordvestsida av Nesfjell, innunder ei sæld i fjellet.

Trollebergtjørni Aal hd. Aal s. E 32, 8. Utt. *trå lləbærgkodne.* — Nordvest for Løkjinstjørni. Trollebergi: *trå lləbærji* er nedanfor tjørni.

I Trollebergi skal ha vore so mykje med langtroll, d. e. orm. Namnet tyder vel daa „Ormebergi". Det kann minnast um at „lange-trold" kallast etter Palludan 1743 i Aal eit slag insekt òg: „med 4[re] vinger, blaae og grønne". Men det er vel ikkje slike „troll", dette namnet siktar til.

Trolltjern, -tjørni.

1. Aal hd. Aal og Trp. ss. E 33, 3. Utt. *trø llkḙdne, trå ll-* (Torpo), *trå llkødne* (Aal). — Trolltj. GK 1920.

2. Nes hd. E 33, 4. Utt. *trø llkḙdn.* — Trolltj. GK 1920.

3. Ndh. hd. Ld. s. F 34, 5. — Troldkj. orig. 1826. Paa austsida av Sognevatnet.

4. Uvd. hd. U. s. E 33, 8. Utt. *trø llkonne.* — Trolltj. GK 1920.

„Troll" i sume av desse namni — soleis det i Aal — er nok = langtroll, orm. Det skal ha vore leidt med orm ikring tjørni i Aal. Jfr. Trollebergtj. her ovanfor og Ormetj. m. m. her framanfor. „Troll" kann vel i tjørnnamn vera lik insektnamnet langetroll òg (sjaa Trollebergtj.). Og so kann det sjølvsagt vera tale um „troll" i tydingi uvette.

Trolsv. orig. 1825. Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. — Tett sudvest for Rotavatnet.

Trommenatt-tjernane Nes hd. E 33, 11. Utt. *trȯ̀mmənattkẹdnadn.* — Attmed Trommenatten. Trommenatten er vel eit nyare namn. Likeins som (sume) namn paa Tambur- kjern det full av at nokon hev sete og trumma der. Kanskje hev der vore fjellstemne-stad.

Trona Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *trȯ̀na; stȯ̀rtrȯna, væ̀slətrȯna.* — Tronavandet 1743. Wiel XXX, 177. Trønensn AK 1856. Trona, Vesle Trona GK 1918.

Maa tru um namnet er ei avleiding av tron f. = tro, uthola stokk, vatsrenne. Ordformi tron er uppskrivi i ordbok (Ross) fraa Valdres. Me hev ordet tro f. i fleire elvenamn (NE, s. 275), og Trona kann upphavleg ha vore namn paa bekken ifraa Stortrona, eller ein bekk ned i vatnet.

Trondhjemmertjern Kongsberg. F 35, 9. Utt. *trå̀nnjẹmmərkẹnn.* — Sud for Tangetj. Eit heller nytt namn.

Trondrudtjern Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *trȯ̀nrúkẹnn.* — Attmed garden Trondrud.

Tryggtjern (Tryggs-?).

1. Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 4. Utt. uppgj. *trý̀ggkẹnn, trý̀kskẹnn.* — Paa Holtefjellet, ikkje langt ifraa Langtj. Trykstjernshovud: *trý̀kskẹnshåvə* kalla dei ei høgd.

2. Ndh. hd. N. s. 19 B, 2. — Trygkj. AK 1854. Trygtj. RK 1872.

Baae namni kann kanskje koma av adjektivet trygg; uttala med einstavings tonelag for namnet paa Øv. Eiker (*trý̀gg-*) kann ein finna parallelar til. Er uttala *trý̀ks-* den upphavlegaste for dette namnet, hev me vel aa gjera med genitiv av eit mannsnamn, T r y g g r eller Þ r ý r e k r. Jfr. PnSt, s. 266 f. Sorenskrivar Falch nemner mannsnamnet Trygg i sin „Beskrivelse angaaende Eger, Modum og Sigdal" 1743.

Tryteholone Hems. hd. E 32, 10. Utt. *trý̀təhōłudn,* dat. *-hōłó.* — Smaatjørner sud for Gammen. Um tryte sjaa Trytetj. Hole f. um vatsdammar er uvanlegt, og det er nok sjølve dældene i terrenget — saman med tjørnene — som namnet siktar til fraa fyrst av. Jfr. NG V, s. 97.

Tryterudsætertjernet Øv. Eiker hd. Fsk. s. F 35, 11 eller 14 A, 4. Utt. *trỳ̀tərúsætərkẹnnə.* — Tryterud er ein gard paa austsida av Eikeren tett attmed fylkesskilet. Sjaa NG V, s. 272.

Tryterudtjern Krhd. (og Ndh. hd. Ld. s.). F 34, 4. Utt. *trì̀tərúkẹnn.* — I Redalen, attmed bustaden Tryterud. (Visst = Trytetj. GK). Trytetj. er vel det eldre namnet paa tjørni, og so hev bustaden fenge namn (elliptisk) etter tjørni.

Trytetjern, -tjørni.

Dette er eit sers vanlegt namn i Buskerud fylke, — uppskrive ikring 40 gonger. Men det er brukt yver ei nokso liti vidd. Det er Hallingdal fraa Gol av og utetter, til og med Krødsherad (fraa Aal er notera eitt døme, fraa Hol ikkje noko), Lòg-dalen fraa Nore til og med Sandsvær (fraa Uvdal hev eg ikkje notera døme), og so Sigdal millom desse tvo dalane. Utanfor denne viddi hev eg berre notera eit par døme fraa Modum upp mot Sigdals-bytet, og utanfor Buskerud døme fraa Skoger, Siljan, Lunde (Yt. Flaabygd), Gjøvdal. — I Krøds-

herad og i Hallingdal upp til Gol er uttala *trī'tə-*. Yvergangsbeltet millom *i* og *y* er i Gol. *y*-løysa og so desse namni gjeng paa lag like vidt i dette dalføret. I Sigdal òg er det *trī'tə-*. — Trytetj., likeins som Aaborrtj., er halvveges eit nedsetjande namn, av di aaborren er rekna for ein ringare fisk enn auren. — Um etymologien for ordet tryte f. skriv Torp i Nyn. Et. Ordbok: „Kanske efter sin tykke plumpe form, til t r u t e n? Sml. svab. d r e u s c h e f., bair. t r u s c h m. gadus lota." Det kjem kanskje heller av trut m., snute, flabb. Aaborren hev stor og stygg flabb, jamførd med auren, som er mætaste ferskvatsfisken paa dei fleste stader.

Trytevatnet Sgd. hd. Egg. s. F 34, 2. Utt. *trī'təvatnə*. — Attmed Bjertnesstølen.

Trytoltjernet Flaa hd. F 33, 8. Utt. *trī'tółķędnə*. — Paa Heie-eiga. Trytholtjern, av fiskenamnet tryte og so hol m.?

Trættetjern Sgd. hd. S. s. F 34, 7. Utt. *træ'ttəķęnn*. — Trættetj. GK 1919. Det hev full vore grense-trætte attmed denne tjørni. Deilet millom gardane Grønhovd og Nedalen gjeng frammed der.

Tubbemyrdammen (-tjern) Mod. hd. Snr. s. F 34, 10. Utt. uppgj. *tu'bbəmýrdammən* (Krøderen stasjon), *tu'bbəmýrķęnn* (Tyristrand). — Nord for Slettemoen.

Tubbetjørni Gol hd. E 32, 12. Utt. *tu'bbəķędnė*. — Tuvekjernene 1743. Tubekjernene Wiel XXXII, 134. Tubbetj. GK 1923.

Ein gamall heimstad nær attmed tjørni heiter Tubbehaugen (NG V, s. 116), skr. Tuppehaugen AK 1856. Det namnet er vel det primære her. I alle høve høyrer namni Tubbehaugen, Tubbetj., Tubbeaani (avlaup for Tubbetj.), Metubba (i same vatsdraget, millom Tubbetj. og Gautetj.) saman i ei gruppe. Metubba er avstytting for Me-Tubbetj. — Av tubbe f., tuve. — Tuvekjernene 1743. Tubekjernene Wiel maa vera Tubbetj. + Metubba og kanskje Gautetj.

Tuftetjørni Hol hd. Utt. *tu'ftəķodnė*. — I Ynglesdalen. Jfr. Thuftsr AK 1856, utt. *tu'ftidn*. Tuftene *(tu'ftidn)* er flt. av tuft f., hustuft.

Tuft(n)evatn Sgd. hd. S. s. F 34, 7. Utt. *tu'ft(n)əvatn* (Sigdal), *tu'ftəvatn* (Rollag). — Tuftnevd AK 1856. Tuftnev[t] GK 1919. Maa heita etter ein bustad (støl eller gard) Tufte-; *n* maa vel skriva seg fraa den bundne form i dat. eint. eller nom. flt. Ein skulde helst tru at formi Tuftne- er framhjelpt gjenom skrift.

T u f t t j. GK 1918. Ndh. hd. Ld. s. F 33, 11.

Tungevatnet Hol hd., og Ulvik hd. Hard. Utt. *tu'ngəvatnə* (Ustedalen). — Tungev. AK 1856. Heiter etter Storetunga, som er landtunga millom sjølve Ustekveikja og so Lengjedøla.

Tunnetjørni Gol hd. E 32, 11. Utt. *tu'nnəķędn(ė)*. — Tunnetj. GK 1923. Truleg av tunne f. Det gjeng stølsvegar frammed og ligg stølar nær innaat tjørni. Namnet kann sikta til eikor hending med tunnor som dei hev havt med seg paa stølen.

Tunnevikfjorden Nore hd. og Uvd. hd. E 33, 10. 11. Utt. *tŏ'nnəvíkfjŏrn* (Nore); i Tunnhovd uppgj.: *tŏ'nnə-*, *tŏ'rnə-*. — Tunnevikf[d] GK 1920. Synste luten av Tunnhovdfjorden.

Heiter etter plassen Tunnevik paa vestsida av fjorden. Plassen hev vore rekna for støl i det siste. No er han burte, etter vatnet vart uppdemt. — Ein skulde tru at ein hadde den same namnstomnen her som i namnet Tunnhovd. Men dersom segjemaaten *tǒ`rnə-* hev nokon historisk rett, er ikkje det raad.

Tunnhovdfjorden Nore hd. og Uvd. hd. E 33, 10. 11. Utt. *tǒ`nnhøvd-fjǒrn* (Numedals-sida); *tu`nnhøvd-* (Hallingsida, og likeins paa sjølve Tunnhovd). — Tendhofdsøe Geo. Uppm. 6. Tynhoftvand Lotter. Homann. Tynhooftvand Janssonius & Pitt. Thonhoffsfiord v. Langen 61. Tunhøff-fiorden Flor 1760. Tonhofsvand Pontoppidan 1785, s. 128. Tunhøvdfj. AK 1856. Tunhovdf[d] GK 1920.

Tunnhovdtjørni Nore hd. Dag. s. E 33, 10. Utt. *tǔ`nnhøvdkønnə, -kønnə, -kødnə* (Tunnhovd). — Tunhovdtj. GK 1920. Um namnet Tunnhovd sjaa NG V, s. 472. Eg hev ikkje noko anna aa leggja til enn at „Tun Sæter", som NG nemner etter AK, berre stend i eldre utgaavor av kartet (i den nyaste er retta til Tunsend S[r] og Tunhovd S[r]).

Tunnsenn (Tunnsevatnet) Nore hd. E 33, 10. Utt. *tu`nnsenn* (Nes); *tu`nnsəvatnə* (Tunnhovd; stølen attmed vatnet: *tu`nnsenn, tu`nnsən*). — Tunsendv. AK 1856. Tunsenv[t] GK 1920. Gn. *Þund(ar)sær(inn), av elvenamnet *Þund og so sær m. Jfr. NG V, s. 459. Sjaa òg her i det fylgjande under „Grunnord".

Turakj. AK 1854. Fles. hd. F. s. burtimot Telemarks-bytet. — Misskriving for Hu(ld)ratj.?

Turrhaugtjørni Hol hd. Utt. *tu`rrhaugkødnė*. — Attmed stølen Turrhaug: *tu`rrhaug*, skr. Thorhaugsr AK 1856, sudvest for Rødungen. Stølen ligg paa ein turr haug.

Turrsnippsoget Nore hd. og Uvd. hd. E 33, 10. Utt. *tu`rrsnippsōgə* (Tunnhovd). — Turrsnippsundet GK 1920. Ein straum i Tunnhovdfjorden fyre uppdemmingi, millom Turrsnippen (eit nes paa austsida) og Neskulten (vestsida). Turrsnippen av adj. turr.

Tutjernet Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4. Utt. *tǖ`kønnə*. — Paa ei myr paa vestsida av Rudselvi ovanfor Gjuvet. Truleg av tuv m., topp, knute, ein noko kvass haug paa ei flate.

Tuvetjern, -tjørni.

1. Tuvekjernvandet 1743. Tuvekjernet Wiel XXXII, 133. — Ei tjørn i Gol. Elvi Gjuva skal koma derifraa.

2. Hol hd. D 33 aust, 5. Utt. *tū`vəkødnė*. — Tuvetj. Qv. og W. 1922. GK 1931. Nord for ein nut som heiter Tuvenuten AK 1856. Paa sudsida av fjellet ligg stølen Tuva: *tū`va*, dat. *tu`vunn*.

3. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. F 35, 8. Utt. *tū`vəkønn*. — Tuvetj. GK 1919.

Stølsnamnet Tuva i Hol maa upphavleg ha vore namn paa Tuvenuten. Namnet Tuvetj. i Sandsvær inneheld kanskje heller appellativet tuve f..

Thveitkj. AK 1854. Fles. hd. Svene s. vestfj.

Tveraastjernet Lier hd. Frg. s. F 35, 12. Utt. *tvæ̀rråsk̨ennə (-vannə), tvæ̀rås-* (Lier); *tvæ̀rrås'n, tvæ̀rråsvannə* (Ned. Eiker). — Tveraastj. GK 1919. Visst = Sveraasvand (!) Strøms kart.

Tverfotvatnet Nore hd. E 33, 11. Utt. *tvæ̀rrfótvatn(ə),* flt. *-vatne.* — Tverfotkj^{ne} orig. 1845. Tverfotenv^{t} GK 1920. Tverfoten: *tvæ̀rrfót'n* er eit bratt fjell paa vestsida av vatnet. Det stikk fram og stengjer eit dalføre tvert av.

Tvergasteinbotntjørni Hol hd. Utt. *tvæ̀rgastainbottk̨odne.* — Tvergasteinbotntj. Qv. og W. 1922. I Tvergasteinbotnen (utt. *-bott'n*) uppunder Hallingskarvet. Tvergastein er ein kvit krystalstein. Det skal vera mykje av det slag stein sume stader uppunder Skarvet.

Tverhoggvatnet Sgd. hd. S. og Egg. ss. F 34, 7. Utt. *tvæ̀rrhoggvatnə*; òg uppgj. *-k̨enna* (flt.). — Tverhaugv^{t} GK 1919. Tverhogget: *tvæ̀rrhoggə* heiter eit lite tvert berg, med ei tverr klov i seg. Dette berget er jamsides med vatnet.

Tverlidvatni Nes hd. F 33, 1. Utt. uppgj. *tvæ̀rrlik̨edn.* — Tverlivatna GK 1918. Attmed ein nedlagd støl, Tverlidsætri.

Tvertj^{e} RK 1872. Ndh. hd. N. s. 19 B, 10.

Tvervatnet Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. Utt. *tvæ̀rrvannə.* — Tvervd RK 1890.

Eit lite vatn som ligg paa tvert av dalføret aat Kitjulsbekken tett austanfor. Det ligg paa tvert av lengdeleidi aat fleire vatn i grannelaget òg. — Tver- i namn tyder i det heile jamleg at noko ligg loddbeint paa eitkvart anna, eller stengjande framfyre. Der som det høver for etterlekken skuld, kann det òg tyda at noko er „tverbratt", hoggande bratt.

Tvetj. orig. 19 B (1931). Hole hd. — Tvo smaae pyttar sudvest for Toresplass (19 B, 15).

Tvevemla Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *tvḗvæmla.* — Tvevenmilna (!) orig. 1826. Tvo smaae kulpar jamsides paa sudaustsida av Flaatevatnet, attmed vegen til Haugerudsætri. Gn. *Tvėvembla. -vembla er ei avleiding av vǫmb f., gen. vambar, vomb.

Tvillingtjerni.

1. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *tvı̀llingk̨enna.* — Tvillingtj. Dr. 1927. Sudaust for Kolbrekkvatn.

2. Mod. hd. Nyk. s. F 35, 4. Utt. *tvı̀llingk̨enna.* — Uppaa aasen ovanfor Bendiksby (visst).

Tvillingvatni.

1. Øv. Eiker hd. Fsk. s. 14 A, 9. Utt. *tvı̀llingvanna.* — Tvillingv^{dne} RK 1890.

2. Hur. hd. 14 B, 4. Utt. *tvı̀llingvanna.* — Paa ei myr nord for Sandungen.

Tvilling-, av di tvo vatn (tjørner), paa lag jamstore, ligg jamsides.

Tvinesla Aal hd. Trp. s. E 33, 4. Utt. *tvı̄̀nesla, -nisla, -nihla*; *tvḗ-*. — Tvernisla orig. 1842. Tvenesla GK 1920. Ei tjørn. Det gjeng tvo bekkjelaup ifraa denne tjørni. Tvi- maa sikta til det. Jfr. Tvigreini, ei elv millom Aal og Torpo som kløyver seg.

Tvistvatnet Aal hd. Aal s. nordfj. Utt. *tvi'stvatnə.* — Tvistvandet 1743. Tvistfiorden ekstrakt 1743. Tvistfjorden Wiel XXXII, 129. Tvistv. AK 1856. Attmed vatnet ligg stølen Tvist: *tvíst.*

Namnstomnen Tvist høyrer visseleg saman med verbet tvista, skilja, som er kjent nettupp fraa Hallingdal, og med gn. tvistra, spreida. Dersom namnstomnen fraa fyrst av hev vore knytt til vatnet, kunde namnet sikta til at vatnet kløyver seg i tvo vikar mot vest. Men det kann henda at namnet Tvist upphavleg høyrer stølen til; daa lyt det sikta til eitkvart anna uppmed stølen som kløyver seg.

„Tymsn“ AK 1856, sjaa Fyrisjøen.

Tyrhovdbutj. orig. 1927—28. Uvd. hd. — Nord for Kvonneviervatn.

Tyrifjorden Hole, Modum o. fl. hd. 19 B, og 14 D. Utt. *tỳ'rifjǫ́rn, tỳ'ri-.* — j Tyry DN IV 420, 1389. Tyrj JN, 278. 348. Tyrifiordenn ibd., 279. Tyrivand ibd., 351. Tyrøefiord Geo. Uppm. 6. Tyrefiord Geo. Uppm. 41 (den vestre armen ned til Vikesund). Tyirefior Geo. Uppm. 65. Tyre Geo. Uppm. 67. Tyrifiord Geo. Uppm. 79. Tyrefiorden GC nr. 266 (1781). Tyrifjorden Wiel XXX, 128. Tyrifj. AK 1854. Tyrifjorden GK 1919.

Det er den vestre, større luten av vatnet, ifraa Storelvi til Vikesund, som i ser kallast for Tyrifjorden. Soleis hev det vore lenge, aa døma etter eldre kart. JN, s. 278 reknar Tyrifjorden aust til Frognøyi. Palludan 1743 skriv: „Betreffende forbemelte store vand Tyrifjorden, Holtzfjorden og Steensfjorden, kaldet, da haver samme vande i formaals tider efter sigende, været kaldet under eet med det nafn Tyrifjorden, men nu omstunder kaldes den deel deraf Tyrifjorden, som grendser fra Sognedalselvens udløb, og langs Tyristranden til Modum, der er omtrent 2 miles lengde og ½ mil, og sommesteds 3 fjerdinger i bredde.“ Wiel XXX, s. 128 nemner òg at det er vestluten som kallast Tyrifjorden. Det er òg veststrandi av vatnet som hev fenge namnet Tyristrand, skr. a Tyristrondenæ DN V 465, 1435. I vidare meining reknar dei framleides austluten av vatnet òg med til „Tyrifjorden“, soleis som dei maa ha gjort i millomalderen (t. d. naar det er sagt i DN IV 420, 1389, at „Øyi bygde“, d. e. Storøyi, ligg i Tyry). — Det gn. namnet er Tyr(v)i. Med S. Bugge i NE, s. 280 og Hj. Falk i NG V, s. 15 held eg det rimelegast at det tyder „Furesjøen“, eller kanskje „Skogsjøen“. Det er daa ei avleiding av den germanske roti terw-, som me hev i tyre n., gn. tyr(v)i, og i tjøre f., gn. tjara, av *terwon.

Tyrilaagfjorden Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. Utt. *tỳ'rilågfjǫ́rn.* — Furulaagfj. orig. 1887. Millom Lauvrønningsfjorden og Storfjorden (Ramsvatnet).

Av tyrelaag f., eit furetre eller ein furelegg som ligg paa jordi. Namnet maa koma av at det hev funnest mykje tyrelæger ikring vatnet, eller kanskje av at dei hev drege baat til vatnet paa tyrelæger. Dei lyt draga baaten dit ifraa sjølve Ramsvatnet.

Tyritjørni.

1. Gol hd. E 32, 12. Utt. *tỳ'rikḳdn(é), tï'ri-.* — Tyritj. GK 1923.

2. Nore hd. vestfj. — Tyritj. orig. 1930. Ei liti tjørn nordaust for Selabakksætri, 1127 m. y. h. Av tyre n., feit fureved. Det veks ikkje lenger fure, men bjørk uppmed tjørni i Gol no. Tjørni i Nore er yver tregrensa no. Jfr. Tyrisholt, burtanfor Tisleifjorden, paa Valdres-sida. Det er ein støl som òg ligg radt yver skoggrensa no.

Tyrvle(s)tjørnane Hol hd. Utt. *tỳ'rvlə(s)ḳødnadn.* — Paa nordsida av Strandafjorden, ved Blaaberget. (Olav Larsgard, Dølaminne II, s. 27 skriv

Tyrvlesvatni, og Tyrvlesskardet, Tyrvlesnuten. M. Borrelly, Den Norske Turistforenings Aarbok 1920 s. 33, hev òg Tyrvles-). Av elvenamnet Tyrvla. Sjaa NoB 1928, s. 173.

Tørkerudtj. RK 1872. Ndh. hd. Haug s. 19 B, 4.

Uggetjørni Hol hd. D 33 aust, 5. Utt. *u'ggəkødnė.* — Uggekj. orig. 1847. Uggetj. Qv. og W. 1922. GK 1931. Ei liti tjørn paa eit nes som gjeng ut paa nordsida av Ustevatnet. Neset heiter Uggen: *u'ggən,* dat. *u'ggji.* Neset likjest attpaa ein fiske-ugge. Ordet ugg(e) m., fiskefinne, skal vera ukjent i maalføret no.

Ugla Ndh. hd. Haug s. 19 B, 4. Utt. *u'gła* (eint.) — Ugglav[ne] RK 1872. Tvo-tri smaavatn. Ein støl attmed det største av vatni heiter òg Ugla.

Ugla kann upphavleg ha vore namn paa det største av vatni, eller paa bekken fraa Uglevatni ned til Mosjøen, eller endeleg paa heile det vesle vatsdraget: Uglevatni + bekken ned til Mosjøen. Me hev vatsdragsnamnet Ugla paa eit par stader i Buskerud som ikkje er nemnde i NE, s. 283 f.: 1. Gardsnamnet Ulstad i Rollag, skr. Vglistada (genitiv), i Vglisstadum DN X 185, ca. 1460—70, inneheld truleg elvenamnet Ugla (NG V, s. 440). 2. Det gjer full gards-namnet Ulstad i Flesberg òg, utt. etter NG V, s. 415: *ū'łsta.* Eit brev i DN XI 184, som er dagsett 1460 eller 1560 og kanskje er falskt, men som finst i avskrift so tidleg som fraa 1694, nemner ein Wllæbeck som etter samanhengen maa finnast nær denne garden. Wllæbeck, eldre *Ugla, hev daa gjeve garden namn, og Ulstad her er ikkje direkte uppkalling etter Ulstad i Rollag slik som Falk meiner (NG). — Vatsdragsnamnet Ugla inneheld vel fugle-nemnet ugle.

Uksaastjern Sgd. hd. S. s. F 34, 8. Utt. *u'ksåsķęnn.* — Uksaastj. GK 1919. Paa nordsida av Uksaasen.

Uksaltjørni Gol hd. E 32, 12. Utt. *u'ksalķędnė.* — Millom Myklesjøen og Brødkjølen. „Der datt ein ukse ned i for nokre aar sidan. Daa sette dei dette namnet paa“, — fortalde ein heimelsmann. Uksal- maa vel vera Uks-hall- (eller Uks-hale-).

Uksauget.

1. Mod. hd. Hgg. s. F 34, 11. Utt. *u'ksaua* (flt.). — Nær Arnestj.

2. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 5. Utt. *u'ksauə.* — Ei liti tjørn paa ei myr tett attmed Børkebud vest for Glitre.

3. Mod. hd. Snr. s. F 34, 11. Utt. *u'ksauə,* flt. *u'ksaua.* — Uksaue GK 1919. Tvo smaatjørner nær saman.

Ukseløken orig. 19 B, 10. Hole hd. — Ei liti tjørn nordvest for Heggelidvatnet.

Uksetjern, -tjørni.

1. Aal hd. Aal s. E 32, 7. — Oksekj. orig. 1842. Nær Hundetj. og Smørtj.

2. Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *u'ksəķęnn.* — Uksetj. orig. 1909—10. Aust for Holmevatn.

3. Kongsberg (eller Fles. eller Øv. Eiker). F 35, 9. Utt. uppgj. *ó'ksəķęnn* (Kongsberg). — Uppaa aasen nord for Kongsberg.

4. Krhd. F 34, 3. Utt. *u'ksəķęnn.* — Attmed sudenden av Sundesætertj.

5. Nes hd. E 33, 12. Utt. *u'ksəkędn.* — Sud for Purkeset.

6. Nes hd. F 33, 1. — Oksetj^ne GK 1918.

7. Ndh. hd. Ld. s. 19 B, 7. — Oksetj. RK 1872.

8. Nore hd. E 33, 10. Utt. *u'ksəkędnə, -kęnnə, -konnə* (Tunnhovd). — Nær Hyttestølen vest for Tunnsevatnet.

9. Sgd. hd. S. s. F 34, 9. Utt. *u'ksəkęnn.* — I Eikjemarki.

Um nr. 5 fortalde dei: Det gjeng ein bratt fjellvegg frammed tjørni, og i den er det ei skor nett som ein veg. Midt på tjørni stoggar skori med di fjellet møter. Nokre smaagutar jaga nokre uksar ut paa skori, og dei laut kasta seg paa vatnet og symja yver tjørni. Um nr. 8 vart det fortalt at ein ukse skal ha gjenge seg ut i der og drepe seg. Heimelsmannen som fortalde, var 80 aar. Han fortalde etter bestemor si, som vart 97 aar. Hendingi skulde ha gjenge fyre seg fyre hennar minne. Um nr. 9 vart det òg sagt at ein ukse skal ha druknast der. — Ei eller onnor hending med uksar er full upphavet til alle desse namni, medan Uksauget er jamføringsnamn (smaa og rundvorne tjørner).

Ullandv. AK 1854, sjaa Braataatj.

Ullerentjernet Tyr. hd. F 34, 12. Utt. *u'llərnkęnnə.* — Ullerenkjern 1743. Wiel XXX, 139. Ullerentj. GK 1919. Heiter etter garden Ulleren gnr. 28 Hole, som ligg paa hi sida av Nordfjorden, ute paa Bønsneset.

Ultveittjern Ndh. hd. N. s. 19 B, 9. — Ultveittj. RK 1872. Attmed garden Ultveit, gnr. 29 Norderhov.

Ulutjern Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. — Ulutj. RK 1872.

Ulvenvatnet Lier hd., og Asker hd. Akershus. 14 D, 9. Utt. *u'łvənvannə.* — Ulvenvd RK 1900. Attmed garden Ulven i Asker.

Ulvetj. RK 1890. Ulsvand Strøms kart. Øv. Eiker hd. Fsk. s. 14 A, 9. — Av dyrenamnet ulv.

Ulvikhylen Roll. hd. R. s. Utt. *u'łvíkhørn.* — Ein hyl i Lògen attmed garden Ulvik, gnr. 62 Rollag.

Ungen.

1. Heierenungen orig. 1926—29. Heinungen GK 1931. Hol hd. D 33 aust, 4. (Utt. er nok *hai'n-, hæi'n-*). — Millom Veslekrækkja og Heieren (Hein).

2. Krækkjeungen GK 1931. Hol hd. D 33 aust, 4. Sjaa side 107.

3. Skaupsjoungen. Uvd. hd. D 33 aust, 4. Utt. *ó'njin, skau'fsjó-ónjin, skau'fsjə-* (stutt diftong i *skau'f-*). — Skaupsiøungen orig. 1848. Ungen AK 1856. GK 1931. Eit lite vatn tett nedanfor Skaupsjøen.

4. (Orsjo)ungen. Uvd. hd. E 33, 7. Utt. *ó'njin.* — Ei utviding (stille) i Lògen tett nedanfor Orsjoren. Der er berre ein stryk imillom, som dei kann ro.

„Ungen" her tyder det same som „Kalven". Ungen er ikkje brukt so svært mykje i vatsnamn. Fraa grensa millom Hægebostad og Grindheim i Vestagder hev eg notera Flegev^n og jamsides med det Flegeungjen (orig.-blad fraa Nor. Geogr. Uppm. 1927).

Unnelsruddammen Lier hd. Frg. s. F 35, 12. Utt. *ú'nnərṣrúdammən.* — Heiter etter garden Unnersrud, gnr. 44 Lier.

Uppkuvvatn Ndh. hd. N. s. 19 B, 10. Utt. *oppkúvvann, kū'vvann* (Hole). — Opkuvsn AK 1854. Opkuvensjø RK 1872. Paa sudsida av fjellet (Upp)kuven, utt. *kū'vən* (og *oppkūvən*) (Hole).

Uppsjø Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *u'ppsjø.* — Obsiø 1743. Opsøe ekstrakt 1743. Opsjøe Wiel XXXII, 129. Uppsjøen GK 1920. Ei utviding i Hallingdalselvi. Elvi hev heller sterkt fall nedanfor eit langt stykke, med fossar og strykar.

Upptjern Ndh. hd. N. s. F 34, 12. Utt. *o'ppkenn.* — Uptj. GK 1919. Tjørni ligg mykje høgre enn det næste vatnet nedanfor i same vatsdraget, Skjersjøen.

Urdatjern, -tjørni.

1. Nore hd. E 33, 12. Utt. *ū'łakedn* (Flaa), *ū'łəkenn* (Eggjedal). — Uretj. GK 1920. Det er fæle urder langsmed land paa den eine sida av tjørni.

2. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 8. Utt. *ū'łakenn.* — Ei noko avstengd vik paa vestsida av Solevatnet, innunder Urda-aasen. Det er urdut nedaat der. Gn. *Urðartjǫrn, -tjarn.

Urdebekktjørni Nore hd. Dag. s. E 33, 9. Utt. *ū'łəbækkkenna* (Tunnhovd). — Attmed Myljotjørni paa nordsida av Paalsbufjorden.

Urdelidtjern Nes hd. F 33, 1. Utt. *ū'łəlikedn.* — Uleliv[t] GK 1918. Attmed stølen Urdelid: *ū'łəlī.* Der er fælt mykje graasteinsurder.

Urd(e)tjern, -tjørni.

1. Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *ū'łkenn.* — N., S. Urtj. GK 1918.

2. Hol hd. D 33 aust, 5. Utt. *ū'łəkodnadn* (flt.). — Urdetj. GK 1931.

3. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *ū'ł(ə)kenn.* — Uppunder Breidlidflaki. Det er urdut ovanfor.

4. Mod. hd. Snr. s. F 34, 11. Utt. *ū'łəkenn.* — Uletj. GK 1919.

5. Sgd. hd. Egg. s. — Uletj. orig. 1930. Under Ulefjell orig., nord for Fagerli.

6. Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *ū'łəkenn.* — Sudvest for Grøntj. Det skal vera urdut og stygt ikring.

Nr. 4 hev namn etter ein gard Urdi: *ū'ła.* Alle dei andre namni her inneheld vel direkte ordet urd f.

Urd(e)vatnet.

1. Aad. hd. Viker s. og Ndh. hd. Ld. s. F 33, 11. Utt. *nø'rə, mi'trə, sø'rə ū'łvatnə* (Viker), *ū'łəvannə* (Sokna, Lunder). — Ulvandet, Ullevandet, Uulevandet 1743. Uulevandet Wiel XXX, 190. N., M., S. Ulev. AK 1856. N., M., S. Ulev[t] GK 1918.

2. Ned. Eiker hd. F 35, 11. Utt. *ū'ł(ə)vannə.* — Ulsvand Strøms kart. Ulvev[d] AK 1854. Ulv[t] GK 1919. Det er mykje urd attmed vatnet, serskilt med austenden.

3. Hol hd. D 33 aust, 5. — Urdav[n] GK 1931 (Urevn orig.).

4. Hol hd. Utt. *ū'təvassfjōrn, ū'təvatnə.* — I Urdevatsbotnen, skr. Ulevasbotten (støl) AK 1856, vest for Strandafjorden. Det er vilt fjell, med store urder, i denne botnen.

5. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 5. Utt. uppgj. *ū'rvannə, ū'rvannə.* — Urv. AK 1854. Urtj. GK 1919. Paa nordsida av vatnet, uppunder Hovlandsfjellet, skal vera urd.

Dersom den uttala som er uppgjevi for nr. 5 skulde vera ekte, høyrer ikkje dette namnet i hop med dei andre her ovanfor. Men det er vel ei skrift-uttale.

Urdratjern, sjaa Huldratjern.

Urstjern (Øvre, Nedre). Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *ū'rṣkenna* (flt.). — Øv., Ned. (utydeleg) Urstj. RK 1890.

Ursvatnet Øv. Eiker hd. Fsk. s. 14 A, 9. Utt. *u'rṣvannə* (Fiskum), *u'rṣkenn* (Efteløt), *ū'rṣ-*. — Ursvd RK 1890. Urs- kann anten vera ei nyare genitivform av urd f., eller genitiv av dyrenemnet ulv m. (eller av mannsnamnet Ulv).

Urundstøltjørni Hol hd. nordfj. Utt. *ū'rundstølkodne, ū'runn-*. — Urundfiorden 1743. Urundv. AK 1856. Uruntj. orig. D 33. Ligg attmed Urundstølen og hev avlaup til Urundi: *ū'runde*, dat. *ū'rund'n*, skr. Urrunde (elven) 1743. Uhrund-elve v. Langen 61.

Elvenamnet Urundi, som er det primære her, svarar vel til gn. *Úrund. Falk, NG V, s. 165 set det, truleg med rette, i samband med gn. úr n., yr, musk, fint regn. Det kann vera eit præsens participium utan *i*-ljodbrigde til verbet ýra, yra (um fint regn), drisla, dropla. Dette elvenamnet er ikkje paavist elles. Men uppi Ustedalen heiter ei lid ovanfor garden Tufto Urunlien Qv. og W. 1922, og ei høgd yver lidi: Urunbg paa same kartet (Urunberget orig. D 33). Urunlidi er paa austsida av elvi Eima, som fell i ofseleg foss utfyre aasbrotet og ned gjenom eit gjuv. Det kann henda at det eldre namnet paa Eima hev vore *Úrund. Det namnet ho no ber (Eima), hev ei liknande tyding som den me hev lagt i *Úrund: det siktar til govet fraa elvi ned gjenom gjuvet og lidbratta.

Usgrimsvatni Uvd. hd. Dag. s. E 33, 7. Utt. *u'ssgrímsvatne* (Skurdalen), *u'ssgrímskønnann, au'ssgríms-* (stutt diftong; Dagalid). — Usgrimsv^{tni} GK 1920. Maa vel innehalda eit mannsnamn (Austgrim, som elles er ukjent?).

Ustedalsvatnet Hol hd. D 33 aust, 3. Utt. *u'stədarṣvatnə.* — Ustedalsv. AK 1856. Ustedalsfd GK 1931. I Ustedalen. Kallast vanlegare for Storefjorden.

Ustevatnet Hol hd. D 33 aust. Utt. *u'stəvatnə*, og stundom berre *u'sta*, dat. *u'stunn.* — Ustevandet 1743. Wiel XXXII, 127. Ustavd AK 1854. Ustevn GK 1931. — I sume kjeldor er det ikkje godt aa vita anten dette eller det fyrre vatnet er meint. Kanskje er dei samanblanda: Ustedalsvand Geo. Uppm. 6. Ustedahlsvand v. Langen 61. Ustedalsvand Pontoppidan 1785, s. 126.

Det usamansette Usta er namn paa elvi upphavleg, eller kanskje paa elvi og vatni fraa og med Ustevatnet, altso heile den nedre luten av vatsdraget under eitt. Kjeldeelvi til Usta heiter Ustekveikja. Magnus Olsen, i NoB 1924, s. 50 ff., tolkar Usta og nokre andre namn av ein stomn *Unst-, den same som me hev i ght. unst f., godvilje, tydskap. Usta skulde daa tyda „den venslege, tydlege". „Det var tolleg bra stongfiske i Usteelvi fyrr" (Svein Nestegard).

Uthushylen Hol hd. Utt. *ū̀thushøṛṇ*. — Ei utviding i Usta tett nedanfor Ustedalsvatnet, attmed garden Uthus.

Utrygg(tjernet) Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *ū̀trẙgg(ķęnnə)* (Efteløt); òg uppgj. *ū̀trẙggən* (Hof Vestf.). — Ud-ryg orig. 1825. Udrygtj. RK 1890. I 1825 hev dei teke namnet for Ut-rygg. Det gjeng ein aasrygg ifraa Bjertnesstølen fram imot vestsida av vatnet. Ut-rygg-tjernet er eit tenkjelegt namn. Men heller skal det vel vera U-trygg-tjernet.

Vaamannsløken Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *vå̀manslø̄kən*. — Vaamannstj. GK 1920. Heimelsmenn sette namnet i samanheng med vaae m., som i maalføret tyder ein stakkar.

Vaatvatnet Fles. hd. F. s. F 35, 7. Utt. *vå̀tvatnə*; òg uppgj. *vå̀t-*. OR, Æ: „Vaàtlivatnet". Men akcent 1: *vǻt-* synest vera det vanlege. — Vaatv. AK 1854. Vaatv[t] GK 1919.

A. Kjær — som hev fenge uppgjeve Vaatevatn ved sida av Vaatvatn — skriv i N. Vasdr. III, s. 282: „Navnet er maaske en forkortet sammensætning med et andet stedsnavn, som har begyndt med Vaat(e); i 1668 nævnes i denne egn et sted Waadlie, som laa under gaarden Høimyr, der ligger ved Høimyrbækken [truleg same lidi som heiter Vaatlid: *vå̀tlī* no]. Navnet kan derfor maaske være at forstaa som "Vaat(e)livatn"." Det er vel trulegt at dette er den rette tolkingi. Det bør like vel minnast um at namnet Vaatviki finst i alle fall ein 4 stader (NG XII, s. 146. XVI, s. 166. 178. 188). Det er vel direkte samansett med adjektivet vaat. Anten no Vaatvatnet er eit elliptisk namn, eller det er direkte samansett med vaat, so maa det sikta til vaatlendt jordbotn. Jfr. Vaatvoll (NG XVII, s. 4), Vaatland (NG XV, s. 6). — „Vaatedalen" i Jølster høyrer derimot ikkje hit (utt. *vǭ̀tə-*, *vø̀tə-*).

Vadsetvatnet Nore hd. E 33, 11. Utt. *vā̀sætvatnə*, *và̀ssæt-*. — Vasetv[t] GK 1920. Ein støl som heiter Vadset (Vaset S[r] GK 1919) ligg attmed nordenden av vatnet. Namnet Vadset maa koma av vad n. Det kjem eit par smaaelvar ned i vatnet tett attmed stølen. Stølen maa heita etter vad yver deim. Jfr. NI I, s. 212 f.

Vadvatnet Hems. hd. E 32, 2. Utt. *vā̀vatnə*. — Varadned (!) „Derudi er ingen fisk" 1743. I ekstrakt 1743 òg Vadvadnet. Vadvatnet Wiel XXXII, 133. Vadv. AK 1856. Vadv[t] GK 1923. Eit nokso stort fjellvatn.

Av vad n., vadstad. Ein støl paa nordvestsida av vatnet heiter Vadbudleinene. Ein stølsveg gjeng yver ein bekk tett attmed. Ein gamall gongeveg førde, og fører, fraa Grøndalen i Hemsedal frammed Vadvatnet upp Storebotnen yver Storebotseggi eller gjenom Næverskard yver til Skakadalen i Vang (Den Norske Turistforenings Aarbok 1927, s. 39). — Jfr. elvenamnet Vod i Vang Valdr. (NoB 1928, s. 173). Jfr. òg NE, s. 288.

V a g t e r k j. orig. 1843. Flaa hd. F 33, 9. — Ei liti tjørn i Veslebekken, som er eit tillaup til Kitilsvikelvi (Skardselvi) fraa aust ovanfor Solheimselvi.

Vakkertjern Lier hd. Frg. s. F 35, 12. Utt. *và̀kkərķęnn*. — Jfr. Vakkertjernstua GK 1919.

Valdreslidtjern Nes hd. F 33, 1. Utt. *vàldreslīķędn*, flt. *-ķędnadn*. — Nord for Langevatn og Sjøhovden. Tjørnene ligg aust mot Valdres-grensa. Nokre stølar der heiter Valdreslid. Det tek til aa halla imot Valdres der.

Validtjern Fles. hd. Lyng. s F 35, 2. Utt. *vā'līkenn*; òg uppgj. *vā'lə-*. — Uppmed garden Teksle. Skal vel retteleg vera Vadlid-. Vadlid kann vera elliptisk samansett med eit namn som Vadbekken eller Vadmyri, av vad n. Det er myrar ikring tjørni.

Vambudtjerni Ndh. hd. Haug s. 19 B, 10. Utt. *va'mbúkenn* (eint.; Hole). — Vambutj[e] RK 1872.

Det skal vera visner etter ei sæterlykkje attmed ei av desse tjørnene. Vambud skulde daa vera eit stølsnamn. Det kunde svara til gn. *Vambarbúð, til vǫmb f. *Vǫmb kann ha vore namn paa tjørni attmed, eller ein lut av henne. *„Vannbud", av Vatn(a)búð, kunde òg gjeva Vambud i notidi. Men dersom namnet hadde havt med ordet vatn aa gjera, skulde me helst ha venta „Vassbu" med genitiv eintal av ordet vatn.

Vannen Hems. hd. E 32, 3. 4. Utt. *va'nnen*, dat. *va'nna*, i s.-setn. *va'nnə-*. — Vannenv. AK 1856. Vannin GK 1923.

I Heidersskrift til Hægstad 1925, s. 65 ff. hev eg freista tolka dette namnet med aa setja det i samband med det angelsaksiske adjektivet wann, myrk. Det ordet er m. a. brukt „as a (poetical) epithet of water" i ags. (Bosworth, An Anglosaxon Dictionary). I nyengelske maalføre er det vanleg brukt um vatn (Joseph Wright, The English Dialect Dictionary). Høyrer Vannen (gn. *Vanni) saman med dette ordet, skulde det tyda „Myrksjøen", „Skumsjøen". — Adjektivet wan kann òg ha ei onnor tyding i nyengelske målføre og nyengelsk riksmaal: bleik (sjukleg). Men den tydingi ligg det ikkje so nær aa tenkja paa her.

Varaldsetvatnet Hol hd. E 32, 7. Utt. *vā'raldsætvatnə*, *-fjǭrn*, *-kødne*; *vā'rall-*. — Varaldkj. AK 1856. Varaldsetv[n] GK 1920.

Falk i NG V, s. 163 steller namnet Varald[tjørni] saman med vatsnamnet Varalden i Vinger, skr. i Verald NGL II, s. 491. Det gn. namnet paa vatnet skulde daa ha vore *Veraldr; *a* i fyrste stavingi laut vera framkomen ved tiljamning. Tydingi aat stomnen Ver- er etter S. Bugge, NE s. 294: „rolig, stille". Falk sluttar seg til den tolkingi (jfr. gn. vera f., kvile, ro).

Vardaastjern Sgd. hd. S. s. F 34, 9. Utt. *vā'ḷaskenn*. — Sudaust for Glessjøen. Vardaasen av varde m.

Vardefjelltjern, -tjørni.

1. Nes hd. F 33, 1. Utt. *vā'ḷəfjellkedn*. — Vest for Blaafjell, attmed Vardefjell: *vā'ḷəfjell*.

2. Roll. hd. Vggl. s. F 34, 7. Utt. *vā'ḷəfjellkonne*, *vā'ḷəkønn(é)*. — Attmed Vardefjellet. Jfr. Valefj., Valesr AK 1854. Vardesr GK 1919.

Paa Vardefjell baade i Nes og Rollag er (stein)vardar.

Vard(e)tjern.

1. Aad. hd. Nes s. F 33, 5. Utt. *vā'ḷəkenn*. — Tett nord for høgdi Steinvarden.

2. Aad. hd. Viker s., og Brandbu hd. Uppl. F 33, 12. Utt. *vā'ḷkenn(ə)*. — Valstj. GK 1918.

3. Øv. Eiker hd. Bk. s. F 35, 4. Utt. *vā'ḷkenn*. — Vardetj. GK 1919. Nær Vestby-varden.

4. Nes hd. E 33, 5. — Vardetj[ne] GK 1920.

5. Nore hd. vestfj. — Valetj. orig. 1930.

6. Sgd. hd. S. s. F 34, 9. Utt. *vātkenn*. — Uppaa Graagalten, millom tvo vardar.

Varpentjernet Hur. hd. 14 B, 11. Utt. *væ̀rpənkennə*. — Attmed garden Varpen.

Vaskartjern Krhd. F 34, 4. Utt. *vàskarkenn*. — Tett nedanfor Rishovdtjern, nær garden Flathus.

Vaskarvatnet Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *vàskarvannə*. — Er uppdemt no so det gjeng i eitt med Skjesvatnet. Det ligg stølar attmed Skjesvatnet.

Vaskevatnet Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *vàskəvann*. — Tett attmed husi paa Senningstølen.

Desse namni — Vaskartj. osb. — maa koma av at dei hev brukt (brukar) aa vaska (klæde, kjerald) nedmed deim. Um endingi -ar i fyrste samansetningslekk sjaa NI I, s. 173.

Vatnaastjern Sgd. hd. S. s. F 35, 3. Utt. *vàtnåskenn*, flt. *-kenna*. — Nede paa myri nedanfor garden Vatnaas.

Vatnebrynnvatnet Fles. hd. F. og Lyng. ss. F 35, 2. Utt. *vàtnəbrýnnvatnə, vàtnəbrúnn-*. — Vatnebrunvand v. Langen 61 (garden: Watne-brynd ibd.). Vatnebrynsvandet Pontoppidan 1785, s. 133. Vatnebrynv. AK 1854. Vatnebrynnv^t GK 1919. Hev namn etter garden Vatnebrynn. Sjaa um gardsnamnet NG V, s. 416. Jfr. „Lidevand".

Vatninga Aad. hd. Viker s. F 33, 12. Utt. *vàtninga*. — Den nedste luten av Sperillen, nedanfor Kongsstraumen.

Maa vel tyda „det stykket der det tek til aa laga seg til „vatn" (innsjø)", motsett elvi nedanfor. Det skulde daa vera ferdamenn nedanfraa dalen som hadde gjeve namnet. For deim var det ein lette naar dei kom upp um straumane og hadde stille fjorden fyre seg. Me maa vel gaa ut ifraa at verbet vatna(st) hev kunna tyda „laga seg til, gaa yver til vatn, fjord", motsett strøymande elv.

Vatsbotnen Sgd. hd. Egg. s. F 34, 8. Utt. *vàssbått'n, vàsspått'n*. — Eit tilheng til Solevatnet som gjeng nedum der som Simoa renn ut.

Vatselvdammen Ned. Eiker hd. F 35, 12. Utt. *vàssæłvdamman*. — Ovanfor garden Solberg.

Vatsfjorden Aal hd. Aal s. E 32, 7. 8. Utt. *vàssfjǫ́rn*. — Wasfiorden ekstrakt 1743. Vasz-fiord v. Langen 61. Vas-fiord Wangensteen 80. Vasfj. AK 1856. Vassfjord GK 1923.

Det eldre usamansette namnet er *Vatn. Av det er avleidt elvenamnet Votna, gn. *Vatna, gen. *Vǫtnu. Namnet *Vatn er eit „heimenamn", det vil segja den nemningi som folket næmast ikring, uppi sjølve Leveld, brukte. Eit eldre namn, som òg er eit „heimenamn", er kann henda *Lǫgrinn (NG V, s. 147). „Kalierfjorden" som me finn i 1743 attaat Wasfiorden, er vel eit utanbygds namn.

Vatsstølvatnet Uvd. hd. U. s. nordfj. Utt. *vàsstølvatnə, vàsstul-* (det siste nedst i Uvdal). — Vatss^rv. AK 1856. Attmed Vatsstølen nord for Uvdal kyrkje. Det eldre namnet er nok Raudsjoren. Sjaa her framanfyre.

Vedaastjern (og Vesle Vedaastj.). Flaa hd. F 33, 9. Utt. *vè'åsḳęnn* (Gølsvik); *vœ̀slə vè'åsḳęnn.* — Veaastj. GK 1918. Ligg attanfor Vedaasknatten (Vedaasen).

Vedavatnet.

1. Nore hd. vestfj. Utt. *ø̀vrə, nè'rə vè'avatnə, vè'a-.* — Beavand (!) v. Langen 61. Pontoppidan 1785, s. 132. Veav. AK 1856.

2. Nore hd. austfj. Utt. *vè'avatnə, vè'a-.* — Veav. AK 1856.

Veddalstjørni Hol hd. D 33 aust, 3. Utt. *vè'darṣḳødnė*, flt. *-ḳødnadn.* — Vedalstj. Qv. og W. 1922. Vedalsvn, Vedalstj. GK 1931. Ein støl i same dalføret heiter Veddalen: *vè'dārṇ.*

I dette dalføret er nokso gode bjørkelider, — ein bra ved-dal, endaa det ligg høgt. Dei andre namni her ovanfor paa Ved- kjem òg av at folk hev henta ved paa dei kantar, anten til stølen eller heim til garden.

Vedhustjørni Nore hd. austfj. Utt. *vè'úsḳønnė.* — Heiter etter garden Vedhus (NG V, s. 464).

Vegadalstjørni Hol hd. nordfj. Utt. *vœ̀'gadarṣḳødnė.* — I eit dalføre aust for Garlidstølane. Vegadalen av *Vega(r)dalr, til vegr m., veg.

Vegarhovdtjørnane Uvd. hd., Hardingviddi. Utt. *vœ̀'garhøvdḳønnann.* — Sudvest for Geitevatnet. Namnet Vegarhovda kjem òg av vegr m. Det gjeng fleire slæpor frammed denne høgdi, m. a. vegen fraa Skjerhylen til Kaasaadalen.

Vegavatn Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *vœ̀'gavann(ə).* — Uppi fjellet nord for Vines. Gn. *Vegarvatn. Ein timberveg gjeng yver vatnet um vetteren.

Vegutjern Øv. Eiker hd. Fsk. s. 14 A, 9. Utt. *vè'guḳęnn* (Fiskum; Kongsberg), *vè'go-* (Efteløt). — Vegutj. RK 1890. Attmed Vegusætri. Vegu er gnr. 130 Øv. Eiker.

Veikultjørn Gol hd. E 32, 12. Utt. *vœ̀i'kutḳędn.* — Waikuvkjernet (men Vekunatten) 1743. Veikukiernet ekstrakt 1743. Vekukjernet Wiel XXXII, 134. Veikulkj. AK 1856. Veikultj. GK 1923. Ligg bakum Veikulnatten. Paa heimsida av knatten ligg stølen Veikul: *vœ̀i'kuł.*

Hj. Falk i NG V, s. 105 skriv um Veikul: „Hører vistnok til vikja, „vige tilside" og har muligens betegnet „bugtet"." Han tenkjer seg at namnstomnen Veikul- upphavleg høyrer tjørni til. Der er den vanden med den tolkingi at stølen ligg eit godt stykke heimanfor tjørni, og då er det vel so rimelegt at stølsnamnet er det primære. Eg kann i tilfelle ikkje segja noko visst um tydingi. *-ul* kann vera urd f. Og dersom Veik- høyrer til vikja, kunde det kanskje sikta til at det er ein liten botn eller innbøygning i terrenget paa nedsida av stølen. Mannsnamnet Veikulfr (jfr. Lind, sp. 1080) kann me vanskeleg tenkja paa her. — Attaat dei namni paa Veik- som er nemnde i NG V, kann nemnast Veikhamaren: *vęi'khammarən* i Haukedalen i Sunnfjord (MM 1921, s. 193). Det er elles ikkje visst at alle namn som no byrjar paa Veik- er av ei og same rot.

Veisetjørnane Uvd. hd., Hardingviddi. — Utt. *vœ̀i'səḳønnann.* Millom Langesjoren og Bjornesıjorden. Jfr. Veisenut AK 1856.

Av gn. veisa f., dike, søyledam. Ordet er uppskrive i nyn. fraa Jær. Dal. Li. i tydingi „dike", fraa Voss i tydingi „vaatlendt grasstrime". I Uvdal er det mykje bruka um „leirblanda jord som um vaaren er faarleg for krytur" (ordet stend ikkje fraa Uvdal i ordbøker). Jfr. NI I, s. 219.

Velen (Millom-, Store-, Vesle-). Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 14. Utt. *vé̀lən; stṑrə-vélən, vœ̀slə-vélən, mę̀llóm-* eller *mḗ̀vélən*; flt. *vḗ̀lanə, vḗ̀lånə*. — Veglim fiskewanndt Povel Huitfeldts Stiftsbok, s. 86. St., M. Velen RK 1890.

Hj. Falk i NG V, s. 402 tenkjer seg at „Veglim" kanskje er ei samansetning av heimr og eit elvenamn *Vegl(a), og at Velevatni kanskje hev heitt *Veglir. „Veglim" er vel helst vatsnamnet, som hev fenge ein ufullkomen skrivemaate (*eg* kanskje for ein — veik — diftong?). Vatsnamnet kunde daa koma av gn. *Veðlir, som kunde høyra til eit elvenamn *Veðla, av vaðill m., vadstad. Jfr. NE, s. 301. Ein kunde òg tenkja paa eit gn. *Velir, av vél f., fiskereidskap.

Vendmyrvatnet Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. *vœ̀nnmýrvatnə*. — Skal liggja tolleg midt imillom Senningstølen og Vinesstølen.

Vendtjern.

1—2. Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *vœ̀nnk̨ęnn*. — Ventj. orig. 1893. Tvo tjørner, den eine i Kimerudvatsdraget (Ventj. Dr. 1927), hi attmed Rød-sætri (Røds-Vendtj.: *rǿssvœnnk̨ęnn*). Av verbet venda (av det kjem òg Vendmyr). Um Røds-Vendtjern vart det nemnt at timberkøyrarar skal ha brukt aa snu der.

Venevatnet Hems. hd. E 32, 8. Utt. *vḗ̀nəvatnə*. — I Venebotnen: *vḗ̀nəbøtt'n*, dat. *-bøttė*.

Vergjetjørni Nore hd. austfj. Utt. *vœ̀rjək̨onnė, vę̀rjə-*. — Verjesn orig. 1846. Verjetj. orig. 1930. I vatsdraget aat elvi Vergja. Den gn. formi for elvenamnet er nok Vergja, som òg A. Kjær, N. Vasdr. III, s. 282 held for det rimelegaste. Jfr. NE, s. 294 f. Namnet kann vera avleidt av vargr, ulv.

Verptjern Øv. Eiker hd. Bk. s. 35, 5. Utt. *vœ̀rpk̨ęnn*. — Verptj. GK 1919. Attmed Verpsætri (under garden Verp).

Versjøen Hems. hd. E 32, 8. Utt. *vǣ̀rsjǿn*. — Verso v. Lotter. Homann. Yerso vand Janssonius & Pitt. Versøen ekstrakt 1743. Versjøen, 1743. Wiel XXXII, s. 132. GK 1923. Versn AK 1856.

I NoB 1928, s. 137 hev eg sett fram den uvisse gissingi at Ver- i dette namnet kunde koma av Dverg-. Etter S. Bugge i NE, 294 og Hj. Falk i NG V, s. 163 hev stomnen Ver- her tydingi „roleg, still". Dette siste er vel rimelegare.

Vertjern.

1. Sgd. hd. Egg. s. F 34, 1. Utt. *vǣ̀rk̨ęnn*. — Utpaa ein aaskamb.
2. Sgd. hd. S. s. (Mod. hd.?). F 34, 10. Utt. *vǣ̀rk̨ęnn*. — Nær Haugsæter.

Ver- hev visseleg onnor tyding her enn i namnet Versjøen. Vertj. 1 tolka heimelsmannen av ver n., gn. veðr: „det er so verskaatt der uppe". Vertj. 2 tolka ein annan heimelsmann av ver m., saubukk: „det er trakter for sauer der ikring".

Vesetrudtjern Tyr. hd. F 34, 11. — Vesetrudsætertj. GK 1919.

Vesleaatjernane Flaa hd. F 33, 8. Utt. *væ'slånkednadn*, eint. *ø'vrə, nē'rə -kednə*. — Vesleaatj[ne] GK 1918.

Veslebotntjørni Hems. hd. E 32, 1. Utt. *væ'sləbåttkodnė*. — Veslebotntj. GK 1923.

Vesledammen Mod. hd. Hgg. s. F 35, 6. Utt. *væ'slədammən*. — Vesledammen GK 1919.

V e s l e f[d] D 33 aust, 3. Hol hd. — Stillone i Usta nedanfor Ustedalsfjorden (Storefjorden).

V e s l e s æ t e r t j. RK 1872. Ndh. hd. Ld. s. 19 B, 1.

Vesletjern, -tjørni.

1. Aal hd. Trp. s. E 33, 4. Utt. *væ'sləkednė*. — Vesletj. GK 1920.
2. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 9. 10. — Vesletj. GK 1919.
3. Mod. hd. Snr. s. F 34, 11. — Vesletj. GK 1919.

Veslevatnet.

1. Aad. hd. Nes s. F 33, 5. Utt. *væ'sləvatnə*. — Veslev[t] GK 1918.
2. Fles. hd. F. s. F 35, 1. Utt. *væ'sləvatnə*, og lenger nord i Flesberg: *li'sle-*. — Lillevand JN, 358. Millom Holmevatnet og Hoppestadvatnet.
3. Lier hd. Syl. s. 14 D, 3. Utt. *væ'hlvannə*. — Veslevd RK 1900.
4. Nes hd. E 33, 4. — Veslev[t] GK 1920. Ein avskild lut av Skaarsrudvatnet.

Vesleøy Hol hd. E 33, 1. Utt. *væ'sləåy*. — Vesleøy GK 1920. Sjaa „Storøevandet“ og Øyslidvatnet.

Vest(r)eimtjørni Uvd. hd. E 33, 8. 9. Utt. *væ'st(r)æimkonnė*. — Det same som Svangtjørn(ene). Garden Vestreim ligg paa søre sida av Øvre Svangtj. „Vestreimtj.“ er det vanlegaste namnet paa den tjørni no (ho heng i saman med Nedre Svangtj.). Men det er eit nytt namn; for garden Vestreim er berre vel ein 100 aar gamall.

Vidbudvatnet Hol hd. D 33 aust, 6. — Vibuv[n] GK 1931. Attmed stølen Vibu AK 1856. GK 1931. Det er svære v i d d e r ifraa stølen ned imot Vidbudvatnet og Børkjevatnet.

Vierbekkvatni Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *vī'ərbækkvatna* (Meheidi; uttale vestanfraa). — Vierbækvd RK 1890.

Vierbotntjørni Hol hd. Utt. *vī'ərbottkodnė*. — Vierbotkj. Qv. 1920. Attmed stølen Vierbotnen: *vī'ərbøtt'n*, i ein botn sudvest for Strandafjorden. I botnen er store myrar, og der veks vier. Likeins utpaa ein holme i tjørni. Jfr. Den Norske Turistforenings Aarbok 1920, s. 34.

Vieren Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 14. Utt. *vī'ərn*. — Viervd RK 1890.

Viermyrtjernet (Vierskog-) Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. uppgj. *vī'ərmyrkənna* (Meheidi; uttale vestanfraa). — Vierskogtj. RK 1890.

Alle desse namni (Vierbekkvatni etc.) kjem av trenemnet vier m. „Vieren" er eit avstytt namn, anten det no upphavleg høyrer vatnet til eller ein støl som ligg attmed vatnet, og som òg heiter Vieren.

Vietjern Aad. hd. Yt. Aad. s. 19 B, 2. Utt. *vî'əķęnn.* — Viretj. RK 1872. Er vel anten lik Videtjern, av adj. vid, eller Viertjern, av trenemnet vier m.

Vikane Uvd. hd., Hardingviddi. Utt. uppgj. *vî'kann,* skal vel vera: *vî'-kann.* — Den nordre luten av Bjornesfjorden, som hev mykje med tangar og vikar.

Viketjørni Nore hd. austfj. Utt. *vî'kəķønné.* — Viketj. orig. 1930—31. I Vergje-vatsdraget, attmed ein bustad Viken, som ligg attmed ei liti vik i tjørni.

Vikstjerni Sgd. hd. S. s. F 34, 9. Utt. *ví'ksķęnn,* flt. *-ķęnna.* — Vikstj[ne] GK 1919. Uppi aasen ovanfor garden Vik.

Vikvatn(et) Uvd. hd. U. s. Utt. *vî'kvatnə.* — Vikv. AK 1856. Vatnet hev ei stor vik paa nordsida. Attmed viki ligg nokre stølar: Vik s[r] AK 1856. Vatnet hev namn etter denne viki, anten beinveges eller truleg helst gjenom stølsnamnet.

Vikvatni Sgd. hd. S. s. F 34, 7. Utt. *vî'kvatna.* — Vikv[t] GK 1919. Ei større og ei mindre tjørn. Baae tjørnene er vikute. Men det er nok den største som namnet Vikvatn høyrer til upphavleg. Ho maa ha namnet etter ei einskild vik eller ein stad som heiter Vik(i), aa døma etter tonelaget.

Vilane Fles. hd. F. og Lyng. ss. F 35, 2. Utt. *vî'lænn; dən o'vrə, ý'trə vî'lən.* — Dei smalaste sundi i Vatnebrynnvatnet, millom det som kallast Storvatnet og det som kallast Mevatnet.

„Vilen" svarar kanskje til gn. *Víli, flt. *Vilar, som kann vera avleidt av víl n., naud, møde, stræv. *Víli kunde daa tyda „stad som det er mødesamt aa koma fram". Jfr. gn. vílstígr m., mødefull veg. Det er litt straum i Vilane, og steinar stikk upp. Vilane var ofte til meins, fortalde stadkjende folk, naar dei køyrde vatni um vetteren. Isen gjekk upp der naar det vart litt mildver, so dei laut køyra inn paa tangane. Timbergrimone set seg òg fast der naar dei fløyter. (Dette siste hev vel elles ikkje noko aa segja som namnegrunn, for namnet er visseleg eldre enn den tid daa dei tok til med fløyting for aalvor).

Villandshylen Hol hd. Utt. *ví'llanshørn.* — I Hallingdalselvi ved garden Villand.

Villandstjørni Hol hd. nordfj. Utt. *ví'llansķødne.* — Uppaa fjellbrotet ovanfor Villand.

Villinga Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *ví'llinga.* — Vellinga Dr. 1927. Eit skjemtande namn. Dei hev tvo smaatjørner, „Grauten" og „Villinga", jamsides. Dei ligg sud for Dypingen.

Villingbudvatnet Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. F 35, 8. Utt. *ví'llingbúvannə.* — Villingbuv[t] GK 1919.

Maa heita etter ein bustad (plass, støl eller fiskebud), som ikkje er til no. Leiv Heggstad, Stadnamn i Ulvik s. 329, tolkar under tvil namnet Vidlingahaugen (d. v. s. Villinga-) i

Ulvik av verbet villa seg burt. Villingbud kunde høyra i hop med same ordet. Det kann òg tenkjast at det var samansett med ordet villing f., velling.

Vindaastj. orig. 1910. Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. — Tjørni ligg uppaa Ulebergaasen, langt frampaa aasen.

Vindbekktjernet Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *ví'nnbækk-kønna* (Meheidi; uttale vestanfraa). — Vindbekken: *ví'nnbækkən* gjeng i krok. Namnet kjem daa kanskje av verbet vinda. Jfr. NE, s. 297 f.

Vindoltjern Sgd. hd. Egg. s. F 34, 7. Utt. *ví'nnołkenn.* — Vinnolkj. orig. 1846. Vindolv[t] GK 1919. Attmed tjørni er Vindol-sætrane: *ví'nnór-sætrann.* — Stølsnamnet er eldre enn vatsnamnet her. Vindol svarar vel til gn. *Vindhóll, av vindr m. og hóll m., laag haug.

Vindsjø (Store, Vesle). Mod. hd. Hgg. s. F 35, 5. Utt. *stó'rə, væ'hlə ví'nnsjø,* eller *ví'nnsjəvann.* — St., L. Vindsjø GK 1919. Vatni ligg noko tvert av hovudleidi aat det vesle vatsdraget dei høyrer til, og med St. Vindsjø svingar heile vatsdraget. Namnet Vindsjø kann vel høyra til verbet vinda.

Vinesflaarane Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 10. Utt. *ví'nəsflåranə.* — Tri grunne smaakulpar millom Hajeren og Haaken og St. Mjøvatn, nord-aust for garden Vines og Vinessætri. Um flaar m. sjaa under „Grunnord".

Vinolakj. orig. 1846. Nore hd. vestfj. — Hev etter orig. avlaup gjenom Vinola b[k], som renn i hop med Rosetbekken. Vinola maa vel vera eit tilnamn: namnet Ola med eit kjennings-tillegg.

Vitsteintjern (Store, Vesle). Yt. Sdsv. hd. Eft. s. 14 A, 9. Utt. uppgj. *ví'tstæin; stórə, væ'slə ví'tstæin.* — Vilstenstj. RK 1890. Ein heimelsmann tolka namnet av at „der er so mykje med store kvite (*ví'tə*) steinar ikring vatnet, som skollar (*skò'llər*) lang veg". Namnet skulde daa med retto skrivast Kvitsteintj.

Voldenkj. AK 1854. Øv. Eiker hd. Haug s., aust for Eikeren.

Voletjernane Nes hd. E 33, 4. Utt. *vó'təkednadn.* — Voletjørnanne GK 1920. I Vole-vatsdraget.

Volevatnet Aal hd. Trp. s. E 32, 9. Utt. *vó'łəvatnə.* — Eit anna namn paa Buhovdvatnet. Elvi Vola kjem derifraa.

NE, s. 300 tolkar elvenamnet Vola, under tvil, av vorda f., bergrygg, gn. varða. Eg veit ikkje nokor rimelegare tolking. Namnet kann ikkje vera det same som Vala, slik som NE òg held for mogelegt. Etter uttala maa rotstavingi vera lang.

Vollebekktjerni Flaa hd. eller Sgd. hd. F 33, 7. Utt. *vø'llebækkkednadn, -vatne* (Flaa), *vå'llə(bækk)kenna* (Eggjedal). — Vollebekkvatni GK 1918. Det hev vore ein stølsvoll attmed desse tjørnene.

Volletjern Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 8. Utt. *vø'lləkenn.* — I Sleike-bekken. Det er vollar kring tjørni.

Vollevatnet Hol hd. Utt. *vø'lləvatnə,* flt. *-vøtne.* — Volevd AK 1856. Vaalev[t] orig. 1919. Uppmed dette vatnet (desse vatni) er òg store vollar (slettlende).

Vollvatnet Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4. Utt. *vå'llvatnə.* — Attmed garden Vollen burtmed grensa imot Krødsherad.

Volpetjørnane Uvd. hd., Hardingviddi. Utt. *vo'łpəkønnann* (òg uppgj. *vå'łpə-*). — Paa nordsida av Hettefjell. Tyding ukjend.

Vombtjørni Roll. hd. R. s. F 34, 7. Utt. *vå'mmkønn(é).* — Ei liti tjørn, breidvori etter kartet, attmed Bergestølen millom Rollagstj. og Torbjørnstj. Av vomb f. Jfr. NE, s. 290.

Vorsæt(er)vatnet Roll. hd. Vggl. s. vestfj. Utt. *vo'rsæt(ər)vatnə*; òg uppgj. *vo'rsætvatnə.* — Stølsnamnet Vorsæt(er) kunde koma av vorde f., bergrygg, gn. varða. Det er ein bergrygg vest-um vatnet.

Vrangen.

1. Breidvrangen, Smalvrangen. Ned. Eiker hd. F 35, 12. Utt. *vra'ngən*; *bræi'vrangən, små'lvrangən.* — Vrangen AK 1854. Breivrangen, Smalvrangen GK 1919. Breidvrangen og Smalvrangen er tvo luter av eitt og same vatnet. Dei heng i hop gjenom eit sund. Teke under eitt hev vatnet eit krunglut skap.

2. Mod. hd. Snr. s. F 34, 10. 11. Utt. *vra'ngən.* — Vrangen GK 1919. Ei tjørn, noko krunglut paa skap. Ho gjeng i ein boge, og er nærepaa av paa midten.

Gn. *Vrangr, ei substantivering av adjektivet vrangr (rangr). Jfr. namni her nedanfor. Stomnen Vrang- (ljodbrigda Vreng-) finn me i elvenamn og fossenamn og fjordnamn òg, anten um det som er buktut og krokut, eller um det som er vanskelegt aa ha med aa gjera.

Vranglevatnet Ned. Eiker hd. F 35, 11. Utt. *vra'ngła* (soleis òg OR, Æ); òg uppgj. *vra'ngła*; *stó'rvrangła, væ'sləvrangła, vra'ngłəvannə.* — Store, Lille Vrangel Strøms kart. Vranglevd AK 1854. Vranglev[t] GK 1919. Smaavatn. Storvrangla er ovleg uppkløyvd og krunglut, av di der er so mange tangar.

Vrangla er ei avleiding av adjektivet vrangr. Den gamle formi er vel Vrangla, endaa baade uttala med einstavings tonelag (ved sida av tvostavings) og skrivemaaten hjaa Strøm kann sjaa ut til aa tala imot det. Uttala med einstavings tonelag kann vera sekundær, likeins om t. d. i namnet Ø'lja i Jemnaaker (NI I, s. 221). Og skrivemaatane hjaa Strøm er ikkje so grannsame.

*Vrangr Fles. hd. F. s. F 35, 1.

Dette er kanskje eit gamalt namn paa Hoppestadvatnet. Hoppestadvatnet hev avlaup gjenom elvi Vrengja. Um elvenamnet skriv A. Kjær i N. Vasdr. III, s. 283: „Har nu tostavelsestonelag og skulde efter dette i gammel form ha hett Vrengja. I biskop Jens Nilssøns visitatsbøker kaldes imidlertid elven Vrengeraa, som synes at forutsætte en gammel form Vrengr. I ethvert tilfælde er navnet avledet av vrangr (rangr), vrang, egentlig: vreden. Navne paa vandløp, som er dannet av dette ord, kan sigte til bugtet løp; her synes dette ikke at passe, og navnet har kanske sin grund i, at elven paa grund av sterkt fald ikke er skikket til tømmerfløtning." Det er rett at elvi er fælt fossut ned gjenom lidi (Tov Flatin, Flesberg I s. 11 f.). Men namnet hev snaudt nokon grunn i fløytingstilhøvi. For der var vel ikkje noko større fløyting so langt uppe i dalen paa Jens Nilsson si tid. Er upphavsformi *Vrengr, talar det òg for at namnet er eldre enn fløytingi. Heller hev Hoppestadvatnet heitt *Vrangr, og so er elvenamnet avleidt av det. Namnet *Vrangr høver sers godt paa vatnet. Det er sers ujamt paa skap. Jfr. NoB 1928, s. 174.

Vælerauget Tyr. hd. F 34, 11. Utt. *væ̀tərauə*. — Weller-øyet GC nr. 159 (1767). Den synste, avskilde luten av Væleren. „Auga" er noko rundvore.

Væleren Tyr. hd. F 34, 11. Utt. *væ̀tærn̥, væ̀tərn̥* (Skulerud, Festskr. til Falk 1927 s. 400. 405: *væ̀tæn̥, -ęn̥*). — Valern Geo. Uppm.' 6. Welleren, Wælleren 1743. Welleren wand GC nr. 159 (1767). nr. 266 (1781). Vælerenvandene Wiel XXX, 139. Vælernsn AK 1854. Væleren GK 1919. Sjaa NE, s. 301. NG V, s. 35. NI I, s. 220. Hellquist, Sjönamn I s. 734 f.

Vælsvatnet (Øv., Ned.). Ndh. hd. Ld. og N. ss., og Aad. hd. F 34, 5. Utt. *væ̀rṣvannə, -vatnə* (Aadalen; Soknedalen), *vè̀rṣvannə, -vatnə* (Aadalen). Skulerud, Festskr. til Falk s. 400: *væ̀ṣvannə*. — (Nordre) Welsvandet 1723 (gardsnamn), Øvre, Yttre Vælsvandet 1743. N., S. Vælsv. AK 1856. Øv., Ned. Vælsv[t] GK 1919. Hev avlaup gjenom Væla: *væ̀ła*. Høyrer visseleg til same stomnen som det fyrre namnet. Men me hev ikkje so gamle skriftformer at det er godt aa segja kva for ei tolking som hev mest fyre seg av deim som hev vore framsette.

Vætertjernane Ndh. hd. Ld. s. F 34, 4. Utt. *væ̀tərk̦ęnnann* (Brekkebygdi), *væ̀tk̦ęnnanə* (Rallerud, Soknedalen). — Væterkj. orig. 1826. Vætertj[ne] GK 1919. Fraa tjørnene gjeng Vætertjernbekken ned i Ruds-Langevatnet. Tjørnene kallast òg for Sætertjernane. Truleg av vetter m., gn. v e t r.

Vølentjerni Øv. Eiker hd. Haug s., og Ned. Eiker hd. F 35, 11. Utt. *vø̀rn̥k̦ęnna, vø̀tˀn̥-*. — Skal vera eit anna namn paa Fisketretjerni.

Y l p æ t y a n, sjaa Hulpen.

Ytrefjorden, sjaa under Norefjorden.

Ytretjørni Hems. hd. E 32, 3. Utt. *ỳtrək̦ędnė*. — Ytretj. GK 1923. Vest for Vannen. Tjørni ligg lenger ut mot aasbrotet enn Vannen og dei andre vatni og tjørnene der ikring. Berre Gravsettj. ligg paa lag like langt ute. Men ho er mindre.

Ytrevatnet Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *ỳttərvannə*. — Ytterv[t] GK 1919. Ligg ytst ut mot aasbrotet av ei rad med tjørner.

Ø g n e s p r a n g t j. orig. 1930. Sgd. hd. Egg. s., tett vest mot Norebytet. — Paa Øgnesprangfj. orig., skr. Hugnespreng DN VIII 520, 1524 (etter vidisse). Øgne- er vel lik Augne-, jfr. Ognevatni.

Øknevatni, sjaa Aukne-.

Øksne, Øksneren.

1. Øv. Eiker hd. Fsk. s., og Hof hd. Vestf. 14 A, 10. Utt. *ø̀ksnə* (Fiskum; Efteløt), *stṓrøksnə, væ̀sløksnə* (Hof), *ø̀ksnəvannə* (Fiskum); *stṓrøksnərn̥, væ̀sløksnərn̥*, flt. *ø̀ksnəran* (Efteløt). — Øxne Strøms kart. Stor Øxnevd AK 1854. St., L. Øksne RK 1890.

2. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 7. Utt. *ø'ksnə, o'ksnəvatnə* (det siste fraa Lisleherad). — Oxsne vattnett DN XIII 105 (falskt brev, dagsett 1476). Øxne vandet DN XVIII 93, 1476 (same brevet i ein noko annan redaksjon, avskr. 1739). Oxnevand Pontoppidan 1785, s. 132. Øksnev. AK 1854. Øksne RK 1890.

Den gamle formi for baae desse namni kann ha vore *Yxnir, til uxi m., flt. yxn. *Yxnir kann gjeva baade Øksne og Øksner(en) i notidmaal. Det gamalnorske namnet kann òg ha vore *Yxnavatn. I det tilfellet er Øksne ei avstytting, og Øksneren (Efteløt) ei nyare utviding av den avstytte formi.

Økteren (N., S., Fjell-). Nore hd. (og Flaa hd.) E 33, 12. Utt. *ø'ktərn* (Flaa; Nore; Eggjedal): *fję'lløktərn*. N.-Økteren kallast òg for Skjerøkteren: *sjē'røktərn* (Flaa). — Okførn (Oktørn?) vand v. Langen 61 (elvi: Okfa elve (Okta?) ibd. Øgta 1743). Øgleren, Fjeldsn AK 1856. N., S. Økteren, Fjelløkteren GK 1920.

Namni Økteren og Økta høyrer til fuglenemnet elptr f., ho-svane. Gn. *Elptir og *Elpta. Vatsnamnet er avleidt av elvenamnet. Elvi gjeng i ein gild, kvit foss nede i bygdi tett fyrr ho fell ut i Norefjorden. Er det denne fossen som hev kalla fram jamføringi med den kvite svana? — Elvenamnet gjeng inn i gardsnamnet Øktedalen, gnr. 154 Nore, skr. Øptedall DN IX 232, 1425. Namnet Økteren finst òg i Gjerpen. Jfr. NE, s. 305. NG V, s. 463. Sjaa òg Ørteren, Ørtesvatnet her nedanfor. — I N.-Økteren (Skjerøkteren) er mykje med skjer. Fjelløkteren ligg høgre enn hine Økterane.

Øljusjøen Hems. hd. Utt. *ø'ljusjøn, ø'lji-*. — Ilesn, L. Ørjesn AK 1856.

Øljuvatnet Hol hd. Utt. *ø'ljuvatnə, ø'ljə- (ø'lji-); stō'rotljəvatnə, væ'sløljəvatnə.* — Øljuvatnet orig. 1847. Øljuvd, L. Øljuvd AK 1854.

Ølju- baade i Øljusjøen og Øljuvatnet høyrer i hop med yl m. og med verbet ylja, varma, lunka, straala ut varme. Um Øljuvatnet vart det serskilt nemnt at det er djupt, so isen legg seg seint um hausten. Jfr. NI I, s. 221 (Ølja, Ølsjøen).

Ørktjernet Gol hd. E 32, 11. Utt. *ø'rkkędnə.* — Ørkv[n] GK 1923. Ei heil sameige ikring tjørni heitte Ørkhaugane: *ø'rkhaugadn.* No er ho utskift.

Maa tru um fyrste lekken er gn. ǫrk f., ark, kiste? I Jølster i Sunnfjord er det eit bratt fjell paa sudsida av Jølstravatnet som heiter Orkja: *ǫ'rkja.* Det stend for seg sjølv, og er skilt fraa fjellmugen attanfor av ein liten dal. Ei jamføring med ei diger dragkiste er nok tenkjeleg der.

Ørnetj. orig. 1925. Roll. hd. Vggl. s. vestfj. — Burtimot byteslina imot Tinn.

Ørsteintjernet Fles. hd. F. s. F 35, 2. Utt. *ø'rştæinkęnnə* (stutt diftong *æi*). — Er eit anna namn paa Skafttj. uppaa Ørsteinaasen yver garden Ørstein.

Ørteren.

1. Gol hd. E 32, 11. Utt. *ø'rtərn.* — Ørtev. AK 1856. St., L. Ølteren GK 1923.

2. Hol hd. D 33 aust, 4. Utt. *ø'rtərn*, dat. *ø'rtəre*, s.-setn. *ø'rtər-.* — Ørterenv. AK 1856. Ørteren GK 1931.

Gn. *Elptir, av elptr f., ho-svane.

Ørtesvatnet Ndh. hd. Ld. s. og Krhd. F 34, 4. Utt. *ø̀rtəsvannə* (Lunder), *-vatnə* (Krødsherad). — j Øktaren (akk.), dertil: j Øktars aane, oor Øktars aanne DN VI 63, 1301 (etter vidisse 1461). Ørtev. AK 1856. Ørtesv[t] GK 1919. Gn. *Elptir, dette namnet òg. Jfr. Økteren.

Ørvatnet Mod. hd. Hgg. s. F 34, 11. Utt. *ø̀rrvannə*. — Ørev[t] GK 1919 (= Braatatj.). Kann vera eldre Øyrvatnet, av øyr f.

Østenskjern 1743. Østenskierns dam GC nr. 159 (1767). Øster-kjern 1743. Wiel XXX, 139. Tyr. hd. F 34, 11. — I Holleia, nær Grytingen. Etter GC nr. 159 helst den tjørni som heiter Skogstj. no. Av mannsnamnet Øystein.

Østeruddalen Øv. Eiker hd. Fsk. s. F 35, 11. Utt. *ø̀strudæ̀rn, ø̀strədæ̀rn*. — Ei tjørn attmed Nordsætri uppaa aasen aust for garden Østerud, gnr. 114 Øv. Eiker. „Østeruddalen“ um tjørni er sjølvsagt avstytting.

Øvrefjorden, sjaa under Norefjorden.

Øvstevatn.

1. Flaa hd. F 33, 9. Utt. *ø̀stəvatn*. — Øvste-, Øfstevandet 1743. Øv-v. AK 1856. Øvstev[t] GK 1918. Det øvste vatnet i ei rekkje paa tri, fire vatn i Budvatselv-vatsdraget.

2. Sgd. hd. Egg. s. Utt. *ø̀stəvatn*. — Øvstetj. orig. 1930—31. Det øvste av tri vatn vest for Medalen: Steinbudtj., Flaataatj., og Ø.

Øyangen Ndh. hd. Haug s. 19 B, 4. 10. Utt. *øỳangən* (Hole). — Øiangsn AK 1854. Øiangen RK 1872. I vatnet er mykje øyar. Um namn paa -ang sjaa NI I, s. 245 ff.

Øyetjern, -tjørni.

1. Aal hd. Aal s. E 33, 3. Utt. *åỳəkodnè*. — Øyetj. GK 1920. Uti tjørni syner ei liti øy paa kartet.

2. Fles. hd. Svene s. F 35, 9. Utt. *øỳəkenna* (flt.). — Øytj. GK 1919. Eit par tjørner nord for Bjørvatn.

Truleg av øy f.

Øyflatdalstjernane (-vatnet) Nes hd. E 33, 4. Utt. *æ̀ifladarskednadn*.— Fladalsvandet 1743. Wiel XXXII, 135. Fladdalsv. AK 1856. Eidflatdalsv[t] GK 1920. *æi* er nok lik øy f. her. I den øvste tjørni i det vesle dalføret aat Flatdalselvi er det eit par tangar, som i minsto er halv-øyar. Den tjørni er det rettelege Øyflatdalstjernet (jfr. GK).

Øygardsfjorden Nore hd. E 33, 11. Utt. *æ̀igarsfjörn* (Tunnhovd). — Ein lut av Tunnhovdfjorden, nedst. Skulekrinsen upp imot Tunnhovdfjorden kallast Øygardskrinsen (gardane der kallast Øygardane).

Øyhellervatn Nes hd. F 33, 1. Utt. *æ̀ihællərvatn*. — Eihellerv[t] GK 1918.

Paa GK syner ikkje nokor øy i dette vatnet (derimot i Hellervatnet tett attmed). Men „øy“ kann vel tyda „laaglende attmed vatn“ her. Dersom det ikkje er tale um ordet „øy“, er *æi* lik eid n. „Eidet“ laut i tilfelle vera ei smal landstrime som ein hev millom tvo smaavatn som heng mest i hop. Ein skulde daa skriva Eidhellervatn.

Øynetjern Nes hd. E 33, 5. Utt. *œi'nəķędn.* — Einetj. GK 1920.

Heiter etter nokre stølar, Øynane: *œi'nadn*, dat. *œi'no*. Stølsnamnet er fleirtal av øyn f., d. v. s. øy, laaglende langsmed elv eller vatn. Soleis òg Fridtjov Isachsen i Norsk Geografisk Tidsskrift 1929, Navnene paa Tunhovdbladet (nr. 25). Det er flatlende og myr der som stølsvollane er, — stølane er nedlagde no. Ein bekk renn der, til deils i krok. Attmed honom vert det „eina" = øyar.

Øyntjern.

1. Øv. Eiker hd. Fsk. s. F 35, 9 (10?). Utt. *oy'nķęnn.* — (Sud)aust for Lurdalen.

2. Lier hd. Syl. s. 14 D, 3. Utt. *øy'nķęnn.* — Øientj. RK 1900.

Det er ei øy i tjørni i Fiskum, sagdest det.

Øyslidvatnet Hol hd. nordfj. E 33, 1. Utt. *åy'slívatnə, åy's(t)lí-, au's(t)lí-.* — Austliv[t] GK 1920. Attmed Austlidstølen, utt. uppgj. *åy'slístøl'n.*

Øyslidvatnet er det same som Storøevandet 1743 og hjaa Wiel (sjaa under det namnet). Ovanfor i same vatsdraget er enno tjørni Vesleøy. Øyslidvatnet maa ha vore kalla for *Storøy (-vatnet). I vatnet er øyar. No heiter det etter stølen Austlid, som ein kann henda rettare skulde skriva Øys(t)lid. Øys(t)lid vilde svara til gn. *Øystri(h)líð.

Øystøltjørn Nes hd. E 33, 4. Utt. *œi'stølķędn.* — Øystøltj. GK 1920. Det hev vore støl attmed vatnet, under garden Øyni.

Øytjern, -tjørni.

1. Øv. Eiker hd. Fsk. s. 14 A, 9. — Øitj. RK 1890.

2. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *oy'ķęnn.* — Oekien Strøms kart. Øytj. GK 1919.

3. Flaa hd. F 33, 8. Utt. *œi'ķędn, -ķęnn* (det siste lengst ute i Flaa). — Eitj. GK 1918.

4. Gol hd. E 32, 11. Utt. *oy'ķędn.* — Øytj. GK 1923.

5. Gol hd. E 32, 12. Utt. *øy'ķędne, œi'-.* — Øytj. GK 1923.

6. Lier hd. Syl. s., og Asker hd. Akh. 14 D, 3. Utt. *øy'ķęnn.* — Øievd. RK 1900.

7. Roll. hd. R. s. F 34, 7. Utt. *œi'vatna* (Sigdal), *oy'ķønnænn, -ann* (Rollag). — St., N., S., L. Øytj. GK 1919.

8. Sgd. hd. S. s. F 34, 7. Utt. *œi'ķęnn,* flt. *-ķęnna.* — Øv., Ned. Øytj. GK 1919.

9. Tyr. hd. F 34, 11. Utt. uppgj. *øy'ərķęnn.* — Øytj. GK 1919.

Øytrytetjern Flaa hd. eller Sgd. hd. F 33, 8. Utt. *œi'trítəķędn, œi'tríķędn* (Flaa). — Eitrytetj. GK 1918.

Øyvatnet.

1. Øv. Eiker hd. Haug s. F 35, 11. Utt. *øy'vannə.* — Øevand Strøms kart. Øyvd AK 1854. Øyv[t] GK 1919.

2. Flaa hd. F 33, 2. Utt. *œi'vatnə.* — Øyv[t] GK 1918.

3. Mod. hd. Hgg. s. F 34, 11. Utt. *oy'vanna* (flt.). — Øyv[tna] GK 1919.

4. Nes hd. E 33, 11. Utt. *œi'vatn;* òg uppgj. *œi'vatn; stō'rœivatn, væ'slœivatn* (Nes); *øy'vatnə* (Nore). — Øyevandet 1743. Øjevandet Wiel XXXII, 136. Øyv., Okev. AK 1856. Øyv[t], St. Øyv[t] GK 1920. Tvo vatn, eitt paa kvar si side av fjellet Gradgalten.

5. Nes hd. F 33, 1. Utt. *æi'vatn.* — Øyv[t] GK 1918.

6. Nes hd. E 33, 12. Utt. *æi'vatn.* — Øyv. AK 1856. Øyv[t] GK 1920.

7. Nes hd. E 33, 12. Utt. *æi'vatn.* — Tett upp for stølen Myte.

8. Ndh. hd. Ld. s. F 33, 10. 11. Utt. *øy'vatnə* (Aadalen; Lunder), *øy'vannə* (Lunder), *æi'vannə* (Lunder). — Eivand[sr] AK 1856. Eiv[t] GK 1918.

9. Øv. Sdsv. hd. Hedst. s. 14 A, 13. Utt. *øy'vannə.* — Øivd RK 1890.

10. Sgd. hd. S. s. F 34, 9. Utt. *æi'vatnə, æi'-.* — Øyvatn GK 1919.

Dei fleste av desse namni, um ikkje alle, kjem av øy f. Paa kartet syner øyar i mange baade av tjørnene og vatni. Sume stader gjeng det tangar uti som dei hev rekna for jamgode med øyar. Fyrste lekken i „Øyertjern" (Tyristrand) er genitiv eintal, dersom uttaleuppgaava er rett. Den stutte formi Øy- kann anten koma av gamalnorsk genitiv fleirtal Eyja, eller vera ei eldre eller nyare stomnform. — Faa, um nokre av namni, inneheld samansetningslekken øyde-, gn. eyði-, av adjektivet auðr.

Noko um korleis namni er laga, m. m.

I. Grunnord.

Her skal gjevast ei stutt yversyn yver dei ord for vatn og væte som me finn i vats-namn i Buskerud.

For større vatssamlingar er brukt nemni vatn, sjø, fjord.

Ordet **vatn** hev tvo former i maalføri innan fylket: *vatn* og *vann*. „Vatn" høyrer til i dei øvre bygdene, „vann" i dei ytre. *Vann* segjer dei ved Oslofjorden og Dramsfjorden: i Hurum, Røyken, Lier; di næst i bygdene upp fraa Dramsfjorden ved Drams-vatsdraget: Eiker, Modum og storluten av Ringerike; endeleg eit stykke upp gjenom Lòg-dalen. Grensebeltet millom *vatn* og *vann* i Aadalen er ved nedste enden av Sperillen. Dei yngre brukar til deils formi *vann* upp langs vatnet eit stykke. O. Skulerud skriv i utsyni si yver Aadals-maalet i Festskrift til Falk 1927, s. 403: „*vatt'n*, b. *vat'nə* (y[ngre] og Ytre Aadal *vann, vannə*)". I Soknedalen gjeng grensa soleis at det er *vann* i største luten av dalen; men det er *vatn* i dei øvste grendene, ved og ovanfor Rallerud stasjon, likeins som i grannebygdene Flaa og Krødsherad paa hi sida av aasen. Dei tvo formene ymsar eit stykke lenger nedetter Soknedalen. Ved Hallingdalselvi gjeng bytet paa lag ved sokneskilet millom Snarum og Krødsherad, ved Simoa ei mils veg eller kanskje snaudt det nedanfor Sigdal kyrkje. Eit yvergangsbelte med baae former rekk nokre kilometer upp um denne lina. I Lòg-dalen gjeng *vann* upp til og med Sandsvær. Aller nedst i Svene sokn i Flesberg segjer dei òg *vann*, til deils i minsto. Jondalen hev *vann*, so nær som den øvste luten (Gransherad-Jondalen). — *Vatn* heiter det: i størsteluten av Aadalen, i Hallingdal og Krødsherad og dei øvste grendene i Soknedalen, i mesteluten av Sigdal (med Eggjedal), og i Numedal (÷ det nedste av Svene).

Bunde fleirtal heiter: *va'tnė* i Hallingdal ned til og med Flaa (og *vå'tnė* (Aal), *vo'tnė*); *va'tno, va`tno* i øvre Numedal: Dagalid, Uvdal, Nore, Vegglid, Rollag (visst òg *va'tnė* i dei nedre av desse bygdene, jfr. Ross, N. Bygdemaal III s. 9); *va'tna* og *va'nna* elles. I Hallingdal dertil dativbøygjing. — Dei namni som er samansette med ordet „vatn", er fleire hundrad, millom 450 og 500 kanskje.

Ordet **sjø** hev formene *sjø* og *sjỏr*. *Sjø* er det vanlege, *sjỏr*, bundi form *sjỏrn (sjỏn)*, segjer dei i øvre Numedal: Dagalid, Uvdal, Nore. Ei stivna form som kjem av gamalnorsk sjár er namnet Sjaaen *(sjån)* i Øvre Sandsvær, — burtimot Telemark. Jfr. Ross, Norske Bygdemaal II, s. 7. Ei onnor stivna form

er senn, som kjem av gn. særinn. Namn med den samansetningslekken finst innanfor Buskerud i øvre Hallingdal (eitt døme i Nore i Numedal paa grensa mot Hallingdal). Jfr. NI I, s. 227 f. Ei stivna form av gn. sær inneheld kanskje òg namnet Kvelvsavatnet i Eggjedal.

Av namn paa -sjoren hev eg notera:

Bergsjovatnet Uvdal
Eidsjoren —
Geitsjoren —
Langesjoren —
Lufsjoren Uvdal—Nore
Maagesjoren Uvdal
Olsjoren Uvdal
Raudsjoren —
Skaupsjoren —
Bjorsjoren Nore
Skjervsjoren —

Namn paa -sjø(en):

Samsjøen Aadal
Bergsjøen Aal
Uppsjø —
Flatsjøen Hemsedal
Versjøen —
Øljusjøen —
Grevsjøen Gol
Høysjøen —
Lauvsjøen —
Myklesjøen —
Pipesjøen —
Andsjøen Gol—Nes
Mykjingsjøen Nes
Reinsjøen Nes—Nore
Fyrisjø Flaa
Tindsjø —
Bekkjerudsjøen Flaa—Sigdal
Glessjøen Krødsherad—Sigdal
Bergsjø Norderhov
Bleiksjøen —
Kollsjøen —
Skjersjøen Norderhov
Mosjøen Norderhov—Jemnaaker
Baksjø Tyristrand
Bergsjø Modum
Langesjø —
Lang-Heggesjø Modum
Vindsjø Modum
Jøssjø Modum—Øvre Eiker
Garsjø Lier
Heggesjø Lier—Modum
Himsjø Øvre Eiker
Djupsjøen Sigdal
Hornsjøen — (2 stader)
Sjusjøen —
Bergsjø Rollag
Dorgsjø Flesberg
Haugesjø —
Kolsjø Øvre Sandsvær
Ravalsjø —
Elgsjø Øvre—Ytre Sandsvær
Dørsjø Ytre Sandsvær

Namn paa -senn:

Bjørnsenn Hol
Harsenn —
Langesenn —
Olsenn —
Stokksenn Hol—Aal
Julsenn Aal
Hundsenn Hemsedal—V. Slidre
Tunnsenn Nore

Det er flest namn paa sjø (sjor, senn) i dei øvste bygdene. Etter maaten mange sjø-namn er det òg i Norderhov og Modum.

Ordet sjø er ikkje brukt til appellativ i dette fylket, det eg veit um, og dei namni her som er samansette med „sjø" er i regelen gamle. Aldersmerke er at me hev so mange stivna namn paa senn, og likeins at so mange namn paa sjø er utan artikkel (ca. 20 eller mesta helvti). I stor mun maa dette siste koma av at ordet sjø var lite brukt til appellativ paa

desse kantar alt daa artikkelen tok til aa verta meir vanleg i namn. Fyrstelekkjene gjev òg tokke av at me hev med ei gamall namnegruppe aa gjera. Etter fyrstelekken treng me ikkje døma andre namn enn Bekkjerudsjøen og Pipesjøen til aa vera heller unge. Forutan Bekkjerudsjøen er berre Mykjingsjøen samansett med bustadnamn. Ved „vatn" er typen med bustadnamn i fyrste lekken vanleg.

Som det er nemnt i NI I, s. 227 f., hev bygdene aust for Buskerud meir med namn paa sjø enn Buskerud, og Vestlandet hev vatn. Buskerud ligg i eit grensestrok, der vatn hev yvermakti, aller mest i bygdene ned mot sjøen. Vatn breider seg; det syner namn som Bergsjovatnet i Uvdal, Langesennvatnet i Hol.

Fjord. Til det som er nemnt i NI I, s. 230 f. skal leggjast her, at namni paa fjord i Buskerud i ser finst der som folket bur, eller som ferdsla gjeng. Me hev dei fleste „fjordane" nede i bygdene, i sjølve hovudvatsdragi gjenom dalane. Sume finst uppi stølsregionen i hovudvatsdraget, der som det hev vore bygd fyrr (t. d. Strandafjorden i Hol), eller der som fjellvegar gjeng. I regelen er „fjordane" vatn som det er ferdsle paa eller yver, — likeins som fjordane ute med sjøen. „Fjord" er ikkje brukt so mykje i namn i Buskerud som i Valdres (NI I).

Det aller vanlegaste nemnet for mindre og for smaae vatssamlingar er **tjørn** — **tjern.**

Um formene for dette appellativet i Buskerud fylke hev eg notera:

Øvst i Hallingdal: i Hol, Aal og Leveld sokner, og ein lut av Torpo segjer dei *ai ꝁødn*. Bøygjing: bundi form *ꝁø'dné*; flt. *ꝁø̀dna*, b. flt. *ꝁø̀dnadn*. Dertil dativbøygjing her og elles i Hallingdal.

Nedste luten av Torpo, og Hemsedal og Gol: *æi (ai) ꝁędn*. Bøygjing: *ꝁę'dné* (i Gol vel òg *ꝁę'dnə*); *ꝁę̀dna, ꝁę̀dnadn.*

Nes og storluten av Flaa: *æit ꝁędn*. Bøygjing: *ꝁę'dnə; ꝁę̀dna, ꝁę̀dnadn.* (Dei nedste grendene i Gol fylgjer kanskje til deils Nes).

Aller nedst i Flaa og i noko — det meste? — av Krødsherad: *æit ꝁęnn*. Bøygjing: *ꝁę'nnə; ꝁę̀nna*, og *ꝁę̀nnar* fraa der som fleirtals-*r* tek til (i Krødsherad), *ꝁę̀nnann*. Dei øvste grendene i Soknedalen (Brekkebygdi og kanskje fleire) hev *æit ꝁęnn*, og flt. *ꝁę̀nna* og *ꝁę̀nnar*, b. flt. *ꝁę̀nnann* liksom vestanfor.

I ytre Krødsherad tek denne bøygjingi til: *æit ꝁęnn, ꝁę'nnə*; flt. *ꝁęnn, ꝁę'nna.*

I Numedal: I den øvre luten av dalen, i Dagalid, Uvdal, Nore, Vegglid og (det meste av) Rollag: *æi ꝁønn*. Bøygjing: *ꝁø'nne*; flt. *ꝁø̀nna* og i den nedre luten av Rollag *ꝁø̀nnar*, b. flt. *ꝁø̀nnann*, og i Rollag ut imot Flesberg *ꝁø̀nnænn*. Skurdalen, som er bytt millom Hol herad og Uvdal herad, hev *ꝁødn* etc. i den „nordre" (øvre) luten og *ꝁønn* etc. i den „søre" luten. Byteslina kann gaa nokolunde der som heradsskilet gjeng. I andre ting òg skil nordluten av Skurdalen seg spraakleg ifraa sudluten. Det er eit døme paa kor mykje den administrative og kyrkjelege inndeilingi hev aa segja

for maalet. Skurdalen er ei avstengd liti fjellbygd paa berre 2—3 skulekrinsar. Ho er skild ved fjellryggjer baade fraa Ustedalen (Hol) og fraa Dagalid (Uvdal). Og paa den lange vegen fraa Dagalid ned langs Skurdalsvatsdraget og sidan ned langs Lòg-vatsdraget, bur det mest ikkje folk fyrr dei kjem ned til nedste enden av Tunnhovdfjorden, 3—4 mil lenger nede. Det er mesta berre den einslege Tunnhovd-grendi paa heile stykket. Samanhengen innanfor sjølve bygdi skulde ein daa tru var det sterkaste. Men bygdi er avskori i maalvegen, soleis at dei tvo endane i bygdi hev vorte lita i nokon mun fraa kvar sin kant, av tvo ulike maalvald. — Flesberg — i minsto storluten av heradet — hev: *æit ķęnn, ķę́nnə*; *ķę̀nnär, ķę̀nnænn.*

I Sandsvær, kanskje alt i den ytre luten av Svene sokn er det: *æit ķęnn, ķę́nnə*; *ķęnn, ķę́nna.* (I bygder i Vestfold er brukt *ķønn* f.; men eg veit ikkje kor langt uppe i Lòg-dalen den formi tek til).

Formi *ķęnn* med bøygjing som eit regelrett nøytrumsord hev me daa i desse bygdene: Ringerike med (visst) heile Aadalen, men utan dei øvste grendene i Soknedalen; Modum og bygdene utanfor der, Sigdal og Sandsvær.

Der som dei ulike former møtest, vil det vera eit yvergangs- og blandingsbelte. I fjellgrendi Tunnhovd millom Nore i Numedal og Nes i Hallingdal er det svært mykje blanding. Eg hev notera baade *ķonn* f. og *ķønn* n., baade *ķęnn* og *ķędn* (n.). Like ustødt er det i fleirtal: *ķø̀nna, ķę̀dna*; *ķø̀nnann, ķę̀dnann* og visseleg fleire former (men ikkje nøytrumsbøygjing). (Nedst) i Rollag hev eg notera *æit ķønn* ved sida av *æi ķonn.*

Typen tjørn f. hev gjenge vidare fyrr enn no. Fleirtalsbøygjingi *ķę̀dna, ķę̀nna(r)* — *ķę̀dnadn, ķę̀nnann* langs Hallingdalselvi ut til Krødsherad, og *ķę̀nnär* — *ķę̀nnænn* i Flesberg stend vel att ifraa ei tid daa dei hadde tjørn f. i desse bygdene. I Gol, Hemsedal og nedre Torpo — næmast tjørnvaldet — stend endaa til hokynsbøygjingi i eintal òg att. — I nokre bygder i Sør-Gudbrandsdal, som ligg paa grensa millom tjørn f. og tjern n., hev dei tjørn n. med ei bundi fleirtalsform *ķø̀n̥n̥ann.* Det er nok likeins minne um at bygdene der hev havt tjørn f. Eg dreg tilbake den samanlikningi som eg hev gjort i MoM 1926, s. 160 med dei kjende fleirtalsformene av typen *husan* paa Agder og i Nord-Noreg. *ķø̀n̥n̥ann* er ikkje jamstelt med deim.

Dei eldre skrivemaatane for namnet Gaptjern i Flaa talar òg for at tjørn f. hev gjenge lenger ned gjenom Hallingdal i eldre tid enn no.

Fleirtalsformene *ķø̀dna, ķø̀nna,* og likeins *ķę̀dna, ķę̀nna(r)* peikar elles attende paa ei gamalnorsk fleirtalsform tjarnar, ikkje tjarnir, som er den einaste ordboks-førde formi. Fleirtal paa *-a* er kjent fraa andre bygdemaal òg i nynorsk. Tjǫrn f. maa vida utyver ha havt same fleirtalsbøygjing som kleif og geil, i minsto i seinare gamalnorsk. — Jfr. elles NI I, s. 231 ff.

Dei andre „grunnordi" som er nytta, merkjer alle saman ut smaae vatssamlingar, helst mindre enn „tjørn".

Ordet **putt** m., eit lite stillstaaande vatshol, er brukt ofte i Sigdal og dei ytre bygdene, i ser paa Ringerike og Modum og Eiker. Fraa øvre Hallingdal hev eg ikkje notera det i namn. I ytre Hallingdal med Krødsherad og i Numedal hev eg skrive upp døme med sideformi pytt m., — ved sida av putt: Eirikspytt, Selstjørnpytten (Uvdal), Olapytt (Nore), Svartepytt (Flaa), Trepyttane (Krødsherad). Pytt er vel den rettelege bygdemaalsformi i desse bygdene.

Flaar m. er brukt i nokre namn uppaa aasen millom Eikeren og Sandsvær: Bjertnesflaarane, Senningflaarane, Vinesflaarane. Paa aasen aust for Dramselvi, i Haug sokn paa Øvre Eiker, hev dei det usamansette Flaarane. Flaar m. er ei mindre, radt grunn stillstaaande vatssamling („en meget grund og af og til forsvindende liden vandsamling; grund pyt". Ross). Ross hev skrive upp ordet fraa Vestfold (Lier) og Modum.

Same tyding som flaar m. hev **floge** m. (Ross: „grund pytt = flaar"). Det ordet hev me i namnet Skorflaagaan (Ytre Aadal).

Dipil m., sideform til depel, er sjeldsynt i namn i Buskerud: Dipilen, Osetjerndipilen (Nes); i Øvre Sandsvær er Dipiltjern. Jfr. NI I, s. 236.

Dulp m., ei vaat dump i jordi, her = vatsdulp, er uppskrive i namnet Hakkeldulpen (Ytre Sandsvær).

Dam m., mno. dammr, truleg laagtysk laanord, tyder i namn i Buskerud, i minsto oftast „uppdemd vatssamling", — anten der no hev vore noko til tjørn fyrr der vart demt eller ei. Dei aller fleste namni paa dam finst ikring Kongsberg, — der er det mange av deim. Og so er der nokre ned mot Drammen. Gruvedrift og industri hev gjeve upphav til (dei fleste av) desse namni. Dei er daa heller unge, som òg fyrstelekken tidt nok syner: t. d. Armengruvedam, Keisgruvedammen, Kongens-Gruve-dam, Sakkerhus-(dal)dam, Granatdam, Gyldenløvedam, Julianedammen, Karindammen, Museplassdam, — alle i umlandet kring Kongsberg. Namni paa dam, tekne under eitt, er den yngste større klassa av vatsnamn, i minsto i Sud-Noreg. Jfr. NI I, s. 236.

Hyl m., **lon** f., **løk** m., **fløyt** m. er alt saman utvidingar eller stillor i elv eller bekk. Ofte eller oftast er ikkje namn av desse ordi „vatsnamn" i streng tyding.

Hyl m., „dyb huulning i bunden af en bæk eller elv" (Aasen), utt. *høl* i heile fylket, er mykje brukt i namn. Det er nok dei færraste av desse namni som er komne med i denne boki. Jfr. NI I, s. 237.

Lon f. er brukt um større elve-utvidingar og stillor enn „hyl". Eg hev notera: Klovsteinsloni, Krosslon, Reinarvatsloni, Sauloni, Storelon (Uvdal), Lonene (Rollag; Flesberg), Kvernanloni (Flesberg). Jfr. NI I, s. 238.

Løk m., stilt-rennande bekk, utviding i bekk eller liti aa, still vik i elv, er brukt ymse stader um meir tjørn-liknande utvidingar. Jfr. NI I, s. 239.

Fløyt m., stilt, breidt, i det heile grunt stykke i smaaelv eller bekk, er uppskrive i namni Engerfløyten (Lier—Asker), Fløyten (2 stader i Lier), kanskje Fløten 1826 (Aadalen). Hj. Falk skriv under namnet Fløytingen i

NG V, s. 42 (Norderhov): „Fløita (Fløiten) bruges meget ofte i disse egne om elveudvidelser, smaasjøer dannede af elve“. Ordet skulde etter det truleg vera i bruk til appellativ paa Ringerike. Jfr. NI I, s. 237.

Kulp m. vert uppført i ordbøker med tydingi „fordybning i bunden, især i elv“ (= hyl). Ordet vert òg stundom brukt = pytt, liti tjørn. Namn der ordet hev denne tydingi, er: Ræpekulpen, Svartekulp (Flesberg), Karikulpen (Øvre Sandsvær), Svartekulp (Kongsberg), Ragnhildkulpen (Sigdal), Sandfitkulpen (Nes), Rundekulp, Svartekulp(en) (Øv. Eiker), Kulpen (Ned. Eiker). Avleiding: Kulperen (Ned. Eiker).

Evje f. brukar dei upp langs Lògen, upp gjenom Sandsvær og Flesberg der elvi renn stilt og dalbotnen er flat, um stille vikar inn ifraa Lògen (= løk andre stader): Senningevja (Ytre Sandsvær), Spitevja (ved Kongsberg), Breidevja, Evju-evja, Kyrkje-evja, Lampelandevja, Toskje-evja (Flesberg). Dette er gamalt maalbruk her, me hev evje f. i ymse gamle gardsnamn: Breidevju (Ytre Sdsv.), Svene av S v i n e f j a, Toskje truleg av *T ǫ s k u e f j a (Flesberg), Evju fleire stader.

Poll m. tyder ei vik, helst ei som er noko avstengd, eit avstengt sidebasseng til eit vatn. I Buskerud hev eg notera: Pollen (og Pollviki) i Sigdal, Pollen eller Pollviki i Krødsherad, Plassepollen eller Pollen i Flesberg, Pollen paa grensa millom Nore og Uvdal, Ryggjabudpollen i Uvdal. Sideformi **pull** m. hev me i tvo namn i Øvre Eiker: Burvatspullen og Storøksnerpullen. Desse tvo namni er uppskrivne i Sandsvær. Jfr. NI I, s. 239 f. — Til dei namni paa pull som er uppskrivne i NI I fraa Uppland, legg eg nokre her: Jøkulpullen, ei tjørn paa nordsida av Sangen i Reinlid; Ormepullen, ein liten myrpytt millom Drengsprengen og Øvre Gravvatn i Bagn; Reinsjøpullen, ei tjørn attmed Reinsjøen i Reinlid; Rennepullen, ein liten myrpytt sudaust for S. Budvatn i Begndalen; Øyvatspullen, ei elveutviding nordvest for eit Øyvatn paa austaasen i Begndalen. Namni er uppskrivne etter originalblad fraa Noregs Geografiske Uppmæling 1924—25. Pull her hev tydingi „pytt“, „liti tjørn“.

Nòkre namn elles som inneheld ord for vatssamling, er:

? Holken, Holkane (Fles. Hol), Hulpen (Yt. Sdsv.), Laua (Øv. Sdsv.). Paa ein maate kann me nemna her Drammen (Mod.).

Eit nemne for „bekk“ er kanskje Sysle (Mod.).

II. Nokre avleidingsendingar.

Her skal berre nemnast nokre suffiks som er radt tydelege enno:

ang. Balangen (Øv. Sdsv.), ? Fjølangstjørni (Gol), Øyangen (Ndh.). — Aaklangen (Ndh.) og Aklangen (Ndh. Hur.) høyrer vel snaudt hit.

ung. ? Bjørungstjørni (Hol), Rødungen (Aal 2 stader), Sandungen (Øv. Eiker. Hur. Mod.), Sneisungen (Ndh.).

ing. Dypingen (Øv. Eiker. Mod.), ? Døvlingen (Aadalen), Fiskeløysingen (Sigdal 3 stader), Grytingen (Tyr.), ? Helsingvatnet (Hems.), Lysingen (Tyr.),

Nevlingen (Flaa — S.-Aurdal), Skiftingen (Tyr.), Trehørningen (Hole), Trihyrningen (Fles. Sigdal), Vatninga (Aadalen). — I Villinga (Øv. Eiker) høyrer suffikset til appellativet „villing". I Mykjingsjøen er Mykjing stølsnamn, ikkje gamalt vatsnamn.

ning. Mefarningen (Aal). Namnet knyter seg til participiet f a r e n. — I Gravningen (Ned. Eiker) høyrer suffikset til appellativet g r a v n i n g.

eren, gn. **ir.** Butleren (Ndh.), Eikeren (Øv. Eiker), Engeren (Ndh.), Hajeren (Yt. Sdsv.), Heieren eller Hein (Uvdal—Hol), Høneren (Aadal—S.-Aurdal), Juvveren (Ndh.), Krøderen (Krødsherad—Flaa), Kulperen (Ned. Eiker), Lyseren (Gol. Nes), *L ý s i r? (Aal), *M i ð l i r (Ned. Eiker), ? Sineren, Soneren (Sigdal), Synderen (Ndh.), ? Vieren (Øv. Sdsv.), Væleren (Tyr.), Øksneren (Øv. Eiker), Øktaren (vidisse 1461) no Ørtesvatnet (Krødsherad), Økteren (Nore), Ørteren (Gol. Hol).

Femininum er Sinnera (Ndh. — Jemnaaker).

Rauberen (Øv. Sdsv.) og Røberen (Yt. Sdsv.) hev formelt kome inn under denne gruppa, men endingi hev anna upphav („Raudbergen").

Eit *r*-suffiks hev me vel òg i Flaataan (Norderhov), skrive Flotoren hjaa Jens Nilsson.

Eit *l*-suffiks finst i Tvevemla (Aadalen), Vrangla (Ned. Eiker), og truleg i Moslun (Sigdal) og Tvinesla (Aal).

Ymse avleidde namn elles:

	Hankyn.		*Hokyn.*
Til substantiv:	Høvren	Til substantiv:	? Bausta
	Røggjin		Laksa
	? Skrykkjen		Lorta
	? Velen		Monsa
	? Vilane		? Skotta
	Øksne		? Trona
Til adjektiv:	Fiskelausen	Til adjektiv:	Botnelausa
	? Jørsnen		Fiskeløysa
	? Lelangen		Grunna
	Mykle (ellipse)		? Krækkja
	? Piren		Runda
	? Vannen	Til verb:	Auknine
	Vrangen		? Bemle
Til verb:	Glitre		? Brumma
	Overdragsen		Bumla
	Skimten		? Grølla
Til adverb:	Nordvesten		? Krafsa
			Skrukkefylla

I namn som Fiskelausen, Vrangen o. fl. kjennest artikkelen som avleidingsending. — Gn. * D j ú p r er substantivering av adjektivet i sterk form. „Fiskeløysa" er meir appellativisk enn Botnelausa.

Substantiv som ikkje tyder „vatn“ eller „væte“ er ymist brukte til vatsnamn utan avleidingsending, og utan nokon etterlekk for „vatn“.

A. Samanlikningsnamn.

Samanlikning paa grunn av tillægjet: Gammen, Sjusjøbroren, namn paa -kalven og -ungen („jamsides“; namni paa -kalven og -ungen siktar baade til tillægje og storleik); Ræva („sist“); *Laki. — Grauten og Villinga fær òg reknast hit. Likeins Helvete („som ligg djupt til“).

Samanlikning paa grunn av skapet: Spaalen, Sperillen, Balinosrova, Langerova, Tarmen, Loka, Halsane, Sløgene, Sneisa, Skjækan, Auseskaftet (skap og tillægje); — Ausa, Spannsloket, Stutauget, Tjernsauget, Uksauget, Vælerauget. Namni paa -auget siktar baade til skapet og til storleiken; — Hitestrupane; — ? Horngassen.

Samanlikning paa grunn av storleiken: Goliaten (motsetning), Ræva hass Bjørn. Namnet Drammen kann òg nemnast her.

„Holt kjerald“: Buttane, Djupekollen, Funten, Funtine, Kjelen, ? Sniken. Samanlikningi med holt kjerald grunnar seg stundom paa at vatni ligg djupt til.

B. Elliptiske namn: Brødkjølen, Digertryte, Granaten, Grøtgarden, ? Halloren, Hauken, Hyrnekuven, ? Kokken, Korta, Laarvika, ? Laupenden, Metubba, ? Riklune, Sildenakkane, Tistilen, Ugla.

C. Namn som segjer noko som vatnet røynleg er: Kringla, Tjernsringen, Tjørnringen; Firkanten. Vatni er eller lagar dei geometriske figurane som desse namni nemner. — Olfisken, Dagfiskeriet, Fjelfisket. Vatni er fiskestader. — Me kunde òg føra Fiskeløysa upp her, og ikkje under avleidde namn, dersom me reknar at appellativet „ei fiskeløyse“ gjeng fyre namnet.

D. Bahuvrihi-komposita: Trehyrna, Trestiklane. — Firkanten er same slag samansetning, men samansetningi gjeng fyre namnet der.

Nokre uklaare namn: Frosen, Haaken, Jartkjær, Junger, Plommasen, Ribbe, Skamrek, Skorpen, Strøen.

III. Bundi og ubundi form.

Dei fleste namn hev artikkel. Artikkelen er stort sét eit nynorsk maalmerke i naturnamni, og er vanleg med i yngre bustadnamn. Like vel er slett ikkje artikkelen konsekvent gjenomførd alle stader. Me hev ikkje yversyn yver det røynlege maalbruket i dette stykket enno.

Det vil truleg syna seg ved ei næmare gransking, at i Telemark er svært mange namn utan artikkel. Kann henda vantar artikkel ymist i sume bygder i Agder òg; nokon næmare kjennskap hev eg ikkje til det.

I Buskerud, som er grannefylke til Telemark imot aust, er artikkelbruket noko ustødt i sume høve, og i sume namn vantar artikkel jamt.

I namn av nøytrumsordet tjern lyt me segja at artikkelbruket er ustødt. Eg trur ikkje det finst eit einaste av desse namni som ikkje kann

brukast i bundi form. Og største luten vert kanskje vanleg brukte med artikkel. Men ein høyrer svært ofte at folk segjer namni i ubundi form. Nokon regel hev eg ikkje kunna finna. Eg trur ikkje det piar vera so at sume namn hev stivna til utan artikkel og sume med. Same namnet kann brukast stundom i bundi og stundom i ubundi form. I den alfabetiske namnelista her framanfyre hev eg ført namni upp soleis som eg hev høyrt deim. Men det ligg ikkje i desse uppslagsformene at formi tjernet ikkje finst i dei høvi som tjern stend uppført, eller umvendt. — Radt fritt for sovori ustøde er det ikkje ved -vatn heller.

Artikkel vantar jamt i sume namn av hankyn. Det er i paa lag helvti av namni paa sjø. Her er maalbruket fast i dei einskilde tilfelli: sume namn hev artikkelen jamt, og sume vantar honom likso stødigt. Sjaa lista her framanfyre i bolken „Grunnord“.

Nokre namn paa dam, pytt (putt), kulp, hyl vert òg brukte utan artikkel, etter mine uppskrifter. Soleis: Armengruvedam, Kongens Gruve Dam, Eirikspytt, Ingeborgsputt, Katteputt, Olapytt, Svarteputt (-pytt); Rundekulp, Svartekulp; Farhyl, Svarthyl, Teinehyl. Men eg torer ikkje segja at den ubundne formi er likso fast ved dei einskilde namni her som ved dei artikkellause namni paa sjø. Ein maa rekna noko med at folk hev ein tilhug til aa bruka ubundi form meir enn vanleg naar dei reknar upp namni for framande. Dei trur vel det skal vera meir etter boki. — Utan artikkel er namnet Mjøgespord i Rollag uppgjeve.

Dei vatsnamni av hokyn som eg hev notera, hev artikkel (like vel ikkje namnet Sysle, og Bemle um det er hokyn; og ved tjørn f. kann det stundom vera noko ustødt).

Merk Glitre, Ribbe, Øksne, Mykle (= Myklevatnet), Digertryte, Jartkjær, Junger, Skamrek.

IV. Namni skipa etter tyding.

Likeins som i band I samlar eg sume av namni i flokkar her til slutt etter tydingi. Det vert nokre snaude upprekningar, meir som register. Dei fleste namn som er nemnde i dei fyrre kapitli, vert uppatt-tekne her.

Tal-umgripet ligg til grunn for namn som Femtantj., Titj., Nitj., Sjutj., Sekstj., Femputtane, Femtj., Treputtane, Tre-, Tritj., Fisketretj., Toputten, Totj.; Trillingtj., Tvillingtj., Tvillingvatni, paa ein maate for Ognevatni, Brilletj., Dobletj., Partj. Dertil er talumgripet med i namn som Firkanten, Trehyrna, Trihyrningen, Trihyrnevatn, Trestiklane, Tvetj., Tvevemla, Tvinesla, kanskje Tvistvatnet.

Um storleiken talar namn paa Stor(e)- og Mykle-, Litle-, Vesle- og Smaa-. Dertil indirekte namni paa -kalven og -ungen, og likeins dei paa -auget. Me kann òg nemna Drammen, Goliaten (motsetning), Ræva hass Bjørn, kanskje Krakavatnet, Lusetj., Pistj.

Um tillægjet: ? Atjern, Att-tjern, Avtjern, Baksjø, Baktj., Gammen, Ræva, Lønvatnet, *Laki, dei fyrrnemnde namni paa -kalven og -ungen,

Sjusjøbroren; namn paa Fremste-, Nedste-, Nord-, Synste- osb., Nordvesten; namn paa Millom-; Metubba, *Miðlir; Laagtj., Uppsjø, Upptj.; Skakketj., Tvervatnet. Dei mangfaldige namni som merkjer ut vatni med aa setja deim i tilhøve til andre stader, — namn av typane Fjelltj., Heimtj.; Mykjingsjøen, høyrer òg hit. Gjensidugt tillægje talar dei fleste namni um som er nemnde under tal; jfr. òg Grauten og Villinga. — I ei serskild stode stend dei namni som tyder „Grense-vatnet“: Deilestj., Deilshylen, Deletj., Skilnadtj. Jfr. Klovsteinsloni, Klovsteinstj., Skjølbekktj., (Hegg(e)sjø); — Trættetj.

Um grunnen i botnen, jordkyndet kring strendene, stein i og kring vatni, talar namn som: Dritartj., Driteputten, Drittj., Gorputten, Gortj., ? Grautetj., ? Jørsnen, Jøssjø, Køytetj., Leirtj., Lorta, Lortetj., Lortholtj., Mauretj., Møreputten, Møretj., Møyretj, ? Primtj., Ræpekulpen, Ræpetj., Skittj., Surtetj., Søkkmyrtj., Søkktj., Sølesundtj., Søletj., Veisetj.; jfr. òg Vaatvatnet; Salttj.; Fitjatj., Fittj., Myrdammen, Myrputten; Krittj.; Sandtj., Sandungen, Sandvatnet, (jfr. òg Eire); namn paa Berg-, Flistj., Grottj., Grytingen, Grøttj., Hamartj., Hellevatnet, Steintj., kann henda Skjerhylen, Skjertj.

Bratt eller flatt ikring: Brattetj., Hangstj., Hengsvatnet i Aal (fyrste lekken sernamn) og kanskje i Øv. Sandsvær, Leinetj.; ? Fjølatj., Flaataatj., Flaataavatnet, Flaatj., Flaavatni, Flatsjøen, Flyvatnet, Flætj., Flævatnet, Slettevatnet, Øynetj. (fyrste lekken sernamn).

Holmar og øyar: Holmevatnet, Skjerjavatn, ? Skjerhylen, ? Skjertj., Øyangen, Øyetj., Øyntj., Øytj., Øyvatnet.

Skap: Ausa med Auseskaftet, Ausetj., Storausa, ? Bølletj., Kringla, Kringlehylen, Kringletj., Kringlevatn, Paasaatj., Runda, Rundekulp, Spannsloket, Stutauget, Tjernsauget, Uksauget, Vælerauget (skap og storleik), Tjernsringen, Tjørnringen, Tvevemla, Vombtj.; — Baagaatj., Hakatj., Hesteskotj., Høvren, Høvretj., Krokhylen, Kroktj., Krokvatnet, ? Krækkja, ? Krøderen, ? Vindsjø, Vrangen, Vranglevatnet, *Vrangr; — Greineløken, Hornsjøen, Hytetj., Kjostj., Kluftetj., Krosslon, Krossløken, Krosstj., Krossvatnet, Oddetj., Oddevatnet, Stjernetj., Viketj., Vikvatn., Trehyrna, Trihyrningen, Trestiklane, Trihyrnevatn; — Firkanten; — Brokatj., ? Sulutj., ? Suluvatnet; — ? Bjørungstj., ? Bjørvatnet, Hitestrupane, Strutvatnet; — Belgjevatnet, Belgvatnet, Breid(e)vatnet o. dil., Vietj.; — ? Bjelketj., ? Forketj., Langevatnet o. dil., Langerova, Maagesjoren, Mjaatj., Mjaavatnet, Mjogetj., Mjovatnet, Mjøgespord, Mjøvatnet, Naatterstrengen, Rumpetj., Skjækan, Skoklevatnet, Sløgene, Smalska, Smal(e)vatnet, Smalvrangen, Sneisa, Sneisungen, Spaalen, Sperillen, Stavatj., Stokksenn, Stolpefjorden, Svangtj., Svansvatnet, Tarmen; — Halsane, Skrykkjen, Struben; — Feletj., Handklædvatni, Hjartevatn, ? Krykkjetj., ? Loka, ? Serketj., Skinntj., Støvletj.

Vokster og minking: Auknine, ? Soneren.

Kulde og varme, snø, is: Eitre- (elvenamn), Flakavatnet, Istj., Jøkulvatni, Kalltj., Snøfonntj., Øljusjøen, Øljuvatnet.

Ljod: ? Brumma, Gaulsvatn, ? Smattanstj., ? Svaravatnet, Talatj., ? Grølla.

Djupn: Botnelausa, Djupekollen, Djup(e)tj., Djupevatnet, *Djúpr, Djupsjøen, Dypingen; — Grunna, Grunn(e)tj., Grunnvatnet.

Ljos, farge (paa vatnet eller noko ikring): Blank(e)tj., Blankevatnet, Bleiksjøen, Bleikvatnet, Glitrefjorden, Glitre(vatnet), Ljos(e)vatnet, Ljostj., Lyseren, Lysingen, Lystj., Lysvatnet, Skimten, Soltj., Sylvtj.; — Kvitevatn, Mjolgevatnet (Mjolga elvenamn), ? Mysutj.; — Kolsjø, Koltj., Skummetj., Svartetj., ? Vannen; — Grønevatn, Grønputtane, Grøntj., Raudsjoren, Raudtj., Rødtj., Rødungen.

Tre og vokstrar: Almetj., Asketj., Barlindvatnet, Bjørketj., Bjørkevatnet (Børkje-), Brisketj., Eikeren, Furudammen, Fyrisjø, Fyritj., Lindavatnet, Rognetj., Tyrifjorden, Tyrilaagfjorden, Tyritj.; — Busketj., ? Krakavatnet, Lauvsjøen, Lauvtj., Lundtj., Ristj., Rusttj., Skogstj., Skogsvatnet, Striglevatnet, Vedavatnet; — Barketj., Plommetj.; — Blekk(j)etj., Blometj., ? Fibeltj., Gopletj., Gulmosatj., Korta, Korteputten, Kortetj., ? Lintj., Moltetj., Mosetj. (jfr. Mosahaugtj.), Porstj., ? Ramsvatnet, Rokketj., Rørtj., Røyrtj., Sivtj., Storrtj.; — Grastj., Høysjøen, Kolltj., Slaattetj.; ? Torvetj., Tubbetj.; Brødkjølen, Brødtj. (jfr. Brøskaapstj.). — Skogbrand eller rudning ved brenning: Braanavatnet, Brandstj., Brandtj., Brenn(e)tj.

Fiskenemne: Aaborrtj., Aaborrvatnet, Aaleputten, Aaletj., Aalevatnet, Aureputten, Auretj., ? Aurtj., Gorkimetj., Karusputten, Kimbetj., Kimetj., Laksetj., Laksevatn, Mortetj., Murtthe t., Sildenakkane, Silleputten, Tryteholone, Trytetj., Trytevatnet. — Namn elles som fortel um at fisk finst i vatni, eller um fiske: Fisketj., Storfiskehylen, Storfisktj., Fiskebuttane, Matfisktj., Mattj., ? Moslun, Dagfiskeriet, Dagfisktj., Fjelfisket, Knutfisktj., Olfisken, ? Bausta, Kassputten, ? Lagstj., ? Laksa, Skrukkefylla, Sløddfjorden, Sløtj., Teinehyl, ? Velen. Jfr. òg Budtj., Budvatn, Burtj., Burvatnet, Steinbudtj. — Skort paa fisk, faafengt fiske: Fiskelaus(en), Fiskelaustj., Fiskeløysa, Fiskeløysen, Fiskeløysingen; ? Narretj.

Fuglar: Aandetj., Andetj., Andsjøen, Falktj., Gaasetj., Govletj., Haanaavatnet, Hauken, Hauketj., Haukevatni, Hønevatnet, Jarpetj., Kattugletj., Korpetj., Kraakefjorden, Kraaketj., Lom(e)tj., Lomvatnet, Rjupetj., Røssulutj., Røytj., Skjetvalktj., Skjetvalstj., ? Skrekktj., Strandviptj., Stynjultj., Sulustj., ? Sulutj., ? Suluvatnet, Svanetj., Tranetj., Ugla, Øktaren 1301 (avskr. 1461; = Ørtesvatnet), Økteren, Ørteren; — Fugletj.; — Fugleleiktj., Leiketj., Orreleiktj.

Dyr: Bekartj., Bekretj., Bikkjetj., ? Bjorsjoren, Bjørnatj., Bjørn(e)tj., Bjørnsenn, ? Bjørvatnet, Bukketj., Elgjetj., Elgjevad, Elgsjø, Elgstj., Faalaatj., Gampehylen, Gampetj., Gaupetj., Geitetj., Geitevatnet, Geitsjoren, Graabeintj., Gradgalttj., Grisetj., Grisevatn, Haratj., ? Heratj., Hest(e)tj., Hundetj., Hundevatni, Hundsenn, Kalven, Kalvetj., Katteputt, Katt-tj., Killingtj., Kjevatni, Kutj., Kvelpetj., Kvigetj., Melrakktj., Merratj., Ormetj., Ormevatnet, Purketj., Rakketj., sume namn paa Rein(s)-, Rosstj., Sauetj., Sauloni, Skrubbetj., Sløgene, Svinetj., Trolltj., Ukseløken, Uksetj., Ulvetj., ? Vertj., Øksne, Øksneren. — Fetj., Dyretj., Nautstj., namn paa -ungen; Bureitj., Drambottj.,

Fjøreitj., ? Malotj., Raudsidtj., Salbottj., Skautputt, Skautreitj. — Dyrbeintj., Elgshorntj., Lampetj., Balinosrova, Langerova, ? Loka, Rumpetj., Sperillen, Svanstj., Stutauget, Uksauget. — Veiding: Dragøynvatnet, Elgsfaatt, Elgskot(tj.), Gildringstj., Grøtgarden, ? Steingildrevatnet. — Skining: Skintj. — Hestesjukdom: Riskevatnet. — „Smaadyr": Fjørfisletj., Igletj., Krabbetj., ? Lusetj., ? Lusvatnet, Loppetj.

Folkenamn.

A. Døypenamn: Aanevatn, Aasetj., Aasmundtj., Abrahamstj., Ambjørgstj., ? Arnestj., Aslakstj., Asletj., Beinsvatnet, Bjørnstj., Brynhildstj., Eilivstj., Einar(s)tj., Eirikspytt, Eirikstj., Ellingstj., Elsedam, Embretstj., Emuntj., Erstj., Gautetj., Goliaten, Gudbrandstj., ? Gullovtj., Gunnhildtj., Guritj., Gurotj., Guttormtj., Haakonstj., Hallgrimstj., Hallsteinvotni, Hallvorvatnet, Hanstj., Helgetj., Henriksdam, Herbjørnviki, Høljetj., Ingebjørg(s)tj., Ingeborgsputt, Ingelbritz kiern, ? Ingletj., Ingridtj., Iungs-dals-vatnet, Jakobsdam, Jakobstj., Jonstj., Juliandammen, Kaarevatnet, Karikulpen, Kariputten, Karindammen, Karlstj., Kitilstj., Kolbjørnstj., Kristofferhylen, Magnustj., Maritj., Marivatnet, Marittj., Mattistj., Mikkelstj., Monsa, Monsetj., Mortenstj., Mortenvatni, Nilsetj., Olastj., Olapytt, Paalløken, Paalstj., Paaltj., Ragnhildkulpen, Ragnhildtj., Ravalsjø, [Ræva hass Bjørn], ? Rølsvatnet, Saamundtj., Sankt Andreasdam, Sankt Olavstj., Sjugurdstj., Sjurdstjernputtane, ? Sjusjøen, Steffenstj., Steinartj., Steinarvatni, Sunnevtj., Sveinungtj., Taraldsvatnet, Timanns-dals-tjern, Torbjørnstj., Toretj., Torjustjødnane, Tormotj., Torsteinshylen, Torsteinstj., Tovstj., ? Tryggstj., Usgrimsvatni, ? Veikultj., Østenskiern 1743.

B. Andre personnemningar: Baantj., ? Biskolatj., Bruretj., ? Daastj., Danemannstj., Fanteputten, Fantevatn, Finnvatnet, Gamlemann(s)tj., Gjentetj., Gomotj., ? Gramstj., Gyldenløvedam, Hallingtj., Holværvatnet, Jomfruvatn, Kjerringtj., Kongens Dam, Kongstj., Kongsvatni, Maafaahylen, Mordartj., Nølegmanntj., ? Kokken, Prest(e)tj., Prestevatnet, Prestputtane, Saksendam, Smedstj., Smedtj., Stigertj., Styrmanntj., Svensketj., Tjuentj., Tjuvehylane, Tjuvetj., Vaamannshylen, Vagtertj., ? Vinolatj.

Lauging og vasking: Lauartj., Lauarvatn, Vaskartj., Vaskarvatnet, Vaskevatnet.

Timberdrift, sagbruk, kvernar: Overdragsen, Skiftingen, Slæpetj., Slæpoa, Spræneti., Stallhylane; Saghylen, Sagtj.; Kvernhushylen, Kvernhusvatnet. — Damtj., Damvatnet, Dei Utgravne Tjerni, Gravningen.

Myrmalmsmelting, gruvedrift: Sineren, Sinnera; Jønnbudtj.; Armengruvedam, Gruvetj., Gruvvatnet, Hakkeldulpen, Jarngruvvatnet, Jarntj., Keisgruvedammen, Kongens Gruve Dam, Sakkerhus(dal)dam, Smedstj., Smedtj.

Ferdsle: Baatstj., Brændevienskj., Bruatj., Brutj., Dragøytj., Driftevadstj., ? Eidsjoren, Farhyl, ? Halnevatnet, Halvfartj., Kampevaddammen, Klopparvatnet, Klopp(e)tj., Kloppmyrdammen, Klyvjatj., Kongshellervatnet, Kvilartj., Leitj., Livsfaretj., Mefarningen, Midtskogstj., Midtskogvatnet,

Mottaktj., Promtj., Skiftestj., ? Stubbsokktj., ? Synderen, Vegavatn, Vendtj. — Jfr. Vegadalstjørni, Vegarhovdtjørnane, Kvitingdokktj.

Ymse slag minne: Dansarflottj., Dansartj., Tingvollfjorden; Klostertj., Kapiteltj.; Stegletj., Tjuvehytt-tjern, Tjuvekjellartj., Tjuveritj.; Festningstj.; Preinstj. (jfr. Trættetj.). — Minne um hendingar hev me vel i namn som Kaggetj., Knivetj.

Tru: Gjøgerputten, Gyrihaugtj., ? Helgevatnet, Horngassen, Huldratj., Huldrevatnet, Kaparhylen, ? Kjeltj., Nykketj., Prestdalsvatnet, ? Skapertj., ? Trolltj., Trollsvatn.

Dags- og aarstider: Dugurdstj., Hausttj., Kveldtj., Nonstj., Vætertj.

Nokre uppkallingsnamn: Danemark, Branestj., Drammenstj., Trondhjemmertj.

Nokre „rosande" namn: Dei Pene Tjerni, Fagervatnet, Gulromstj., Himmerikstj., Smørtj., Vakkertj., Venevatnet.

„Lastande": Hardtj., ? Rakletj.

Avstytte namn, attaat deim som er nemnde side 227: Dugurdstj., Kveldtj., Nonstj.

Nokre elvenamn: *Ausande, Bremsa, ? Bausta, Bosoa, Brumma, ? Bumla, ? *Dumba, Dusa, Dyrgja, Dorga, Eitra, Flenta, ? *Foksa, *Frygna, Gjuva, *Glisna, Gravaa, Grima, Grovi, ? Grølla, Grøna, Hegga, Hivju, *Horgja, *Hviti (sjaa Kveta-), Hynda, Hyrna, ? *Ímil, Langebua, *Laufga, Ljos-, Logga, Migaren, Mjolga, Nytjua, Rendla, Rokoa, Rotoa, Rysjubekken, Senda, Skaupa, Skjerva, *Skora, *Sleikja, *Smattande, Sokna, Somma (sjaa Samsjøen), Sork- (Sorkje-elvi), Spiten, Striglebekken, Svori (sjaa Svaravatnet), Sysle, Tova, *Trana, *Þund, Tyrvla, Usta, ? *Veðla, Vergja, Vola, Væla, ? *Ýmil (sjaa Imlevatnet).

Tillegg og rettingar.

S. 3 nedst. Legg til: Aarbogen DN XI 21, 1328 (avskr. 1694). Aabogen XI 184, 1460 eller 1560 (dersom brevet ikkje er falskt. Avskr. 1694). Denne Aarbogen skal søkjast i bygdeskilet millom Flesberg og Eiker, truleg i Tverelvi som gjeng nord ifraa Grølla.

S. 9, Baantj. Legg til: Baanetj. orig. 1925. Roll. hd. Vggl. s. vestfj. Ei liti tjørn vest for Skjerva, burtimot Tinns-skilet.

S. 11. Legg til: Balinosrova orig. E 34 (1931). Sgd. hd. Egg. s. Ei lang vik („rove") i det Storvatnet som ligg tett vest imot Nore-bytet. Viki gjeng nord til Balinossr.

S. 12, Baust-. Eit namn til paa Baust- nemner Leiv Heggstad, Stadnamn fraa Ulvik (i O. Olafsen, Ulvik i fortid og nutid II, s. 261): „Baust, ein bakke el. haug ([paa] Spaanheim; innanfor laag eit plass). Baustabrekko, ei ekra ovanfor."

S. 15, Bergsjø 5. Uttaleuppgaava skal vera soleis: *bæ'ṛsjəvatnə*, *bæ'ṛsjø-*, *bæ'ṛsjó-* (Dagalid), *bæ'ṛsjó-* (og venteleg *bæ'ṛsjə-*) (Uvdal).

S. 16, Bjertnesflaaren. Flaare m., les flaar m.

S. 17, Bjornesfjorden. Ved Nordmannslògen hev me desse namni: Lagareidet og Lagarbu ved den nedre enden, Lagargjelet paa vestsida, Lagarh[d] (alt etter orig. D 34 (1931)). Det er samansetningar som svarar til deim me hev ved Bjornesfjorden (som òg mun ha havt eit eldre namn paa -lògen).

S. 17, Bjørdalsvatnet: *bj'ərdaṛsvatnə*, les. *bjə'ṛdaṛs-*.

S. 17, Bjørevatnet: *bjö̈r'(ə)vatn(ə)*, les *bjə'r(ə)-*.

S. 19. Legg til: Bjørtjørni Hol hd. E 33, 1. Utt. *bjə̄'ṛkødne*. — Bjørntj. GK 1920.

S. 20, Blekkjetj. 3. Legg til: Utt. *blæ'kkikedne*.

S. 21, Borofjelltjern: *bó'r'ófjellkenn*, les *bó'ró-*.

S. 26, Brumma. Legg til: I Aal er uppgj. utt. *brū'ma*, dat. *brū'munn*. Denne uttala stadfester at segjemaaten med *o* lenger nede i Hallingdal er sekundær. Paa hi sida lyt vel segjemaaten i Aal vera sekundær i det stykket at han hev *m* (for *mm*). Namnet lyt ha lang rotstaving fraa gamalt.

S. 27, Bruretj. Segner um eit par „Brure"-namn — det eine i Sandsvær — finst hjaa M. B. Landstad, Mytiske sagn fra Telemarken s. 63. 72.

S. 32, Daastj. C. Engelskjøn, MoM 1909 s. 85, tolkar namni Daasvatn og Daasaani i Hornnes av voksternemnet daase, gul tjørneblom, gul nykkjeblom [Aasen nemner „kjønnedaase" under tjørneblom, Ross: tjønnedaasa]. M. Olsen, same staden, segjer seg samd i den tolkingi. Det er tenkjande at namnet Daastj. i Hole kann ha same upphavet. Men voksternemnet (tjørne)daase f. er rett nok ordboksført berre fraa bygder ikring Kristianssand.

S. 33, Dagalid-. Lind, Supplement 1931 til Dopnamn, tolkar gardsnamnet Dagestad paa Voss av eit mannsnamn Dagi. Han fylgjer her M. Olsen, NG XI s. 556. Dette er full rett, og ein kann daa ikkje segja at mannsnamnet Dagi er radt ukjent. Men aa tolka namnet Dagalid av det (Lind, Supplement) er like fullt visseleg rangt.

S. 34. Legg til: Danemannstj. (og Danemannshytta) orig. D 34 (1931). Uvd. hd., Hardingviddi. Litt vest for Skrykkjen. Um „danemann“ sjaa ordbøkene under „dande“. Ordet danemann synest vera sett i samband med dane(r), Danemark i maalføret her.

S. 35 l. 18 og 21: *ķęnna*, les *ķę'nna*.

S. 39, Dusetj. Jfr. òg her Leiv Heggstad, Teigenamn fraa Voss (Heidersskrift til M. Hægstad 1925, s. 52).

S. 44, Fanteputten. Ordet „fant“ kunde kann henda ha den tydingi her som Falk nemner i NG V, s. 107. Det er like vel ikkje sers rimelegt.

S. 45 l. 4 nedanfraa: *fē'sbutuva*, les *-tūva*.

S. 57, Gampetj. Legg til: Gampetj. orig. E 34 (1930—31). Nore hd. Upp for Trondrud, litt sudaust for Hørjusgard.

S. 62, Graanaasettjørnane. Legg till: Graanaasettj. orig. E 34 (1930—31). Nore hd. vestfj., attmed Graanaasetsr.

S. 65, Grisetj. Hjaa M. B. Landstad, Mytiske sagn fra Telemarkén s. 81, er bjørnen kalla for „grisen“ paa „tusse-maal“. Det er full mogelegt at i eitt og anna namn paa Gris- (uppaa fjellet) kann „gris“ vera ei nemning for bjørn.

S. 66, Gryt(e)tj. 2. Namnet er misskrive paa AK 1856 („Grylekj.“).

S. 67, Grøndahlskiernet. Tjørni er òg nemnd hjaa Wiel XXXII, 131.

S. 72, Haglebudvatnet. Haglenda, som me hev i namnet Haglebud, er som eit slag motsetnad til húslenda. Det ordet er brukt mykje i eldre tid i Numedal, grannebygd til Sigdal (Asgaut Steinnes, Gąmal skatteskipnad i Noreg I s. 150).

S. 76, Hangstj. Jfr. òg her stølsnamnet Hang i Vik i Sogn: *haong* (*ao* som i *laong*, d. e. lang). Stølen ligg uppyver garden Aase. Det er bratt upp aat stølen. Han heng liksom utpaa bratta.

S. 78, Hegg(e)sjø 1. Spursmaalsteiknet framfyre citatformi Hæksio (1408) kann gaa ut.

S. 78, Heieren line 3—4. Les: Heieren orig. 1847. Heieren, Ned. Heieren AK 1856.

S. 82, Hevatnet. Skal truleg skrivast Hæ(d)vatnet, av hæd f., gn. hæð. Ordet hæd er uppført i ordbok (Ross) fraa Hardanger, i tydingi „vid høifjeldsslette; høifjeldsvidde“. Det finst ikkje so sjeldan i stadnamn austyver Hardingviddi. Kann henda finst det der i tydingi „høgderygg“.

S. 84, Holken. Attaat dei namni paa Holk- som er nemnde kann leggjast Holken. Smaaholkane, nokre høgder nær Litlos turisthytte paa Hardingviddi. Der er eit Holketj. òg, attmed fjellet Holken (Kroki over Hardangervidda 1924, fraa Høgfjellskommisjonen).

S. 87. Legg til: Hosekilen DN XI 184, 1460 eller 1560 (dersom brevet ikkje er falskt. Avskr. 1694). Lyt visst søkjast i Smedselvi der som sokneskilet millom Svene og Flesberg sokner møter Eiker-bytet.

S. 91 l. 3 nedanfraa: *jønngrúvvatnə*, les *jø̀nn-*.

S. 97 l. 2 nedanfraa: *kī̀mə-*, les *ķī̀mə-*.

S. 116 øvst. Legg til: Leikestj. orig. E 34 (1930—31). Nore hd. austfj., nær Kvammen heimsæter.

S. 119, Loppetj. Legg til: Løppetj. orig. E 34 (1930—31). Nore hd. vestfj. Uppi fjellet upp for Trosaviki.

S. 124, Melrakktj. Legg til: Meraktj. (og Meraknutan) orig. D 34 (1931). Uvd. hd., Hardingviddi. Nord for Vegarhovd.

S. 135, Olesettj. Stølsnamnet bør ein kann henda jamføra med vatsnamnet Olefjorden og stølsnamnet Ole i Øystre Slidre og i Vang Valdr. (NI I, s. 146). I det tilfellet kann det ikkje ha noko med mannsnamnet Oleiv aa gjera.

S. 151, Rødungen 1. Um det eldre namnet Lǫgrinn sjaa NG V, s. 148.

S. 160. Legg til: Skarsvandet (2 stykke) DN VII 93 (falskt brev aarsett 1315, avskr. 1735). Sdsv. hd. Eft. s. vestaasen. I skilet millom gardane Steig og Lindheim.

S. 172, Sorkjevatnet. Fylkesskulelærar Tore Bergstøl, Rollag, skriv (i brev): „Det meste av fisken i Sørkjevatnet er uvanleg raud i kjøtet, til dels myrk raud. No er det ein barnesjuke her som dei kallar „sørkje". Dei som fær denne sjuken vert raude. Det er ein hudsjuke som gjer hudi raud. Kann det tenkjast at desse tvo namni [Sørkjevatnet, sjukdomsnamnet „sørkje"] kann ha noko med kvarandre aa gjera?" — Sjukdomsnamnet sørkje (< *s y r k j a f. = „sørke" f. Oslo o. fl. st. som Ross nemner), er avleidt av surk m., ureinske innanfraa paa hud, som utslættskorpor, vaag i augo. Vatsdragsnamnet høyrer snaudt saman med desse ordi. Samanheng, som me hev nemnt, med Svarken o. dil. namn torer vera det rimelegaste. Merk upplysningi um at fisken i vatnet kann vera „m y r k raud".

S. 177, Stikkvatnet: *stíkkvann(ə)*, les *sti'kk-*.

S. 185, Svartufstjerni: *svaṛtúfsķønnænn*, les *sva'ṛt-*.

S. 196, Trolldalstjernet: *trø̀lldærsķennə*, les *-ķennə*.

S. 199, Tuvetj. 2: *tù̀vunn*, les *tū̀vunn*.

Prenta 10. juni 1933.

1931

No. 1. N. Harboe. Les conditions subjectives de la culpabilité. Kr. 9,00.
» 2. E. Storsteen. Boligpolitikken i Norge. Kr. 6,50.
» 3. Nikolai Hoff. Ubestemte dommer. Kr. 9,60.
» 4. Ragnvald Iversen. Bokmål og talemål i Norge 1560—1630. II. Utsyn over formverket. Kr. 4,50.

1932.

No. 1. Lyder Brun. Segen und Fluch im Urchristentum. Kr. 9,00.
» 2. C. S. Widerberg. Akershus festning. Et bidrag til dens bygningshistorie inntil utgangen av Christian IV's regjering. Kr. 12,50.
» 3. Hallfrid Christiansen. Gimsøy-målet. Fonologi og orddannelse. Kr. 15,00.
» 4. Harris Birkeland. ʿAnī und ʿanāw in den Psalmen. Kr. 10,00.
» 5. Nils Lid: Jolesveinar og grøderikdomsgudar. Kr. 10,00.
» 6. Catharinus Elling. Nye Bidrag til Belysning af norsk Folkemusik. Kr. 2,50.

1933.

No. 1. Gustav Indrebø. Norske innsjønamn. II. Kr. 12,00.
» 2. I. Reichborn-Kjennerud. Vår gamle trolldomsmedisin. II. Kr. 11,00.
» 3. Johan Schreiner. Nederland og Norge 1625—1650. Trelastutførsel og handelspolitikk. Kr. 10,00.
» 4. Georg Sverdrup. Fra gravskikker til dødstro i nordisk bronsealder. Kr. 7,00.
» 5. H. P. Barden. Trekk av synsopfatningen og dens utvikling. Kr. 4,50.
» 6. Eivind S. Engelstad. Die Hanseatische Kunst in Norwegen. Kr. 10,00.

P. O. Schjøtt. Apostelbrevene i det Nye Testamente. Oversettelse med ekskurser. Kr. 3,00.

Papyri Osloenses.

Fasc. I. Magical papyri, ed. by S. Eitrem. Kr. 20,00.
Fasc. II. Ed. by S. Eitrem and Leiv Amundsen. Kr. 30,00.

Amund B. Larsen. Sognemålene. Kr. 41,50.
P. O. Bodding. Santal Dictionary. Volume I, Part 1. A. Kr. 10,00.
— — Volume I, Part 2. B, Bh. Kr. 18,00.
— — Volume I, Part 3. C. Ch. Kr. 15,00.
Eivind Vågslid. Norske logmannsbrev frå millomalderen. Kr. 20,00.
Jørgen Reitan. Vemdalsmålet med oplysninger om andre Herjedalske mål. Kr. 6,00.
E. H. Lind. Norsk-Isländska dopnamn ock fingerade namn från medeltiden. Kr. 30,00.
Henning Larsen. An old Icelandic Medical Miscellany. Kr. 25,00.
Sigurd Grieg: Middelalderske byfund. Kr. 25,00.

Register til Forhandlinger og Skrifter utgit av Videnskapsselskapet i Kristiania 1858—1924. Kr. 2,00.

Avhandlinger [...]
Det Norske Videnskap[...]

Historisk-filosofisk klasse.

1926.

No. 1. Olai Skulerud. Utsyn over målet i Norderhov (Ringerike). Kr. 5,00.
» 2. Carl J. S. Marstrander. Remarques sur les inscriptions des casques en bronze de Negau et de Watsch. Kr. 2,50.
» 3. Carl J. S. Marstrander. Deux nouvelles inscriptions étrusques. Kr. 1,75.
» 4. Carl J. S. Marstrander. Ertaug. Kr. 0,75.
» 5. Asgaut Steinnes. Ymist um norsk vekt fyre år 900. Kr. 1,00.

1927.

No. 1. Halvdan Koht. Det gamle norske Riksarkive og restane frå det. Kr. 1,50.
» 2. Ernst W. Selmer. Ein neuer Reiseregistrierapparat für experimental-phonetische Zwecke. Kr. 1,00.
» 3. Ernst W. Selmer. Den musikalske aksent i Stavangermålet. Kr. 4,00.
» 4. Carl J. S. Marstrander. Randbemerkninger til det norsk-irske spørsmål. Kr. 0,70.
» 5. H. Sinding-Larsen. Akershus. Har Haakon V.s borganlæg rummet en hal og en kirke, og hvor har disse rum i tilfælde ligget? Kr. 1,00.

1928.

No. 1. Halvdan Koht. Henrik Ibsen i »Manden«. Kr. 1,00.
» 2. Fracis Bull. Fra »Hærmændene« over »Vidderne« til »Kjærlighedens Komedie«. Kr. 1,50.
» 3. Johan Schreiner. Trøndelag og rikssamlingen. Kr. 4,00.
» 4. Gustav Hölscher. Urgemeinde und Spätjudentum. Kr. 1,60.
» 4b. Olaf Broch. Arkivstudier i Russland. Mai—juni 1928. Kr. 4,80.
» 5. Theodore C. Blegen. The "America Letters". Kr. 1,50.

1929.

No. 1. Sten Konow. Saka Versions of the Bhadrakalpikāsūtra. Kr. 2,00.
» 2. Didrik Arup Seip. Den legendariske Olavssaga og Fagrskinna. Kr. 1,00.
» 3. Magnus Olsen. Stedsnavn og gudeminner i Land. Kr. 5,00.
» 4. Ernst W. Selmer. Die methodische Verwertung der Tonhöhenkurven. Kr. 2,50.
» 5. Ingerid Dal. Ursprung und Verwendung der altnordischen »Expletivpartikel« *of, um*. Kr. 4,80.

1930.

No. 1. Asgaut Steinnes. Gamal skatteskipnad i Noreg. I. Kr. 6,50.
» 2. Jan Jørgen Alnæs. Om målet i AM 309 fol., hånd b. Kr. 1,75.
» 3. Ernst W. Selmer. Reisekymographion mit Beruszvorrichtung. Kr. 2,00.

1931.

No. 1. Finnur Jónsson. Austfararvísur. Kr. 0,80.
» 2. Eiliv Skard. Zwei religiös-politische Begriffe Euergetes-Concordia. Kr. 5,00.
» 3. John Sebelien. Further Analyses of old Bronzes. Kr. 0,80.

1932.

No. 1. Eiliv Skard. Sprache und Stil der Passio Olavi. Kr. 4,00.
» 2. Ingerid Dal. Die germanischen Pronominalkasus mit *n*-Formans. Kr. 2,75.
» 3. Emil Schjøth. Die Begriffslehre. Das erste Kapitel der reinen Logik. Kr. 4,50.
» 4. Edward Hambro. Nyere forskningsresultater vedkommende den klassiske romerske civilprosess. Kr. 0,60.

1933.

No. 1. Ernst W. Selmer. Experimentelle Beiträge zur Zulu Phonetik. Kr. 3,50.
» 2. Leiv Amundsen. Ostraca Osloënsia. Greek Ostraca in Norwegian Collections. Kr. 8,00.
» 3. Asgaut Steinnes. Gamal skatteskipnad i Noreg. II. Kr. 9,00.
» 4. Eiliv Skard. Ennius und Sallustius. Kr. 4,50.
» 5. Gunnar Rudberg. Zum antiken Bild der Germanen. Kr. 4,75.
» 6. Sigurd Grieg: Skiftet efter Eirik Bukk på Finnen. Kr. 2,00.